



DET KONGELEGE
FINANSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2025–2026)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2026

Utgiftskapittel: 20–51 og 1600–1651

Inntektskapittel: 3024–3051, 4600–4620, 5341, 5351, 5580, 5600, 5605, 5692–5693



DET KONGELEGE
FINANSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2025–2026)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2026

Utgiftskapittel: 20–51 og 1600–1651

Inntektskapittel: 3024–3051, 4600–4620, 5341, 5351, 5580, 5600, 5605, 5692–5693

Innhald

Del I	Innleiing	9	Kap. 45	Noregs institusjon for menneskerettar	46
1	Oversikt	11	Kap. 51	Riksrevisjonen	47
1.1	Område	11	Kap. 3051	Riksrevisjonen	50
1.2	Hovudoppgåver og organisering ...	11			
1.3	Oversikt over budsjettforslaget for Finansdepartementet	12			
2	Nokre viktige oppgåver i 2026	14			
3	Oppfølging av oppmodningstiltak	16			
3.1	Stortingssesjon 2024–2025	17			
3.2	Stortingssesjon 2023–2024	20			
3.3	Stortingssesjon 2022–2023	21			
3.4	Stortingssesjon 2021–2022	22			
3.5	Stortingssesjon 2020–2021	23			
3.6	Stortingssesjon 2019–2020	23			
3.7	Stortingssesjon 2016–2017	23			
4	Oversiktstabeller for budsjettet	25			
4.1	Bruk av stikkordet «kan overførast»	28			
Del II	Budsjettforslaget for 2026	29			
5	Nærare omtale av løyvingss- forslaga m.m.	31			
	Programområde 00				
	Konstitusjonelle institusjonar	31			
	<i>Programkategori 00.30 Regjeringa</i>	31			
	Kap. 20 Statsministerens kontor	32			
	Kap. 21 Statsrådet	32			
	Kap. 24 Regjeringsadvokaten	33			
	Kap. 3024 Regjeringsadvokaten	33			
	<i>Programkategori 00.40</i>				
	<i>Stortinget og tilknytt organ</i>	35			
	Kap. 41 Stortinget	35			
	Kap. 3041 Stortinget	41			
	Kap. 42 Stortingets ombodsnemnd for Forsvaret	41			
	Kap. 43 Stortingets ombod for kontroll med forvaltninga	42			
	Kap. 44 Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvakings- og tryggingsteneste	45			
			Kap. 45	Noregs institusjon for menneskerettar	46
			Kap. 51	Riksrevisjonen	47
			Kap. 3051	Riksrevisjonen	50
				Programområde 23	
				Finansadministrasjon	51
				<i>Programkategori 23.10</i>	
				<i>Finansadministrasjon</i>	51
				Kap. 1600 Finansdepartementet	51
				Kap. 4600 Finansdepartementet	58
				Kap. 1602 Finanstilsynet	59
				Kap. 4602 Finanstilsynet	65
				Kap. 5580 Sektoravgifter under Finansdepartementet	66
				Kap. 1605 Direktoratet for forvaltning og økonomistyring	67
				Kap. 4605 Direktoratet for forvaltning og økonomistyring	71
				<i>Programkategori 23.20</i>	
				<i>Skatte-, avgifts- og tolladministrasjonen</i>	72
				Kap. 1610 Tolletaten	72
				Kap. 4610 Tolletaten	79
				Kap. 1618 Skatteetaten	80
				Kap. 4618 Skatteetaten	92
				Kap. 1619 Skatteklagenemnda	94
				<i>Programkategori 23.30 Offisiell statistikk</i>	96
				Kap. 1620 Statistisk sentralbyrå	96
				Kap. 4620 Statistisk sentralbyrå	103
				<i>Programkategori 23.40 Andre føremål</i>	104
				Kap. 1632 Kompensasjon for meirverdiavgift	104
				Kap. 1633 Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift	105
				Kap. 1635 Forskottering av erstatnings- krav	105
				Kap. 4634 Kompensasjon for inntektssvikt som følgje av virusutbrotet	106
				Programområde 24 Statleg gjeld og krav, renter og avdrag m.m.	107
				<i>Programkategori 24.10 Statsgjeld,</i>	
				<i>renter og avdrag m.m.</i>	107
				Kap. 1650 Statsgjeld, renter m.m.	108
				Kap. 1651 Statsgjeld, avdrag og innløyising	109

<i>Programkategori 24.20 Statlege krav, avsetningar m.m.</i>	110	6.1.1	Om arbeidet med likestilling og mangfald	117
Kap. 5341 Avdrag på uteståande fordringar	111	6.1.2	Status for 2024	117
Kap. 5351 Overføring frå Noregs Bank	111	6.2	Programkategori 00.30 Regjering	118
Kap. 5600 Overføring frå Statens pensjonsfond Norge	112	7	Omtale av klima- og miljø-relevante saker	121
Kap. 5605 Renter av kontantar i statskassa og av andre fordringar	112	7.1	Finansdepartementet	121
Kap. 5692 Utbyte av statens kapital i Den nordiske investeringsbanken	113	7.2	Statistisk sentralbyrå	121
Kap. 5693 Utbyte av aksjar i ymse selskap m.m.	113	8	Oppfølging av berekraftsmåla	123
Del III Andre saker	115	Forslag	127	
6 Likestilling og mangfald	117	Vedlegg		
6.1 Finansdepartementet	117	1	Tilsetjingsvilkåra for leiarane i heileigde statlege føretak	135

Tabelloversikt

Tabell 3.1	Oversikt over oppmodingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer.	16	Tabell 5.9	Innenlandsk statsgjeld per 31. desember 2024	107
Tabell 5.1	Tolletaten – nøkkeltal frå grensekontrollen	74	Tabell 6.1	Kjønnsbalanse; tal på mellombels tilsette, tal på deltid, uttak av foreldrepermisjon	118
Tabell 5.2	Tolletaten – grensekontroll – beslagsstatistikk	74	Tabell 6.2	Samla sjukefråvær 2024 i pst	118
Tabell 5.3	Skatte- og avgiftsproveny	81	Tabell 6.3	Kjønnsbalanse og kvinner sin del av menn si løn. Tala i parentes er frå 31. desember 2023	119
Tabell 5.4	Tilsegningsordninga ved oppfølging av konkursbu	94	Tabell 6.4	Kjønnsbalanse; tal på mellombels tilsette, tal på deltid, uttak av foreldrepermisjon	119
Tabell 5.5	Aktualiteten til statistikken – veker frå utgangen av referanseperioden til publisering	97	Tabell 6.5	Samla sjukefråvær 2024 i pst	120
Tabell 5.6	Svarrespons i undersøkingar frå SSB	98	Tabell 6.6	Kvinner sin del av menn si løn. Tala i parentes er frå 31. desember 2023	120
Tabell 5.7	Oppgåvebør ved rapportering til SSB. Årsverk	98			
Tabell 5.8	Statistikkpubliseringar	98			

Figuroversikt

Figur 1.1	Verksemder på Finansdepartementets område i 2026	11	Figur 5.1	Skatteetatens arbeid med fastsetjing av skattar og avgifter	80
-----------	---	----	-----------	---	----



DET KONGELEGE
FINANSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2025–2026)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2026

Utgiftskapittel: 20–51 og 1600–1651

Inntektskapittel: 3024–3051, 4600–4620, 5341, 5351, 5580, 5600, 5605, 5692–5693

*Tilråding frå Finansdepartementet 7. oktober 2025,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

Del I
Innleiing

1 Oversikt

1.1 Område

I denne proposisjonen kjem departementet med forslag om utgifter og inntekter under programområde 00 *Konstitusjonelle institusjonar*, programområde 23 *Finansadministrasjon*, medrekna skatte- og avgiftsadministrasjonen, og programområde 24 *Statleg gjeld og krav, renter og avdrag m.m.* Ansvaret for løyvingane, medrekna rekneskapsavlegging, under programkategoriane 00.30 *Regjeringa* og 00.40 *Stortinget og tilknytte organ* ligg til høvesvis Statsministerens kontor og Stortingets egne institusjonar. Av praktiske grunnar blir desse programkategoriane førte opp i Finansdepartementets proposisjon, og beløpa er tekne med i oversikter over løyvingar på Finansdepartementets område. Forslaget under programkategori 00.40 er i samsvar med forslaget frå stortingsadministrasjonen.


1.2 Hovudoppgåver og organisering

Finansdepartementet med underliggjande etatar har ansvar for mellom anna å

- medverke til eit godt grunnlag for vedtak i den økonomiske politikken og i budsjettarbeidet
- sikre finansieringa av den offentlege verksemda gjennom skattar og avgifter
- samordne arbeidet med statsbudsjettet og økonomistyringa i staten
- forvalte statleg formue og gjeld
- medverke til eit offisielt statistikk- og datagrunnlag til bruk i offentlig og privat verksemd
- medverke til velfungerande finansmarknader

Politikken på områda over er omtalt i Meld. St. 1 (2025–2026) *Nasjonalbudsjettet 2026*, Prop. 1 S (2025–2026) *Statsbudsjettet for budsjettåret 2026* og Prop. 1 LS (2025–2026) *Skatter og avgifter 2026*. Proposisjonen her omfattar i fyrste rekkje forvaltninga og administrasjonen på desse områda.

Nedanfor er ei oversikt over verksemdar på Finansdepartementets område.



Figur 1.1 Verksemdar på Finansdepartementets område i 2026

¹ Fordeling av ansvar mellom Noregs Bank og statsmaktene i m.a. budsjettsaker og administrative saker er regulert av lov 21. juni 2019 nr. 31 om Norges Bank og pengevesenet mv.

² Fondet er særskilt rettssubjekt, jf. lov 29. juni 2007 nr. 44 om Folketrygdfondet.

³ Verksemd med eige styre

⁴ Fondet er særskilt rettssubjekt, jf. lov 23. mars 2018 nr. 3 om Bankenes sikringsfond

1.3 Oversikt over budsjettforslaget for Finansdepartementet

Programområde under departementet

Nemning	(i 1 000 kr)			
	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
Programområde 00 Konstitusjonelle institusjonar	2 867 816	3 048 162	3 282 923	7,7
Programområde 23 Finansadministrasjon	77 125 269	63 567 459	63 578 961	0,0
Programområde 24 Statleg gjeld og krav, renter og avdrag m.m.	78 755 771	80 243 200	81 224 400	1,2
Sum utgifter	158 748 856	146 858 821	148 086 284	0,8
Programområde 00 Konstitusjonelle institusjonar	38 389	31 959	37 677	17,9
Programområde 23 Finansadministrasjon	4 096 625	4 017 431	4 092 994	1,9
Programområde 24 Statleg gjeld og krav, renter og avdrag m.m.	39 863 652	52 287 752	50 263 552	-3,9
Sum inntekter	43 998 666	56 337 142	54 394 223	-3,4

Programområde 00 Konstitusjonelle institusjonar

Programområde 00 *Konstitusjonelle institusjonar* omfattar Regjeringa og Stortinget med underliggjande institusjonar. Forslag til løyving for 2026 under dette programområdet utgjer 3 282,9 mill. kroner som er ein auke på 7,7 pst. frå Saldert budsjett 2025. Under programkategori 00.30 Regjeringa, er det foreslått ei løyving på 458 mill. kroner, ein reduksjon på 3,2 mill. kroner frå Saldert budsjett 2025.

Under programkategori 00.40 Stortinget og tilknytte organ, er det foreslått er det foreslått ei løyving på 2 824,9 mill. kroner, ei auke på 237,9 mill. kroner eller 9,2 pst. frå saldert budsjett 2025. Forslaget under denne programkategorien er utarbeidd og fremja av stortingsadministrasjonen.

Programområde 23 Finansadministrasjon

Programområde 23 *Finansadministrasjon* omfattar skatte- og avgiftsadministrasjon, offisiell statistikk, finansadministrasjon og nokre andre føre-

mål. Det samla forslaget til løyving under dette programområdet utgjer 63 578,9 mill. kroner, ei auke på 11,5 mill. kroner frå Saldert budsjett 2025.

Programområde 24 Statleg gjeld og krav, renter og avdrag m.m.

Programområdet omfattar utgifter til renter og avdrag på den innanlandske statsgjelda og på statsskassa sine krav. Det samla forslaget til løyving til renter og avdrag på statsgjeld utgjer 81 224,4 mill. kroner, ei auke på 981,2 mill. kroner eller 1,2 pst. frå Saldert budsjett 2025.

Inntekter

Samla inntekter, utanom skattar og avgifter, utgjer 53 794,2 mill. kroner. Det er ein nedgang med 2 542,9 mill. kroner eller 4,5 pst. frå Saldert budsjett 2025. Det er gjort greie for skattar og avgifter i ein særskild proposisjon – Prop. 1 LS (2025–2026) *Skatter og avgifter 2026*.

Utgifter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post- gr.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
01–29	Statens egne driftsutgifter	27 943 106	27 372 567	29 224 518	6,8
30–49	Nybygg, anlegg o.a.	558 004	667 275	793 546	18,9
50–89	Overføringer til andre	50 452 746	55 001 979	56 925 220	3,5
90–99	Utlån, statsgjeld o.a.	79 795 000	63 817 000	61 143 000	-4,2
	Sum under departementet	158 748 856	146 858 821	148 086 284	0,8

2 Nokre viktige oppgåver i 2026

Nedanfor er det gjort kort greie for nokre viktige oppgåver på Finansdepartementet sitt område i 2026. Publikasjonar som til dømes Prop. 1 LS (2025–2026) *Skatter og avgifter 2026*, Meld. St. 1 (2025–2026) *Nasjonalbudsjettet 2026*, Meld. St. 22 (2024–2025) *Statens pensjonsfond 2025* og Meld. St. 26 (2024–2025) *Finansmarkedsmeldingen 2025* gir god innsikt i arbeidet på området til Finansdepartementet.

Statens pensjonsfond

Stortinget har i lov 21. desember 2005 nr. 123 om Statens pensjonsfond gitt Finansdepartementet ansvaret for forvaltninga av fondet. Den operasjonelle forvaltninga av Statens pensjonsfond utland (SPU) og Statens pensjonsfond Noreg (SPN) er det høvesvis Noregs Bank og Folketrygdfondet som tar hand om, jf. § 2 i lova. Departementet har fastsett føresegnar for forvaltninga i særskilde mandat for Noregs Bank og Folketrygdfondet.

Den samla marknadsv verdien av Statens pensjonsfond var 20 007 mrd. kroner ved inngangen til andre halvår 2025. Av dette var 19 602 mrd. kroner i SPU og 405 mrd. kroner i SPN. Langsiktig og god forvaltning av denne fellesformuen er ei viktig oppgåve.

Viktige saker i 2026 er gjennomgangen av den aktive forvaltninga i Statens pensjonsfond utland. Denne vil bli omtalt i fondsmeldinga som kjem våren 2026. Oppfølging av vurderingar det nye ekspertrådet vil gi av investeringsstrategien for Statens pensjonsfond utland vil òg vere ei viktig oppgåve.

Skatte- og avgiftsområdet

I 2022 starta programmet *Fremtidens innkreving*, som er planlagt ferdig i 2029. Skatteetaten skal, i samarbeid med Nav, Brønnøysundregistra, politiet, Lånekassa og fleire andre etatar, modernisere statleg innkreving ved å harmonisere og koordinere tenester, lovverk, prosessar, IT-system og brukarflater. Innkreving av skattar, avgifter og andre pengekrav skal effektiviserast gjennom datadeling og moderniserte og integrerte løy-

singar med brukarane i sentrum. Programmet er planlagt gjennomført i tre steg. Fyrste steg (2022–2026) er særleg innretta mot forbetringar for næringslivet. På grunn av nokre forseinkingar i steg 1 vil stega 1 og 2 gå parallelt ei stund. I steg 2 (2025–2027) er planen å ferdigstille mykje av funksjonaliteten i det nye innkrevingssystemet. Vidare skal den nye rekneskapsløysinga tas i bruk for meirverdiavgiftsrekneskapen, rekneskapen for feilutbetalingskrav frå NAV og petroleums-skatterekneskapen. Det kjem òg ei ny løysing for samhandling om innkrevingssoppgdrag for NAV og Lånekassen.

Departementet arbeidar med å revidere særavgiftsregelverket. Revisjonen er i all hovudsak ein teknisk revisjon utan materielle endringar. Departementet tek sikte på å sende eit forslag til lov og avgiftsvedtak på høyring i 2025. Samstundes skal det utarbeidast forskrift til lova.

Tollområdet

Tolletaten sitt tollbehandlingssystem (TVINN) nærmar seg slutten av teknologisk levealder. Systemet er frå 1988. Det er oppdatert undervegs, men byggjer på gammal og utdatert teknologi, har betydelege sårbarheiter, og har avgrensa moglegheiter for utvikling. I tillegg er tollbehandlinga prega av mange manuelle prosessar, og tid- og ressurskrevjande for importørar og eksportørar. Fleire krav i tråd med internasjonale forpliktingar og regelverk, og auka digitalisering av tollbehandlinga hos Noregs handelspartnarar, krev eigen-skapar som dagens system ikkje kan oppfylle. Tolletaten har utvikla eit nytt konsept for tollbehandling, *Fremtidens tollbehandling – koordinerte plikter*. Konseptet inneber ein digital transformasjon av prosessar og grensesnitt. Den pris-sette samfunnsøkonomiske lønnsenda av tiltaket er utrekna til om lag 5 mrd. kroner. Det foreslås løyving til å starte opp i 2026. Heile programmet er planlagt gjennomført i perioden 2026–2030.

Tolletaten arbeider òg med Treff-satsinga som inneber ny og forbetra systemstøtte for oppgåver i alle ledd av Tolletatens kontrollprossessar. Det er etablert ei løysing som utgjer det nye hovudløpet

for innførsel av varer til Noreg – Digitoll. Med Digitoll skal informasjon om varer og transport sendast til Tolletaten digitalt seinast ved grensepassering, slik at tollbehandlinga og grensepasseringa blir effektivisert. Tolletaten vil i 2026 samarbeide med næringslivet for at Digitoll skal bli tatt i bruk i stor skala.

Statleg økonomistyring

Leverandøren av systemløyningar som *Direktoratet for forvaltning og økonomistyring* (DFØ) nyttar i rekneskapstenestene, har varsla at dei i framtida berre vil tilby skyløysingar. I 2026 skal det gjerast ei konseptvalutgreiing om korleis DFØ kan tilby effektive rekneskapstenester av høg kvalitet til statlege verksemder i framtida.

Frå og med 1. januar 2027 blir det obligatorisk for alle statlege verksemder å nytte dei statlege rekneskapsstandardane (SRS). DFØ har i overgangsperioden ei sentral rolle i å støtte og rettleie dei verksemdene som enno ikkje nyttar SRS.

Finansmarknadsområdet

På finansmarknadsområdet er regelverksutvikling ei oppgåve som krev mykje ressursar. Regelverket skal mellom anna fremje tryggleik, soliditet og stabilitet i marknaden. Regelverksarbeidet speglar i stor grad arbeidet med nye reglar i EU/EØS. Også i 2026 vil dette krevje stor innsats knytt til fleire regelverk mellom anna på verdipapirmarknadsområdet, kvitvaskingsreglar, berekraftsrapportering, folkefinansiering, betalingstenester, sparebankar og soliditetskrav og krisehandteringsreglar for bankar. I tillegg er det ei rekkje andre prosessar som må følgjast opp, mellom

anna utgreiingar innan beredskap i betalings-systemet, digital bokføring og fakturering og privat tenestepensjon. Det vil òg vere naudsynt med vidare arbeid etter etableringa av Finans-tilsynsklagenemnda, mellom anna oppfølging av avgjerder frå nemnda.

Modernisering av statistikkproduksjonen

Regjeringa har fastsett eit nasjonalt program for offisiell statistikk for perioden 2024–2027. Statistikkprogrammet peiker mellom anna ut nye tema det skal utviklast offisiell statistikk på dei neste åra. Statistikk om helse og omsorg, natur, areal, klima og miljø er nokre av desse temaområda. Fleire tema som sett søkelys på overgangen til lavslippsamfunn, går òg inn i programmet.

SSB skal utvikle og fremje tiltak for kvalitets-sikring og kompetansebygging innan det norske statistikkssystemet i samråd med *Utvalet for offisiell statistikk*. Eit system for kvalitetssikring er etablert, og årlege rapportar gir grunnlag for å vurdere tiltak for betre kvalitet i offisiell statistikk og kvalitetssystemet. I tillegg til kvalitetsarbeidet skal SSB halde fram med å ta i bruk nye data-kjelder, metodar og teknologi for å utvikle ny statistikk og meir effektiv statistikkproduksjon.

SSB flytter produksjonen av statistikk og forskning over på ein ny plattform, Dapla. Flyttinga vil òg gi effektivisering og ein systematisk gjennomgang av alle produksjonsløpa. Under arbeidet med å flytte vil ressursituasjonen vere ekstra stram. Eit skjerpt trusselbilette, kombinert med auka press på IKT-ressursane i verksemda under omlegginga til Dapla, gjer at SSB må prioritere informasjonssikkerhet høgt.

3 Oppfølging av oppmodningstiltak

Nedanfor er ei oversikt over oppfølging av oppmodningsvedtak under Finansdepartementet. Oversikta omfattar alle vedtak frå stortingssesjonen 2024–2025 og alle vedtak frå tidlegare sesjonar som kontroll- og konstitusjonskomiteen i Innst. 216 S (2024–2025) meinte ikkje var kvittert ut. I nokre tilfelle er det samstundes med rapporteringa her gjeve ei meir omfattande framstilling av oppfølginga i Prop. 1 LS (2025–2026) *Skatter og*

avgifter 2026 eller i Meld. St. 1 (2025–2026) *Nasjonalbudsjettet 2026*.

I slike tilfelle er det vist til kor denne framstillinga finst i desse dokumenta. I tabellen nedanfor vert det òg opplyst om departementet planlegg at rapporteringa knytt til oppmodningsvedtaket no vert avslutta eller om departementet òg vil rapportere konkret på vedtaket i budsjettproposisjonen for neste år.

Tabell 3.1 Oversikt over oppmodningsvedtak, ordna etter sesjon og nummer.

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering blir avslutta (Ja/Nei)
2024–2025	49	Nødvendige lovendringar som følgje av ny lov om Riksrevisjonen	Ja
2024–2025	92	Offentleg utval om omstillingsevne og konkurransekraft	Nei
2024–2025	551	Heilskapleg skattereform	Nei
2024–2025	648	Finansiell beredskap og rammevilkår	Nei
2024–2025	780	Greie ut tiltak som kan betre registerkvaliteten	Nei
2024–2025	781	Eigedomsmeklarar sin tilgjenge til Folkeregisteret	Nei
2024–2025	993	Pendlarar	Nei
2024–2025	994	Finansnæringa sine rammevilkår	Nei
2024–2025	995	Oppfølging av forskriftsendringar om valutasikring av andelsklassar	Nei
2024–2025	1224	Klargjere skattereglane for elev- og ungdomsbedrifter	Ja
2024–2025	1232	Førebu reduksjon i matmomsen	Ja
2024–2025	1233	Virkningar av redusert matmoms	Ja
2024–2025	1239	Bevare Enova-avgiften og redusere elavgiften	Ja
2024–2025	1240	Jordbrukskonto	Ja
2024–2025	1254	Skattlegging av firmabil	Nei
2023–2024	89	Skjermingsfrådrag	Ja
2023–2024	90	Nivået på treprosentregelen i fritaksmetoden	Ja
2023–2024	522	Register over reelle rettshavarar	Nei
2023–2024	752	Ny fakturaordning	Ja

Tabell 3.1 Oversikt over oppmodningsvedtak, ordna etter sesjon og nummer.

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering blir avslutta (Ja/Nei)
2023–2024	759	Eigedomsmeklarar sin tilgjenge til offentlege databasar, mellom anna Folkeregisteret	Nei
2023–2024	760	Utveksling av informasjon mellom eigedomsmeklarar og bankar om mistenkelege forhold	Nei
2023–2024	812	Eigedomsskatt – differensierte satsar	Nei
2023–2024	920	Evaluering av renteavgrensningsreglane	Nei
2023–2024	921	Utviding av kjeldesatt på renter og royalty mv.	Nei
2023–2024	922	Trafikkforsikringsavgift – fritak for lette elektriske varebilar	Ja
2022–2023	83	Turistskatt	Ja
2022–2023	91	Eingongsavgift på tunge køyretøy	Nei
2022–2023	857	Representantordningsutvalet, folkeregisterlova, skattelova, Stortingets pendlarbustadordning	Ja
2022–2023	939	Differensiert verdsetjing av ikkje-børsnoterte aksjar i formuesskatten	Ja
2021–2022	35-31	Evaluering av NOKUS-reglane	Nei
2021–2022	35-34	Verdsetjingsmetode for bustader	Ja
2021–2022	35-36	Utvida land-for-land-rapportering (LLR) etter rekneskapslova	Nei
2021–2022	782	Vurdere kven som bør vere utelukka frå å sitje i Noregs Banks styrande organ	Nei
2020–2021	1250	Eigedomsskatt, utgreiing og vurdering av eit tak for bustader og fritidsbustader	Ja
2019–2020	707	Kulturmiljømeldinga – vedlikehald av privateigde kulturminne og kulturmiljø	Ja
2016–2017	48	Land-for-land rapportering	Nei
2016–2017	1040	Sikre behovet hos bustadkjøpare for meir tid i bustadhandelen	Nei

3.1 Stortingssesjon 2024–2025

Nødvendige lovendringar som følgje av ny lov om Riksrevisjonen

Vedtak nr. 49, 21. november 2024

«Stortinget ber regjeringen så snart som mulig fremme forslag om nødvendige endringer i annen lovgivning som følge av ny lov om Riksrevisjonen.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 19 (2023–2024), jf. Innst. 41 L (2024–2025).

Departementet legg til grunn at oppmodningsvedtaket er følgt opp gjennom forslaga i Prop. 91 L (2024–2025), jf. Innst. 469 L (2024–2025). Lovendringane er vedtatte av Stortinget og har trådd i kraft.

Offentleg utval om omstillingsevne og konkurransekraft

Vedtak nr. 92, 19. desember 2024

«Stortinget ber regjeringen, i løpet av vår-sesjonen 2025, sette ned et offentlig utvalg som skal utarbeide en strategi for å bedre økonomiens

omstillingsevne, industriell utvikling og næringslivets konkurransekraft, særlig i lys av at produksjonen av olje og gass på sikt vil avta.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av statsbudsjettet for 2025 (Prop. 1 S (2024–2025)), jf. Innst. 540 S (2024–2025). Regjeringa legg opp til å følgje opp vedtaket i haustsesjonen 2025.

Heilskapleg skatterreform

Vedtak nr. 551, 8. april 2025

«Stortinget ber regjeringen i neste stortingsperiode legge frem en sak om helhetlig skattereform for å sørge for et konkurransedyktig skattenivå for norsk næringsliv.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 31 (2024–2025) *Perspektivmeldingen 2024*, jf. Innst. 180 S (2024–2025). Regjeringa vil vurdere korleis vedtaket skal følgjast opp og planlegg å kome tilbake til Stortinget ved eit passende høve.

Finansiell beredskap og rammevilkår

Vedtak nr. 648, 6. mai 2025

«Stortinget ber regjeringen sørge for at det finnes tilstrekkelig finansiell beredskap, og særlig sørge for rammebetingelser som gjør at Norge har norskeide banker og finansinstitusjoner som betjener det norske markedet.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 9 (2024–2025) *Totalberedskapsmeldingen*, jf. Innst. 242 S (2024–2025). Regjeringa vil vurdere korleis vedtaket skal følgjast opp og planlegg å kome tilbake til Stortinget i Finansmarkedsmeldingen 2026.

Greie ut tiltak som kan betre registerkvaliteten

Vedtak nr. 780, 27. mai 2025

«Stortinget ber regjeringen utrede tiltak som kan forbedre registerkvaliteten, herunder om det i større grad skal gjennomføres kontroll av opplysninger som blir endret, og om registerenhetene skal kunne avvise offentliggjorte opplysninger når det er berettiget mistanke om feil.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 8:129 S (2024–2025), jf. Innst. 364 S (2024–2025). Finansdepartementet gav i desember 2024 Skatte-

etaten, Helsedirektoratet, NAV og Brønnøysundregistrene i oppdrag å greie ut potensialet for misbruk i ordningar ein trur vert utnytta til økonomisk kriminalitet. Rapporten vart levert 30. mai 2025 og vert nå vurdert nærare av Finansdepartementet, i samarbeid med Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet. Finansdepartementet tek sikte på å kome tilbake til Stortinget i statsbudsjettet for 2027.

Eigedomsmeklarar sin tilgjenge til Folkeregisteret

Vedtak nr. 781, 27. mai 2025

«Stortinget ber regjeringen gjennomgå regelverket og sikre at eiendomsmeglere har tilgang til informasjon fra Folkeregisteret for å forebygge økonomisk kriminalitet.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 8:129 S (2024–2025), jf. Innst. 364 S (2024–2025). Vedtaket synest å gjelde det same som vedtak nr. 759 av 12. juni 2024, og departementet viser til omtalen der.

Pendlarar

Vedtak nr. 993, 11. juni 2025

«Stortinget ber regjeringen gjennomgå de alminnelige skattereglene for pendlere og utrede forslag til forenkling og klargjøring av regelverket.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Prop. 62 L (2024–2025), jf. Innst. 522 L (2024–2025). Departementet vil vurdere korleis vedtaket skal følgjast opp og tek sikte på å kome tilbake til Stortinget på egna måte.

Finansnæringa sine rammevilkår

Vedtak nr. 994, 11. juni 2025

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med Finansmarkedsmeldingen for 2026 foreta en helhetlig gjennomgang av rammevilkårene for finansnæringen i Norge og skissere eventuelle behov for å justere disse. Regjeringen skal innhente innspill fra og ha dialog med relevante aktører i næringa om hvilke områder det er hensiktsmessig å prioritere i en slik gjennomgang.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 26 (2024–2025) *Finansmarkedsmeldingen 2025*, jf.

Innst. 513 S (2024–2025). Regjeringa vil vurdere korleis vedtaket skal følgjast opp og planlegg å kome tilbake til Stortinget i Finansmarkeds-meldingen 2026.

Oppfølging av forskriftsendringar om valutasikring av andelsklassar

Vedtak nr. 995, 11. juni 2025

«Stortinget ber regjeringen følge opp forskrifts- endringene rundt valutasikring av andelsklasser og vurdere eventuelle endringer og rapportere til- bake til Stortinget om dette seinest i forbindelse med neste års finansmarkeds melding.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 26 (2024–2025) *Finansmarkeds meldingen 2025*, jf. Innst. 513 S (2024–2025). Regjeringa vil vurdere korleis vedtaket skal følgjast opp og planlegg å kome tilbake til Stortinget i Finansmarkeds- meldingen 2026.

Klargjere skattereglane for elev- og ungdoms- bedrifter

Vedtak nr. 1224, 20. juni 2025

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget i statsbudsjettet for 2026 med en klar- gjøring av skattereglene for elev- og ungdoms- bedrifter.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av revidert nasjonalbudsjett 2025, jf. Innst. 540 S (2024–2025). Departementet legg til grunn at oppmodingsved- taket er følgt opp gjennom omtale i Prop. 1 LS (2025–2026), kapittel 21.

Førebu reduksjon i matmomsen

Vedtak nr. 1232, 20. juni 2025

«Stortinget ber regjeringen gjøre forberedelser slik at en reduksjon i matmomssatsen kan gjennomføres raskt dersom Stortinget vedtar det i forbindelse med statsbudsjettet for 2026.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av revidert nasjonalbudsjett for 2025, jf. Innst. 540 S (2024–2025). Departementet legg til grunn at vedtaket er følgt opp gjennom omtale i Prop. 1 LS (2025–2026), kapittel 27.

Virkningar av redusert matmoms

Vedtak nr. 1233, 20. juni 2025

«Stortinget ber regjeringen frem til 1. november 2025 utrede hvilken betydning en redusert sats for merverdiavgift på næringsmidler kan få for blant annet matvarepriser, grensehandel, grad av prisnedgang og fordelingseffekter av et slik til- tak. Utredningen skal også gi en oversikt over hvordan matvarer er avgiftsbelagt i andre land.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av revidert nasjonalbudsjettet for 2025, jf. Innst. 540 S (2024–2025). Departementet legg til grunn at vedtaket er følgt opp gjennom omtale i Prop. 1 LS (2025–2026), kapittel 27.

Bevare Enova-avgiften og redusere elavgiften

Vedtak nr. 1239, 20. juni 2025

«Stortinget ber regjeringen videreføre Enova- avgiften og foreslå å redusere elavgiften med til- svarende proveny som Enova-avgiften i 2026.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av revidert nasjonalbudsjett for 2025, jf. Innst. 540 S (2024–2025). Departementet legg til grunn at vedtaket er følgt opp gjennom omtale i Prop. 1 LS (2025–2026), kapittel 13.

Jordbrukskonto

Vedtak nr. 1240, 20. juni 2025

«Stortinget ber regjeringen redusere grensen for inntektsføring i jordbrukskonto fra 85 til 80 pro- sent fra 1. januar 2026.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av revidert nasjonalbudsjett 2025, jf. Innst. 540 S (2024–2025). Departementet legg til grunn at oppmodingsved- taket er følgt opp gjennom omtale i Prop. 1 LS (2025–2026), kapittel 10.

Skattlegging av firmabil

Vedtak nr. 1254, 20. juni 2025

«Stortinget ber regjeringen foreta en full gjen- nomgang av firmabilbeskatningen for å sørge for at regelverket gir riktig fordelsbeskatning i tråd med skattelovens prinsipper.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 8:150 S (2024–2025), jf. Innst. 543 S (2024–2025). Oppmodingsvedtaket er førebels omtala i Prop. 1 LS (2025–2026), kapittel 22.

3.2 Stortingssesjon 2023–2024

Skjermingsfrådrag

Vedtak nr. 89, 4. desember 2023

«Stortinget ber regjeringen utrede nivået på fastsettelsen av skjermingsfradraget, herunder påslaget, i aksjonærmodellen, jf. Skatteutvalget.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av nasjonalbudsjettet for 2024 og framlegg til statsbudsjett for 2024, jf. Innst. 2 S (2023–2024). Departementet legg til grunn at oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom omtale i Prop. 145 LS (2024–2025), kapittel 11.3.

Nivået på treprosentregelen i fritaksmetoden

Vedtak nr. 90, 4. desember 2023

«Stortinget ber regjeringen utrede nivået på treprosentregelen i fritaksmetoden, jf. Skatteutvalget.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 1 (2023–2024). Departementet legg til grunn at oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom omtale i Prop. 145 LS (2024–2025), kapittel 11.4.

Register over reelle rettshavarar

Vedtak nr. 522, 14. mars 2024

«Stortinget ber regjeringen raskest mulig slutføre arbeidet med et utvidet register over reelle rettighetshavere.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 8:11 S (2023–2024), jf. Innst. 211 S (2023–2024). Finansdepartementet sette i november 2024 ned ei arbeidsgruppe for å vurdere gjennomføringa av den nye antikvitvaskingspakka til EU, som vart vedtatt i juni 2024 og som inkluderer nye krav til mellom anna register over reelle rettshavarar. Arbeidsgruppa har frist til 31. desember 2025 med å levere si vurdering. Departementet tek sikte på at vedtaket vil verte følgt opp i samband med oppfølging av arbeidsgruppa si rapport.

Ny fakturaordning

Vedtak nr. 752, 12. juni 2024

«Stortinget ber regjeringen utrede en fakturaordning med QR-kode etter inspirasjon fra andre europeiske land, og komme tilbake til Stortinget senest innen revidert nasjonalbudsjett for 2025»

Vedtaket vart gjort 12. juni 2024 i medhald av Stortingets forretningsorden § 14, nr. 8, bokstav b samstundes med behandlinga av Meld. St. 15 (2023–2024), jf. Innst. 412 S (2023–2024). Departementet legg til grunn at vedtaket er følgt opp gjennom omtale i Meld. St. 1 (2025–2026) *Nasjonalbudsjettet 2026*, kapittel 4.

Eigedomsmeklarar sin tilgjenge til offentlege databasar, mellom anna folkeregisteret

Vedtak nr. 759, 12. juni 2024

«Stortinget ber regjeringen utrede om eigedomsmeklere bør gis tilgang til offentlige databaser, herunder folkeregisteret.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 15 (2023–2024), jf. Innst. 412 S (2023–2024). Finansdepartementet gav i januar 2025 Finanstilsynet i oppdrag å utarbeide eit høyringsnotat som vurderer mellom anna om eigedomsmeklarar bør få tilgang til opplysningar frå Folkeregisteret. Departementet tek sikte på å sende det på høyring og deretter vurdere vidare oppfølging i lys av høyringa.

Utteksling av informasjon mellom eigedomsmeklarar og bankar om mistenkelege forhold

Vedtak nr. 760, 12. juni 2024

«Stortinget ber regjeringen utrede om eigedomsmeklere bør gis rett til å utveksle informasjon med banker om mistenkelige forhold.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 15 (2023–2024), jf. Innst. 412 S (2023–2024). Finansdepartementet sette i november 2024 ned ei arbeidsgruppe for å vurdere gjennomføringa av den nye antikvitvaskingspakka til EU, som vart vedtatt i juni 2024 og som inkluderer mellom anna reglar om deling av opplysningar. Arbeidsgruppa har frist til 31. desember 2025 med å levere si vurdering. Departementet tek sikte på at vedtaket

vil verte følgt opp i samband med oppfølging av arbeidsgruppa si rapport.

Eigedomsskatt – differensierte satsar

Vedtak nr. 812, 19. juni 2024

«Stortinget ber regjeringen utrede endringer i regelverket slik at det blir mulig for kommunene å sette ulike skattesatser for sekundær-, fritids- og primærboliger.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Prop. 102 S (2023–2024) *Kommuneproposisjonen for 2025*, jf. Innst. 440 S (2023–2024). Regjeringa vil vurdere korleis vedtaket skal følgjast opp og tek sikte på å kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Evalueringsav renteavgrensingsreglane

Vedtak nr. 920, 21. juni 2024

«Stortinget ber regjeringen på egnet tidspunkt og senest i 2025 påbegynne en evaluering av hvordan rentebegrensingsreglene har fungert, i tråd med skatteutvalgets anbefalinger. Evalueringen skal inkludere skattemyndighetenes erfaringer og administrative kostnader knyttet til å skulle kontrollere unntaksbestemmelsen i praksis.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av revidert nasjonalbudsjett for 2024, jf. Innst. 447 S (2023–2024). Regjeringa vil vurdere korleis vedtaket skal følgjast opp og tek sikte på å kome tilbake til Stortinget ved eit passende høve.

Utviding av kjeldeskatt på renter og royalty mv.

Vedtak nr. 921, 21. juni 2024

«Stortinget ber regjeringen utrede en utvidelse av kildeskatten til også å gjelde betalinger til land som ikke regnes som lavskatteland.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av revidert nasjonalbudsjett for 2024, jf. Innst. 447 S (2023–2024). Regjeringa vil greie ut om ein bør utvide kjeldeskatten til òg å gjelde betalningar til land som ikkje reknast som land med låg skatt. Ein tek sikte på å kome tilbake til Stortinget med ei vurdering.

Trafikkforsikringsavgift – fritak for lette elektriske varebilar

Vedtak nr. 922, 21. juni 2024

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med statsbudsjettet for 2025 foreslå å gi lette el-varebiler fritak for trafikkforsikringsavgift, med forbehold om notifikering og godkjenning av ESA.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Prop. 103 LS (2023–2024) *Endringer i skatte- og avgiftslovgivinga*, jf. Innst. 438 L (2023–2024). Regjeringa gjer i Prop. 1 LS (2025–2026) framlegg om å frita lette elektriske varebilar frå trafikkforsikringsavgift. Det er gitt ei omtale av saka i Prop. 145 LS (2024–2025) kapittel 11.2.

3.3 Stortingssesjon 2022–2023

Turistskatt

Vedtak nr. 83, 1. desember 2022

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om en kommunal/statlig touristskatt senest i forbindelse med statsbudsjettet for 2024.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av endring av Prop. 1 S (2022–2023) og Prop. 1 LS (2022–2023), jf. Innst. 5 S (2022–2023). Regjeringa har følgt opp oppmodningsvedtaket i Prop. 96 L (2024–2025) *Lov om besøksbidrag*, jf. Innst. 452 L (2024–2025).

Eingongsavgift på tunge køyretøy

Vedtak nr. 91, 1. desember 2022

«Stortinget ber regjeringen utrede engangsavgift på fossile lastebiler, busser og andre tunge kjøretøy i forbindelse med statsbudsjettet for 2024.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Prop. 1 LS (2022–2023), jf. Innst. 5 S (2022–2023). Vedtaket vart omtalt i Prop. 1 LS (2024–2025) *Skatter og avgifter 2025*, der regjeringa har vurdert både moglegheiter og utfordringar ved å innføre eingongsavgift for tunge fossile køyretøy. På kort sikt er det lagt til grunn at ei eventuell avgift må vere vektbasert. Dette heng saman med kvaliteten på dei tilgjengelege utsleppsverdiane for tunge køyretøy. Dersom det vert innført krav om måling av CO₂-utslepp for tunge køyretøy, slik det er for lette køyretøy i dag, kan dette vere eit alternativ på sikt.

Utgreiinga viser at ei slik avgift kan føre til util-sikta utslag og uheldige tilpassingar i transport-næringa. Det er òg peika på at CO₂-utslepp frå vegtransport allereie er prislaga gjennom CO₂-avgifta på drivstoff, og at elektriske tungbilar har fleire økonomiske fordelar, som reduserte bom-pengar og støtte frå Enova. Teknologisk utvikling, fallande batteriprisar og strengare EU-krav til utslepp frå nye lastebilar bidreg til rask omstilling til nullutsleppskøyretøy.

På dette grunnlaget konkluderte regjeringa med at det ikkje er føremålstenleg å innføre ein-gongsavgift på tunge fossile køyretøy no. Finans-komiteen tok vurderinga til orientering, jf. Innst. 3 S (2024–2025). I Meld. St. 4 (2024–2025) la regjeringa til grunn at vedtaket var kvittert ut gjennom omtalen i Prop. 1 LS (2024–2025).

Kontroll- og konstitusjonskomiteen har ved behandlinga av Meld. St. 4 (2024–2025) peika på at EU framleis arbeider med nye krav som kan gi betre data om CO₂-utslepp, og at rapporteringa difor ikkje kan avsluttast. Denne utgreiinga pågår framleis, og regjeringa følgjer med på utviklinga i EU.

Representantordningsutvalet, folkeregisterlova, skattelova, Stortingets pendlarbustadordning

Vedtak nr. 857, 15. juni 2023

«Stortinget ber regjeringen vurdere Represen-tantordningsutvalgets forslag til endring av folke-registerloven § 5-4 og skatteloven § 3-1, her- under klargjøre aktuelle tolkningsspørsmål samt utrede forslag til regler for grupper som har særlege behov for unntak eller overgangsord- ninger.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 18 (2021–2022) og Dokument 18 (2022–2023), jf. Innst. 499 S (2022–2023). Vedtaket er følgt opp gjennom forslag i Prop. 62 L (2024–2025), jf. Innst. 522 L (2024–2025).

Differensiert verdsetjing av ikkje-børsnoterte aksjar i formuesskatten

Vedtak nr. 939, 16. juni 2023

«Stortinget ber regjeringen utrede differensiert verdsetting av ikke-børsnoterte aksjer i formues- skatten på grunnlag av egenskaper ved de enkelte aksjer, f.eks. ulik stemme- og utbytterett, og slik at

verdsettelsen av de enkelte aksjer i større grad samsvarer med reell markedsverdi.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Prop. 117 LS (2022–2023), jf. Innst. 490 S (2022–2023). Departementet legg til grunn at vedtaket er følgt opp gjennom omtale i Prop. 1 LS (2025–2026), kapittel 20.

3.4 Stortingssesjon 2021–2022

Evalueringsav NOKUS-reglane

Vedtak nr. 35-31, 2. desember 2021

«Stortinget ber regjeringen om i løpet av 2022 å gjennomføre en grundig evaluering av dagens skatteordning for NOKUS-selskap, herunder også vurdere hvordan denne ordningen sam- virker med kildeskatt»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Prop. 1 LS (2021–2022), jf. Innst. 2 S (2021–2022). Departe- mentet planlegg å kome tilbake til ei vurdering av NOKUS-reglane når to-pilarløysinga for skatt- legging av store multinasjonale konsern er innført i norsk rett. I revidert nasjonalbudsjett for 2025 er det uttalt at departementet har vurdert om det er mogleg å gjere mindre endringar i NOKUS- reglane på noko kortare sikt, og at departementet vil sjå nærare på to konkrete høve. Det fyrste høvet gjeld forenklingar for selskap som òg er omfatta av reglane om suppleringskatt. Det andre gjeld unntaket frå NOKUS-reglane for aktive investeringar i selskap som er heime- høyrande i land som Noreg har inngått skatte- avtale med.

Verdsetjingsmetode for bustader

Vedtak nr. 35-34, 2. desember 2021

«Stortinget ber regjeringen endre metoden for verdsetting av dyre boliger slik at verdsettingen bedre samsvarer med eiendommenes reelle markedsverdi»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av nasjonal- budsjettet for 2022 og framlegg til statsbudsjett for 2022, jf. Innst. 2 S (2021–2022). Departementet legg til grunn at vedtaket er følgt opp gjennom omtale i budsjettet for 2026, jf. Prop. 1 LS (2025– 2026), kapittel 5.

Utvida land-for-land-rapportering (LLR) etter rekneskapslova

Vedtak nr. 35-36, 2. desember 2021

«Stortinget ber regjeringen om at en forskrift om utvidet land-for-land-rapportering blir utformet slik at selskaper blir pliktige til å opplyse om regnskapsstørrelser for alle land, inkludert støtte-land hvor skatt ikke betales.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av nasjonalbudsjettet for 2022 og framlegg til statsbudsjett for 2022, jf. Innst. 2 S (2021–2022). Departementet tek sikte på å sende framlegg til lovendringar på høyring hausten 2025, med utgangspunkt i nye EU-reglar (direktiv (EU) 2021/2101). Oppfølginga av vedtaket vil verte vurdert i samband med vedtak nr. 48 av 15. november 2016.

Vurdere kven som bør vere utelukka frå å sitje i Noregs Banks styrande organ

Vedtak nr. 782, 13. juni 2022

«Stortinget ber regjeringen på egnet måte komme tilbake til Stortinget med en vurdering av hvem som bør være utelukket fra å sitte i Norges Banks styrende organer, jf. sentralbankloven § 2-3 fjerde ledd og § 2-6 tredje ledd.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av eit representantforslag frå stortingsrepresentantane Guri Melby, Sveinung Rotevatn og Sofie Høgestøl om å flytte Noregs Bank Investment Management (NBIM) ut av Noregs Bank og innføre strengare habilitetsreglar rundt utnemningar i banken, jf. Dokument 8:149 S (2021–2022) og Innst. 353 S (2021–2022). Regjeringa tek sikte på å leggje fram ein lovproposisjon om endringar i sentralbanklova hausten 2025 som mellom anna vil følgje opp oppmodingsvedtaket.

3.5 Stortingssesjon 2020–2021

Eigedomsskatt, utgreiing og vurdering av eit tak for bustader og fritidsbustader

Vedtak nr. 1250, 16. juni 2021

«Stortinget ber regjeringen legge fram en helhetlig utredning om eiendomsskatten og herunder utrede et tak for eiendomsskatt på ordinære boliger og hytter, og komme tilbake til Stortinget på eigna måte.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Prop. 192 S (2020–2021) *Kommuneproposisjonen for 2022*, jf. Innst. 660 S (2020–2021). Departementet legg til grunn at oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom omtala i Prop. 1 LS (2025–2026), kapittel 19.

3.6 Stortingssesjon 2019–2020

Kulturmiljømeldinga – vedlikehald av privateigde kulturminne og kulturmiljø

Vedtak nr. 707, 16. juni 2020

«Stortinget ber regjeringen i samband med bevaringsstrategiene, fremme forslag om hvordan staten kan stimulere private eiere av kulturminner og kulturmiljøer til jevnt, godt vedlikehold gjennom skatte- og avgiftsinsentiver.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 16 (2019–2020) *Nye mål i kulturpolitikken – Engasjement, bærekraft og mangfold*, jf. Innst. 379 S (2019–2020). Departementet legg til grunn at vedtaket er følgt opp gjennom omtale i Prop. 1 LS, kapittel 18.

3.7 Stortingssesjon 2016–2017

Land-for-land rapportering

Vedtak nr. 48, 15. november 2016

«Stortinget ber regjeringen sørge for at selskap som etter forslagene i land-for-land-rapportering til skattemyndighetene, også blir pliktige til å rapportere etter regnskaps- og verdipapirloven, og at selskapene skal rapportere betalt inntektskatt og påløpt inntektsskatt, antall ansatte, akkumulert fortjeneste, resultat før skattekostnad, summen av inntekter fra transaksjoner med nærstående/ikke nærstående foretak og bokført egenkapital.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Prop. 120 L (2015–2016) *Endringer i ligningsloven (land-for-land-rapportering til skattemyndighetene)*, jf. Innst. 42 L (2016–2017). Departementet planlegg å sende framlegg til lovendringar på høyring hausten 2025, med utgangspunkt i nye EU-reglar (direktiv (EU) 2021/2101). Oppfølginga av vedtaket vil verte vurdert i samband med vedtak nr. 35-36 av 2. desember 2021.

Sikre behovet hos bustadkjøparar for meir tid i bustadhandelen

Vedtak nr. 1040, 20. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen sikre boligkjøpernes behov for mer tid i bolighandelen gjennom forskriftene til eiendomsmeglingsloven eller ved å fremme forslag for Stortinget om endringer i avhendingsloven»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 8:123 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Hans Olav Syversen, Line Henriette Hjemdal, Hans Fredrik Grøvan, Kjell Ingolf Ropstad og Geir Sigbjørn Toskedal om tiltak for å styrke forbrukernes rettigheter i handel med bolig*, jf. Innst. 477 S (2016–2017). Eit utval vart sett ned 11. oktober 2019 for å revidere egedoms-

meglingslova. Utvalet overleverte si utgreiing, NOU 2021: 7 *Trygg og enkel eiendomsmegling – Evaluering av eiendomsmeglingsloven og forslag til en fremtidsrettet regulering*, 4. juni 2021. Utgreiinga inneheld mellom anna framlegg til endringar som skal sikre forbrukarar meir tid i bustadhandelen.

Finansdepartementet foreslo i Prop. 41 L (2024–2025) *Endringer i eiendomsmeglingsloven (budgivning, egnethetskrav og sanksjoner mv.)* ein lovregel om at egedomsmeklarar ikkje skal formidle bod med kortare akseptfrist enn det som er fastsett av Finansdepartementet i forskrift. Lovendringa tredde i kraft 1. juli 2025, jf. lov om endringer i eiendomsmeglingsloven (budgivning, egnethetskrav og sanksjoner mv.). Finansdepartementet ba 24. januar 2025 Finanstilsynet om å foreslå forskriftsreglar om minste akseptfrist innan 24. november 2025.

4 Oversiktstabeller for budsjettet

Utgifter fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
	Regjeringa				
20	Statsministerens kontor	108 793	116 121	119 857	3,2
21	Statsrådet	201 777	197 674	185 886	-6,0
24	Regjeringsadvokaten	133 933	147 422	152 289	3,3
	<i>Sum kategori 00.30</i>	<i>444 503</i>	<i>461 217</i>	<i>458 032</i>	<i>-0,7</i>
	Stortinget og eksterne organ				
41	Stortinget	1 590 997	1 676 848	1 877 444	12,0
42	Stortingets ombodsnemnd for Forsvaret	9 507	10 728	12 786	19,2
43	Stortingets ombod for kontroll med forvaltninga	108 066	118 311	122 747	3,7
44	Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvakings- og tryggingsteneste	47 761	49 986	52 457	4,9
45	Noregs institusjon for menneskerettar	28 182	31 322	35 793	14,3
51	Riksrevisjonen	638 800	699 750	723 664	3,4
	<i>Sum kategori 00.40</i>	<i>2 423 313</i>	<i>2 586 945</i>	<i>2 824 891</i>	<i>9,2</i>
	Sum programområde 00	2 867 816	3 048 162	3 282 923	7,7
	Finansadministrasjon				
1600	Finansdepartementet	15 544 599	570 176	595 600	4,5
1602	Finanstilsynet	558 225	599 117	668 979	11,7
1605	Direktoratet for forvaltning og økonomistyring	1 151 454	1 156 018	1 216 157	5,2
	<i>Sum kategori 23.10</i>	<i>17 254 278</i>	<i>2 325 311</i>	<i>2 480 736</i>	<i>6,7</i>

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
	Skatte-, avgifts- og tolladministrasjon				
1610	Tolletaten	2 076 403	2 364 420	2 490 409	5,3
1618	Skatteetaten	8 905 017	9 047 736	9 512 581	5,1
1619	Skatteklagenemnda	82 329	80 238	88 790	10,7
	<i>Sum kategori 23.20</i>	<i>11 063 749</i>	<i>11 492 394</i>	<i>12 091 780</i>	<i>5,2</i>
	Offisiell statistikk				
1620	Statistisk sentralbyrå	1 011 370	1 029 754	1 055 445	2,5
	<i>Sum kategori 23.30</i>	<i>1 011 370</i>	<i>1 029 754</i>	<i>1 055 445</i>	<i>2,5</i>
	Andre føremål				
1632	Kompensasjon for meirverdiavgift	36 067 281	38 200 000	36 450 000	-4,6
1633	Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift	11 643 591	10 500 000	11 500 000	9,5
1635	Forskottering av erstatningskrav	85 000	20 000	1 000	-95,0
	<i>Sum kategori 23.40</i>	<i>47 795 872</i>	<i>48 720 000</i>	<i>47 951 000</i>	<i>-1,6</i>
	Sum programområde 23	77 125 269	63 567 459	63 578 961	0,0
	Statsgjeld, renter og avdrag m.m.				
1650	Statsgjeld, renter m.m.	13 960 771	16 426 200	20 081 400	22,3
1651	Statsgjeld, avdrag og innløyising	64 795 000	63 817 000	61 143 000	-4,2
	<i>Sum kategori 24.10</i>	<i>78 755 771</i>	<i>80 243 200</i>	<i>81 224 400</i>	<i>1,2</i>
	Sum programområde 24	78 755 771	80 243 200	81 224 400	1,2
	Sum utgifter	158 748 856	146 858 821	148 086 284	0,8

Inntekter fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
	Regjeringa				
3024	Regjeringsadvokaten	25 311	23 082	23 913	3,6
	<i>Sum kategori 00.30</i>	<i>25 311</i>	<i>23 082</i>	<i>23 913</i>	<i>3,6</i>
	Stortinget og eksterne organ				
3041	Stortinget	12 131	8 577	13 464	57,0
3051	Riksrevisjonen	947	300	300	0,0
	<i>Sum kategori 00.40</i>	<i>13 078</i>	<i>8 877</i>	<i>13 764</i>	<i>55,1</i>
	Sum programområde 00	38 389	31 959	37 677	17,9

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
	Finansadministrasjon				
4600	Finansdepartementet		50	50	0,0
4602	Finanstilsynet	59 252	19 200	23 000	19,8
4605	Direktoratet for forvaltning og økonomistyring	319 386	302 192	310 532	2,8
5580	Sektoravgifter under Finansdepartementet	588 898	606 417	670 980	10,6
	<i>Sum kategori 23.10</i>	<i>967 536</i>	<i>927 859</i>	<i>1 004 562</i>	<i>8,3</i>
	Skatte-, avgifts- og tolladministrasjon				
4610	Tolletaten	56 454	54 565	56 729	4,0
4618	Skatteetaten	2 811 924	2 777 904	2 765 870	-0,4
	<i>Sum kategori 23.20</i>	<i>2 868 378</i>	<i>2 832 469</i>	<i>2 822 599</i>	<i>-0,3</i>
	Offisiell statistikk				
4620	Statistisk sentralbyrå	258 892	257 103	265 833	3,4
	<i>Sum kategori 23.30</i>	<i>258 892</i>	<i>257 103</i>	<i>265 833</i>	<i>3,4</i>
	Andre føremål				
4634	Kompensasjon for inntektssvikt som følge av virusutbrotet	1 819			0,0
	<i>Sum kategori 23.40</i>	<i>1 819</i>			<i>0,0</i>
	Sum programområde 23	4 096 625	4 017 431	4 092 994	1,9
	Statlege fordringar, avsetningar m.m.				
5341	Avdrag på uteståande fordringar	4 000 573	6 000 000	6 000 000	0,0
5351	Overføring frå Noregs Bank	17 604 258	18 974 000	20 100 000	5,9
5600	Overføring frå Statens pensjonsfond Norge		11 700 000	12 300 000	5,1
5605	Renter av kontantar i statskassa og av andre fordringar	18 099 050	15 547 700	11 671 900	-24,9
5692	Utbyte av statens kapital i Den nordiske investeringsbanken	158 119	64 400	190 000	195,0
5693	Utbyte av aksjar i ymse selskap m.m.	1 652	1 652	1 652	0,0
	<i>Sum kategori 24.20</i>	<i>39 863 652</i>	<i>52 287 752</i>	<i>50 263 552</i>	<i>-3,9</i>
	Sum programområde 24	39 863 652	52 287 752	50 263 552	-3,9
	Sum inntekter	43 998 666	56 337 142	54 394 223	-3,4

4.1 Bruk av stikkordet «kan overføres»

Under Finansdepartementet blir stikkordet «kan overføres» foreslått knytt til desse postane utanom postgruppe 30–49

			(i 1 000 kr)	
Kap.	Post	Nemning	Overført til 2025	Forslag 2026
41	21	Spesielle driftsutgifter	1	694
1600	21	Spesielle driftsutgifter	39 698	59 666
1618	22	Større IT-prosjekt	169 187	733 945
1620	21	Spesielle driftsutgifter	10 193	251 233
1635	70	Utbetaling av erstatning	5 000	1 000

Del II
Budsjettforslaget for 2026

5 Nærare omtale av løyvingforslaga m.m.

Programområde 00 Konstitusjonelle institusjonar

Programkategori 00.30 Regjeringa

Utgifter under programkategori 00.30 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
20	Statsministerens kontor	108 793	116 121	119 857	3,2
21	Statsrådet	201 777	197 674	185 886	-6,0
24	Regjeringsadvokaten	133 933	147 422	152 289	3,3
	Sum kategori 00.30	444 503	461 217	458 032	-0,7

Statsministerens kontor og Statsrådet

Statsministerens kontor støttar statsministeren i arbeidet med å leie og samordne arbeidet i regjeringa, m.a. ved å førebu, gjennomføre og følgje opp regjeringskonferansane.

Visse saker blir behandla i Statsrådet under Kongen si leiing. Det gjeld til dømes forslag til nye lover, budsjettforslag og andre forslag til vedtak i Stortinget. Statsministerens kontor har saman med fagdepartementa ansvar for å førebu, gjennomføre og følgje opp møta til Statsrådet hos Kongen. Vidare samordnar kontoret regjeringsmedlemmane si deltaking i enkelte debattar og munnlege spørjetimar på Stortinget. Kontoret støttar statsministeren i internasjonalt arbeid. Dessutan har kontoret arbeidsgjevarfunksjonar for regjeringsmedlemmane og andre politikarar i departementa.

Statsministerens kontor har tre avdelingar (administrativ og konstitusjonell avdeling, innanriksavdelinga og internasjonal avdeling) og ein kommunikasjonsseksjon.

Regjeringsadvokaten

Hovudoppgåvene til Regjeringsadvokaten er å føre sivile rettssaker på vegne av staten og gi fråsegner om rettslege spørsmål. Regjeringsadvokaten har som mål at staten får dekt behovet sitt for advokattenester på ein god måte. Brukarane skal oppfatte embetet som serviceinnstilt, målretta og effektivt. Saksbehandlinga skal vere rask og god.

Brukarane til Regjeringsadvokaten er dei statlege organa, dvs. regjeringa, departementa og verksemdene under departementa. Saksfeltet omfattar alle område av staten si verksemd. Viktige område er domstolskontroll av offentlege styresmakter (skatt, trygd, konsesjonar, ekspropriasjon m.m.), skadebotsaker, eigedomssaker, saker om arbeids- og tenestetilhøve m.m. I tillegg fører Regjeringsadvokaten saker for internasjonale domstolar, t.d. Menneskerettsdomstolen i Strasbourg og domstolane i EU og EØS.

Kap. 20 Statsministerens kontor

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	108 793	116 121	119 857
	Sum kap. 20	108 793	116 121	119 857

Rapport 2024**Post 01 Driftsutgifter**

Statsministerens kontor har støtta statsministeren i å leie og samordne arbeidet til regjeringa, m.a. med å førebu, gjennomføre og følge opp regjeringskonferansane og leggje til rette møter i statsrådet. Om lag 75 pst. av utgiftene i 2024 var løn og godtgjersler til tilsette. Andre større utgifter var husleige og reiseutgifter.

Budsjett 2026**Post 01 Driftsutgifter**

Løyvinga under kap. 20 *Statsministerens kontor* dekkjer driftsutgifter for kontoret. Det blir foreslått ei budsjetttramme på 119,9 mill. kroner.

Kap. 21 Statsrådet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	201 777	197 674	185 886
	Sum kap. 21	201 777	197 674	185 886

Rapport 2024**Post 01 Driftsutgifter**

Større utgifter i 2024 har vore godtgjersle til Regjeringa og dei politisk tilsette i departementa, reiseutgifter og husleige for pendlarbustader.

Budsjett 2026**Post 01 Driftsutgifter**

Løyvinga under kap. 21 *Statsrådet* skal dekkje godtgjersle til regjeringsmedlemmane, statssekretærene og dei politiske rådgjevarane, og ein del andre utgifter knytt til den politiske leiinga ved Statsministerens kontor og i departementa. Det gjeld m.a. utgifter til bustad for pendlarar, heimreiser, besøksreiser for familie og tenestereiser.

Nærare reglar om kva for ytingar den politiske leiinga kan få dekt, finst i «*Reglement om arbeidsvilkår for departementenes politiske ledelse*», fastsett ved kongeleg resolusjon 28. mars 2003. Reglementet er supplert og utfylt i «*Håndbok for politisk*

ledelse», som blir gjeve ut av Statsministerens kontor.

Justering av godtgjeringa for regjeringsmedlemmar, statssekretærene og dei politiske rådgjevarane i forbindelse med lønnsoppgjeret for 2024 og 2025 aukar kostnadane med høvesvis 8,2 mill. kroner og 5,3 mill. kroner på kap. 21 i 2026.

Tenestereisene for statsråden og den politisk leiinga i departementa er nært knytt til oppgåvene og ansvaret det enkelte departement har. Dei fleste tenestereisene tar politisk leiing saman med embetsverket i sitt eige departement. Reisene er som hovudregel planlagt av embetsverket i departementet. Av den grunn blir det fremja forslag om å overføre budsjettmidlane for tenestereiser for politisk leiing til driftsbudsjetta til det einskilde departement, slik at reise- og driftskostnadane knytt til verksemda til departementet blir vurdert og prioritert samla.

Overføringa vil sikre at departementet som prioriterer, planlegg og gjennomfører teneste-

reisene, òg har ansvaret for budsjettmidlar til formålet.

Midlar til dekning av besøksreiser til heimen og andre utgifter for pendlarar blir framleis på kap. 21, då desse kostnadane varierer ut frå faktorar departementa ikkje har innflytelse på, som antal pendlarar i regjeringa, heimstaden til

pendlarane og kva for departement pendlarane er tilknytta.

Totalt blir det fremja forslag om å overføre 26,7 mill. kroner frå kap. 21, post 01 til driftsbudsjetta til dei respektive departementa.

Samla for 2026 blir det foreslått ein reduksjon i løyvinga på 11,8 mill. kroner.

Kap. 24 Regjeringsadvokaten

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	122 251	130 240	134 488
21	Spesielle driftsutgifter	11 682	17 182	17 801
	Sum kap. 24	133 933	147 422	152 289

Rapport 2024

I 2024 kom det inn 1 074 nye saker til Regjeringsadvokaten, ein auke på 3 pst. i høve til 2023.

Utviklinga dei siste åra er at både fråsegnsaker og rettssaker blir større og meir kompliserte. Det har særleg samband med at rettskjeldematerialet er meir omfattande og samansett, og at private motpartar setter inn stadig større ressursar.

Av dei nemnde sakene er 721 rettssaker (704 i 2023), 197 rådgjevande fråsegner (193 i 2023) og 156 høyringar (148 i 2023). Blant rettssakene utgjer områda trygd, psykisk helsevern og utlendingssaker framleis ein stor del.

Utlendingssakene har auka frå 74 sakar i 2023 til 90 sakar i 2024. Talet på psykisk helsevern-saker var 567 i 2024, ein auke frå 512 saker i 2023, men Helsedirektoratet handterte 367 av sakene i 2024. Talet på trygdesaker har auka noko i 2024.

Arbeidsmengda hos Regjeringsadvokaten er høg. Noko blir løyst ved å setje ut saker til private advokatar og ved noko eigenprosedyre i etatane.

Sakene som blir sett ut til private advokatar, er helst slike som det er mange relativt like av. Viktige saker må Regjeringsadvokaten handsama.

Budsjett 2026

Post 01 Driftsutgifter

Forslaget inneber ei budsjetttramme på 134,5 mill. kroner for 2026. Løyvinga skal dekkje løns- og driftsutgifter hos Regjeringsadvokaten. Løyvinga inkluderer vidareføring av styrkinga på 8 mill. kroner av Regjeringsadvokaten vedtatt i statsbudsjettet for 2025.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga skal dekkje prosessutgifter og utgifter til leige av advokatar. Nokre sakstypar, til dømes utlendings- og trygdesaker, er arbeidskrevjande fordi det er så mange enkeltsaker. Talet på nye rettssaker er uvisst.

Forslaget inneber ei budsjetttramme på 17,8 mill. kroner.

Kap. 3024 Regjeringsadvokaten

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Vederlag for utgifter i rettssaker	25 311	23 082	23 913
	Sum kap. 3024	25 311	23 082	23 913

Post 01 Vederlag for utgifter i rettssaker

Løyvinga på posten dekkjer inntekter som følgjer av at staten blir tilkjent sakskostnadar i sivile saker der Regjeringsadvokaten er prosessfull-

mektig. Inntektene er vanskelege å anslå, og det blir difor foreslått ei ramme på 23,9 mill. kroner. Det tilsvare løyvinga i 2025, justert for pris- og lønsvekst.

Programkategori 00.40 Stortinget og tilknyttta organ

Utgifter under programkategori 00.40 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
41	Stortinget	1 590 997	1 676 848	1 877 444	12,0
42	Stortingets ombodsnemnd for Forsvaret	9 507	10 728	12 786	19,2
43	Stortingets ombod for kontroll med forvaltninga	108 066	118 311	122 747	3,7
44	Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvakings- og tryggingsteneste	47 761	49 986	52 457	4,9
45	Noregs institusjon for menneskerettar	28 182	31 322	35 793	14,3
51	Riksrevisjonen	638 800	699 750	723 664	3,4
	Sum kategori 00.40	2 423 313	2 586 945	2 824 891	9,2

Kap. 41 Stortinget

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	1 129 062	1 220 405	1 292 041
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	1 037		694
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	195 306	175 247	280 381
70	Tilskot til partigruppene	241 550	255 288	268 347
73	Kontingentar, internasjonale delegasjonar	17 708	18 788	24 253
74	Reisetilskot til skular	6 334	7 120	11 728
	Sum	1 590 997	1 676 848	1 877 444

Samfunnsoppdrag, hovudoppgåver og organisering

Stortingets konstitusjonelle hovudoppgåver er å vedta lover, løyve pengar til rådvelde for regjeringa og føre kontroll med regjering og forvaltning. Oppgåvene og arbeidsordninga til Stortinget som konstitusjonelt organ er nedfelte i Grunnlova, lover, stortingsvedtak og konstitusjonell praksis. Stortinget er òg ein viktig arena for politisk debatt.

Eit folkestyre skal både bevare og fornye. Det skal bevare fordi det dannar ramma for fellesskapet vårt. Det skal fornye fordi det aldri må miste aktualiteten sin. Men først og fremst må eit folkestyre vere levande. Eit levande folkestyre er visjonen til Stortinget.

Stortingets administrasjon skal organisere og utvikle det parlamentariske arbeidet og leggje til rette for at stortingsrepresentantane kan vareta verva sine. Stortingets administrasjon varetar alle funksjonar som knytter seg til verksemda Stortinget utøver som konstitusjonelt organ, medrekna Stortingets saksbehandling og arbeidsordning, forretningsorden, løyvingsreglement, komitéiser og formelle spørsmål i tilknytning til verksemda i komiteane og det internasjonale arbeidet. Administrasjonen sikrar kontinuitet for at desse funksjonane blir oppretthaldne uansett situasjon. Administrasjonen hentar òg inn og legg til rette for faktagrunnlag til arbeidet i Stortinget og dokumenterer verksemda i Stortinget.

Generelt leverer administrasjonen tenester for å gi stortingsrepresentantane dei beste føresetnadene for å vareta verva sine. Det administrative arbeidet skal utførast effektivt og med god kvalitet. Administrasjonen skal opplevast som relevant, profesjonell og samfunnsmedviten av stortingsrepresentantane og andre målgrupper.

Vidare skal Stortinget formidle kunnskap om folkestyret og Stortingets verksemd for å byggje tillit til, forståing for og oppslutning om Stortingets rolle i demokratiet. Dette er spesielt viktig no, når mange av demokratia i verda står under press. Eit omskifteleg og langt meir samansett trusselbilette, der truslar kan kome både innanfrå og utanfrå, krev aktsemd på vegner av demokratiet. Då er det særleg viktig å kommunisere til allmenta det løpande parlamentariske arbeidet i Stortinget og korleis demokratiet og dei tilhøyrande institusjonane verkar. Kommunikasjonen er særleg retta mot barn og unge, vaksne med låg demokratisk deltaking og personar som i sitt profesjonelle virke er i kontakt med Stortinget.

Administrasjonen skal òg ta vare på Stortingets bygningar, historiske verdier og kunst. Forsvarleg

og sikker forvaltning, drift og vedlikehald av bygningsmassen er viktig for å sikre gode og trygge rammer for det parlamentariske arbeidet. Drift og forvaltning skal vareta klima- og miljøomsyn. Administrasjonen gjennomfører kartleggingar og analyser som gir god oversikt over tilstanden til bygningsmassen og behova til brukarane. Dette er grunnlaget for strategiske avgjerder på eigedomsområdet og for langtidsplanlegging av arealbruk og investeringar i eigedom, bygg og anlegg. Stortingets administrasjon forvaltar og varetar Stortingets arkitektoniske og kulturhistoriske verdier basert på etablerte verneplanar.

Resultat i 2024

Presidentskapet gav desse føringane for arbeidet til administrasjonen i 2024:

- I 2024 skal Stortingets administrasjon jobbe vidare med utvikling av effektive system for styring og internkontroll. Administrasjonen skal innrette arbeidet sitt med sikte på effektivitet og god kvalitet, og halde fram med å utvikle moderne og formålstenlege arbeidsverktøy.
- Administrasjonen skal følgje opp dei prosessane som er sette i gang knytte til dei økonomiske ordningane for representantane, og arbeide med å forbetre forvaltninga av dei. Administrasjonen skal sikre god kommunikasjon og informasjon til stortingsrepresentantane, for å støtte opp under utøvinga deira av vervet sitt.
- I 2024 skal arbeidet med sikkerheit og beredskap framleis prioriterast, med eit spesielt søkjelys på informasjonssikkerheit.
- Vidare skal administrasjonen leggje til rette for at tilsette og representantar kan ta miljøvennlege val, mellom anna gjennom tiltak som kan redusere forbruket, og gjennom å stille miljøkrav i anskaffingar. Det skal òg jobbast for ei berekraftig og effektiv forvaltning av Stortingets eigedommar.
- Administrasjonen skal bidra til å byggje demokratiforståing i befolkninga gjennom eit målretta kommunikasjons- og formidlingsarbeid.

Det var eit høgt aktivitetsnivå for den parlamentariske verksemda i 2024. Det vart halde til saman 102 møte i Stortinget i sesjonen 2023–2024 og behandla 452 innstillingar i komiteane. Stortingsrepresentantane stilte 2 957 skriftlege spørsmål til regjeringa.

Den 15. juni 2023 vedtok Stortinget eit forslag frå Stortingets presidentskap om å nemne opp eit

utval til å gjennomgå Stortingets reglar om dokumentinnsyn. Utvalet avla si utgreiing med forslag til nye reglar om rett til innsyn i Stortingets dokument den 26. september 2024, jf. Dokument 21 (2023–2024).

På same dagen, 15. juni 2023, nemnde Stortingets presidentskap opp eit utval til å greie ut Grunnlova §§ 25 og 26 mv. Utvalet la fram si utgreiing med forslag til endringar i Grunnlova og anna regelverk 20. juni 2024, jf. Dokument 20 (2023–2024).

2024 var eit år med betydeleg internasjonal aktivitet med utstrekt besøks- og reiseverksemd for presidentskapet, komiteane og delegasjonane. Russlands krigføring i Ukraina var eit dominerande tema i dei interparlamentariske forsamlingane. Som del av demokratisamarbeidet med det ukrainske parlamentet var Stortinget vertskap for ein delegasjon ukrainske folkevalde. Dette samarbeidet vil halde fram i 2025. Krigføringa i Gaza og situasjonen i Midtausten var eit anna tema som i stor grad prega debattane og resolusjonane i fleire av dei interparlamentariske forsamlingane.

I november 2024 vedtok Stortinget ei historisk orsaking til samar, kvenar/norskfinnar og skogfinnar under behandlinga av rapporten frå sannings- og forsoningskommisjonen. I samband med det blei det sett opp ein lavvo på Eidsvolls plass for å leggje til rette for dialog mellom dei ulike gruppene som er omtalte i rapporten, og med stortingsrepresentantar og andre interesserte. Lavvoen, som var open for publikum, var ein arena for dialog og eit bidrag til arbeidet for forsoning mellom dei ulike gruppene og med stor samfunnet.

Det nasjonale jubileet for Magnus Lagabøtes landslov starta i februar og varte ut september månad. Stortingets markering av jubileet støtta opp under strategiske målsetjingar i Stortingets kommunikasjonsstrategi, der ein grunntanke er at kunnskapsformidling til allmenta om delar av vår historie, som bakteppe for utviklinga fram til folkestyret av i dag, kan styrkje den enkeltes forståing og oppleving av tilhøyrsløse til demokratiet.

Arbeidet med digitalisering av den parlamentariske saksbehandlinga (IT-løysinga «Storsak») gjekk føre seg òg i 2024. Storsak skal både erstatte eit utdatert kjernesystem og samhandle med ei rekkje andre løysingar som støttar den parlamentariske saksbehandlinga. Arbeidet er høgt prioritert, og held fram òg i 2025.

I 2024 blei ei ny digital læringsplattform for skulen lansert – Stortinget undervisning. Læringsplattforma har innhald for heile skuleløpet frå barnetrinnet og ut vidaregåande skule.

Stortingets administrasjon jobba i 2024 med å følgje opp forslaga i rapporten frå representantordningsutvalet, som blei levert 31. januar 2023. Arbeidet omfattar å utarbeide ei ny lov om godtgjersle og andre ytingar til stortingsrepresentantane, med tilhøyrande retningslinjer, og å utvikle ei betre forvaltning og systematisk kontroll med etterlevinga av ordningane.

Det blei i 2024 gjennomført ekstern etterkontroll av fråtreddingsytingar og etterløn for åra 2021–2022. Det har blitt kontrollert at ytingane er avkorta korrekt og i samsvar med faktisk inntekt. Kontrollen blei avslutta i desember 2024, og avvik blir retta i 2025.

Administrasjonen har i 2024 arbeidd vidare med å kvalitetssikre og forbetre informasjon til representantar og tilsette på Stortingets intranett og òg gi god, tydeleg og rettidig informasjon i andre kanalar. I mars blei ein ny versjon av informasjonen om dei økonomiske ordningane for representantane lansert på intranettet.

Leiingssystemet for sikkerheit og beredskap og styringssystemet for informasjonssikkerheit er vidareutvikla. Det er gjennomført fleire øvingar av beredskapsplanverket, mellom anna av generisk kriseberedskap. Det blei òg gjennomført jamlege sikkerheitsorienteringar før reiser, og for representantar og partigrupper. Stor aktivitet på Eidsvolls plass har medført behov for auka innsats frå operative mannskapar for fysisk sikring av Stortingets bygningar og verksemd.

Stortingets administrasjon har dei siste åra intensivt arbeid med å gjere drifta av Stortinget meir miljøvennleg. Verksemda er sertifisert som Miljøfyrtårn. I 2024 blei det vedtatt nye miljømål for den komande fireårsperioden. Ein viktig del av miljøarbeidet består i å leggje til rette for at både tilsette og representantar kan ta miljøvennlege val, eksempelvis gjennom gode kildesorteringsløyser og berekraftige matval ved serveringsstadene.

Arbeidet med å greie ut konsept for rehabilitering av Stortingets tilbygg mot Akersgata blei gjenstand for ekstern kvalitetssikring våren 2024. Stortingets presidentskap vedtok føringar for vidare utgreiing. Stortinget fatta i februar 2025 vedtak om oppstart av forprosjekt for rehabilitering av tilbygget.

Stortingets administrasjon har eit heilskapleg system for styring og kontroll, med mellom anna tydelege ansvarsforhold og fullmakter og i tillegg disponeringsskriv til avdelingane. Administrasjonen behandlar styring, rapportering og oppfølging i ein eigen styringsportal og gjennom systematiske styringssamtalar. Det er i 2024 jobba med

vidareutvikling av system for planlegging, prioritering, risikostyring og internkontroll for å sikre god styring og effektiv drift. Det er òg utarbeidd ny systematikk, under dette retningslinjer og rutinar for innmelding og oppfølging av avvik. Risikostyringa har blitt vidareutvikla, og det er etablert ein fast årleg prosess for å utarbeide eit overordna strategisk risikobilete.

Det blei i 2022 etablert ein internrevisjonsfunksjon ved inngåing av avtale med Deloitte AS. Det er etablert ein instruks for internrevisjonen der formål, ansvar, myndigheit og uavhengigheit blir avklarte. I tråd med instruksen skal internrevisjonen gi risikobaserte og objektive stadfestingar, råd og innsikt til direktøren. Alle internrevisjonsrapportar blir gjennomgånne og behandla av administrasjonen og lagt fram for presidentskapet.

Viktige utfordringar framover

Stortingets administrasjon søkjer å prioritere gode og effektive leveransar på samfunnsoppdraget. Administrasjonen har ein strategi som gir retning for vidare utviklingsarbeid og legg føringar for verksemdsplanlegginga for åra framover. Dei følgjande tre satsingsområda er prioriterte i strategien:

- Moderne arbeidsplass: Vi er éin administrasjon som står saman om leveransane, feila og suksessane våre.
- Brukarorientert oppgåveløysing: Saman jobbar vi effektivt og profesjonelt for å skape gode brukaropplevingar.
- Ansvarleg institusjonsforvaltar: Vi bidrar til å fornye og bevare folkestyret og tilliten til Stortinget.

Stortingets administrasjon har som ansvarleg institusjonsforvaltar eit ansvar for å bidra til å fornye og bevare tilliten til Stortinget som institusjon. Administrasjonen skal vere ein tydeleg og aktiv fagleg rådgivar om forhold som er av betydning for Stortingets rolle og tillit.

Stortingets evne til å løyse samfunnsoppdraget på sikt avheng i stor grad av korleis verksemda tilpassar og utviklar seg i møte med framtidige krav og utfordringar. I åra framover skal fleire viktige område ha særleg merksemd for å byggje ein robust og effektiv organisasjon som kan levere på samfunnsoppdraget på både kort og lang sikt. Dette dreier seg om kontroll med og innretting av ordningar for representantane, saman med openheit og formidling om innhaldet i ordningane,

men òg forhold knytte til intern drift av administrasjonen, under dette effektiv drift, formålstenleg organisering, evne til vidareutvikling, personvern, sikkerheit, IT og miljøstyring.

Eit levande folkestyre føreset at veljarane har tillit til og kunnskap om Stortinget som parlamentarisk system. Stortinget har difor dei siste åra styrkt formidlingstilbodet til barn og unge med særleg vekt på å utvikle tilbodet i digitale kanalar og sosiale medium. Nettstaden stortinget.no blir kontinuerleg vidareutvikla og er ein viktig kanal for formidling av informasjon om Stortingets avgjerder og den parlamentariske verksemda. I ei tid der demokratiet er under press og mediale fellesarenaar blir fragmenterte, blir Stortingets eige formidlingsarbeid viktigare.

Stortingets administrasjon har eit betydeleg omfang av pågåande utviklingsaktivitetar. Utviklingsaktivitetane vil mellom anna bidra til auka sikkerheit og beredskap, betre forvaltingspraksis og forbetra styring og kontroll i verksemda. Omfanget av utviklingsaktivitetar stiller høge krav til gjennomføringsevne og evne til å skape effektar frå forbetringsarbeid. Gode resultat frå dette arbeidet er viktig for at administrasjonen skal kunne møte framtidige utfordringar på ein god og effektiv måte.

Mål og prioriteringar i 2026

Stortingets administrasjon skal styrkje sikkerheit og beredskap for Stortinget som statsmakt, med sikte på å kunne oppretthalde Stortingets funksjonar under alle omstende.

Arbeidet med styrking av sikkerheit og beredskap med sikte på å beskytte og oppretthalde den parlamentariske funksjonen gjennom heile krisespekteret skal styrkjast vidare. Det er sett i verk fleire større og mindre arbeid som gir behov for investeringar i åra framover, og i tillegg kjem eit forprosjekt og analysearbeid som vil gi føringar for siks- og beredskapstiltak i perioden 2026–2029. Satsinga vil innebere ei styrking av bemanninga og større investeringar i løpet av dei neste åra.

Det skal jobbast vidare med å få på plass eit oppdatert og heilskapleg leiingssystem for sikkerheit og beredskap, inkludert eit scenariobasert beredskapsplanverk med førebudde sikkerheits- tiltak. Leiingssystemet skal omfatte alle ansvarsområda til den nyoppretta sikkerheits- og beredskapsavdelinga.

Stortingets administrasjon skal halde fram arbeidet med å styrkje personvernpraksisen og sikre etterleving av regelverket på dette området.

Stortingets administrasjon skal bidra til demokrati-forståing i befolkninga gjennom eit målretta kommunikasjons- og formidlingsarbeid.

Administrasjonen vidarefører det målretta arbeidet med å formidle kunnskap om Stortingets rolle i demokratiet retta mot allmenta og ulike prioriterte målgrupper. Oppdraget har fått ei aukande betydning i ei tid med eit omskifteleg og langt meir samansett trusselbilete og press på demokratiske verdiar internasjonalt. Stortingets administrasjon har eit sjølvstendig ansvar for å bidra til at befolkninga har eit eigarskap til våre felles demokratiske verdiar.

Openheit om Stortingets arbeid er eit grunnleggjande prinsipp for Stortingets kommunikasjons- og formidlingsaktivitetar. Gjennom kommunikasjon i ulike kanalar, og i direkte kontakt gjennom besøk og arrangement, skal det vere enkelt å få oppdatert, korrekt og god informasjon om arbeidet til dei folkevalde og sakene som er til behandling.

Stortinget løyver kvart år et reisetilskot over statsbudsjettet på post 74 *Reisetilskot til skular* som er direkte knytt opp til Stortingets tilbod av læringsspel for skulane i Noreg. Formålet med løyvinga er å stimulere skuleklassar med lang reiseveg til å besøkje Stortinget og nytte seg av læringsspela. Ein varig auke av løyvinga vil gjere det mogleg at alle klassar som søkjer og får plass, òg kan få tildelt reisetilskot så framt dei er kvalifiserte til det. Slik vil òg andelen av besøkjande skuleklasser frå andre geografiske område i Noreg enn det sentrale austlandsområdet auke.

Stortingets administrasjon skal vidareutvikle verksemdsstyringa for å sikre ei effektiv og berekraftig drift. Det skal som ledd i dette bli arbeidd for å styrkje intern kompetanse og kapasitet for å redusere bruk av eksterne tenester.

Administrasjonen skal vidareutvikle system for planlegging, prioritering, risikostyring og internkontroll for å sikre god styring og effektiv drift. Arbeidet med å sikre ei berekraftig drift inkluderer òg eit systematisk arbeid med å redusere Stortingets klima- og miljøavtrykk. God styring og kontroll bidrar til at oppgåver blir utførte med god kvalitet og høg sikkerheit, og skaper tillit til at administrasjonen forvaltar tildelte ressursar effektivt. I dette inngår òg å utvikle god kunnskap om verksemda, og automatisering/digitalisering av delar av rapporteringsarbeidet. I tillegg skal det arbeidast for å vidareutvikle langtidspanlegginga i verksemda.

Bruk av eksterne konsulentar blir hovudsakeleg gjort for å sikre gjennomføring av oppdrag som blir vurderte som tidskritiske, eller for utføring av oppdrag som administrasjonen ikkje har rett kompetanse eller kapasitet til å gjennomføre. Overføring av kompetanse til administrasjonen inngår som ein sentral del av leveransen til eksterne konsulentar. Bruk av konsulentar skal vurderast grundig i kvart enkelt tilfelle, og utvikling av eigen kompetanse skal alltid inngå i ei slik vurdering.

Både styrkt verksemdsstyring og arbeidet til internrevisjonen vil bidra til å forbetre styrings- og kontrollsystema i Stortingets administrasjon. Samtidig vil dette bidra til å forbetre Stortingets evne til god forvaltning, måloppnåing og evne til kontinuerleg forbetring. Satsinga på området blir vidareført i 2026.

Stortingets administrasjon skal styrkje forvaltninga av dei økonomiske ordningane for representantane. Dette omfattar ei god implementering av ny lov om representanttytingar, og god kommunikasjon og informasjon til stortingsrepresentantane.

I 2024 og 2025 er det gjort eit større arbeid med ny lov om representanttytingar med tilhøyrande retningslinjer. Arbeidet skal resultere i eit tydelegare og meir tilgjengeleg regelverk som også tar omsyn til ordningane i samfunnet elles. Ny lov og nye retningslinjer trer i kraft 1. oktober 2025. Administrasjonen vil jobbe for ei god implementering av ny lov om representanttytingar, og god kommunikasjon og informasjon til stortingsrepresentantane. I 2026 skal det arbeidast med utfyllande kommentarar til lov og retningslinjer med sikte på tydelege forklaringar av dei ulike bestemmingane og praksis. I tillegg skal verknaden av regelverket evaluerast i 2026.

Stortingets administrasjon skal sørgje for ei effektiv og berekraftig forvaltning av Stortingets eigedommar, og ei god gjennomføring av forprosjekt for rehabilitering av tilbygget mot Akersgata.

Stortinget forvaltar ein stor eigedomsmasse, og ein må arbeide systematisk med langsiktige planar for vedlikehald og investeringar som grunnlag for årlege prioriteringar. Fleire av dei store strategiske byggjeprojekta har eit fleirårig perspektiv som legg rammene for leveransar i åra framover. Ein må framleis arbeide for god forvaltning av eigedommane, med sikte på ein berekraftig ressurs-, areal- og energibruk og å sikre og vareta verdiar. Det skal leggjast til rette for effektivitet og gode

og funksjonelle lokale for representantar og tilsette. Det er høgt prioritert å sikre god framdrift i dei større eigedomsprosjekta.

Arbeidet knytt til rehabilitering av tilbygget til stortingsbygningen mot Akersgata understøttar Stortingets ansvar for å etterleve forsvarleg forvaltning av egne bygg. Tilbygget har eit betydeleg teknisk vedlikehaldsetterslep, der VVS- og elektroinstallasjonar er utgåtte på levetid og nærmar seg funksjonssvikt. Utan oppgraderingar kan ein risikere brot på arbeidsmiljølova eller at teknisk svikt fører til stenging av areal. Samtidig er det avdekt svakheiter ved brannsikkerheita som i kombinasjon med dei tekniske avvika utgjør ein risiko for verneverdiane i dette kulturhistorisk viktige bygget. Oppstart av forprosjekt for rehabilitering av tilbygget mot Akersgata blei vedtatt i Stortinget i februar 2025, og Statsbygg fekk oppdraget som byggherre. Stortingets administrasjon har ansvar for eigarstyring av byggjeprojektet, og det skal etablerast ein eigen prosjektorganisasjon for å vareta brukarbehov.

Det er vedtatt at Stortingets administrasjon skal overta drifta av kafeteriaen i stortingskvartalet frå og med januar 2026 gjennom ei verksemdsoverdraging. Ei felles drift av det heilskaplege tilbodet vil gi Stortinget større fleksibilitet for å tilpasse det samla serveringstilbodet. Det vil òg gi moglegheit for å utnytte ressursane på ein betre måte, både for matproduksjonen og for serveringstilbodet.

Stortingets administrasjon skal sørgje for gode rammevilkår for verksemda til representantane, og gode og effektive tenesteleveransar som varetar behova deira.

Administrasjonen skal vidareutvikle effektive og relevante tenester for å imøtekomme auka og endra behov knytte til det parlamentariske arbeidet. Brukaropplevinga for representantar skal vektleggjast særskilt i tenesteutviklinga. Heilskapleg representantorientering vil vere eit prioritert område i 2026, mellom anna ved å kartleggje administrative tenester og skape ein heilskapleg prosess for prioritering og betring av tenestene som blir ytte til representantane. Dette inkluderer å evaluere kontinuerleg korleis representantane opplever tenestene, for å forbetre dei. Administrasjonen skal òg vidareutvikle kommunikasjon om tenester og regelverk retta mot representantane, noko som heng tett saman med korleis tenestene blir leverte.

Stortinget skal i åra framover bruke teknologiutviklinga til å ta heilskaplege løft for den digitale

infrastrukturen til verksemda. Dette er nødvendig for å effektivisere, sikre kapasitet og møte eit stadig meir krevjande digitalt trusselbilette som kan utfordre Stortingets verdiar. Gjennom investering i og innføring av moderne teknologi vil organisasjonen vere betre rusta til å handtere framtidige digitale utfordringar, som aukande trusselbilette og krav til automatisering.

Budsjett for 2026

Stortingets administrasjon jobbar aktivt med effektivisering og auka kostnadskontroll, og dette vil prege budsjettet og ressursbruken i 2026. Løyvinga skal brukast i samsvar med dei måla og prioriteringane som er omtalte ovanfor. Løyvinga blir fordelt på følgjande postar:

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar godtgjersler for stortingsrepresentantar og løn for tilsette, og utgifter til Stortingets kjøp av varer og tenester.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Det blir sett av midlar til utvalet for utgreiing av Riksrevisjonens bistandsverksemd. Det blir òg sett av midlar til utvalet som skal vurdere lovregulering av ordninga for fastsetjing av løna til dommarane i Høgsterett, og vurdere løns- og godtgjersleordningane for verv og stillingar som Stortinget eller Stortingets presidentskap fastset.

Post 45 Større utstyrsjøp og vedlikehald, kan overførast

Tildeling på post 45 skal nyttast til å gjennomføre vedlikehalds- og utviklingstiltak i Stortingets bygningsmasse. Dette inkluderer sikkerheitsområdet. Langtidsplan for arealbruk og investeringar i eigedom, bygg og anlegg vil danne grunnlag for prioritering av bygningsmessige tiltak innanfor årleg budsjettramme.

Stortinget planlegg rehabilitering av tilbygget mot Akersgata. Stortinget vedtok 20. februar 2025 at det skal gjennomførast eit forprosjekt, med oppstart medio 2025. Innstilling om gjennomføring av byggjeprojektet, på grunnlag av rapport frå forprosjektet, skal etter planen leggjast fram til behandling i Stortinget første halvår 2027.

På IT-området er investeringane delte inn i basisaktivitetar som blir utførte årleg, og større aktivitetar som blir utførte med sykliske mellom-

rom. Posten vil òg bli brukt til større pågåande prosjekt. I tillegg blir posten òg nytta til andre, mindre kjøp av investeringsmessig karakter, og til utvikling av digital formidling.

For å kunne sikre at Stortingets parlamentariske verksemd kan oppretthaldast under alle omstende, er det behov for betydelege investeringar. Det går føre seg eit forprosjekt i 2025 som vil gi eit detaljert grunnlag for aktivitetar i perioden 2026–2029. Satsinga omfattar tiltak for å gjere Stortingets virke i eigen bygningsmasse meir robust, og tiltak for å kunne oppretthalde Stortingets verksemd og evne til å fatte vedtak under ulike scenario. Investeringsane vil dekkje utgifter til prosjektering og styrkt sikring av eigne og alternative lokale, og fysiske og tekniske løysingar, inkludert sikre kommunikasjonsløysingar.

Post 70 Tilskot til partigruppene

Posten omfattar tilskot frå Stortinget til gruppesekretariata i partia. Tilskotet til kvar av stortingsgruppene er avhengig av representasjonen til partiet på Stortinget.

Post 73 Kontingentar til internasjonale delegasjonar

Posten omfattar kontingentane til Nordisk råd, BSPC, OSSE PA, IPU og AIPA.

Post 74 Reisetilskot til skular

Posten omfattar støtte til søkjarar frå skular som besøker Stortinget.

Kap. 3041 Stortinget

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Salsinntekter	7 227	6 190	9 990
03	Leigeinntekter	4 904	2 387	3 474
	Sum kap. 3041	12 131	8 577	13 464

Meirinntektsfullmakter:

For 2026 ber ein om fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 41, post 01 *Driftsutgifter*, mot til-

svarande meirinntekter under kap. 3041, post 01 *Salsinntekter*, jf. forslag til romartalsvedtak.

Kap. 42 Stortingets ombodsnemnd for Forsvaret

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	9 507	10 478	12 320
75	Internasjonale organisasjonar og nettverk		250	466
	Sum kap. 42	9 507	10 728	12 786

Hovudoppgåver og organisering

Den 1. oktober 2021 trådde lov om Stortingets ombodsnemnd for Forsvaret (forsvarsombudslova) i kraft. Lova avløyste instruksen om Ombodsmannen og Ombodsmannsnemnda, som

med få endringar hadde verka sidan 21. april 1952.

Ombodsnemndas hovudoppgåve er å fremje og beskytte rettane og interessene til Forsvarets personell og Forsvarets veteranar. Gjennom arbeidet sitt skal nemnda samtidig søkje å bidra til å

effektivisere Forsvaret. Nemnda varetar formålet og mandatet sitt gjennom tilsyn, samlingar, møteverksemd og oppfølging av førespurnader til kontoret.

Ombodsnemnda skal vere eit pådrivar- og interesseombod, som skal verke for å ta opp «systemskjevheter, feil og manglar ved regelverk og elles kritikkverdige forhold på gruppenivå». Lova inneber dessutan eit oppdrag om å delta i internasjonalt samarbeid.

Ombodsnemndas kollegium består av forsvarsombodet, som leiar nemnda, ein nestleiar og fem meinige medlemmer. Kontoret til nemnda blir i det daglege leia av den administrative leiaren for nemnda, som òg er sekretær for nemnda, og består elles av tre rådgivarar.

Melding til Stortinget

Ombodsnemnda sender årleg si melding om verksemda, Dokument 5, til Stortinget. Gjenpart av meldinga blir send til Forsvarsdepartementet og Forsvarets leing og driftseiningar. Nemnda kan òg, ved behov, sende særskilt melding til Stortinget.

Mål og prioriteringar for 2026

Langtidsplanen for Forsvarssektoren, *Forsvarsløftet*, er samrøystes vedtatt av Stortinget for perioden 2025–2036, på bakgrunn av den endra sikkerheitspolitiske situasjonen. Forsvarsløftet inneber ei historisk satsing på investeringar og personell i Forsvaret. Innfasinga av nytt materiell og ein vesentleg auke i talet på personell skal skje raskt i løpet av dei komande åra, og ber med seg utfordringar knytte til opplæring, sikkerheit og sosiale forhold.

Forsvarsløftet treffer i kjernen av Ombodsnemndas mandat om å fremje og beskytte rettane og interessene til Forsvarets personell og samti-

dig søkje å medverke til å effektivisere Forsvaret. I 2026 og i åra framover vil det vere ei hovudoppgåve for nemnda å følgje opp korleis Forsvarsløftet blir gjennomført i Forsvaret. I tillegg vil nemnda prioritere internasjonalt samarbeid, Forsvarets arbeid mot mobbing og seksuell trakassering, rettane til skadde veteranar og Forsvarets arbeid med førebygging av og oppfølging etter sjølv mord.

Ombodsnemnda ønskjer å styrkje sekretariatet med ei fagstilling. I dag har nemnda éi rein fagstilling i sekretariatet. Den nye stillinga er tiltenkt å arbeide med planlegging, gjennomføring og oppfølging av tilsynet til nemnda, og i tillegg kjem veteranrelaterte problemstillingar og forsterking av samarbeidet nemnda har med tilitsvaldordninga i Forsvaret.

Post 01 Driftsutgifter

Posten inneheld lønsutgifter og utgifter til kjøp av varer og tenester.

Post 75 Internasjonale organisasjonar og nettverk

Ombodsnemnda ønskjer ein varig auke i budsjettet som skal øyremerkast internasjonalt samarbeid. Nemnda ønskjer å forsterke det gode samarbeidet med fleire etablerte ombodssordningar, og å støtte nye ombodssordningar som er under oppbygging. Nemnda har gode erfaringar med den årlege internasjonale konferansen for militære ombodssordningar, ICOAF, og informasjonsutvekslinga og nettverksbygginga som skjer der. Nemnda ønskjer å kunne støtte deltaking frå land som ikkje har råd til å dekkje dette på eige budsjett, og ved behov å kunne støtte sjølv konferansen. Nemnda føreslår at midlane blir tildelte på post 75.

Kap. 43 Stortingets ombod for kontroll med forvaltninga

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	108 066	118 311	122 747
	Sum kap. 43	108 066	118 311	122 747

Hovudoppgåver og organisering

Sivilombodets formål og oppgåver følgjer av lov om Stortingets ombod for kontroll med forvaltninga av 18. juni 2021. Sivilombodet er valt av Stortinget for ein periode på fire år.

Som tillitsvald for Stortinget skal Sivilombodet føre kontroll med at det i den offentlege forvaltninga ikkje blir gjort urett eller feil mot den enkelte borgaren. Ombodet skal òg bidra til at forvaltninga respekterer og sikrar menneskerettane. Desse oppgåvene blir først og fremst varetatt gjennom undersøkingar og behandling av klager frå enkeltpersonar, organisasjonar og selskap. Ombodet står fritt til å ta opp dei spørsmåla det meiner er av interesse, og kan setje i verk saker av eige tiltak. Slike undersøkingar er i hovudsak baserte på kjennskap til forhold i forvaltninga som det kan vere grunn til å ta opp særskilt. Sivilombodet er òg nasjonal førebyggjande mekanisme for førebygging av tortur og anna gruvsam, umenneskeleg eller nedverdigande behandling eller straff. Vidare søkjer ombodet å hindre urett gjennom ulike kommunikasjons tiltak, slik som føredragsverksemd. Gjennom meldingane sine til Stortinget gir Sivilombodet informasjon om korleis Grunnlova, lover og Stortingets vedtak i praksis blir anvende i forvaltninga, og om verksemda som følgjer av førebyggingsmandatet.

Kontora til ombodet er organiserte i tre avdelingar som behandlar klagesaker innan ulike rettsområde, ei allmenn avdeling, ei eining for førebygging av tortur og ei administrasjonsavdeling.

Rapport for 2024

Årsmeldinga for 2024 blei overlevert Stortinget i mars 2025. Sivilombodets årsmelding i Dokument 4 (2024–2025) gjer greie for hovudinstrykk frå klagesaksbehandlinga i 2024. I dokumentet blir det òg omtalt enkelte utviklingstrekk i forvaltninga basert på meir generelle erfaringar, og orientert om drifta av verksemda. Årsmeldinga inkluderer òg årsmeldinga for Sivilombodets førebyggjings-eining, som gir ein nærmare omtale av førebyggingsarbeidet i 2024.

I 2024 har Sivilombodet arbeidd vidare med å kunne behandle og leggje til rette for klager frå barn, og vidareført satsingane på digital forvaltning og problemet med lang saksbehandlingstid i forvaltninga, som framleis vil krevje ressursar òg i åra framover. Òg for den interne saksbehandlinga er det arbeidd med å vidareutvikle digitale løysingar.

Klagesaksbehandling

Det kom inn 4 998 saker til Sivilombodet i 2024. Det er omtrent 650 saker meir enn det allereie svært høge nivået frå året før og tidlegare år. 14 saker var tatt opp på eige initiativ. Desse sakene er ressurskrevjande, men viktige. Den vedvarande høge saksmengda fører til stabilt høg saksavvikling, både for realitetsbehandla og avviste saker. Ombodet jobbar målbevisst med å auke talet på klager som det har moglegheit til å gå vidare med.

Det blei avslutta 5 001 saker i 2024. Sivilombodet viser ofte vidare til riktig instans når klagaren ikkje har nytta seg av alle moglegheitene til å klage i forvaltninga. Dette var tilfellet i 1 403 klager i 2024, eller ca. 28 prosent av alle avslutta saker. Det inneber at ombodet har brukt ein god del av kapasiteten sin på slike tilvisingar.

Dersom ein ser bort frå sakene Sivilombodet ikkje kan behandle, men ofte har gitt ei anna form for hjelp i, er det 2 892 saker som ombodet potensielt kunne undersøkje. Av desse blei 1 663 saker undersøkte, mens 1 229 saker fekk ei anna form for behandling eller hjelp. Av dei sakene som blei undersøkte vidare, blei 990 avslutta ved at ombodet på bakgrunn av dokumenta i saka valde ikkje å gå vidare med ho. 463 av dei blei løyste ved undersøkingar berre per telefon, og i 210 tilfelle blei saka undersøkt ved å stille skriftlege spørsmål til forvaltninga. Av desse 210 sakene førte 130 til kritikk, det vil seie ca. 62 prosent av dei, og 57 blei ordna undervegs, eller ca. 27 prosent.

I 2024 har Sivilombodet samtidig klart å redusere saksbehandlingstida noko, særleg i tilfelle der klaga blir undersøkt skriftleg, trass i det vedvarande høge klagenivået.

Sivilombodets førebyggingsarbeid

Førebyggjingsseininga mot tortur og umenneskeleg behandling ved fridomskenking blei oppretta i 2014, i tråd med tilleggsprotokollen til FNs torturkonvensjon (OPCAT). Førebyggjingsseininga har tilgjenge til å besøkje alle stader kor personar har fått fridomen sin tatt frå seg, for å førebyggje tortur og anna gruvsam, umenneskeleg eller nedverdigande behandling eller straff.

I 2024 har førebyggjingsseininga gjennomført fem besøk til stader for fridomskenking; alle besøka har vore til høgsikkerheitsfengsel. Til saman har eininga snakka med 103 innsette og 126 tilsette i fengsla. Fengselsbesøka har synleggjort betydelege og vedvarande utfordringar i kriminalomsorga som gjeld innlåsing og isolasjon, bemanning, bygningsmasse og tilgang til helse-

hjelp. Ved Indre Østfold fengsel, avdeling Eidsberg, blei det òg funne særlege utfordringar knytte til plasseringa og handteringa av mindreårige innsette i eit høgsikkerheitsfengsel for vaksne. Dette førte til temarapporten «Barn i Eidsberg fengsel». Her var tilrådinga at ordninga med å plassere barn i Eidsberg fengsel burde avviklast, og at myndigheitene burde setje i verk tiltak for å sikre at mindreårige ikkje blir plasserte i fengsel for vaksne utan at det er vurdert at dette er til det beste for barnet.

I året som har gått, har førebyggjingsseininga òg undersøkt langvarige belteleggingar ved Sykehuset Østfold, der det mellom anna blei avdekt at ein pasient hadde vore beltelagt samanhengande i nesten 41 døgn. I denne saka blei det funne at det var manglande vurderingar av om og kvifor det var heilt nødvendig å fortsetje å halde pasienten i belte, og det blei òg funne svake punkt i oppfølginga av saka frå kontrollkommisjonen. Samla utgjorde dette ein høg risiko for krenking av forbodet mot umenneskeleg og nedverdiggjande behandling og brot på den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK), artikkel 3.

I løpet av året har førebyggjingsseininga òg følgd opp tidlegare besøk, mellom anna til regionale sikkerheitsavdelingar i psykisk helsevern, barnevernsinstitusjonar og fengsel. Opplevinga er at desse stadene har gjennomført ein del positive endringar i kjølvatnet av besøka frå eininga, men ein ser òg at det er eit løpande behov for å styrkje rettstryggleiken til dei fridomskrenka på desse lukka institusjonane. I løpet av året har førebyggjingsseininga gjennomført regelmessige møte med det rådgivande utvalet sitt og hatt tett dialog med relevante fagmiljø og organisasjonar. Det er òg halde oppe eit godt samarbeid med førebyggjingsseiningane i Norden og Europa, gjennom aktiv deltaking på både digitale og fysiske møte.

Menneskerettsarbeid

Sivilombodet behandlar jamleg klagesaker som vedkjem Noregs menneskerettslege forpliktingar. I 2024 har ombodet satsa på rettane til barn, og har uttalt seg om barnets beste i fleire saker. Ombodet har behandla ei sak om avslag på utvida avlastingstilbod, der Statsforvaltaren ikkje hadde tatt omsyn til kva som var til det beste for barnet. Vidare har ombodet uttalt seg om barnets bestevurderinga i ei sak om skuleskyss for ein andreklassing. Som ein del av satsinga på barn har

ombodet skrive ein rapport om retten barn har til medverknad i saker om skuleplassering.

Innanfor kriminalomsorga kan nemnast ein sak av eige tiltak, der ombodet undersøkte soningstilbodet til forvaringsdømde som ventar i kø på plass for forvaringsavdeling. Undersøkinga avdekte eit mangelfullt system for å sikre at straffa for forvaringsdømde får det innhaldet det er meint å ha. Ombodet kom med fleire tilrådingar til Kriminalomsorgsdirektoratet for å redusere risikoen for menneskerettsbrot. Av andre saker der menneskerettar stod sentralt, kan nemnast ei byggjesak der ombodet uttalte seg om FNs konvensjon om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD).

Ombodet har ei eiga intern fagressursgruppe for menneskerettar, som består av saksbehandlarar frå samtlege fagavdelingar. Formålet med arbeidet i ressursgruppa er å auke menneskerettskompetansen på tvers av organisasjonen.

Mål og budsjett for 2026

Sivilombodets to mandat er fastsette i lov, og verksemda har difor stabile føringar for kva hovudmål som skal nåast kvart år. Ein stor del av verksemda til ombodet går ut på årleg å føreta undersøkingar og gjere rettslege vurderingar av utvalde spørsmål. I fleire år har det vore eit mål at ombodet skal prioritere arbeidsinnsatsen der han får størst betydning. Dette vil òg vere av vesentleg betydning framover, og er reflektert i strategi- og plan-dokument.

Vidareføring av KI-satsing

I 2025 fekk Sivilombodet innvilga ei eingongsatsing til eit forprosjekt om KI i Sivilombodets arbeid. Ombodet ønskjer å vidareføre dette i åra som kjem. Lisenskostnadene til relevante KI-verktøy blir lagde til budsjettet.

Eingongstiltak

For 2026 ber Sivilombodet om eingongssatsingar innan styrking og sikring av IKT-løysingar. Det er viktig at løysingane til Sivilombodet oppfyller gjeldande krav om tryggleik og beredskap, samtidig som dei skal vere funksjonelle og anvendelege for brukarane.

I 2026 skal Sivilombodet mellom anna inngå ny IT-driftsavtale, styrkje telefoniløysinga og betre IT-sikkerheita i systema sine.

Post 01 Driftsutgifter

Budsjettveksten er i hovudsak knytt til eingongs-satsingar innanfor Sivilombodets IT- og tekniske

løysingar. Posten omfattar lønsutgifter og utgifter til Sivilombodets kjøp av varer og tenester. I budsjettet er det elles innarbeidd prisjustering og konsekvensjustering.

Kap. 44 Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvåkings- og tryggingsteneste

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	47 761	49 986	52 457
	Sum kap. 44	47 761	49 986	52 457

Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvåkings- og tryggingsteneste (EOS-utvalet) er eit permanent utval, oppretta av Stortinget i 1996. Utvalet har sju medlemmer. Medlemmene blir valde for eit tidsrom på inntil fire år av Stortinget i plenum. Medlemmene kan nemnast opp att etter innstilling av Stortingets presidentskap éin gong.

Hovudoppgåver

EOS-utvalet skal føre regelmessig kontroll med etterretnings-, overvåkings- og tryggingsteneste (EOS-teneste) som blir utført i den sivile og militære forvaltinga. Oppgåvene til kontrollutvalet er å gjennomføre inspeksjonar, undersøkje klager og av eige tiltak ta opp saker som utvalet ut frå formålet finn det rett å behandle. Hovudformålet er å vareta rettstryggleiken for den enkelte og sjå til at tenestene respekterer menneskerettane.

Det blir årleg gitt ei ugradert melding til Stortinget om verksemda til utvalet. Ugraderte særskilte meldingar blir gitt ved behov.

Rapport for 2024

Utvalet har i 2024 gjennomført 21 inspeksjonar. Flest inspeksjonar har vore gjennomførte i PST og E-tenesta. Nokre inspeksjonar var retta mot fleire tenester. Utvalet har hatt åtte interne utvalsmøte, i tillegg til interne arbeidsmøte i tilknytning til inspeksjonar.

I 2024 tok utvalet opp 24 saker av eige tiltak med tenestene. Utvalet avslutta i 2024 27 saker som var tatt opp av eige tiltak.

Utvalet har i 2024 tatt 29 klager til behandling frå enkeltpersonar og organisasjonar og avslutta 30 klagesaker.

Utvalet meiner at ressursbruken har vore effektiv i 2024. Samla sett er utvalet fornøgd med resultat og måloppnåing i 2024. I 2024 har tre tilsette avvikla foreldrepermisjon. Som følgje av at det tar tid å tryggingssklarere og lære opp nytt personell, har det ikkje vore tatt inn vikarar, verken ved foreldrepermisjon eller lengre sjukefråvær. Det har medført at EOS-utvalet i 2024 har hatt lågare løns- og driftskostnader enn i eit normalår.

Nærmare opplysningar om verksemda er gitt i årsmeldinga for utvalet for 2024 (Dokument 7:1 (2024–2025)).

Mål for 2026

Den faglege verksemda til utvalet blir i hovudsak styrt av kva som kjem fram gjennom inspeksjonsverksemda og klagesaker, saman med dei signala Stortinget gir ved behandlinga av årsmeldingar og særskilte meldingar frå utvalet. I tillegg tar utvalet opp saker på bakgrunn av opplysningar som kjem fram i offentlegheita.

Rammene for verksemda til utvalet er fastsette i lov om kontroll med etterretnings-, overvåkings- og sikkerhetstjeneste (EOS-kontrollova). I samsvar med EOS-kontrollova § 7 andre ledd skal utvalet gjennomføre si årlege tilsynsverksemd ut frå behov og minst omfatte fleire inspeksjonar årleg av E-tenesta sentralt, NSM, PST sentralt og Forsvarets tryggingssavdeling. I tillegg skal utvalet utføre ein årleg inspeksjon av PST-einingar i minst to politidistrikt, og av minst éin av E-tenestas stasjonar eller etterretnings-/tryggingsteneste ved militære stabar og avdelingar. I tillegg er utvalet pålagt å ha minst éin årleg inspeksjon hos høvesvis Etterretningsbataljonen og Forsvarets spesialstyrkar. Utvalet kan òg undersøkje politiets bistand til PST eller andre delar av forvaltinga der-

som det er nødvendig ut frå kontrolloppgåva. Overordna påtalemyndigheit, det vil seie statsadvokatane og riksadvokaten, er unntatt frå kontrollområdet.

Utvalet vil også i 2026 gjennomføre inspeksjonar i samsvar med krava, i tillegg til å behandle innkomne klagesaker og av eige tiltak å undersøkje saker i EOS-tenestene. Utvalet undersøker

og saker innanfor kontrollområdet som har vore gjenstand for offentleg kritikk.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar godtgjersle til medlemene i utvalet og løn til dei tilsette i sekretariat, og utgifter til kjøp utvalet gjer av varer og tenester.

Kap. 45 Noregs institusjon for menneskerettar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	28 182	31 322	35 793
	Sum kap. 45	28 182	31 322	35 793

Hovudoppgåver og organisering

Noregs institusjon for menneskerettar (NIM) blei oppretta 1. juli 2015 som eit organ organisatorisk lagt under Stortinget. Føremålet og oppgåvene til institusjonen følgjer av lov om Norges institusjon for menneskerettigheter av 22. mai 2015 nr. 33 (NIM-lova). NIM blir leia av eit styre og ein direktør. Styret har det overordna ansvaret for den faglege verksemda, økonomien og drifta til den nasjonale institusjonen. Stortinget vel styre, mens styret utnemner direktør. Styret er vald for ein periode på fire år, mens direktøren er tilsett for ein periode på seks år. I mars 2019 blei Adele Matheson Mestad tilsett som direktør for perioden mars 2019–mars 2025.

NIM skal bidra til å styrkje gjennomføringa av menneskerettane, særleg ved å overvake og rapportere om menneskerettane si stilling i Noreg. Dette inneber å leggje fram tilrådingar for å sikre at Noreg oppfyller dei menneskerettslege forpliktingane sine, og gi råd til Stortinget, regjeringa, Sametinget og andre offentlege organ og private aktørar om gjennomføringa av menneskerettane. NIM skal òg informere om menneskerettane, medrekna å rettleie enkeltpersonar om nasjonale og internasjonale klageordningar, fremje opplæring, utdanning og forskning på menneskerettane, leggje til rette for samarbeid med relevante offentlege organ og andre aktørar som arbeider med menneskerettane, og delta i internasjonalt samarbeid for å fremje og beskytte menneskerettane. NIM skal ikkje prøve enkeltsaker om krenking av menneskerettar. Stortinget har føresett at institusjonen skal vere

samløkalisert med, og administrativt knytt til, Sivilombodet.

Rapport for 2024

Det følgjer av NIM-lova at NIM årleg skal gi ei melding til Stortinget om institusjonen si verksemd og utviklinga av menneskerettssituasjonen i Noreg. Årsmeldinga, Dokument 6 (2024–2025), blei levert til Stortinget 26. mars 2025. I meldinga gir NIM tilrådingar på nokre område der dei meiner norsk lovgiving eller praksis bryt med menneskerettane, og område der det er rom for forbetring eller der det er særlege utfordringar som styresmaktene bør vere merksame på.

Mål og budsjett for 2026

NIM har eit særers breitt mandat, då menneskerettane har betyding for nær sagt alle rettsområde. Institusjonen byggjer arbeidet sitt rundt 25 ulike rettsområde. Desse områda dannar grunnlag både for den systematiske overvakinga institusjonen gjer av menneskerettssituasjonen og for den interne arbeidsdelinga. Det breie mandatet gir NIM eit unikt høve til å følgje det store biletet og skape dialog med dei ulike menneskerettsaktørane. NIMs visjon er eit sterkt og heilskapleg menneskerettsvern for alle. Det betyr at NIM må jobbe innanfor ei heil rekkje felt og ha tilsvarende brei kunnskap i organisasjonen. I NIMs strategi for 2022–2025 er det sett overordna mål om å vere ein sterk fagleg rådgivar, brubyggjar, vaktbikkje og formidlar. Strategien definerer òg fire prioriterte temaområde, og i tillegg kjem

menneskerettsansvaret til kommunane som eit tverrgående satsingsområde. Strategien blir supplert av ein årleg aktivitetsplan som definerer konkrete prioriteringar.

I 2026 har regjeringa bedt NIM om å ta ansvaret for etablering og drift av ein monitoreringsfunksjon for to Europarådskonvensjonar, Istanbulkonvensjonen og menneskehandelskonvensjonen. I budsjettforslaget for 2026 er det lagt inn midlar til drift og løn for denne funksjonen.

Breidda i NIMs mandat krev ei tydeleg prioritering av arbeidsinnsatsen, og ein stab som må ha god ekspertise på svært mange rettsområde. Ein stor grad av spesialisering er nødvendig for å kunne gi tilstrekkeleg presise råd innanfor komplekse fagområde, og oppgåvene føreset også brei kompetanse i organisasjonen innanfor jus, samfunnsvitskapelege fag, kommunikasjon og formidling/ undervisning.

Som følgje av det breie mandatet er det nødvendig for NIM å ha ein stor nok stab til å vareta mandatet. Samstundes treng NIM ekstra ressurser til å sikre ei berekraftig drift av institusjonen i tida framover, mellom anna på grunn av endra føresetnader knytt til drifta av institusjonen.

Måla som blir følgde opp i 2026 er å:

- etablere ein monitoreringsfunksjon for Istanbulkonvensjonen og menneskehandelskonvensjonen
- bidra til at staten gjer best mogleg menneskerettslege vurderingar ved å gi gode faglege råd i ulike saker som reiser menneskerettsspørsmål

- førebyggje og hindre menneskerettsbrot
- bidra til å styrkje kommunane i arbeidet med menneskerettsansvaret deira
- delta aktivt i prioritert internasjonalt samarbeid og internasjonale rapporteringar
- fremje kunnskap og bidra inn i den offentlege debatten om menneskerettar
- arbeide for å nå definerte mål innanfor prioriterte område som strategien omfattar
- bidra til å styrkje bevisstheita om dei menneskerettslege aspekta knytt til utviklinga av informasjonsteknologi, og konsekvensar for ytringsfridom og personvern
- styrkje menneskerettane til utsette grupper, som barn, funksjonshemma, personar med ruslidingar og eldre
- styrkje rettane til og kunnskapen om urfolk og dei nasjonale minoritetane
- jobbe for eit styrkt vern av rettar i møte med klimakrisa
- bidra til å tryggje menneskerettane og rettsstaten i ei tid då desse verdiane er under press internasjonalt
- styrkje informasjonsflyt og samarbeid på menneskerettsfeltet, både i sivilsamfunnet og mellom sivilsamfunnet og styresmaktene
- fremje undervisning om menneskerettane til ungdomsskular og vidaregåande skular

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar lønsutgifter og utgifter til kjøp av varer og tenester.

Kap. 51 Riksrevisjonen

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	610 100	669 959	687 801
21	Spesielle driftsutgifter			5 000
75	Internasjonale organisasjonar og nettverk	28 700	29 791	30 863
	Sum kap. 51	638 800	699 750	723 664

Hovudoppgåver og organisering

Riksrevisjonen blir leia av eit kollegium som består av fem riksrevisorar. Stortinget vel riksrevisorar til kollegiet for fire år om gangen. Riksrevisjonens formål, oppgåver og rammevilkår følgjer av lov om Riksrevisjonen (riksrevisjonslova) av 13. desember 2024.

Riksrevisjonen er Stortingets revisjons- og kontrollorgan, og skal bidra til den demokratiske kontrollen med at statens ressursar blir forvalta forsvarleg og i samsvar med Stortingets vedtak og føresetnader, jf. riksrevisjonslova § 1.

Riksrevisjonen undersøker følgjande:

- Er dei statlege rekneskapane korrekte?
- Blir det Stortinget har bestemt, gjennomført på ein effektiv måte?
- Korleis blir pengane som Stortinget har løyva, brukte?
- Jobbar statsforvaltinga i tråd med lover og reglar?

Riksrevisjonen består av sju avdelingar, tre stabar for høvesvis styring og kommunikasjon, internasjonalt arbeid og juridiske tenester, og ein internrevisjon. Det er fem avdelingar som driv med revisjon, ei avdeling for metodestøtte og utvikling og ei administrasjonsavdeling. Hovudkontoret ligg i Oslo. Riksrevisjonen har òg regionalt nærvære med kontor i Tromsø, Bodø, Trondheim, Bergen og Kristiansand og på Hamar.

Riksrevisjonens visjon for planperioden 2025–2027 er «revisjon til nytte for morgondagens samfunn». Det er definert fire strategiske mål:

- Vi er relevante og gir meirverdi
- Vi leverer revisjon av høg kvalitet
- Vi er ein effektiv organisasjon
- Vi er aktive og tilgjengelege i samfunnsdialogen

Rapport 2024

Gjennom 2024 har Riksrevisjonen jobba med å gjennomføre kvalitetsprogrammet som blei vedtatt i oktober 2023. Det er mellom anna arbeidd med å få på plass eit heilskapleg kvalitetsstyringssystem som omfattar leing, etikk, kompetanse, gjennomføring av oppgåver og overvaking av verksemda. I dette ligg å sikre kvalitetsoppfølging på eit høgt nivå, forbetring av både verksemdsstyring og kompetansestyringssystem, fastsetjing av kvalitetsmål som ligg til grunn for systematisk risikovurdering, og etablering av internrevisjon i Riksrevisjonen.

Riksrevisjonen rapporterer årleg til Stortinget om revisjonen av statsrekneskapen og alle verk-

semdsrekneskapar som inngår i statsrekneskapen. Riksrevisjonen har revidert statsrekneskapen og 235 årsrekneskapar for departement, statlege verksemdar og fond for 2023. Dette inkluderer årsrekneskapen for Sametinget. Resultatet av arbeidet blei overlevert Stortinget 15. oktober 2024 i Dokument 1 (2024–2025). Denne rapporten inneheldt òg fem revisjonar av disposisjonane, dvs. kontroll av at statlege verksemdar bruker pengane slik Stortinget har bestemt, og at dei følgjer lover og reglar.

Resultatet av oppfølging av forvaltingsrevisjonar som tidlegare er behandla av Stortinget, er rapportert til Stortinget 15. oktober 2024 i Dokument 3:1 (2024–2025), og den årlege selskapskontrollen er rapportert 27. november 2024 i Dokument 3:2 (2024–2025). Riksrevisjonen har òg rapportert 13 forvaltingsrevisjonar til Stortinget i 2024. Ved inngangen til 2025 er det sett i gang ytterlegare 18 forvaltingsrevisjonar og sju revisjonar av disposisjonar.

Innretninga på revisjonane følgjer rammeverket for strategiske prioriteringar av revisjonsoppgåver, som blei vedtatt i riksrevisorkollegiet i 2022. Formålet med overordna styringssignal er å bidra til at saker som blir fremja for Stortinget, tar opp dei aller viktigaste temaa for det norske samfunnet.

Riksrevisjonen spelar ei viktig rolle for forbetring og omstilling av offentleg verksemd, og i 2024 blei Forbetringskonferansen arrangert for andre gang.

Digitalisering og automatisering står sentralt i arbeidet for kvalitetsforbetringar og meir effektive arbeidsprosessar. Ved utgangen av 2024 inneheldt porteføljen av utviklingstiltak ni forskjellige prosjekt. Eit tiltak gjeld arbeid knytt til utvikling av revisjonen av Forsvaret, og eit tiltak handlar om å styrkje det økonomiske handlingsrommet for investering i teknologi og kompetanse. Det er òg tiltak som dreier seg om å skaffe nye digitale styringssystem for å styrkje verksemds- og kompetansestyringa. Det største utviklingstiltaket handlar om utvikling og implementering av ei sky- og informasjonsplattform med løysing for sikker utveksling og mottak, lagring og behandling av data. Det blir forventa at tiltaket vil bidra til både det strategiske målet om auka kvalitet i revisjonen og målet om ein meir effektiv organisasjon.

Riksrevisjonen er medlem i verdsorganisasjonen for riksrevisjonar, INTOSAI (The International Organization of Supreme Audit Institutions). Som medlem har Riksrevisjonen tatt ansvar for å vere vertskap for INTOSAI Development Initiative (IDI), som har som mål å styrkje riksrevisjo-

nar i utviklingsland. Riksrevisjonen skal bidra til organisasjonsbygging av fagleg sterke riksrevisjonar. Her er IDI det viktigaste verkemiddelet. I tillegg har Riksrevisjonen i 2024 fortsett samarbeidet med riksrevisjonane i Nord-Makedonia, Namibia, Uganda, Albania og den regionale organisasjonen for engelskspråklege riksrevisjonar i det sørlege Afrika, AFROSAI-E. I 2024 brukte Riksrevisjonen 11,3 millionar kroner på utviklingssamarbeid, mot 11,8 millionar kroner i 2023. Tala blir årleg rapporterte til Development Assistance Committee (DAC) i OECD. Stortinget har vedtatt at det skal setjast ned «eit utval som skal sjå på finansieringa og organiseringa av Riksrevisjonen si deltaking i internasjonal bistandsverksemd, inkludert sekretariatsfunksjonen for INTOSAI Development Initiative (IDI).»

Riksrevisjonen har orientert Stortinget om verksemda i 2024 i Dokument 2 (2024–2025).

Mål og budsjett for 2026

Riksrevisjonen planlegg å gjennomføre revisjonsoppgåver og levere undersøkingar i om lag same omfang som i 2025. I tillegg til å utføre årleg pålagde, faste revisjonsoppgåver som finansiell revisjon vil Riksrevisjonen gjennomføre ei rekkje forvaltingsrevisjonar og revisjonar av disposisjonane, og halde fram med å utvikle området med analyse av statsrekneskapen. For 2026 skal Riksrevisjonen òg bidra med forvaltings- og etterlevingsrevisjon på vegner av Sametinget. Riksrevisjonen vil vidareføre vertskapet for IDI og fortsetje dette samarbeidet i 2026. Utviklingssamarbeidet med riksrevisjonane i andre land vil òg vidareførast.

I 2026 vil Riksrevisjonen setje opp si nye skyplattform og utvikle og implementere dei forskjellige komponentane i denne sky- og informasjonsplattforma, samtidig som eldre tekniske løysingar vil bli fasa ut. Riksrevisjonen vil vidare utvikle og implementere tenester i plattformen, både på eigne serverar og i sky. I tillegg til satsinga på ny sky- og informasjonsplattform vil arbeid med å ta i bruk kunstig intelligens (KI), både i revisjonsarbeidet og i utviklinga av organisasjonen, vere eit sentralt utviklingstiltak framover. Riksrevisjonen skal òg ta i bruk eit nytt revisjonsverktøy som skal vere klar til bruk for dei finansielle revisorane deira i

arbeidet med revisjon av 2025-rekneskapen. Videre skal dei ta i bruk eit nytt digitalt verksemdsstyringssystem, som òg vil dekkje behovet for styringssystem for informasjonssikkerheit.

Alle desse tiltaka er forventa å bidra til å effektivisere, forbetre og forenkle måten Riksrevisjonen jobbar på. I 2026 vil Riksrevisjonen byrje med å realisere identifiserte effektiviseringsgevinstar. Dette vil skje parallelt med behovet for å rekruttere nødvendig kompetanse for å kunne utnytte og ta i bruk ny teknologi.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar lønsutgifter og utgifter til Riksrevisjonens kjøp av varer og tenester og dekkjer drifta i verksemda ved hovudkontoret og dei seks regionkontora, og alle Riksrevisjonens utviklingstiltak

Post 21 (Ny) Spesielle driftsutgifter

Posten omfattar løns- og driftsutgifter i Riksrevisjonen og dekkjer bistanden verksemda gir til forvaltings og etterlevingsrevisjon på vegner av Sametinget.

Post 75 Internasjonale organisasjonar og nettverk

Budsjettposten gjeld tilskot til drifta av INTOSAI Development Initiative (IDI). IDI er organisert som ei stifting med eit styre og eit sekretariat. IDI har som mål å styrkje offentleg revisjon i utviklingsland og gjennom dette bidra til godt styresett, utvikling og fattigdomsnedkjemping. Som vertskap for IDI har leiaren for riksrevisorkollegiet oppgåva som styreleiar i IDI. Ved ein inkurie har det beklageleg nok vore feil framstilling i budsjettet for 2023, 2024 og 2025. Funksjonen vært utøvd i kraft av å vere kollegiets leiar og ikkje i kraft av funksjonen som dagleg leiar.

IDIs utviklingsprogram mottar finansiering frå fleire land og organisasjonar. Fleire riksrevisjonar gir òg støtte til IDI gjennom å låne ut tilsette og å tilby tenestene sine. Tilskotet frå Riksrevisjonen finansierer delar av drifta for IDI i tråd med intensjonen i Innst. S. nr. 8 (1998–99).

Kap. 3051 Riksrevisjonen

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
02	Refusjon utland	947	300	300
	Sum kap. 3051	947	300	300

Meirinntektsfullmakter

Riksrevisjonen blir gitt fullmakt til å overskride
løyvinga under kap. 51, post 01 *Driftsutgifter* mot

tilsvarande meirinntekter under kap. 3051, post 02
Refusjon utland. jf. forslag til romartalsvedtak.

Programområde 23 Finansadministrasjon**Programkategori 23.10 Finansadministrasjon**

Utgifter under programkategori 23.10 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
1600	Finansdepartementet	15 544 599	570 176	595 600	4,5
1602	Finanstilsynet	558 225	599 117	668 979	11,7
1605	Direktoratet for forvaltning og økonomistyring	1 151 454	1 156 018	1 216 157	5,2
	Sum kategori 23.10	17 254 278	2 325 311	2 480 736	6,7

Kap. 1600 Finansdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	445 950	463 902	485 134
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i>	59 349	67 874	59 666
50	Forsking og allmennopplysing – Noregs forskingsråd	39 300		
71	Forsking og allmennopplysning – Noregs forskningsråd		38 400	46 800
72	Norsk Regnskapsstiftelse – utvikling av standardar			4 000
95	Kapitalinnskot, Statens obligasjonsfond, <i>kan overføres</i>	15 000 000		
	Sum kap. 1600	15 544 599	570 176	595 600

Hovudoppgåver

Arbeidsoppgåvene til Finansdepartementet kan delast inn i fem hovudområde:

1. Samordning av den økonomiske politikken, som omfattar
 - i. overvaking og analyse av den økonomiske utviklinga

- ii. finanspolitikk, irekna handlingsregelen og analysar av korleis statsbudsjettet verkar på økonomien
- iii. rammeverket for pengepolitikken
- iv. inntekts- og fordelingspolitikk
- v. strukturpolitikk, mellom anna verkemåten til arbeidsmarknaden og produktmarknadene

- vi. internasjonalt økonomisk samarbeid
- vii. offisiell statistikk, irekna overordna styring av Statistisk sentralbyrå
- 2. Arbeidet med formues- og gjeldsforvalting, som omfattar
 - i. investeringsstrategien til Statens pensjonsfond utland og Statens pensjonsfond Noreg, irekna rammeverk for ansvarleg forvalting
 - ii. oppfølging av forvaltinga av rammeverket for Statens pensjonsfond
 - iii. statleg gjeldsforvalting
- 3. Arbeidet med statsbudsjettet, som omfattar
 - i. avgjerder om utgifter og inntekter på statsbudsjettet under dei enkelte fagdepartementa
 - ii. tiltak som legg til rette for effektivitet og god offentlig ressursbruk
 - iii. utgreiing av økonomiske og administrative verknader av offentlege tiltak
 - iv. forvalting av prosjektmodellen til staten med kvalitetssikring av større statlege investeringsprosjekt, forvalting og utvikling av regelverket for økonomistyring i statsforvaltinga, tiltak for å leggje til rette for økonomistyringa i verksemdene og overordna styring av Direktoratet for forvaltning og økonomistyring
 - v. saker frå fagdepartementa med økonomiske og administrative følgjer
- 4. Arbeidet på skatte- og avgiftsområdet, som omfattar
 - i. skatte- og avgiftsforslag som ledd i den samla finanspolitikken
 - ii. utvikling av regelverk for skattar, avgifter og toll
 - iii. fordelingsverknadene av skatte- og avgiftssystema og verknader på inntektene til det offentlege og ressursutnyttinga i økonomien
 - iv. overordna styring av Skatteetaten og Toll-etaten
 - v. internasjonalt samarbeid på skatte-, avgifts- og tollområdet
- 5. Arbeidet med finansmarknadsspørsmål, som omfattar overordna styring av Finanstilsynet og utforming av regelverk for og overvaking av
 - i. finansføretaka (bankar, andre kredittinstitusjonar, forsikringsselskap, m.m.)
 - ii. verdipapirmarknaden og infrastrukturføretaka for verdipapirmarknaden (autoriserte marknadsplassar, verdipapirregister m.m.)
 - iii. eigedomsmeklarar, rekneskapsførarar og revisorar
 - iv. struktur- og konkurransepolitikk for finansmarknaden
 - v. finansiell stabilitet

Rapport

Formuesforvalting

Departementet rapporterte om forvaltinga av Statens pensjonsfond i 2024 i Meld. St. 22 (2024–2025) *Statens pensjonsfond 2025*.

Meldinga drøfta mellom anna fleire sider ved strategien for Statens pensjonsfond, og ho gjorde greie for resultata i forvaltinga og arbeidet med ansvarleg forvalting. For Statens pensjonsfond utland (SPU) blei det i meldinga mellom anna gjort greie for ein reduksjon i talet på små selskap i referanseindeksen for aksjar. For Statens pensjonsfond Noreg (SPN) blei det mellom anna greidd ut om ei endring i mandatet for å betre handteringa og rapporteringa av klimarisiko. Meldinga inneheld òg analysar av resultata i forvaltinga av SPU og SPN i 2024 og ein brei omtale av arbeidet med ansvarleg forvalting.

Sjå elles omtale i del I, pkt. 2.1 Statens pensjonsfond.

Arbeidet med statsbudsjettet og økonomistyring i staten

Finansdepartementet samordnar regjeringa sitt arbeid med statsbudsjettet og førebur avgjerder i regjeringa. Finansdepartementet arbeider med å forbetre regjeringa sin budsjettprosess, og gjennomfører gradvis mindre endringar som bidreg til målet om at prosessen skal gje eit betre grunnlag for å vurdere samla offentlig ressursbruk og leggje betre til rette for politikktvikling og prioriteringar over fleire år, jf. omtale i Gul bok 2025. Føreseieleg styring og budsjettkontroll fordrar god forståing for strukturelle utfordringar i økonomien, berekrafta i offentlege finansar og langsiktige konsekvensar av enkeltslutningar. Finansdepartementet arbeider difor mellom anna med å utvikle meir realistiske framskrivingar av utgifter og inntekter på mellomlang sikt.

Finansdepartementet har ansvaret for utgreiingsinstruksen, reglar for samfunnsøkonomiske analysar samt ordninga med ekstern kvalitetssikring av statlege investeringsprosjekt med anslått kostnadsramme over ein fastsett terskelverdi. Rammeverka skal bidra til å betre saksgrunnlaget før det blir fatta offentlege avgjerder. Hausten 2024 blei det fastsett ein ny revidert utgreiingsinstruks. Dei viktigaste endringane omhandla handtering av EØS-Schengen saker, med klargjering av ansvar på ulike område. DFØ har utarbeidd ein ny rettleiar til utgreiingsinstruksen med meir konkrete råd til handsaming av mellom anna interessene til barn, verknader for klima, utgrei-

inger i krise og ulike metodar i utgreiingar. Finansdepartementet arbeider vidare med fagleg utvikling av metodikk for utgreiing og god prosjektstyring i staten. Prioriterte område har i 2024 vore å utvikle rettleiingsmateriell og målretta kurstilbod mot departementa gjennom Departementsakademiet.

Finansdepartementet finansierer eit eige tverrfagleg forskingsprogram – Concept-programmet, som skal utvikle ny kunnskap om tilrettelegging, kvalitetssikring og styring av store statlege investeringsprosjekt. Målet er å sikre gode konseptval, ressursutnytting og effekt av investeringane. Etter kvart som tidlegare kvalitetssikra prosjekt blir fullført, samlar Concept erfaringsdata som kan samanliknast på tvers av prosjekt og sektorar. Dette kan gje kunnskap og råd til dei som skal ta avgjerder og stå for kvalitetssikring av statlege investeringsprosjekt. Programmet driv i tillegg metodeutvikling, følgjeforskning og formidling av kompetanse til statleg sektor. Forskingsresultata og publikasjonane til Concept-programmet er fritt tilgjengelege frå nettsidene til programmet.

Finansdepartementet gjennomfører djupare analyser på utvalde område for å gjere ressursbruken over statsbudsjettet meir effektiv og målretta (områdegjennomgangar). I 2024 og første del av 2025 er det arbeidd med analysar av arbeidsmarknadstiltak, rammestyring av kommunesektoren, digitale fellesløysingar, forvaltning av eigedom, bygg og anlegg i forsvarssektoren, institusjonsbarnevernet, overføring av ubrukte løyvingar, helserelaterte ytingar, styring av og i politiet og styring av og i PST, samt fellestenester i departementa. Finansdepartementet held òg fram arbeidet med å utvikle rammeverket for analysane og leggje til rette for betre produksjon og bruk av data i fleire delar av forvaltninga. DFØ støttar Finansdepartementet i arbeidet.

Skatte- og avgiftsområdet

Ei av hovudoppgåvene på skatte- og avgiftsområdet er arbeidet med skatte- og avgiftsopplegget i statsbudsjettet. Departementet har greidd ut og utarbeidd dei skatte-, avgifts- og tollforslaga som blei fremja i Prop. 1 LS (2024–2025) *Skatter og avgifter 2025*.

Skattlegging av store, fleirnasjonale konsern

Skattlegging av fleirnasjonale konsern reiser problemstillingar som krev internasjonale løysingar. I *Inclusive Framework* (IF), eit samarbeidsorgan

med over 140 medlemsland, er det semje om hovudelementa i ei internasjonal reform for å skattlegge store multinasjonale konsern. Løysinga har to hovuddelar, omtalt som pilarar (topilarløysinga). Noreg deltek i arbeidsgrupper som arbeider vidare med dei detaljerte løysingane.

OECD har sidan februar 2022 fortløpande sendt på høyring utkast til modellreglar for dei ulike elementa i pilar 1. For pilar 2 er det utforma modellreglar, kommentarar og ei rekkje rettleiingar. Pilar 2-reglane blei innført i Noreg i suppleringskatteloven med verknad frå 2024.

I februar 2024 vedtok departementet ei omfattande forskrift til den nye lova. Finansdepartementet la i Prop. 1 LS (2024–2025) fram eit forslag om å innføre den sekundære regelen for å skattlegge, skattefordelingsregelen, i suppleringskatteloven med verknad frå 2025. Departementet har arbeidd med å få dei norske reglane om skatteinkludering og nasjonal suppleringskatt godkjende i den mellombelse «peer review»-prosessen. Dei norske reglane vart godkjende hausten 2024 og er no inkluderte på lista over land med godkjende reglar som er publisert på OECDs nettsider.

Verdsetjing av fritidseigedom

Eit utgreiingsarbeid held fram for å følge opp Stortingets vedtak om å leggje til rette for ei mogleg innføring av eit eventuelt nytt verdsetjingsystem for fritidsbustader frå 2027. Eventuelle framlegg vil bli sende på høyring. Sjå nærare omtale av saka under kap. 1618 *Skatteetaten*.

Samordning av reglane for innkrevjing av offentlege krav

Finansdepartementet la fram ein lovproposisjon våren 2025 med utkast til ei innkrevjingslov for statlege krav, og lovendringar for å modernisere sakshandsaminga hos alminneleg namsmann og for å etablere ein heilskapleg prosess for utleggstrekk på tvers av ulike namsstyresmakter. Loven blei vedtatt i april 2025, med verknad frå 1. januar 2026 (med enkelte unntak).

EØS og skatt

EØS-retten pregar i stor grad arbeidet med skattar og avgifter. Dette gjeld sjølv om EUs arbeid med og reglar for harmonisering av skattar og avgifter ikkje er omfatta av EØS-avtala. Årsaka er at EØS-avtala inneber at også skattar og avgifter må vere i samsvar med dei fire fridomane.

I tillegg nyttast det norske skatte- og avgiftssystemet i stor grad til å gi statsstøtte. Slik støtte må utformast innafor dei rammene som EØS-avtala gir. Om lag 80 pst. av statsstøtta i Noreg blir gitt i form av ulike skatte- og avgiftsfordelar.

Departementet arbeider for å sikre at skatte- og avgiftsreglane er utforma i tråd med dei forpliktingane som følgjer av EØS-avtala, og at utviklinga av EU-/EØS-retten skjer på ein måte som tener norske interesser. Mellom anna blir det arbeid med å klarleggje handlingsrommet for å gjere skatte- og avgiftssystemet best mogleg. Det blir også arbeid med aktivt å påverke EU-/EØS-retten slik at han i endå større grad tener norske interesser. Eit sentralt mål er til dømes å få meir tenlege reglar for å avgjere om ei verksemd er i økonomiske vanskar og difor ikkje kan få statsstøtte. Eit anna er til dømes å verne det norske skattefundamentet. Dette arbeidet har også ei side mot arbeidet som skjer i OECD.

Finansmarknadsområdet

Finansdepartementet greidde ut om utviklinga i finansmarknadene og arbeidet med finansmarknadspolitikken i Meld. St. 26 (2024–2025) *Finansmarkedsmeldingen 2025*.

Meldinga gjorde mellom anna greie for utsiktene for finansiell stabilitet, konkurranse, kapitaltilgang og rammer for finansnæringa. Utsiktene til finansiell stabilitet i Noreg blir påverka av utviklinga i norsk og internasjonal økonomi og i internasjonale finansmarknader. I meldinga blir motstandskrafta i finansføretaka og reguleringa for å handtere sårbarheitene i det norske finanssystemet omtalt. Meldinga omtalar også konkurransen i bankmarknaden og andre finansielle marknader, samt kapitaltilgang for hushald og verksemder. God konkurranse mellom tilbydarane av finansielle tenester bidreg til meir kostnadseffektiv drift, lågare prisar, betre løysingar og betre bruk av arbeidskraft og kapital. I meldinga blir det vidare gjort greie for regjeringa sitt arbeid med å leggje til rette for gode og føreseielege rammevilkår for finansnæringa. Norske styresmakter arbeider for ei regulering som fremjar finansiell stabilitet og velfungerande marknader, tillit til det finansielle systemet og velfungerande tilgang til internasjonale finansmarknader. Norsk finansmarknadsregulering er i stor grad basert på EU/EØS-reglar, og det er særleg viktig at norske finansmarknadsaktørar så langt som mogleg er underlagde dei same reglane som aktørar i EU.

Budsjett 2026

Kap. 2 i del I av denne proposisjonen omtaler nokre viktige oppgåver for Finansdepartementet i 2026. Dessutan går det fram av rapportdelen ovanfor at fleire av dei sakene som er omtalt der, krev oppfølging i seinare år.

Økonomisk politikk

Arbeidet med å utforme og samordne den økonomiske politikken til regjeringa er ei av hovudoppgåvene til Finansdepartementet, jf. nasjonalbudsjettet og revidert nasjonalbudsjett. Sjå Meld. St. 1 (2025–2026) *Nasjonalbudsjettet 2026* for ein nærare omtale av tilstanden i norsk økonomi og utsiktene framover. Departementet si vurdering av korleis pengepolitikken blir utøvd går fram av den årlege finansmarknadsmeldinga.

Formuesforvaltning

Departementet sitt arbeid med Statens pensjonsfond går ut på å utvikle den langsiktige investeringsstrategien til fondet. Vidare skal departementet fastsetje og følgje opp retningslinjer for forvaltninga, inkludert rolla til fondet som ansvarleg investor. I tillegg til eigne ressursar nyttar departementet eksterne fageksperter og våre forvaltarar Folketrygdfondet og Noregs Bank.

Arbeidet med å utvikle investeringsstrategien for fondet i 2026 tar utgangspunkt i dei måla som er skildra i Meld. St. 22 (2024–2025) *Statens pensjonsfond 2025*. Dette er nærare omtalt i del I, pkt. 2.1 Statens pensjonsfond, i proposisjonen her og i Meld. St. 1 (2025–2026) *Nasjonalbudsjettet 2026*.

For 2026 blir det foreslått ei løyving på 5 mill. kroner under kap. 1600, post 01 for å styrkje både Finansdepartementet sitt arbeid med å følgje opp forvaltninga av Statens pensjonsfond og Etikkrådet sitt arbeid med å vurdere selskaper etter retningslinene for observasjon og utelukking frå Statens pensjonsfond utland.

Skatte- og avgiftsområdet

Prop. 1 LS Skatter og avgifter

Departementet bruker kvart år betydelege ressursar på å greie ut og utarbeide skatte-, avgifts- og tollforslag som blir, og ikkje blir, fremja i statsbudsjettet. Førebuinga av skatte- og avgiftsopplegget i statsbudsjettet for 2027 vil vere ei viktig oppgåve i 2026.

Skattlegging av store, fleirnasjonale konsern

Arbeidet med globale løysingar for meir effektiv og rettferdig skattlegging av store, fleirnasjonale konsern held fram i 2026. Noreg deltek i arbeidsgrupper under *Inclusive Framework*, som arbeider vidare med dei detaljerte løysingane og gjennomføringa av dei to pilarane i to-pilarløysinga. For pilar 1 (omfordeling av rett til skattlegging til marknadsstatar) held arbeidet fram i 2026. Mange land har innført nasjonale reglar om ein global minimumsskatt (pilar 2). I Noreg blei denne innført frå 2024. Arbeidsgruppa under *Inclusive Framework* om pilar 2 held fram arbeidet, mellom anna med klårgjering av reglane, peer review og mogelege mekanismar for å løyse tvistar. Departementet førebur seg på den fullstendige peer review-prosessen av norsk lovgiving. Denne er venta å starte i løpet av 2026.

Forhandlingar om ein rammekonvensjon om skatt i FN

Generalforsamlinga i FN vedtok i 2023 at det skal forhandlast om ein rammekonvensjon om skatt i FN. Forhandlingane om rammekonvensjonen og protokollar starta i 2025 og vil i fyrste omgang halde fram i 2026 og 2027. Dette er eit nytt internasjonalt samarbeid og vil krevje mykje ressursar.

Verdsetjing av fritidseigedom

Arbeidet med eit eventuelt nytt verdsetjingsystem for fritidseigedom held fram i 2026. Dette er nærare omtalt under kap. 1618 *Skatteetaten*. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på egna måte.

EØS og skatt

Arbeidet for å sikre at skatte- og avgiftsreglane er best mogleg, innanfor rammene av forpliktingane som følgjer av EØS-avtala, held fram. Alle skatte- og avgiftsforslag som departementet arbeider med, må vurderast i ljøs av dette.

Finansmarknadsområdet

På finansmarknadsområdet er regelverksutvikling ei oppgåve som krev mykje ressursar. Regelverket skal mellom anna fremje tryggleik, soliditet og stabilitet i marknaden. Regelverksarbeidet speglar i stor grad arbeidet med nye reglar i EU/EØS. Også i 2026 vil dette krevje stor innsats knytt til fleire regelverk mellom anna på

verdipapirmarknadsområdet, kvitvaskingsreglar, berekraftsrapportering, folkefinansiering, betalingstenester, sparebankar og soliditetskrav og krise-handteringsreglar for bankar. I tillegg er det ei rekkje andre prosessar som må følgjast opp, mellom anna utgreiingar innan beredskap i betalingssystemet, digital bokføring og fakturering og privat tenestepensjon. Det vil òg vere naudsynt med vidare arbeid etter etableringa av ei ny klagenemnd for finansmarknadsområdet i april 2025, mellom anna oppfølging av avgjerder frå nemnda.

Arbeidet med statsbudsjett og økonomistyring i staten

Arbeidet med å leggje til rette for gode prosessar for regjeringa sitt arbeid med statsbudsjettet held fram i 2026. Finansdepartementet har ansvar for økonomiregelverket, utgreiingsinstruksen, reglar for samfunnsøkonomiske analyser, samt ordninga med ekstern kvalitetssikring av statlege investeringsprosjekt med anslått kostnadsramme over ein fastsett terskelverdi. Rammeverka skal bidra til å betre saksgrunnlaget før det blir fatta offentlege avgjerder, og Finansdepartementet vil halde fram arbeidet med fagleg utvikling av rammeverka. På utvalde område gjer Finansdepartementet djupare analyser for effektivisering og betre målretting av ressursbruken over statsbudsjettet (områdegjennomgangar). Målet med arbeidet er å identifisere og leggje til rette for budsjettinnsparingar, moglegheit for betre måloppnåing med uendra ressursbruk, eller å finne nye måtar å løyse oppgåver på som kan gi redusert kostnadsvekst på sikt.

Samfunnstryggleik og beredskap

På Finansdepartementet sitt ansvarsområde skal det arbeidast systematisk med samfunnstryggleik. Beredskapen for å kunne handtere ekstraordinære hendingar skal vere god. Departementet og dei underliggjande etatane og tilknytte verksemdar har beredskapsplanverk for å kunne handtere uynskte hendingar, og desse blir jamleg oppdaterte. Finansdepartementet samarbeider også mellom anna med Nasjonalt tryggingorgan (NSM) og Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB). Fleire etatar under Finansdepartementet forvaltar omfattande produksjonssystem som behandlar store informasjonsmengder. Informasjonstryggleik er ein viktig del av Finansdepartementet sin styringsdialog med underliggjande etatar.

Ei sentral utfordring i finanssektoren er å halde betalingsformidlinga og andre delar av den finansielle infrastrukturen ved lag, slik at samfunnet får dekt behovet for mellom anna betalings-tenester. Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap har identifisert dette som ein samfunnskritisk funksjon, kalt Finansielle tenester. Finansdepartementet har det overordna ansvaret for varetakinga av denne funksjonen. Departementet har òg ansvaret for viktige samfunnsfunksjonar, som handtering av statlege inntekter, Folkeregisteret, Tolletatens kontroll med den grensekryssande vareførselen og beredskapen til Statens pensjonsfond utland.

Departementet deltar også jamleg i sektorvise og nasjonale øvingar innan tryggleik og beredskap. I 2026 vil mykje av departementet sine beredskaps- og øvingsaktivitetar retta seg mot Totalforsvaret.

Særleg om arbeidet med lov om nasjonal tryggleik

Føremålet med lova om nasjonal tryggleik (sikkerhetsloven) er å sikre nasjonale tryggleiksinteresser og å førebyggje, avdekkje og motverke tryggleikstrugande verksemd. Dei nasjonale tryggleiksinteressene skal tryggjast ved at kvart departement identifiserer grunnleggjande nasjonale funksjonar (GNF-ar) innanfor sitt ansvarsområde. Verksemdar av avgjerande betydning for GNF-ar kan dermed underleggjast sikkerhetsloven, og ein kan setje i verk naudsynte sikrings tiltak for dei skjermingsverdige verdiane i verksemdene. For å vareta føremålet med lova er GNF-arbeidet i departementa ein kontinuerleg prosess. Arbeidet kan gi endringar i dei identifiserte GNF-ane og skjermingsverdige verdier.

Dette gjeld kva for verksemdar som er av vesentleg og avgjerande betydning, og i kva grad ei verksemd er avhengig av eksterne ressursar (til dømes andre verksemdar). Kva som krevst for å oppnå eit forsvarleg tryggningsnivå, kan òg bli endra undervegs.

I tråd med føreseigna i sikkerhetsloven har Finansdepartementet tidlegare identifisert og innmeldt departementet sine GNF-ar til Nasjonalt tryggningsorgan.

Statlege verksemdar som Finansdepartementets underleggjande etatar og Noregs Bank, er allereie underlagt sikkerhetsloven. Finansdepartementet har sia lova tredde i kraft, arbeidd med å identifisere andre verksemdar med vesentleg eller avgjerande viktighet for GNF-ane, samt med å underleggje desse lova der det er naudsynt. Arbeidet vil halde fram i 2026. For verksemdar

som blir underlagde lova, vil departementet i samråd med verksemda òg vurdere om verksemda eig eller forvaltar skjermingsverdige verdier. Departementet vil i samråd med verksemdene peike ut eventuelle skjermingsverdige verdier og melde dei inn til tryggningsorganet. Departementet vil så setje fristar for gjennomføringa av sikringstiltak.

Post 01 Driftsutgifter

Driftsløyvinga dekkjer lønsutgifter og andre utgifter til drift av departementet. For 2024 blei talet på utførte årsverk rekna til 285. Lønsrelaterte utgifter utgjør meir enn 80 pst. av løyvinga. Av andre driftsutgifter utgjør lokalleige den største enkeltposten. For 2026 er det foreslått ei løyving på 485,1 mill. kroner som er 4,6 pst. høgare enn Saldert budsjett 2025. Hovudårsaka til auken er 5 mill. kroner til styrka oppfølging av Statens pensjonsfond utland, i tillegg til løns- og prisjusteringar.

Det blir vist til forslag til fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1600, post 01 *Driftsutgifter*, med eit beløp tilsvarande meirinntekter under kap. 4600, post 02 *Ymse refusjonar*, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Posten blir nytta til utgreiingsarbeid, forskingsoppdrag og prosjektarbeid som er tidsavgrensa og ikkje ein del av dei faste driftsoppgåvene til departementet.

Midla på posten blir mellom anna brukt til ei rekkje særskilte utgreiingsoppgåver. Det kan vere kostnader til utgreiingsutval som regjeringa har sett ned på departementet sitt ansvarsområde, eller kjøp av eksterne utgreiingstenester, mellom anna i samband med departementet og Etikkrådet si oppfølging av Statens pensjonsfond. Etikkrådet er administrativt ein del av Finansdepartementet og gir råd til Noregs Bank om utelukking og observasjon av verksemdar.

Departementet held fram med å gjere djupare analyse av utvalde område for å skape effektivisering og betre handlingsrom i budsjettet. Områdegjennomgangar blir brukt som ein del av budsjettprosessen for å greie ut og foreslå endringar som kan gi betre måloppnåing og auka handlingsrom i budsjettet.

Concept-programmet er eit forskingsarbeid for å utvikle ny kunnskap om tilrettelegging, kvalitetssikring og styring av store statlege investe-

ringsprosjekt. Kostnader til programmet blir belasta kap. 1600, post 21. Hovudlinjene i Concept-programmet blir vidareført. Programmet skal vektleggje forskning på tidlegfasen i prosjekta, frå den fyrste ideen oppstår til endeleg finansiering er vedtatt. I tillegg skal programmet evaluere store statlege investeringsprosjekt som er komne i driftsfasen for å gi kunnskap om resultat på området.

For 2026 foreslår departementet ei løyving på 59,7 mill. kroner.

Det blir vist til forslag til fullmakt til å overskrive løyvinga under kap. 1600, post 21 *Spesielle driftsutgifter*, med eit beløp tilsvarende meirinntekter under kap. 4600, post 02 *Ymse refusjonar*, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 71 Forsking og allmennopplysning – Noregs forskingsråd

Noregs forskingsråd er frå 2025 bruttobudsjettet med tilsegnfullmakter, jf. Innst. 12 S (2023–2024). Denne posten samlar dei ulike forskingsprogramma som Finansdepartementet har i regi av Noregs forskingsråd.

Forskningsprogrammet om skatteøkonomi held fram. Målet med satsinga er å få fram kunnskap om skatt og økonomi, og medverke til eit sterkt fagleg miljø for skatteøkonomisk forskning i Noreg. Dette skal skje både ved å stimulere til samfunnsøkonomisk forskning på skattesystemet og å auke interessa for fagområdet og rekrutteringa til dette. Satsinga på skatteøkonomisk forskning skal òg medverke til å styrkje utdanninga innanfor offentleg økonomi og skatteøkonomi, på master- og doktorgradsnivå. Den skatteøkonomiske forskinga skal halde eit internasjonalt høgt fagleg nivå og medverke til kontakt med forskingsmiljøa i andre land. Samstundes skal forskinga vere relevant for styresmaktene og andre brukarar i Noreg. Anvend forskning på norske skattedata og etterlevinga av skattereglane er ein viktig del av satsinga. Finansdepartementet er òg opptatt av at tilskuddsmottakarar skaper dialog og møteplassar mellom forskarar og brukarar av skatteøkonomisk forskning.

Forsking og allmennopplysning om finansmarknaden inngår òg her. Føremålet med Finansmarknadsfondet er å medverke til auka kunnskap om og forståing for verkemåten til finansmarknadene, gjennom forskning og allmennopplysning. Fondet blei etablert i 2002 med ei avsetjing etter omdanning og sal av Oslo Børs og Verdipapirsentralen, men blei erstatta med vanlege utgifts-

løyvingar over statsbudsjettet i 2013. Løyvingsmodellen skal halde dei reelle tildelingane om lag like store som dei var med fondet. Kostnader til administrative tenester er budsjetterte under Forskringsrådet sitt budsjettkapittel 285. Forskringsrådet tar hand om tildelingane og rekneskapsførselen på vegne av Finansdepartementet. Finansmarknadsfondet kan òg dele ut gåvemidlar og fekk i 2021 ein større donasjon frå ein bank.

Løyvinga på posten skal dekke forventa utbetalingar i 2026 av tilsegner som Forskringsrådet allereie har inngått frå tidlegare år og av nye tilsegner som kjem til utbetaling dette året. Det er foreslått ei løyving på posten på 46,8 mill. kroner. Det er behov for ei tilsegnfullmakt på 128,8 mill. kroner, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 72 Norsk Regnskapsstiftelse – utvikling av standardar

Dei aller fleste rekneskapspliktige føretak i Noreg set opp rekneskap etter rekneskapslova supplert med norske rekneskapsstandardar. For å styrkje arbeidet med utvikling og vedlikehald av rekneskaps- og bokføringsstandardar i Noreg blir det foreslått ei løyving på 4 mill. kroner som eit tilskot til Norsk Regnskapsstiftelse (NRS).

Lovreglane om bokføring og om rekneskap bygger på dei rettslege standardane «god bokføringsskikk» og «god regnskapsskikk». Arbeidet med å utarbeide og halde ved like desse standardane har vore gjort av Norsk Regnskapsstiftelse. Verksemda i Norsk Regnskapsstiftelse har til dels stansa opp grunna manglande finansiering. Etter oppdrag frå Finansdepartementet har Norsk Regnskapsstiftelse utarbeidd forslag til organisering med mellom anna breiare representasjon i organa, og finansiering av det vidare arbeidet med standardsetting.

Fullmakt til å yte likviditetslån til Bankenes sikringsfond

Stortinget vedtok ved behandlinga av statsbudsjettet for 2024, jf. Innst. 5 (2023–2024) og Prop. 1 S (2023–2024) å etablere ei ordning der staten i visse tilfelle og under bestemte vilkår kan yte likviditetslån til Bankenes sikringsfond. Samla utståande beløp for slike lån, enten dei er tatt opp i 2026 eller tidlegare, kan ikkje overstiga 1 prosent av dei til ein kvar tid samla garanterte innskot, avgrensa oppover til 20 mrd. kroner. Det foreslås at staten òg i 2026 kan yte slike nye lån, jf. forslag til romartalsvedtak.

Fullmakt til å rette opp uopplåra differansar og feilføringar i statsrekneskapar frå tidlegare år

Frå tid til anna oppstår det differansar i rekneskapen hos rekneskapsførarane i staten. Nokre av differansane blir ikkje opplåra endå det er gjort mykje for å finne ut kva dei kjem av. Det hender også at beløp blir tilviste og posterte feil i statsrekneskapen, og at feilen fyrst blir funnen etter at årsrekneskapen er avslutta.

På grunn av eittårsprinsippet vil retting av slike feil, med motsett postering i rekneskapen for eit seinare år, medføre at også den rekneskapen blir feil. Slik Finansdepartementet ser det, er det mest korrekt at uopplåra differansar og andre feil blir retta opp i statsrekneskapen med posteringar over kontoen for forskuvingar i balansen. Då vil desse posteringane ikkje påverke løyvingerekneskapen det året rettinga blir gjort. Rettinga må skje etter ei posteringsoppmoding frå vedkomande departement og i) etter at ein har gjort det ein kan for å opplåre differansen og ii) berre når feilposteringa ikkje kan rettast på nokon annan måte.

Det må hentast heimel frå Stortinget i kvar sak før posteringsoppmoding kan sendast til Finansdepartementet. For mindre beløp bør Finansdepartementet ha fullmakt.

Stortinget vedtok ved behandling av Innst. S. nr. 252 (1997–98), jf. St.prp. nr. 65 (1997–98) å gi Finansdepartementet ei fullmakt for budsjett- og rekneskapsåret 1998. Denne fullmakta er teken opp att i budsjettdokumenta kvart år sidan. Departementet fremjer forslag om same fullmakt for budsjett- og rekneskapsåret 2026, jf. forslag til romartalsvedtak. Nytt fullmakt vert omtalt i note til balansen i kap. 4 i årleg stortingsmelding 3 om statsrekneskapen.

Fullmakt til postering mot mellomværet med statskassen

I Gul bok 2020 orienterte Finansdepartementet om endringar i føresegnene om økonomistyring i staten med verknad frå 2020, mellom anna om mellomværet med statskassa, jf. òg rundskriv R-101 frå Finansdepartementet. Mellomværet viser om ei statleg verksemd eller rekneskapsførande statleg ordning har pengar til gode frå statskassa eller skuldar ho pengar. Verksemdar med mellomvære vil ha eit unntak frå kontantprinsippet. Som for 2025 blir det òg for 2026 fremja forslag om tre fullmakter som heimlar slike unntak for Skatteetaten – sjå forslag til romartalsvedtak.

Kap. 4600 Finansdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
02	Ymse refusjonar		50	50
	Sum kap. 4600		50	50

Post 02 Ymse refusjonar

Posten omfattar refusjonar frå andre offentlege verksemdar som Finansdepartementet samarbeider med. Sidan det er uvisst kor store refusjonane blir, ber Finansdepartementet om fullmakt til å

overskride løyvingane under kap. 1600, post 01 *Driftsutgifter* og post 21 *Spesielle driftsutgifter*, med eit beløp tilsvarende meirinntekter under kap. 4600, post 02 *Ymse refusjonar*, jf. forslag til romartalsvedtak.

Kap. 1602 Finanstilsynet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	514 378	556 492	626 094
23	Spesielle driftsutgifter -Klagenemnd		8 900	12 120
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overføres</i>	43 847	33 725	30 765
	Sum	558 225	599 117	668 979

Samfunnsoppdrag og organisering

Samfunnsoppdraget til Finanstilsynet er etter finanstilsynsloven § 1-1 å bidra til finansiell stabilitet og velfungerande marknader i heile landet. Dette er naudsynte vilkår for tillit til det finansielle systemet, ei stabil økonomisk utvikling og vern av forbrukarar og andre brukarar av finansielle tenester.

Finanstilsynet skal sjå til at føretaka under tilsyn etterlever lover og reglar. I dette arbeidet nyttar tilsynet ei rekkje verkemiddel. Verkemidla er mellom anna tilsyn, analyse og overvaking, kriseberedskap og -handtering, regelverksarbeid og kommunikasjon.

Finanstilsynet blir leidd av ein direktør som blir utnemnt av Kongen for eit åremål på seks år.

Styret i Finanstilsynet behandlar og avgjer enkeltsaker der departementets ordinære instruksjonsmynde er avgrensa.

Ny finanstilsynslov tredde i kraft 1. april 2025. Lova fører vidare føresegner om kven Finanstilsynet fører tilsyn med, og lovfestar at føremålet med verksemda er å medverke til finansiell stabilitet og velfungerande marknader. Lova etablerer ei Finanstilsynsklagenemnd som behandlar klagar på vedtak treft av Finanstilsynet.

I 2025 etablerer Finanstilsynet ein ny tenestestad i Hamar. Tenestestaden i Hamar skal bidra til å styrkje innsatsen mot økonomisk kriminalitet. Tilsynet held elles til i Oslo som tidligare.

Finanstilsynet hadde ei bemanning tilsvarande 310 utførte årsverk i 2024.

Resultat i 2024

Nedanfor følgjer ein omtale av arbeidet i Finanstilsynet i 2024. Tilsynet sine aktivitetar er nærare omtalt i Meld. St. 26 (2024–2025) *Finansmarkeds-meldingen 2025*.

Solide og likvide finansføretak

Finanstilsynet vurderer løpande soliditeten, risikoen og risikohandteringa i finansføretaka. Soliditeten i føretaka blir følgd opp gjennom ein kombinasjon av stadlege tilsyn, vurdering av risiko- og kapitalbehov i det enkelte føretaket, dokumentbasert tilsyn, makroøkonomisk overvaking og stresstestar. Finanstilsynet følgjer utviklinga i norsk og internasjonal økonomi, og utarbeider analysar og vurderingar av utsiktene for finansiell stabilitet.

I 2024 la Finanstilsynet vekt på å føre tilsyn med at føretaka er solide, likvide og har god styring og kontroll, slik at dei har kraft til å møte negative hendingar.

Høg gjeld i hushalda og høge prisar på bustader og næringseigedommar held fram med å vere dei viktigaste sårbarheitene i det norske finansielle systemet. Geopolitiske spenningar og politisk uro skaper betydeleg usikkerheit om den økonomiske utviklinga.

Gitt dette risikobiletet har Finanstilsynet prioritert å gjennomføre tilsyn i dei største bankane og i mindre bankar med høg kredittrisiko, med særleg vekt på kreditteksponering, tapsavsetjingar og tapsmodellering.

I lys av bankkollapsen i Silicon Valley Bank og problema i Credit Suisse som bidrog til marknadsuro i 2023, har tilsynet òg prioritert å gjennomføre likviditetstilsyn av enkelte føretak som ikkje fekk vurdert likviditetsrisikoen sin i SREP-prosessen (risiko- og kapitalbehovsvurderingar) i 2024.

Ein viktig del av Finanstilsynet si tilsynsverksemd er å vurdere føretaka si styring og kontroll av risiko og etterleving av lov- og forskriftskrav. Finanstilsynet sine tilsyn er risikobaserte, slik at tilsynet vurderer løpande kva risikoar som krev tilsyn.

Robust infrastruktur

Robust finansiell infrastruktur er ein avgjerande føresetnad for sikre system for betalingar, handel, prissetjing og oppgjør i finansmarknaden. Låg risiko for systemsvikt og god beredskap for raskt å rette opp svikt er difor avgjerande. Finanstilsynet bidrar til at føretaka har tilfredsstillande styring og kontroll av IKT-risiko og annan operasjonell risiko. Finanstilsynet stiller konsesjonskrav og fører tilsyn med mellom anna finansføretak, betalingsføretak og infrastrukturføretak. Ei prioritert oppgave er overvaking av potensielle truslar mot IT-systema i verksemdene, og tilsynet har løpande samarbeid med ulike styresmakter i Noreg for å ta vare på tryggleiken i den finansielle infrastrukturen.

Finanstilsynet vurderte i 2024 sårbarheiter i føretaka sine forsvarsverk mot digital kriminalitet som den mest sentrale trusselen mot IKT-bruken i føretaka. Risikoen knytt til leverandørstyring, styringsmodell og internkontroll og tilgangsstyring er òg sentrale truslar. I 2024 følgde Finanstilsynet opp endringar i den teknologiske infrastrukturen og betalingstenestene til finansføretaka.

Tilsynet handterte i 2024 noko færre IKT-hendingar enn året før. Staten heldt fram med tilsyn om bruk av IKT-system og cybertryggleikstiltak på same nivå som året før.

I 2024 følgde Finanstilsynet opp endringar i den teknologiske infrastrukturen og betalingsstenestene til finansføretak. Finanstilsynet har sidan 2019 drifta ei regulatorisk sandkasse for finansiell teknologi-verksemdar. Opptaket til sandkasse er lagt om frå puljevis til løpande opptak etter kvart som søknader kjem inn.

Innsats mot økonomisk kriminalitet

Finanssektoren skal sjølv førebyggje at finansføretak og andre aktørar blir utnytta av kriminelle. Finanstilsynet fører tilsyn med at føretaka etterlever pliktene i regelverket for nedkjemping av kvitvasking og terrorfinansiering. Finanstilsynet fører òg tilsyn med at aktørane i verdipapirmarknaden overheld reglane mot innsidehandel og marknadsmisbruk. Ulovleg verksemd svekkjer tiliten til finansmarknadene og undergrev verksemda til føretak som driv innanfor regelverket. Tilsynsverksemda bidrar til å førebyggje kriminalitet i føretak under tilsyn. Samarbeid med andre kontrollmyndigheiter er ein del av dette arbeidet. Om Finanstilsynet får mistanke om alvorleg økonomisk kriminalitet, blir forholdet meldt til politiet.

I 2024 kontakta Finanstilsynet Rekneskapsregisteret for å få stramma inn praksis knytt til endringar av innsende rekneskapsfrå tidlegare år. Rekneskapsregisteret har endra praksisen på området.

I 2024 blei det inngått ein avtale med Økokrim om at tilsette i Finanstilsynet hospiterer i Økokrim sitt responscenter frå januar 2025. Formålet er å styrke tilsynsverksemda gjennom betre tilgang til etterretningsinformasjon.

Fleire bankar har dei siste åra auka innsatsen mot kvitvasking og terrorfinansiering. Samstundes har tilsyn avdekt mange tilfelle av svak etterleving av regelverket. Finanstilsynet har, i likskap med andre europeiske tilsynsstyresmakter, trappa opp aktiviteten på dette området. Dette er ei utvikling som vil halde fram.

I 2024 utførte Finanstilsynet mellom anna stadleg kvitvaskingstilsyn i fem bankar og 52 andre typar av rapporteringspliktige føretak. Tilsyna undersøker føretaka si styring og kontroll av risikoen for kvitvasking og terrorfinansiering. Dei undersøker òg om føretaka etterlever kvitvaskingsloven med tilhøyrande forskrifter. Finanstilsynet legg i tilsyna særleg vekt på å undersøkje om føretaka gjer gode og grundige risikovurderingar. Desse skal ta omsyn til føretakets eiga verksemd og til at tiltak og aktivitetar er tilpassa til ho.

Eit nytt regelverk for å styrke arbeidet med å nedkjempe kvitvasking og terrorfinansiering blei i 2024 vedtatt i EU. Dette omfattar mellom anna å opprette ei ny europeisk tilsynsmyndigheit som skal intensivere dette arbeidet og bidra til at nasjonale finanstilsyn samarbeider tettare. Finanstilsynet arbeidde i 2024 med å forberede det kommande regelverket.

Regjeringa la i 2024 fram ei stortingsmelding om økonomisk kriminalitet, der ho gjorde greie for status og utfordringar, og foreslo tiltak for å styrke innsatsen mot økonomisk kriminalitet i Noreg. I tillegg til å foreslå å styrke dei ulike verksemdene som bidrar til å nedkjempe økonomisk kriminalitet, er det eit uttalt mål å innrette regelverk, system og handheving slik at kriminelle aktørar i større grad avstår frå å gjere økonomisk kriminalitet. Finanstilsynet var i 2024 involvert i oppfølginga av fleire av tiltaka.

Investorvern

Påliteleg og tilstrekkeleg informasjon er naudsynt for å sikre at verdipapirmarknadene kan bidra til god allokering og prising av kapital. Finanstilsynet bidrar til at løpande og periodisk informasjon frå noterte føretak er rettvise og retttidig, og at

prospekta er i tråd med krava i verdipapirhandel-loven. Finanstilsynets tilsyn med revisorane til mellom anna børsnoterte føretak bidrar til at årsrekneskapa held god kvalitet. Finanstilsynet bidrar gjennom tilsyn med verdipapirføretak og effektiv og rask handheving av åtferdsreglane i verdipapirmarknaden til marknadsdisiplin og til at interessene til investorar og børsnoterte føretak tas vare på.

I 2024 bidrog Finanstilsynet aktivt til godt investorvern gjennom informasjonstiltak, løpande tilsyn med verdipapirmarknaden og kontroll med den finansielle rapporteringa.

Finanstilsynet fører tilsyn med revisjonsføretak. Dette inneber kontroll av at revisorane tar vare på sjølvstendet sitt og utfører arbeidet i samsvar med lover, forskrifter og god revisjonsskikk. Finanstilsynet utførte òg tilsyn med rekneskapsføretak og statsautorisert rekneskapsførarar. Finanstilsynets tilsyn med statsautoriserte rekneskapsførarar omfattar kontroll av at rekneskapsoppdraga blir utførte i samsvar med lov-givinga og kravet til god rekneskapsføringsskikk.

Forbrukarvern

Godt forbrukarvern er viktig for den enkelte forbrukar og for tilliten til aktørane i finansmarknaden. Tenestetilbydarane skal ta vare på interessene til kundane og ta omsyn til at kundane skal kunne forstå eigenskapane til produkta. Finanstilsynet følgjer opp forbrukarvernet gjennom tilsyn med at føretaka tilbyr og formidlar lån, forsikrings- og pensjonsprodukt, fondsprodukt og andre finansielle instrument og dessutan eigedomstransaksjonar på ein forsvarleg måte. Tilsynet med inkassoføretaka styrkjer òg forbrukarvernet. Oppfølging av soliditets- og tryggleikskrav bidrar til at produktleverandørane kan overhalde pliktene overfor kundane.

Endra prismodellar for fond har ført til at prisinformasjonen for forbrukarar er blitt lite transparent. På bakgrunn av dette undersøkte Finanstilsynet prisar på eit antal verdipapirfond hos fleire fondsforvaltarar. Resultata av undersøkingane blei publiserte i februar og november 2024. I tilsynet med forvaltarar av alternative investeringsfond prioriterte Finanstilsynet forvaltarar av fond som rettar seg mot ikkje-profesjonelle investorar.

Finanstilsynet har i 2024 kartlagt forsikringsføretaka sin bruk av avansert teknologi (KI) mellom anna for å undersøke om etiske problemstillingar (kundeomsyn) blir varetatt.

Finanstilsynet starta tre temabaserte tilsyn i til saman 133 verdipapirføretak om rådgiving og

informasjon til ikkje-profesjonelle kundar, informasjonshandtering og verdsetting av unoterte verdipapir, i tillegg til eit stadleg tilsyn i eit verdipapirføretak, og avslutta 20 tilsyn som blei starta i 2023. Vidare utførte Finanstilsynet 11 tilsyn med eigedomsmeklingsføretak og seks med inkassoføretak. Forbrukarane er avhengige av god informasjon, og Finanstilsynet svarte i 2024 på mange førespurnader frå forbrukarane.

Effektiv krisehandtering

Beredskap for å handtere kritiske situasjonar er viktig for tilliten til det finansielle systemet. Finanstilsynet har beredskap for å handsame kriser i enkeltføretak og marknader. Dette for å redusere risikoen for omfattande og varige skadeverknader for finanssektoren og kundar. Krav til at bankar og verdipapirføretak utarbeider gjenopprettingsplanar og at Finanstilsynet utarbeider krisehandteringsplanar, vil bidra til at kritiske tilhøve blir behandla tilfredsstillande. Beredskap for å gi rask og relevant informasjon til samfunnet er ein sentral del av kriseberedskapen. Finanstilsynet får gjennom det løpande tilsynsarbeidet god kjennskap til verksemda i dei enkelte føretaka, noko som igjen bidrar til effektiv krisehandtering. Geopolitiske spenningar og usikkerheit, med endringar mellom anna i det digitale trusselbiletet, tilseier ein generell høg beredskap for å vareta krisehandteringsoppgåver. Høg gjeld i hushalda og auka renter og energiprisar bidrar til meir usikkerheit. Retningslinjene til Den europeiske banktilsynsmyndigheita (EBA) for å vurdere bankane si krisehandterbarheit tredde i kraft 1. januar 2024. Bankar som er underlagde krav til nedskrivbar og konvertibel gjeld (MREL), sende i 2024 inn ei eigenevaluering av korleis dei etterlever krava.

Finanstilsynet utarbeidde i 2024 ni krisetiltaksplanar og fastsett minstekrav til summen av ansvarleg kapital og konvertibel gjeld (MREL) for 13 bankar. I 2024 vurderte Finanstilsynet òg gjenopprettingsplanane til ni bankar.

Finanstilsynet har i 2024 deltatt i oppfølga av den nordisk/baltiske beredskapsøvinga «Northern Bastion Exercise» i 2023, der merksemda særleg var på grensekryssande samhandling ved alvorlege IKT-relaterte hendingar.

Samla resultatvurdering

Finansdepartementet meiner at resultata for Finanstilsynet i 2024 samla sett er gode.

Auka digitalisering av Finanstilsynet sine prosessar har bidratt til å effektivisere arbeidspro-

sessar i ei tid då tilsynet framleis må vente stramme budsjett. Finanstilsynet inngikk ein avtale med ein leverandør om ei ny rapporteringsløysing for dei omfattande felleseuropeiske rapporteringane. Løysinga er venta å gi betre brukarvennlegheit og meir effektive prosessar for føretak under tilsyn, og ho vil bli innført i kontakt med næringa. Det er viktig at Finanstilsynet held fram med å ha merksemd på digitaliseringsarbeidet. Etter kvart som nye prosessar blir digitaliserte, skal tilsynet leggje vekt på gevinstrealisering. Sjå òg nærare omtale under *Mål og prioriteringar i 2026*.

Viktige utfordringar framover

Utviklinga i realøkonomien og finansmarknadene framover er usikker, både i Noreg og internasjonalt. Geopolitiske spenningar og politisk uro skaper betydeleg usikkerheit om den økonomiske utviklinga i verda. Konflikhtar og handelsrestriksjonar kan gi høgare prisar, svekke grunnlaget for økonomisk vekst og auke faren for finansielle kriser. I Noreg er mykje gjeld i hushalda og høge prisar på bustader og næringseigedommar dei viktigaste sårbarheitene i det finansielle systemet. God soliditet er avgjerande for bankane si evne til å bere tap og yte lån i nedgangstider. Finanstilsynet må gjennom ulike verkemiddel bidra til dette. Tilsynet må både som tilsynsstyresmakt og som krisehandteringsstyresmakt vere førebudd på å handtere problem som kan oppstå i finansføretaka.

Fleire store saker og auka innslag av kriminelle nettverk viser eit behov for å styrke innsatsen mot økonomisk kriminalitet. Mykje av kriminaliteten skjer digitalt via plattformer. Både organiserte kriminelle med eit finansielt formål og statlege aktørar med store kapasitetar er involverte i digitale angrep, og samhandlinga er aukande. Rask teknologisk utvikling innan kunstig intelligens utvidar òg spelerommet for kriminelle aktørar. Det er viktig at både finansnæringa og myndigheitene er bevisste på dette for å ha eit sterkt vern mot kriminalitet og kunne vareta tilliten til dei økonomiske systema og institusjonane.

Den teknologiske utviklinga går raskt, og føretaka bruker i aukande grad avanserte analysemetodar, til dømes basert på kunstig intelligens (KI), i ulike delar av verksemda. Nye tenester og aktørar kan gi auka sårbarheit for finanssystemet samla. Utkontrakteringa av IKT-drift kan medverke til meir komplekse og lengre leverandørkjeder, som er sårbare for angrep eller

operasjonell svikt. På eit strategisk nivå er det viktig at leiinga i norske finansføretak har god kjennskap til utfordringar og risikoar når dei brukar avansert teknologi til oppgåver i verksemda. Ei viktig oppgåve for Finanstilsynet i tilsynsverksemda er å bidra til robuste IKT-system, god beredskap ved hendingar og ei menneskeorientert og etisk forsvarleg bruk av kunstig intelligens.

Reguleringa av finansmarknadene varetek viktige formål, men har blitt omfattande og komplisert. Styringsmakter i Noreg, andre europeiske land og EU har uttrykt bekymring for den auka kompleksiteten i det felleseuropeiske regelverket. Det er satt i gang arbeid for å gjere regelverket enklare utan at viktige krav til næringa blir svekte. Eit meir forhaldsmessig regelverk kan auke samfunnsnytta av reguleringa og bidra til meir konkurransedyktige rammevilkår for norsk og europeisk finansnæring. Finanstilsynet vil ha kontakt med bransjeorganisasjonar, føretak og andre etatar undervegs i arbeidet.

Raske samfunnsendingar, teknologisk utvikling og nye oppgåver gjer det naudsynt for Finanstilsynet å kontinuerleg utvikle verksemda. Digitalisering, rasjonelle arbeids- og samarbeidsformer og god kompetanse er sentrale verkemiddel for å sikre ei risikobasert, forsvarleg og kostnadseffektiv tilsynsverksemd. Difor vil mellom anna digitalisering av prosessar, kompetanseutvikling og arbeidet med å rekruttere rett kompetanse vere viktig i åra framover.

Mål og prioriteringar i 2026

Samfunnsoppdraget til Finanstilsynet er utdypa i seks hovudmål. Det er fastsett følgjande hovudmål for Finanstilsynet for 2026

- solide og likvide finansføretak
- robust infrastruktur
- innsats mot kriminalitet
- investorvern
- forbrukarvern
- effektiv krisehandtering

Departementet ventar at resultata i 2026 samla sett minst skal vere på same nivå som i 2024. I resultatvurderinga vil departementet leggje vekt på heilskapen i verksemda. I oppfølginga av etaten tar departementet omsyn til at oppfyllinga av måla blir påverka av mange forhold som Finanstilsynet ikkje direkte kan styre, men der tilsynet like fullt kan bidra til at måla blir nådd.

Viktige prioriteringar i 2026 blir:

Makrotilsyn

Finanstilsynet skal òg i 2026 leggje vekt på makrotilsyn og utviklinga i makroøkonomiske forhold. Dei økonomiske utsiktene er usikre. Historia har vist at økonomiske tilbakeslag kan kome brått og uventa. Norske hushald har blant dei høgaste gjeldsgradane i OECD, og dette kan bli ei stor kjelde til finansiell uro. Erfaringar har vist at risiko i makroøkonomien kan skape finansielle kriser, og makrotilsyn må difor vere ein viktig del av grunnlaget for eit effektivt tilsyn. Makrotilsynet skal vere særleg retta mot den gjensidige påverknaden innanfor det finansielle systemet, og like eins mellom det finansielle systemet og realøkonomien. Dette arbeidet har òg stor innverknad på føresetnadene Finanstilsynet har for å gi råd til Finansdepartementet om makroregulering. Dette inkluderer reguleringa av utlånspraksis i bankane og krav til soliditet og likviditet.

Arbeid med soliditet og likviditet i finansføretaka

Finanstilsynet skal bidra til at norske finansføretak har god soliditet, er likvide, har robust finansiering, eigna leiing og ei forsvarleg risiko- og verksemdstyring. Finanstilsynet skal gjere dette gjennom stadlege tilsyn, oppfølging av dei interne modellane som dei største føretaka nyttar og anna løpande tilsynsverksemd. Finanstilsynet skal medverke til det same overfor utanlandske føretak i Noreg. Dette skal dei gjere ved å samarbeide med andre tilsynsstyresmakter, og med tiltak som Finanstilsynet set i verk eller tilrår av omsyn til risikotilhøva på den norske marknaden.

Solide og likvide finansføretak og god verksemdstyring er føresetnadar for finansiell stabilitet. Slik kan ein sikre at norske og utanlandske føretak i Noreg er i stand til å oppfylle sine plikter overfor kundane, og at dei kan ta hand om samfunnsfunksjonane sine. Klimarisiko inngår no i tilsyn med risiko og risikostyring i føretaka. Risiko knytt til klima og den grøne omstillinga vil kunne bli høgare i tida framover.

Nye reglar om verdipapirisering (omgjerding av ulike typar lån til verdipapir) vil føresette at Finanstilsynet kontrollerer at kredittrisiko blir overført til investorane. I tillegg vil mellom anna innføringa av nytt kapitalkravsdirektiv (CRD6) og nytt felleseuropeisk regelverk for kryptovalutaer og digitale eigendelar krevje særleg merksemd.

Tilsyn med etterleving av kvitvaskings- og terrorfinansieringsregelverket og innsats mot økonomisk kriminalitet

Dersom kvitvaskings- og terrorfinansieringsregelverket ikkje blir etterlevd, aukar risikoen for at føretaka blir brukt til kriminalitet. Det aukar òg risikoen for tap av omdøme for føretaka og sviktande tillit til det finansielle systemet. Dette arbeidet må framleis ha prioritet i 2026.

I 2024 la regjeringa fram ei stortingsmelding om økonomisk kriminalitet, og tilsynet er involvert i oppfølginga av fleire av tiltaka i meldinga. Finanstilsynet skal i 2026 prioritere å styrke sitt eige arbeid mot økonomisk kriminalitet. Mellom anna skal samarbeidet med næringa og med andre myndigheiter styrkast for både å forebygge og avdekke kriminalitet, med det formålet å auke effekten av ressursane som blir sette inn. I 2024 starta Justis- og beredskapsdepartementet ei sjølvevaluering av Noreg si gjennomføring og måloppnåing av krava til kvitvaskings- og terrorfinansieringsregelverk og -aktivitet i standardane frå Financial Action Task Force (FATF). FATF skal evaluere Noreg i 2027–2028. Det er viktig at Finanstilsynet i 2026 arbeider med å følgje opp svakhetar som blir identifiserte i sjølvevalueringa.

Nytt regelverk mot kvitvasking og terrorfinansiering i EU/EØS inneberer òg ei styrking av eksisterande lover og forskrifter. Finanstilsynet vil ha ei sentral rolle i oppfølginga av dette regelverket. I tillegg vil Finanstilsynet delta i arbeidet i den nye tilsynsstyremakta for kvitvasking og terrorfinansiering i EU (AMLA). Arbeidet med å følgje opp sjølvevalueringa nemnd over, kan òg bidra til å setje Finanstilsynet i stand til å møte EU-forventningar om effektivt tilsyn.

Motarbeiding av økonomisk kriminalitet

Motarbeiding av økonomisk kriminalitet er eit av dei seks hovudmåla til Finanstilsynet og prioritert høgt i 2026. Finanssektoren skal sjølv forebygge at finansføretak og andre aktørar blir utnytta i kriminelle aktivitetar, medan Finanstilsynet fører tilsyn med at føretaka etterlever regelverket. Tilsynsverksemda bidrar til å forebygge ulovleg verksemd, og lovbrøt som blir avdekte i føretak under tilsyn, blir følgde opp.

Som ei oppfølging av stortingsmeldinga om styrka forebygging og motverking av økonomisk kriminalitet er det løyvd midlar til nye stillingar i Finanstilsynet. Dei nye stillingane er lokalisert på Hamar og skal bidra i tilsynsverksemda overfor rekneskapsførarar og revisorar, utføre kvit-

vaskingstilsyn i ulike typar finansføretak og følgje opp ulovleg verksemd, til dømes mogleg låne- og investeringssvindel. Tenestestaden skal gradvis byggjast opp, og det er planlagt at ho på noko sikt skal ha om lag 20 årsverk.

Tilsyn med distribusjon av utlån, pensjons- og fondsprodukt samt andre finansielle instrument

Pensjonsprodukt med investeringsval og sparing i fondsprodukt inneber at kundane sjølv ber avkastningsrisikoen. Gjennom låneopptak pådrar kundar seg gjeld. Finanstilsynet skal i 2026 ved tilsyn medverke til at føretaka tilbyr og formidlar produkta på ein forsvarleg måte. Føretaka skal ta vare på interessa til kundane. Dei skal ta omsyn til føresetnadene kundane har for å forstå produkteigenskapane og kva konsekvensar vala deira kan ha. Oppgåvene til Finanstilsynet er utvida på grunn av strengare krav til distributørar av forsikringsprodukt og gjennom nye krav til distributørar av utlån til forbrukarar.

Tilsyn med forvalting av tenestepensjonsordningar

Dei private tenestepensjonsordningane har gått gjennom store endringar dei siste åra. Mellom anna er det innført eigen pensjonskonto i innskotsordningar, og regelverket for forvalting av pensjonsmidlar i garanterte pensjonsprodukt er endra. Finanstilsynet må òg for kollektive pensjonsprodukt med investeringsval sjå til at føretaka tar vare på interessene til kundane. Tilsynet må òg sjå til at føretaka tar omsyn til føresetnadene kundane har for å forstå produkteigenskapane og konsekvensar av eigne val. For garanterte pensjonsprodukt må Finanstilsynet mellom anna sjå til at høvet til ein meir fleksibel bruk av avkastningsoverskot ikkje fører til urimelege forskjellar mellom elles like kundar og kundegrupper. Tilsynet må òg følgje med på om ordninga med eit nytt fleksibelt bufferfond kjem kundane til gode.

Tilsyn med aktørane i betalings-, handels- og oppgjerssystema og annan finansiell infrastruktur

Alvorleg svikt eller samanbrot i den finansielle infrastrukturen kan ramme finanssektoren og vitale samfunnsfunksjonar hardt. Nye digitale løysingar og nye aktørar kan medverke til auka effektivitet. Samstundes kan det òg auke risikoen i det finansielle systemet. Finanstilsynet skal bidra til at aktørane har tilfredsstillande styring og kontroll av IKT-risiko, cyberrisiko og annan operasjonell risiko. Innføringa av nye felleseuropeiske reglar

om digital operasjonell motstandsdyktigheit i finanssektoren (DORA) vil krevje mykje innsats frå Finanstilsynet og føretaka i tida som kjem. Dei nye reglane legg òg til rette for meir samarbeid mellom styresmakter på tvers av landegrensene. Dette gjeld til dømes det europeiske rammeverket for koordinering ved systemiske cyberhendingar (EU-SCICF), der Finanstilsynet er kontaktpunkt for Noreg.

Krisehandtering og beredskap

Det er viktig at Finanstilsynet har tilstrekkeleg beredskap til å kunne handtere eventuelle økonomiske problem i finansføretaka og forstyrningar i den finansielle infrastrukturen. Finanstilsynet må òg i 2026 ta omsyn til uvisse om den økonomiske utviklinga og eit skjerpa trusselbilde i prioriteringa av ressursar på dette feltet. Finanstilsynet må i sitt arbeid òg følgje opp endringane i dei felleseuropeiske regelverka for bankkrisehandtering og digital motstandskraft.

Tilsyn med verdipapirmarknaden

Finanstilsynet må òg i 2026 følgje opp etterlevinga av reglar for verdipapirmarknaden, mellom anna oppgåvene som er overført frå Oslo Børs. Offentlege oppgåver som låg hos Oslo Børs blei i 2025 overført til Finanstilsynet. Dette gjeld oppfølging av pliktige tilbod og løpande informasjonsplikt.

Overvaking av nye teknologiar og marknader

Teknologisk utvikling endrar måten finansielle transaksjonar kan gjennomførast på og kva for eigedelar som er omsetjelege i dei digitale marknadane. Endringane kan skape eit uoversiktleg bilde for styresmakter og forbrukarar. Finanstilsynet må følgje med på utviklinga og vurdere kva risiko ho utgjør for den norske finansmarknaden og norske forbrukarar. Finanstilsynet skal i tilsynsverksemda bidra til at føretaka handterer operasjonell risiko, inkludert bruk av kunstig intelligens (KI). Nye reglar om kryptoeigedelar, inkludert krav til tilgjengeleg informasjon ved overføringar, skal bidra til meir kontroll og oversikt over marknaden. Dette kan bidra til å redusere risikoen for misbruk av marknaden til kriminelle føremål.

Regelverksutvikling

Finanstilsynet skal òg i 2026 delta i internasjonal regelverksutvikling og løyse oppdrag frå Finans-

departementet. Dette gjeld mellom anna å tilpasse nasjonale reglar til nye EØS-reglar og til den teknologiske og marknadsmessige utviklinga i Europa og Noreg. Finanstilsynet skal prioritere og ta aktivt del i arbeidet med å innlemme EØS-relevante reglar i EØS-avtala og gjennomføringa i nasjonal rett. I tillegg må regelverka tilpassast til endringar i mål og forventningar frå samfunnet om kva for problem finansmarknadsreguleringa skal løyse.

Digitalisering i eiga verksemd

Finanstilsynet avsluttar i 2026 eit femårig digitaliseringsprosjekt som forsterkar det generelle digitaliseringsarbeidet i tilsynet. Resultata så langt har vore gode, og det er viktig at dette held fram. Prosjektet rettar seg særleg mot automatisering av forvaltingsoppgåver, digitalisering av tilsynsprosessar, meir effektiv rapportering og datafangst, betre analyseløysingar og meir deling av data. Arbeidet skal medverke til effektivisering, forenkling og betre kvalitet i tilsynsarbeidet. For næringslivet skal satsinga på sikt gi lågare kostnader i form av enklare rapportering og mindre dobbeltrapportering, effektiv samhandling med Finanstilsynet og lettare tilgang til tal. I 2026 må Finanstilsynet òg rette merksemd mot korleis digitaliseringsarbeidet skal halde fram etter at prosjektperioden er over.

Budsjett for 2026

Regjeringa foreslår å setje budsjetttramma til Finanstilsynet for 2026 til 668,9 mill. kroner. Dette er 11,7 pst. høgare enn Saldert budsjett 2025. Løyvinga skal nyttast i samsvar med måla og prioriteringane som er omtalte ovanfor.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar lønsutgifter og andre driftsutgifter. For 2026 blir det foreslått ei løyving på 626 mill. kroner som er 12,5 pst. høgare enn Saldert budsjett 2025. Hovudårsaka til auken er styrking av tilsynet som følgje av oppgåver knytt til nytt regelverk (17 mill. kroner) og heilårsvirkning av ny tenestestad på Hamar (27 mill. kroner) og overtaking av oppgåver frå Oslo Børs (4,5 mill. kroner). Elles heng auka saman med prisjusteringar. Finanstilsynet må framleis leggje stor vekt på å sikre rasjonell og effektiv drift.

Post 23 Spesielle driftsutgifter, klagenemnd

Posten omfattar kostnader til Finanstilsynsklagenemnda. For 2026 blir det foreslått budsjettetert 12,1 mill. kroner til drift av sekretariatet og nemnda.

Post 45 Større utstyrsjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten omfattar utviklingstiltak for IKT-systema i Finanstilsynet og effektivisering av tilsynsprosessar. Nye krav til tilsyn og tilsynsmetodar stiller omfattande krav til tilpassingar og utvikling av IKT-system som støtte for tilsynsarbeidet. For 2026 gjeld det mellom anna vidare arbeid med å tilfredsstille nye og endra europeiske rapporteringskrav og leggje til rette for naudsynt analyse. Arbeid med å modernisere Finanstilsynets samla IKT-plattform, og å følgje opp tiltaka i digitaliseringsstrategien vil bli prioritert. For 2026 blir det foreslått å løyve 30,8 mill. kroner, som er noko lågare enn i Saldert budsjett 2025.

Kap. 4602 Finanstilsynet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
03	Sakshandsamingsgebyr	18 151	18 700	22 500
86	Vinningsavståing og gebyr for regelbrot m.m.	41 101	500	500
	Sum	59 252	19 200	23 000

Post 03 Sakshandsamingsgebyr

Posten omfattar hovudsakleg gebyr frå den operative prospektkontrollen for omsetjelege verdipapir. I tillegg inngår gebyr for behandling av søknader om å drive verksemd som betalingsføretak og e-pengeføretak, om inkassoløyve og om løyve til å opptre som opplysningsfullmektig. Posten blir foreslått budsjettert med 22,5 mill. kroner.

Finanstilsynet skal sjå til at gebyra i størst mogleg utstrekning reflekterer dei reelle kostnadene ved saksbehandlinga. Eventuelle avvik mellom dei pålagde gebyra og kostnadene Finanstilsynet har ved prospektkontroll, blir fordelte året etter på dei noterte føretaka, anten som ei tilleggssutlikning eller som ei nedsetjing av utlikninga til andre tilsynsutgifter.

Slike etterutrekningar blir av praktiske årsaker førte på kap. 5580 *Sektoravgifter under Finansdepartementet*, post 70 *Finanstilsynet, tilsynsavgift*.

Gebyr ved tildeling av inkassoløyve er fire gonger rettsgebyret. Betalte gebyr blir trekte frå i berekning av tilsynsavgifta for inkassoføretaka. Saksbehandlingsgebyr for betalingsføretak og e-pengeføretak, samt opplysningsfullmektig, er fastsett i forskrift. Betalte gebyr blir trekte frå i berekning av tilsynsavgifta for betalingsføretak, e-pengeføretak og opplysningsfullmektig.

Post 86 Vinningsavståing og gebyr for regelbrot m.m.

Vinningsavståing og gebyr for regelbrot med meir blir rekneskapsførte under Finanstilsynet sitt inntektskapittel. Desse er ikkje ein del av grunnlaget for utlikning av tilsynsavgift. Inntektene heng saman med om Finanstilsynet avdekkjer forhold som gir grunnlag for reaksjonar, og er difor vanskelege å anslå. Budsjettet blir foreslått sett til 500 000 kroner ved inngangen av året.

Kap. 5580 Sektoravgifter under Finansdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
70	Finanstilsynet, bidrag frå tilsynseiningane	588 898	606 417	670 980
	Sum	588 898	606 417	670 980

Utgiftene til Finanstilsynet og Finanstilsynsklagenemnda blir fullt ut dekte av foretaka som er under tilsyn etter finanstilsynslova § 1-2 eller anna lovheimel. Finansieringa av utgiftene er heimla i finanstilsynslova § 6-1. Lovreglane er supplerte med forskrifter. Brukarbetalinga er ein funksjon av budsjetterte tilsynsutgifter same året. I tillegg til utgiftene på kap. 1602 kjem posteringar på kap. 1633 *Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift*, og til frådrag kjem inntektene på kap. 4602

Finanstilsynet, post 03 *Sakshandsamingsgebyr*. Dessutan kan utlikningsgrunnlaget i 2026 korrigert med verknader av løyvingsendringar etter Saldert budsjett 2025, mellom anna i samband med lønsoppgjeret.

Betalinga frå tilsynseiningane i 2026 blir foreslått budsjettert til 671 mill. kroner. I tillegg kjem inntektene frå saksbehandlingsgebyr, jf. omtale ovanfor.

Kap. 1605 Direktoratet for forvaltning og økonomistyring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	1 120 866	1 122 485	1 181 437
22	OK stat	13 758	13 296	13 775
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overføres</i>	16 830	20 237	20 945
	Sum	1 151 454	1 156 018	1 216 157

Samfunnsoppdrag, hovudoppgåver og organisering

Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) har som samfunnsoppdrag å bidra til effektiv ressursbruk i staten og til at staten når sine mål gjennom god styring, organisering, leiding og gode avgjerdsgrunnlag.

DFØ er fagorganet til staten for økonomistyring, gode avgjerdsgrunnlag, organisering og leiding i staten, og støttar statlege verksemdar i arbeidsgivarrolla. DFØ er òg fagorganet for innkjøp i offentleg sektor og felles innkjøpsavtalar i staten. DFØ leverer fellestenester på løn og rekneskap i staten og forvaltar konsernsystema for statsrekneskapen og statens konsernkontorordning.

DFØ er lokalisert i Stavanger, Trondheim og Oslo. To av dei tilsette ved kontorstaden i Oslo arbeider fast frå eit kontor i Harstad. Verksemda hadde ved utgangen av 2024 ei bemanning tilsvarende 757 utførte årsverk.

Resultat i 2024

Resultata til DFØ i 2024 blir vurderte ut frå fire hovudmål. Måla uttrykkjer dei ønskte effektane av den samla verkemiddelbruken til DFØ. Nokre av dei viktigaste resultata frå 2024 er omtalt nedanfor.

Hovudmål 1: DFØs kundar har effektiv økonomistyring

DFØ har i 2024 levert økonomitenester til 92 pst. av dei statlege verksemdene. Ved å tilby standardiserte løns- og rekneskapstenester med eit stort volum, oppnår staten stordriftsfordelar. I 2024 tok sju nye verksemdar i bruk tenestetilbodet: Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet, Det kongelege hoff, Departementenes digitaliserings-

organisasjon, Statens graderte plattformtjenester, Forsvarshistorisk museum, Direktoratet for eksportkontroll og sanksjoner og Advokattilsynet.

DFØ utviklar stadig nye tenester og systemløysingar for kundane sine, og kundane tar tilbødet meir i bruk. I 2024 har etaten mellom anna arbeid vidare med ei systemløysing for lokale lønsforhandlingar, utvikla ei løysing for å automatisere dataendringar i lønsoppgjøret, og gjort ferdig ein ny fakturaportal som gir kundane betre oversikt over status på sine fakturaer. Utvikling av nye løysingar som er tilgjengeleg for alle kundane er eit døme på korleis DFØ bidrar til effektiv ressursbruk. DFØ har òg arbeid med å effektivisere og auke kvaliteten på tenestene. I 2024 har DFØ særleg prioritert oppfølginga av Riksrevisjonens merknad i Dokument 1 (2024–2025) om at DFØ ikkje har følgd krava om dokumentasjon og kontroll av balansen for årsrekneskapa hos kundane. DFØ har gjennomført eit omfattande arbeid med tiltak, inkludert forsterka kontrollmekanismer. DFØ arbeider òg vidare med å forsterke prosessen for periodeavslutning.

DFØ utbetalte i 2024 all løn til rett tid, i snitt 195 000 utbetalingar per månad, med samla beløp 93,2 mrd. kroner for året. Rekneskapsrapporteringa til statsrekneskapen på vegne av 154 kundar blei òg gjennomført til rett tid. I 2024 viste kundeundersøkinga at den samla tilfredsheita med DFØs økonomitenester var betre samanlikna med året før. Samtidig viste undersøkinga ein vidare nedgang i vurderinga av korleis tenestene bidrog til effektivitet og gevinstar for verksemdene. Trass i ei auke i vurderinga av tilgjengelegheita og støtta økonomiske data gav til styringa, er nivået framleis under verksemda sitt eiga mål. DFØ meiner at resultata skuldast fleire forhold. Mellom anna har kundemassen blitt større og meir kompleks, noko som har ført til meir samansette behov. For å få betre innsikt i vurderingane og behova til kundane, har DFØ mellom anna henta

inn informasjon gjennom kundedialog og kundeundersøkingar. DFØ har òg opplevd press på ressursane dei siste åra, særleg i samband med krevjande lønsoppgjer og innføringa av eit nytt innkjøps- og fakturasystem. Det er viktig å forstå behova til kundane, og at kundane og staten får effektivitetsgevinstar.

Hovudmål 2: Offentleg sektor gjer effektive og innovative innkjøp som bidrar til å fremje grøn omstilling og berekraftig utvikling

DFØ arbeider for å effektivisere offentlege innkjøp, mellom anna gjennom felles innkjøpsavtalar og stor merksemd på etterlevinga av regelverket. I 2024 viser kunde- og brukarundersøkinga at brukarane i stort er samde i at DFØs tenester på innkjøp skaper auka effektivitet og gevinstar. Resultata frå innkjøpsundersøkinga i 2024 viser òg ei positiv utvikling i verksemdenes mogenskap både når det gjeld bruk av digitale verktøy og innan berekraftige innkjøp.

Den årlege tilrettelagte gevinsten av statlege felles innkjøpsavtalar har auka til 353 mill. kroner, opp frå 327 mill. kroner i 2023. Auken kjem som følge av nye inngåtte avtaler innanfor møbelområdet. Innkjøpsordninga er obligatorisk for sivile verksemdar i statsforvaltinga, men verksemdene kan melde fråval i enkeltkonkurransar. Ordninga gir effektiviseringsgevinstar på tvers når statlege verksemdar nyttar inngåtte innkjøpsavtalar.

I 2024 har DFØ mellom anna arbeidd vidare med gjennomføringa av ein Noregsmodell med nasjonale seriøsitetsskrav for offentlege innkjøp, samt med rettleiing om vekting av miljø i samband med offentlege innkjøp og grønne innkjøp generelt.

Hovudmål 3: Statsforvaltinga byggjer på kunnskap, er utviklingsorientert og har god styring, organisering og leiing

DFØ har ei rekkje verkemiddel for å bidra til at statsforvaltinga byggjer på kunnskap, er utviklingsorientert og har god styring, organisering og leiing. Mellom anna forvaltar DFØ regelverk og felles standardar og system for statsforvaltinga. DFØ tilbyr òg kompetansenestene som skal gjere det tydeleg kva krav regelverket set, og kva som er god praksis for utøving av ei statleg arbeidsgivarrolle, styring, gode avgjerdsgrunnlag og leiing. I 2024 var ein stor del av brukarane nøgde med kompetansenestene, og brukarane er nøgde med DFØ si regelverksforvalting, statens arbeidsgjevarstøtte samt tenester innan statleg betalingsformidling og for rapportering til statsrekneskapen.

Direktoratet utfører òg analysar og utreiingar som aukar kunnskapen på fagområda som er lagt til DFØ. DFØ har i 2024 publisert 14 rapportar og to notat og har oppdatert utgreiingsinstruksen og tilhøyrande rettleiar. DFØ sine rapportar og analysar dannar kunnskapsgrunnlag for konkrete politiske tiltak, og belyser utviklingstrekk, utfordringar, samanhengar og trendar i forvaltinga over tid. I 2024 blei mellom anna DFØs tidlegare rapportar og analysar referert til i 13 offentlege utgreiingar.

DFØ har dei seinare åra fått eit utvida mandat til å støtte Finansdepartementet i arbeidet med betre ressursbruk i staten. I 2024 har DFØ bidratt i fleire områdegjennomgangar og analysar av effektiv ressursbruk.

Hovudmål 4: Offentlegheita kan enkelt ta i bruk informasjon om resultat og ressursbruk i forvaltinga

DFØ bidrar gjennom forvalting av statsrekneskapen og produksjon av statistikk og rapportar til å gi offentlegheita informasjon om statleg ressursbruk. DFØs nettsider for rapportar og statistikk blir hyppig nytta og inneheld ei rekkje produkt som får mykje merksemd. Eit eksempel er portalen *statsregnskapet.no* som viser rekneskapsinformasjon frå statlege verksemdar, og som gir moglegheit for å enkelt samanlikne tal.

Tilskudd.no er ein nettportal som gir informasjon om statlege tilskot til frivillige organisasjonar. Lotteri- og stiftelsestilsynet overtok ansvaret for drift, utvikling og finansiering av tilskudd.no frå DFØ 1. januar 2025.

Samla resultatvurdering

Finansdepartementet meiner DFØs resultat i 2024 i hovudsak er i tråd med forventningane frå departementet. For økonomitenestene er enkelte av resultata noko lågare enn forventa. DFØ må framover sjå på tiltak for å levere tenester av tilstrekkeleg kvalitet og halde fram arbeidet med å forbetre kundeopplevinga av løns- og rekneskaps-tenestene.

Viktige utfordringar framover

Meld. St. 31 (2023–2024) *Perspektivmeldinga* peikar på at offentleg sektor står overfor store og varige utfordringar. Samtidig som omfanget av oppgåver aukar, er det knappheit på ressursar. Då blir det endå viktigare at oppgåvene blir løyste på ein kunnskapsbasert og effektiv måte – både gjennom val av riktige tiltak og verkemiddel, og i sjølve gjennomføringa.

DFØ skal bidra ved å levere effektive økonomitenester til kundane sine, støtte statsforvaltinga i å kunne ta kunnskapsbaserte avgjerder, fremje gode offentlege innkjøp og tilby rådgiving og kompetanseutvikling innan eigne fagområde.

Mål og prioriteringar i 2026

Finansdepartementet fastset desse hovudmåla for DFØ for 2026:

- DFØ leverer korrekte, effektive og nyttige økonomitenester
- DFØ bidrar til at offentlig sektor gjer effektive og innovative innkjøp som bidrar til å fremje grøn omstilling og berekraftig utvikling
- DFØ bidreg til at statsforvaltinga byggjer på kunnskap, er utviklingsorientert og har god styring, organisering og leiing
- Offentlegheita har god tilgang på fakta og kunnskap om forvaltinga

Departementet ventar at resultata i 2026 samla sett skal vere betre enn i 2024. I resultatvurderinga vil departementet leggje vekt på heilskapen i verksemda. I det daglege arbeidet er det naudsynt at etaten veg kvalitet opp mot effektivitet.

Viktige prioriteringar i 2026 blir:

Bruk og nytte av tenestetilbodet på økonomi-området

DFØ leverer fellestenester innan løn og rekneskap som gir synergjar og stordriftsfordelar for staten. For å kunne gjere dette, må direktoratet vege omsynet til direkte gevinstar frå standardiserte fellesløysingar mot behovet for spesialtilpassingar for enkeltverksemdar eller grupper av verksemdar. Kundane til DFØ etterspør nye løysingar på løn- og rekneskapsområdet, tenester på tilgrensande område og tilpassingar til deira interne system. Balansegangen mellom å imøtekomme kundanes behov og å realisere statlege stordriftsfordelar er krevjande. Kundetilfredsheita har samla sett hatt ei positiv utvikling i 2023 og 2024. Men ein har sett teikn til at vurderinga frå kundane er noko lågare enn før på enkelte parameter dei siste åra. I tida som kjem blir det viktig at DFØ held fram med å arbeide aktivt for å forbetre kundeopplevinga av løns- og rekneskapstenestene. Innsikt og kunnskap frå dialog med statlege verksemdar er ei viktig kjelde til informasjon om korleis tenestene kan forbeistrast og bidra til ein meir effektiv ressursbruk hos kundane. I DFØ sitt arbeid med å leggje til rette for meir

effektiv ressursbruk, er det naturleg at vurderingar, eksempelvis knytte til behov for regelverks- eller praksisendringar, systemutvikling og bruk av ny teknologi inngår.

Overgang til skybaserte økonomitenester

DFØs verksemd og tenestetilbod blir stadig meir digitalisert og teknologidreven. Digitalisering og bruk av ny teknologi gir klare gevinstar og fordelar for kundane og brukarane. Samstundes vil ein meir kompleks systemportefølje stille større krav til arbeid med informasjonssikkerheit og sikkerheit meir generelt. I tida som kjem må etaten sjå til at IT-utviklinga blir gjennomført forsvarleg og framtidsretta. Leverandørar av systemløysingar som DFØ nyttar i rekneskapstenestene har varsla at dei i framtida berre vil tilby skyløysingar. DFØ har forlenga gjeldande avtale med leverandøren slik at verksemda kan gjere ei utgreiing etter statens prosjektmodell om korleis rekneskapstenestene i framtida skal leverast. DFØ skal i 2026 ferdigstille ei konseptvalutgreiing om korleis DFØ kan tilby effektive rekneskapstenester av høg kvalitet til statlege verksemdar i framtida.

Offentleg ressursbruk

Direktoratet skal vere eit kompetansesenter for offentlig ressursbruk. DFØ støtter Finansdepartementet i arbeidet med områdegjennomgangar og andre analysar av offentlig ressursbruk. DFØ skal mellom anna gjennomføre, og/eller bidra inn i, områdegjennomgangar og bidra med metodeutvikling av analyseverktøyet.

Direktoratet skal òg leggje til rette for betre produksjon og bruk av data for effektiv ressursbruk. Føremålet er at forvaltinga skal kunne forbetre eigen ressursbruk og måloppnåing og å lette arbeid med analysar på tvers av verksemdar og område. DFØs arbeid med offentlig ressursbruk krev ei heilskapleg tilnærming på tvers av fagområda i direktoratet.

Innføring av felles rekneskapsstandardar i statlege verksemdar

Finansdepartementet har fastsett at dei statlege rekneskapsstandardane (SRS) skal vere obligatorisk for alle statlege verksemdar. Det er ein innføringsperiode fram til 2027 for dei verksemdene som ikkje allereie nyttar SRS, jf. omtale i Prop. 1 S (2021–2022). Felles rekneskapsstandardar kan bidra til å gjere det enklare å analysere og samanlikne ressursbruken i staten. DFØ støtter verk-

semder som skal ta i bruk obligatorisk SRS i innføringsperioden, mellom anna med rettleiing og tilpassa kompetansetiltak. DFØ har, saman med departementa, etablert ein plan for puljevis innføring for verksemdar der DFØ er tenesteytar. DFØ har allereie assistert tre puljar av statlege verksemdar, og assisterer no dei to siste puljane.

Forbetre kvaliteten på avstemmingar og dokumentasjon

Riksrevisjonen har over fleire år peika på enkelte svakheiter ved DFØ sitt arbeid med avstemmingar og dokumentasjon ved periode- og rekneskapsavslutninga. Revisjonen for 2024 viser at DFØs innførte kontrolltiltak har gitt dei ønskede effektane. DFØ må i 2026 halde fram arbeidet for å forbetre kvaliteten i desse prosessane.

Effektivitet og berekraft i offentlege anskaffingar

I 2024 kjøpte det offentlege byggje- og anleggsarbeid, varer og tenester for om lag 835 mrd. kroner. At anskaffingane gjennomførast på ei effektiv måte, er viktig for at det offentlege skal kunne levere så gode tenester som mogleg, til ei så lav ressursbruk som mogleg. Omfanget av offentlege anskaffingar inneber òg at dei er et viktig verktøy for å fremme berekraft og grøn omstilling. For å leggje til rette for effektivitet og berekraft i offentlege anskaffingar, må DFØ sørge for at rettleiingsmaterialet om offentlege anskaffingar er oppdatert, brukarvennleg og kjent for dei ulike målgruppene. DFØ skal prioritere arbeidet med innføringa av nye standardiserte kunngjeringskjema, eForms. DFØ skal vidareføre rettleiingsarbeidet og bidra til å styrke kompetansen om effektive og berekraftige anskaffingar hos innkjøparar og innkjøpsleiarar.

Leiing og arbeidsgjevarrolla

Staten fekk i 2024 både ein revidert arbeidsgjevarstrategi (2024–2027) og eit nytt leiingsgrunnlag med fem forventningar til god leiing. Strategien skildrar rammevilkår for statens arbeidsgjevarpolitikk, forventningane til verksemdsleiarar og andre som utøver arbeidsgjevarfunksjonar i verksemda. Det er òg utvikla eit nytt strategisk kompetansemålbilete i staten, med fem tverrgående kompetansemål, og lagt rammer for eit nytt leiarutviklingsprogram. Sistnemnde er særskilt retta mot heile leiarlaget i statlege verksemdar, som DFØ vil jobbe vidare med å teste ut i 2026. Ovannemnde føringar er overordna og retningsgivande for arbeidsgjevarane i det statlege tariffområdet

og legg rammer for DFØs tenester på leiings-, kompetanse- og arbeidsgjevarområdet.

Budsjett for 2026

Departementet foreslår å setje utgiftsramma til DFØ for 2026 til 1 216 mill. kroner. Løyvinga skal nyttast i samsvar med måla og prioriteringane som er omtalt ovanfor.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar lønsutgifter og andre driftsutgifter, herunder utgifter hos eksterne levendørar, og blir foreslått budsjettert til 1 181 mill. kroner som er 5,3 pst. høgare enn Saldert budsjett 2025. Auken på 60 mill. kroner frå Saldert budsjett er grunna mellom anna i opptak av nye kundar og endringar av gjeldande kundeavtaler og ei styrking av arbeidet med felles innkjøpsavtalar for staten.

DFØ har inntekter mellom anna frå tenester som direktoratet utfører for andre statlege verksemdar. DFØs kundemasse og korleis kvar enkelt kunde betalar for tenestene, kan endre seg gjennom året. Sidan det er uvisst kor store inntektene blir, ber Finansdepartementet om fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1605, post 01 *Driftsutgifter*, med eit beløp tilsvarende meirinntekter under kap. 4605, postane 01 *Økonomi-tenester og andre driftsinntekter* og 02 *Opplæringskontoret OK stat*, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 22 OK stat

OK stat er eit *samarbeidsorgan* for verksemdar i staten, og er eit ledd i regjeringa sitt arbeid med fleire lærlingar og eit bidrag til at fleire lærlingar skal fullføre og bestå.

Posten blir foreslått budsjettert med 13,8 mill. kroner, som omfattar utbetaling av lærlingstilskot til statlege verksemdar.

Det blir vist til forslag til fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1605, post 22 *OK stat*, med eit beløp tilsvarende meirinntekter under kap. 4605, post 02 *OK stat*, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten omfattar særleg utviklingstiltak for DFØ sine system og infrastruktur på IKT-området, medrekna naudsynte endringar og vidareutvikling av systemløysingar. Posten blir foreslått budsjettert med 20,9 mill. kroner.

Kap. 4605 Direktoratet for forvaltning og økonomistyring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Økonomitjenester og andre driftsinntekter	298 683	282 112	289 729
02	OK stat	20 703	20 080	20 803
	Sum	319 386	302 192	310 532

Post 01 Økonomitjenester og andre driftsinntekter

Posten blir foreslått budsjettert med 289,7 mill. kroner og omfattar i hovudsak betaling frå kundar når DFØ vidarefakturerer visse utgifter i samband med elektronisk fakturabehandling, programvarevedlikehald og teknisk drift av lønssystemet. Posten inneheld òg inntekter som gjeld betaling for løns- og rekneskapstenester frå kundar som har fått unntak frå rammeoverføring som finansieringsform, eller som av andre årsaker ikkje kan overføre løyving til DFØ.

Det blir vist til forslag til fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1605, post 01 *Drifts-*

utgifter, med eit beløp tilsvarande meirinntekter under kap. 4605, post 01 *Økonomitjenester*, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 02 OK stat

Posten blir foreslått budsjettert med 20,8 mill. kroner og omfattar innbetalingar av lærlings-tilskot frå fylkeskommunane.

Det blir vist til forslag til fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1605, postane 01 *Drifts-utgifter* og 22 *OK stat*, med eit beløp tilsvarande meirinntekter under kap. 4605, post 02 *OK stat*, jf. forslag til romartalsvedtak.

Programkategori 23.20 Skatte-, avgifts- og tolladministrasjonen

Utgifter under programkategori 23.20 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
1610	Tolletaten	2 076 403	2 364 420	2 490 409	5,3
1618	Skatteetaten	8 905 017	9 047 736	9 512 581	5,1
1619	Skatteklagenemnda	82 329	80 238	88 790	10,7
	Sum kategori 23.20	11 063 749	11 492 394	12 091 780	5,2

Kap. 1610 Tolletaten

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	1 943 964	2 042 566	2 149 233
45	Større utstyrskjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	132 439	321 854	341 176
Sum		2 076 403	2 364 420	2 490 409

Samfunnsoppdrag, hovedoppgåver og organisering

Samfunnsoppdraget til Tolletaten er å sikre at lover og reglar blir etterlevd når varer kryssar grensa. Dette inneber at Tolletaten skal forvalte sitt eige regelverk og medverke til at det blir etterlevd, mellom anna ved å informere og rettleie aktørane. Etaten skal leggje til rette for at det gis riktige og fullstendige opplysningar om varer som blir førte inn i eller ut av landet. Etaten skal òg kontrollere at aktørane etterlever regelverket elles. Varer som er omfatta av restriksjonar etter regelverk frå andre styresmakter, skal kontrollerast for gyldige løyve. Smugling skal motverkast. Samstundes skal Tolletaten leggje til rette for effektiv handel og vareførsel.

Verksemda til Tolletaten har fleire positive effektar på samfunnsnivå.

- Ved å motverke ulovleg inn- og utførsel av varer i strid med forbod eller restriksjonar, bidrar Tolletaten til eit trygt og berekraftig samfunn.
- Ved å sørgje for riktige og fullstendige opplysningar om grensekryssande varer som grunnlag for å fastsetje skattar og avgifter, bidrar Tolletaten til finansiering av offentlege tenester.
- Ved å motverke ulovleg vareførsel, bidrar Tolletaten til rettferdige konkurransevilkår for lovlige aktørar.
- Ved å samarbeide med internasjonale partnarar og handelsorganisasjonar, bidrar Tolletaten til at Noreg oppfyller internasjonale forpliktingar og til utvikling av internasjonalt regelverk og praksis ved vareførsel.
- Ved å registrere vareførselen inn og ut av Noreg, medverkar Tolletaten til korrekt handelsstatistikk.

Ved utgangen av 2024 var etaten lokalisert 39 stader med fast frammøte, der fire var i Sverige og

Finland. Tolletaten hadde ei bemanning som svarta til 1 389 utførte årsverk. I tillegg gjer norske, svenske og finske tollstyresmakter oppgåver for kvarandre med tilvising til grensetollsamarbeidsavtalane landa imellom.

Etaten består av fem landsdekkande divisjonar (Grensedivisjonen, Vareførselsdivisjonen, HR- og organisasjonsdivisjonen, IT-divisjonen og Etterretningsdivisjonen), og har fire stabar.

Resultat i 2024

Resultata til Tolletaten blir vurdert ut ifrå tre hovudmål, jf. nedanfor. Hovudmåla skal leggje til rette for ei styring av Tolletaten som legg vekt på dei samla effektane av verkemidla etaten brukar, ikkje berre aktivitetar etaten gjennomfører.

Hovudmål 1: Det er enkelt og effektivt å etterleve lover og reglar for grensekryssande vareførsel

Tolletaten skal leggje til rette for korrekt og effektiv inn- og utførsel av varer, både for næringslivet og privatpersonar. Aktørane i vareførselen skal få tilbod om enkle løysingar for tollbehandling, slik at varer kan krysse grensa raskt og enkelt samstundes som lover og reglar blir etterlevde. Lover og reglar for grensekryssande vareførsel skal vere tilgjengelege og enkle å følgje. For å nå hovudmålet har Tolletaten òg eit formalisert og tett samarbeid med tollstyresmaktene i andre land. Til dømes er samarbeid over landegrenser om IT-system viktig for å leggje til rette for enkle og effektive løysingar.

Etaten gjorde i 2024 brukarundersøkingar retta mot næringsdrivande og reisande. Av dei næringsdrivande opplevde 14 pst. at regelverket er vanskeleg å etterleve, ei svak auke frå 2023. Av dei reisande var det 14 pst. av dei spurde som opplevde regelverket som vanskeleg å etterleve, eit fall samanlikna med 2023 og ein del av ein trend sidan 2019. Systematisk arbeid med forenkling og brukardialog er satsingsområde som er venta å gi verknad over tid. Delen av næringsdrivande som opplevde informasjonsutvekslinga med Tolletaten som effektiv, har vore stabil dei siste åra. I 2024 var han på 61 pst.

Etaten behandlar og kontrollerer straumen av varer over grensa, med tilhøyrande vareinformasjon i deklarasjonar. Over fleire tiår har det vore ein sterk og varig vekst i deklarasjonsmengda

etaten behandlar. Talet på inn- og utførselsdeklarasjonar var i 2024 på 9 millionar. Dette er noko høgare enn i 2023, kor talet var 8,5 millionar.

Hovudmål 2: Aktørane i vareførselen oppfattar risikoen ved ikkje å etterleve lover og reglar som høg

Eit viktig føremål med kontroll av vareførselen over grensa er å motverke ulovleg inn- og utførsel, mellom anna av varer som er farlege eller underlagde restriksjonar. Dette gjer Tolletaten gjennom synleg nærvær som førebyggjer regelbrot. Så langt som mogleg skal etaten identifisere og stoppe dei som ikkje etterlever lover og regelverk for tollavgift og grensekryssande vareførsel.

Etaten bruker etterretningsinformasjon for målretta kontrollinnsats, har synleg og fysisk nærvær på grensa, har elektronisk nærvær gjennom utstyr med skiltgjenkjenning (ANPR), er synleg i media, og gjer kontroll av dokumentasjon før og etter grensepassering. Slik medverkar Tolletaten til at aktørane i vareførselen skal oppfatte risikoen ved ikkje å etterleve lover og reglar som høg.

Risikoanalysar og etterretning er viktige grunnlag for kontrollen, og gjer det mogleg å avdekkje alvorlege lovbrøt og vinningsmotivert ulovleg inn- og utførsel av varer. Kampen mot den organiserte kriminaliteten innan grensekryssande vareførsel har høg prioritet. Beslaga varierer frå år til år, og enkelte beslag kan gjere store utslag på årsresultatet.

Aktivitetsnivået har vore høgt òg i 2024. Kontrollen med vareførsel til og frå Svalbard blei etablert på kort tid i 2022, og difor basert på ei minimumsløysing. Tolletaten har i 2024 mellom anna vurdert behovet for regelverksutvikling og starta ein dialog med næringslivet. Oppgåva med å intensivere kontrollen av varer som er omfatta av sanksjonsregimet mot Russland og Belarus, er òg vidareført i 2024. Dette inneber mellom anna kontrollen av russiske fiskefartøy. I tillegg til dokument- og analysebasert kontrollverksemd, er alle russiske fiskefartøy med avgang frå hamnene i Båtsfjord, Kirkenes og Tromsø kontrollert.

For å måle oppfatta risiko for oppdaging gjer Tolletaten brukarundersøkingar mellom næringsdrivande og reisande. Resultata frå 2024 syner at både næringsdrivande og reisande jamt over opplever risikoen for å bli oppdaga som høg, tilsvarende som i 2023.

Tabell 5.1 Tolletaten – nøkkeltal frå grensekontrollen

År	2022	2023	2024
Kontrollerte objekt	162 618	197 287	265 931
Tal på beslag	27 150	43 097	51 894
Tal på treff i kontroll av reisande	10 029	16 455	19 765
Tal på treff i kontroll av gods og kurér	542	1 219	1 356
Tal på treff i kontroll av transportmiddel	1 993	733	1 100
Tal på treff i kontroll av post	13 087	11 454	11 517
Tal på lovbrøt melde til politiet ¹	4 970	5 195	5 529
Tal på avdekte, alvorlege lovbrøt	410	408	580

¹ Lovbrøt melde til politiet, blir vurdert som alvorleg dersom det overstig ein fast definert terskelverdi for mengde varer.

Det samla talet på kontrollar og talet på beslag er høgare i 2024 samanlikna med 2023. Talet på treff i kontroll er òg høgare enn i 2023. Etaten har opp-

fyllt ambisjonsnivåa for talet på avdekte alvorlege lovbrøt.

Tabell 5.2 Tolletaten – grensekontroll – beslagsstatistikk

År	2022	2023	2024
Tal på narkotikabeslag	2 330	2 638	2 918
Dopingmiddel (einingar)	457 368	258 068	418 018
Farmasøytiske preparat (einingar)	789 858	1 467 983	1 676 427
Brennevin ¹ (i liter)	19 800	15 541	11 753
Sprit ² (i liter)	2 929	511	25
Vin (i liter)	12 046	11 606	12 654
Øl (i liter)	117 722	94 925	74 404
Sigarettar (stk.)	5,1 mill.	7,8 mill.	6,5 mill.
Valuta ³ (i NOK)	37 mill.	10,3 mill.	7,4 mill.

¹ Alkoholvarer med alkoholprosent over 22 pst. t.o.m. 60 pst.

² Brennevin med meir enn 60 pst. alkohol

³ Valuta som er beslaglagt pga. mistanke om straffbare tilhøve

I 2024 gjorde Tolletaten 51 894 beslag. Av desse beslaga gjaldt 2 918 narkotika. Talet på narkotika-beslag har gått noko opp samanlikna med 2023 og 2022. Òg beslag av farmasøytiske preparat har auka. I 2024 har Tolletaten gjort rekordbeslag av fisk som blir forsøkt smugla ut av Noreg. Heile 13 tonn fisk blei beslaglagt, ei auke på nesten 100 pst. samanlikna med 2023. I tillegg har det vore ei kraftig auke i beslag av marihuana i sendingar med post- og kurer, i hovudsak frå land som har legalisert bruk av marihuana.

Hovudmål 3: Tolletaten støttar opp under verksemda til andre styresmakter

Nærværet til Tolletaten på grensa inneber samarbeid med andre styresmakter og aktørar, og etaten tek vare på interessene deira i den grensekryssande vareførselen. Tolletaten handhevar regelverket til 20 statlege styresmakter i samband med den grensekryssande vareførselen.

Tolletaten har i 2024 halde fram arbeidet med å vidareutvikle og forsterke samhandlinga med

regelverkseigarar, kontrollstyresmakter og andre aktørar etaten samarbeider med. I 2024 har det blitt gjennomført fleire kontrollaksjonar saman med andre styresmakter og aktørar, både nasjonalt og internasjonalt.

Tolletaten har etablert eit meir intensivt strategisk samarbeid med nokre av styresmakterne, mellom anna politiet. I 2024 har Tolletaten òg hatt eit tett samarbeid med Utanriksdepartementet, det nye direktoratet for eksportkontroll og sanksjoner (DEKSA), Etterretningstenesta og PST i samband med sanksjonsregimet mot Russland og Belarus. Dette arbeidet er knytt til auka merksemd på utførsel som er omfatta av eksportkontrollloven og annan utførsel av restriksjonsbelagde varer. Tolletaten vurderer samarbeidet med andre styresmakter og aktørar i 2024 samla sett som tilfredsstillande, og at samarbeidet generelt er i ei god utvikling.

Samla resultatvurdering

Finansdepartementet vurderer resultata i 2024 samla sett som gode.

Etaten har oppfylt ambisjonsnivåa for talet på avdekte brot, og det er ei positiv utvikling i tal på beslag og tal på treff. Samstundes har etaten gjort rekordbeslag av fisk som blir smugla ut av Noreg, og det har vore ei kraftig auke i beslag av marihuana i sendingar med post- og kurer. Etaten har òg arbeidd aktivt og systematisk med å leggje til rette for at det skal vere enkelt og effektivt å etterleve lover og reglar for grensekryssande vareførsel. Etaten gjer det òg godt på omdømmeundersøkingar, som syner at befolkninga har høg tillit til Tolletaten.

Departementet er i hovudsak nøgd med korleis etaten har arbeidd med digitalisering. Toll-etaten har hatt høg aktivitet når det gjeld utvikling av digitale løysingar. Arbeidet med digitalisering av melde- og opplysningsplikta, avvikling av ordning for direktekøyrring, og arbeid med ICS2 fase 3 (EUs importkontrollsystem) har hatt høg prioritet i 2024. Etaten har òg gjort ei konseptvalutgreiing for framtidens tollbehandling, og arbeidd vidare med det valde konseptet i eit forprosjekt. Bruken av Digitoll-løysinga er førebels låg. Strategien for innføring og planen er endra. I det vidare arbeidet med digitalisering er det særleg viktig at Toll-etaten ser utviklinga av regelverk og digitale løysingar i samanheng, og prioriterer tett samarbeid med næringslivet.

Som i 2023 må resultata i 2024 sjåast i samanheng med den sikkerheitspolitiske situasjonen og sanksjonsregimet mot Russland og Belarus. Toll-

etaten har òg i 2024 måtta prioritere arbeid med handheving av eksportkontrollregelverket og eit stadig meir omfattande sanksjonsregime. Etatens bidrag til etterleving av eksportkontrollregelverket er ressurskrevjande. Det er tett samarbeid med UD, Etterretningstenesta og PST, og samarbeidet har avdekt fleire omgåingar av eksportkontrollregelverket. Oppdraga frå 2022 er vidareført – kontrollen med vareførsel til og frå Svalbard, og oppgåve med å intensivere kontrollen av russiske fiskefartøy. Dei nemnde oppgåvene har blitt handsama godt.

Viktige utfordringar framover

Dei siste åra har rolla til Tolletaten vore i stadig utvikling, mellom anna har etaten ei tydelegare rolle innan samfunnstryggleik. Pandemien og krigen i Ukraina har synleggjort etaten si rolle som statleg representant på grensa. Dette kjem til syne i mellom anna kriseberedskap, samfunnstryggleik og som regelverksforvaltar på vegne av 20 styresmakter. Tolletaten si kontroll med vareførsel inn og ut av landet bidrar mellom anna til å tryggje forsyningstryggleiken, redusere risiko for import av smittsame dyresjukdomar og handheve sanksjonar mot Russland og Belarus. Tolletaten støttar òg Forsvaret og sivile aktørar i totalforsvaret når det gjeld saumlaus mobilitet ved grensepassering. Dette er særleg viktig etter Nato-utvidinga mot aust.

Tolletaten si evne til å løyse samfunnsoppgdraget blir utfordra av stadig større volum og meir samansette varestraumar som skal kontrollerast. I tillegg blir etaten påverka av nye EU-regler med krav til varer som blir innførte til den indre marknaden frå tredjeland. Desse inneber nye kontrolloppgåver for tollstyresmaktane. Når slike reglar blir teke inn i EØS-avtala, vil Tolletaten få tilsvarende oppgåver. Det kan òg bli naudsynt med meir dialog med andre styresmakter og aktørar, og å tilpasse eller etablere nye systemløysingar. Dette inneber krevjande prioriteringar i Toll-etaten. Etaten må arbeide systematisk og innrette seg slik at tildelte ressursar og tilgjengelege verkemiddel blir nytta mest mogleg effektivt. På fleire område kan det likevel bli naudsynt å redusere kontrollinnsatsen og akseptere eit noko lågare servicenivå.

Narkotikahandelen utgjer ein betydeleg trugsel, og Tolletaten har ei viktig rolle i arbeidet mot narkotikasmugling. Tolletaten blei styrkt i 2024 og 2025 for å auke sin innsats mot narkotikasmugling. Dette inneber mellom anna fleire og nye skannarar, nye fartøy og fleire tenestefolk. I 2026 skal etaten vidareføre denne innsatsen.

Tolletaten skal prioritere å digitalisere verksemda og arbeide med å nytte IT som verkemiddel for å gjere det enklare for reisande og næringslivet. Samstundes skal eigne prosessar bli meir effektive. I arbeidet er det viktig å forstå og samarbeide tett med aktørar som er omfatta av desse prosessane.

Etaten skal prioritere å utvikle og setje i verk eit nytt hovudløp for næringslivet for innførsel av varer (Digitoll). Dette inneber mellom anna innføring av digital melde- og opplysningsplikt og utfasing av ordninga for direktekøyring. Tett samarbeid med næringslivet er viktig for å lukkast. Etaten skal òg prioritere vidare arbeid med nytt system for tollbehandling.

Kompetanse er viktig for utvikling av etaten. Særleg er det behov for å sikre tilstrekkeleg tollfagleg kompetanse, juridisk kompetanse og IT-kompetanse.

Omfanget av restriksjonar ved inn- og utførsel av varer er stadig aukande. Som følgje av krigen i Ukraina kjem kontroll av etterleving av eksportkontrollregelverket og sanksjonsregelverket til å krevje høg merksemd frå Tolletaten òg i 2026.

Mål og prioriteringar i 2026

Finansdepartementet fastsett desse hovudmåla for Tolletaten for 2026:

- Det er enkelt og effektivt å etterleve lover og reglar for varer som kryssar grensa.
- Aktørane i vareførselen oppfattar at det er høg risiko ved ikkje å etterleve lover og reglar.
- Tolletaten støttar opp under verksemda til andre styresmakter.

Hovudmåla skal leggje til rette for ei styring av Tolletaten som legg vekt på dei samla effektane av verkemidla etaten bruker. Departementet ventar at resultata i 2026 samla sett minst skal vere på same nivå som året før. I resultatvurderinga vil departementet leggje vekt på heilskapen i verksemda.

I det daglege arbeidet er det naudsynt at etaten veg kvalitet mot effektivitet. Etaten må nytte kontrollressursane best mogleg og prioritere på grunnlag av risikovurderingar. Etterretningsverksemda i Tolletaten arbeider kontinuerleg med å identifisere nye trendar og metodar for smugling. Dette arbeidet blir i aukande grad understøtta av Treff-satsinga og dataanalyse til tidleg identifisering av åtferdsendringar frå kriminelle aktørar. Betre etterretning bidrar til meir målretta kontrollar og at kontrollressursane nyttast betre. Departementet ventar at etaten prioriterer betre utnyt-

ting av teknologi og arbeider for at etaten har rett kompetanse til dei ulike oppgåvene han skal løyse.

Viktige prioriteringar i 2026 blir:

Auka innsats mot narkotikasmugling

Narkotikahandelen utgjer ein stor trugsel mot både Noreg og resten av Europa.

Internasjonale kriminelle nettverk smuglar kokain, cannabis og andre narkotiske stoffar gjennom ulike metodar og grensepasseringar. Ofte er desse kamuflerte som ordinære transportopdrag. Enkelte aktørar opererer som profesjonelle tilretteleggjarar (Crime-as-a-Service) og tilbyr tilrettelegging gjennom heile prosessen, frå transport og smugling til distribusjon i Noreg. Heile Europa opplever ei kraftig auke i beslag av store mengder narkotika, og EU har difor lansert ein ny strategi for å bekjempe narkotikasmugling i medlemslanda.

Tolletaten si løyving blei auka både i 2024 og 2025 for å styrkje innsatsen mot narkotikasmugling. I 2025 har etaten arbeidd med mellom anna kontraktar for fleire skannarar og nye fartøy. Det er òg lagt ein plan for å auke bemanninga. Anskaffinga av skannarar er ei sikkerheitsgradert anskaffing som krev godkjenning av Nasjonalt tryggingssorgan (NSM). Løyvinga på 250 mill. kroner i 2025 til auka innsats mot narkotikasmugling er foreslått vidareført i 2026.

Treff-satsinga – Systemstøtte for kontrollområdet og digital grensepasseringsløysing

Treff-satsinga inneber ny og forbedra systemstøtte for oppgåver i alle ledd av kontrollprosessane til Tolletaten. Det blir utvikla nye analyse- og etterretningsverktøy for støtte til kontrollprosessane i etaten. Satsinga inneber òg ny løysing for digitalisering av melde- og opplysningsplikta og løysing for automatisert grensepassering. Dette er viktig for Digitoll – det nye hovudløpet for innførsel av varer til Noreg. Målet er at aktørane før eller samstundes med at varene kjem til grensa, sender inn informasjon digitalt som oppfyller alle informasjonsplikter overfor Tolletaten. Slik blir det mogleg å effektivisere grensepasseringa for næringslivet og gi eit betre informasjonsgrunnlag for å sikre god etterleving av lover og reglar ved innførsel av varer. Sjå omtale i Prop. 1 S (2018–2019).

I lys av høyringssvar, tilbagemeldingar og dialog med aktørane i næringslivet og faktisk bruk av Digitoll, blei det hausten 2024 vedteke at plikt til å

oppfylle melde- og opplysningsplikta digitalt blir innført frå 1. februar 2026. Deretter vil direktekøyring bli avvikla, og det blir innført plikt til å sende inn deklarasjon før eller ved grensepasse- ring frå 1. september 2026.

Førebels har om lag 10 pst. av alle transportar på veg/ferje teke i bruk løysinga for digital melde- og opplysningsplikt og automatisert grensepasse- ring. Etaten har i 2025 samarbeidd med nærings- livet for at løysinga skal kunne tas i bruk i stor skala. Dette samarbeidet vil bli ført vidare i 2026. Det er mellom anna dialog om tiltak for å gjere det enklare for næringslivet å sende informasjon til Tolletaten ved bruk av Digitoll. Tolletaten vil i samarbeid med næringslivet vurdere kva for konsekvensar desse tiltaka får for tidsplanen for iverksetjinga av obligatorisk digital melde- og opp- lysningsplikt.

Treff-satsinga inneber òg teknisk og organisa- torisk tilrettelegging for tilknytning til EU sitt importkontrollsystem ICS2 (Import Control Sys- tem 2). Sjå omtale i Prop. 1 S (2020–2021). Fase 3 (siste fase) av ICS2 blei innført i juni 2024 med ein overgangsperiode for aktørane i næringslivet fram til september 2025. EU har opna for at medlems- land kan søke om utsetjing fram til 1. juni 2026. Tolletaten i Norge har fullført fase 3 innafør den opphavlege tidsplanen.

Kostnadsramma for Treff-satsinga er 898,8 mill. kroner (2026-kroner), der 208,1 mill. kroner er eigenfinansieringa til Tolletaten. Gjen- nomføringsperioden er utvida frå 2019 til 30. juni 2027. For 2026 er det sett av 51,8 mill. kroner til Treff-satsinga.

For Treff-satsinga kan det bli bruk for avtalar som går ut over budsjettåret, mot dekning av seinare løyvingar. Departementet ber difor om at Tolletaten får fullmakt til å inngå slike avtalar inn- anfor kostnadsramma som er gitt ovanfor, jf. for- slag til romartalsvedtak.

Kontroll med vareførsel til og frå Svalbard

Svalbard blei etablert som eige tollområde i mai 2022. Sjå omtale i Prop. 70 L (2021–2022) og Innst. 250 L (2021–2022). Kontroll med vareførsel til og frå Svalbard blei etablert på særskilt kort tid for å minke moglegheita for at Svalbard blei nytta til omgåing av sanksjons- og eksportkontrollregel- verket. Dagens kontroll med vareførselen på Svalbard er difor basert på ei minimumsløysing utan mellom anna dei varslings-, melde- og opplys- ningspliktene som gjeld i fastlands-Noreg.

Det er naudsynt at tollstyresmakta får etablert oversikt over aktørane som fører varer inn til og ut

frå Svalbard, og får etablert ordningar som sikrar Tolletaten tilgang til desse opplysningane. Målet er at kontrollen med tida, med enkelte moglege tilpassingar til dei lokale forholda på Svalbard, i størst mogleg grad bør tilsvare kontrollen på fast- landet, med dei pliktene det inneber for aktørane i vareførselen. Dette arbeidet vil gå over fleire år, og vil krevje endringar i dagens regelverk. Etaten vil i 2026 fortsette arbeidet med å utvikle system- støtte for tollområde Svalbard.

Tollbehandling i framtida

Tolletaten sitt tollbehandlingssystem (TVINN) nærmar seg slutten av sin teknologiske levealder. Systemet er frå 1988. Det er oppdatert undervegs, men byggjer på gammal og utdatert teknologi, har betydelege sårbarheiter, og har avgrensa mogleg- heiter for utvikling. I tillegg er tollbehandlinga tid- og ressurskrevjande for importørar og ekspor- tørar, og prega av mange manuelle prosessar. Fleire krav i tråd med internasjonale forpliktingar og regelverk, og auka digitalisering av tollbehand- linga hos Noregs handelspartnarar, krev eigen- skapar som dagens system ikkje kan oppfylle.

Tolletaten har utvikla eit nytt konsept for toll- behandling, kalla «Fremtidens tollbehandling – koordinerte plikter». Konseptet har vore til ekstern kvalitetssikring i tråd med Statens pro- sjektmodell. Konseptet inneber ein digital trans- formasjon av prosessar og grensesnitt. Pliktene til næringslivet knyta til grensekryssande vareførsel (deklarasjonsplikt, førehandsvarsling, melde- og opplysing og framleggjing) vil bli samordna til ei ny felles løysing. Konseptet inneber ei omfattande modernisering av arbeidsprosessar og tenester for å utnytte nye teknologiske verktøy og løy- singar, som òg vil krevje regelverksutvikling.

Med konseptet vil vareførselsprosessane for importørar, eksportørar og andre aktørar bli for- enkla og automatisert. Konseptet vil leggje til rette for betre samhandling mellom Tolletaten, sektorstyresmakter og aktørar i næringslivet. Konseptet vil òg leggje til rette for styrkja sam- funnstryggleik og beredskap, betre ivaretaking av internasjonale forpliktingar, og betre kontroll med vareførselen. Den prissette samfunnsøkonomiske lønnsmda av tiltaket er utrekna til om lag 5 mrd. kroner.

Nytt tollbehandlingssystem skal kunne koplust til EUs Customs Single Window – CERTEX (CSW-CERTEX). CSW-CERTEX gjer det teknisk mog- leg å utveksle informasjon mellom nasjonale toll- system og ulike sektorspesifikke EU-systemer. EU-systema blir brukt av tilsynsstyresmaktene i

EU-landa, og i Noreg mellom anna av Mattilsynet og Miljødirektoratet. CSW-CERTEX inngår i CSW-forordninga til EU (EU 2022/2399). Forordninga er til vurdering for innleming i EØS-avtalen.

Tolletaten vil organisere arbeidet med konseptet i eit program. Programmet er planlagt starta opp i 2026, og gjennomført i perioden 2026–2030.

Programmet har ei samla kostnadsramme på 1 073 mill. kroner inkl. mva (2026-kroner), jf. forslag til romartalsvedtak. For 2026 er det foreslått å setje av 90 mill. kroner til programmet.

For programmet kan det bli bruk for avtalar som går ut over budsjettåret, mot dekning av seinare løyvingar. Departementet ber difor om at Tolletaten får fullmakt til å inngå slike avtalar innanfor kostnadsramma som er gitt ovanfor, jf. forslag til romartalsvedtak.

CBAM – karbonjusteringsmekanisme

Regjeringa har gått inn for at EU sin Carbon Border Adjustment Mechanism (CBAM) skal innføres i Noreg og tek sikte på at CBAM skal kunne vere operativt i Noreg frå 2027. Etter forordninga skal tollstyresmaktene kontrollere at berre godkjente CBAM-deklarantar importerer CBAM-varer. Dei skal òg regelmessig gi opplysningar til EU-kommisjonen om importerte CBAM-varer. Tolletaten må òg på grunn av CBAM og andre EU-forordningar som blir tekne inn i norsk rett, utvikle og drifte ei nasjonal løysing som varetek funksjonen til EUs EORI-nummer (Economic Operator Registration and Identification number). Dette nummeret er eit EU-nummer som er eit unikt identitetsnummer for tollstyresmaktene i EU-landa. Det blir mellom anna brukt til å identifisere verksemder som driv vareførsel til og frå EU. EORI-nummer er i dag ikkje i bruk i Noreg.

Tolletaten planleggjar å bruke 36 mill. kroner på arbeidet med tilpassingar til CBAM i 2026.

Ekspertgruppe – Tolletaten i eit tiårig perspektiv

Finansdepartementet har sett ned ei ekspertgruppe som skal gjennomføre ei utgreiing av Toll-etaten. Målet er å skaffe eit solid og oppdatert kunnskapsgrunnlag om korleis Tolletaten best

kan løyse sitt samfunnsoppdrag i lys av endringar i omverda og samfunnsutviklinga. Gruppa skal sjå på korleis oppgåveløysinga, ressursbruken og verkemidla i Tolletaten bør innrettast i eit tiårig perspektiv og kva som bør endrast. Ekspertgruppa skal levere si rapport hausten 2026.

Budsjett for 2026

Det blir foreslått å setje utgiftsramma for Toll-etaten til 2 490,4 mill. kroner. Dette er ein auke på 5,3 pst. frå Saldert budsjett 2025. Løyvinga skal nyttast i samsvar med måla og prioriteringane som er omtalte ovanfor.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar lønsutgifter og andre driftsutgifter, og blir foreslått budsjetttert med 2 149,2 mill. kroner. Det er ein auke på 5,2 pst. frå Saldert budsjett 2025.

Finansdepartementet ber om fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1610, post 01 *Driftsutgifter*, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4610, postane 01 *Særskilt vederlag for toll-tenester*, 04 *Ymse refusjonar* og 05 *Refusjonar frå Avinor AS*, jf. forslag til romartalsvedtak og nærare omtale nedanfor.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten omfattar større vedlikehald, utskiftingar og kjøp av utstyr til grensekontrollen og IT-føremål. Posten blir foreslått budsjetttert med 341,2 mill. kroner. Ein stor del av løyvinga på posten gjeld òg vidareføring av prosjekta for Treffsatsinga med systemstøtte for kontrollområdet og Digitoll, jf. nærare omtale ovanfor. Forslaget inneber òg 90 mill. kroner til oppstart av programmet «Fremtidens tollbehandling – koordinerte plikter».

I samband med visse kjøp og prosjekt kan det vere behov for å bestille for meir enn det som er løyva, mot dekning av seinare løyvingar. Departementet ber difor om ei tingsingsfullmakt på 175 mill. kroner, jf. forslag til romartalsvedtak.

Kap. 4610 Tolletaten

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Særskilt vederlag for tolltenester	6 890	6 950	7 200
02	Andre inntekter	4 230	2 492	3 500
04	Ymse refusjonar	758	1 193	750
05	Refusjon frå Avinor AS	30 431	31 430	32 279
85	Tvangsmulkt og gebyr for regelbrot	14 145	12 500	13 000
	Sum	56 454	54 565	56 729

Post 01 Særskilt vederlag for tolltenester

Posten omfattar gebyr for privatrekvirert tollbehandling og ekspedisjonsgebyr for utført tollforretning utanfor kontorstad og ekspedisjonstid. For å dekkje dei meirkostnadane som denne behandlinga og ekspederinga fører med seg ved høgare aktivitetsnivå enn det som er føresett, ber Finansdepartementet om fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1610, post 01 *Driftsutgifter*, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4610, post 01 *Særskilt vederlag for tolltenester*, jf. forslag til romartalsvedtak.

Satsane for privatrekvirert tollbehandling skal i 2026 vere 575 kroner for 50 pst. overtid og 740 kroner for 100 pst. overtid. Ekspedisjonsgebyret skal vere på 290 kroner per påbyrja halvtime. Gebyrheimel er vareførselsloven § 7-9 andre ledd.

Post 02 Andre inntekter

Posten omfattar fleire typar inntekter, som til dømes inntekter frå auksjonssal av varer som er forsøkt smugla inn i landet, innkravde sakskostnader og agio.

Tolletaten har ein del direkte utgifter i samband med auksjonssal, særleg til kunngjeringar, provisjon til nettauksjonsstaden og til taksering av særskilde varer, til dømes tepper og smykke. Slike utgifter er med på å gi høgare salsinntekter. For å få eit meir korrekt uttrykk for salsresultatet, foreslår departementet at slike direkte utgifter kan trekkjast frå brutto salsbeløp (nettoposterast), jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 04 Ymse refusjonar

Posten blir brukt til inntekter som er ei direkte følge av, og av same slag som, den tilsvarende utgifta. Det gjeld mellom anna bestemte prosjekt etter oppdrag og med tilskot frå andre statlege etatar, kompetansetiltak m.m. og inntekter frå kursverksemd for næringslivet.

Det er nær samanheng mellom desse inntektene og dei tilhøyrande utgiftene på kap. 1610, post 01 *Driftsutgifter*, og inntektene varierer ein del frå år til år. Finansdepartementet ber difor om fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1610, post 01 *Driftsutgifter*, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4610, post 04 *Ymse refusjonar*, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 05 Refusjon frå Avinor AS

Avinor AS skal dekkje meirkostnadar Tolletaten har til ordninga med enklare prosedyrar ved flybyte på Oslo lufthamn (forenkla transfer). Refusjonar frå Avinor AS blir førte på denne posten. Fordi meirkostnadane og dermed òg refusjonsbeløp er noko usikre, ber Finansdepartementet om fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1610, post 01 *Driftsutgifter*, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4610, post 05 *Refusjon frå Avinor AS*, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 85 Tvangsmulkt og gebyr for regelbrot

Posten omfattar inntekter frå gebyr som blir ilagde ved ulovleg ut- og innførsel av valuta, og gebyr og tvangsmulkt for brot på nærare oppgitte føresegner i vareførselsloven og tollavgiftsloven.

Inntektene på post 85 er vanskelege å budsjettere sidan dei i stor mon avheng av kva reisande, transportørar og deklarasjonspliktige gjer.

Kap. 1618 Skatteetaten

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	7 954 549	8 152 802	8 429 302
21	Spesielle driftsutgifter	99 603	109 000	112 924
22	Større IT-prosjekt, <i>kan overførast</i>	575 786	557 631	733 945
23	Spesielle driftsutgifter, a-ordninga	103 787	110 132	114 097
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	165 190	112 029	115 950
50	Skatte- og avgiftsforskning	6 102	6 142	6 363
	Sum	8 905 017	9 047 736	9 512 581


Samfunnsoppdrag og organisering

Skatteetaten skal sikre eit finansielt grunnlag for offentlig verksemd.

Skatteetaten består av eit direktorat og fem divisjonar med landsdekkjande ansvar for kvar sine fagområde. Etaten har 57 skattekontor fordelt omkring i landet. Skatteetaten har eit heilskapleg ansvar for fastsetjing, innkrevjing og kontroll av skattar og avgifter. Etaten hadde ved utgangen av 2024 ei bemanning tilsvarende 6 234 utførte årsverk.

Resultat i 2024

Fastsetjing og innkrevjing av skattar og avgifter er krevjande prosessar. Prosessane byggjer på prinsippet om eigenfastsetjing, som betyr at den skattepliktige sjølv fastsett grunnlaget for inntekts- og formuesskatten. Det krev omfattande bruk av tredjepartsopplysningar, registerinformasjon av god kvalitet, velfungerande og effektive IT-system og god dialog med dei skattepliktige. Figuren under gir ei forenkla framstilling av denne prosessen.



Figur 5.1 Skatteetatens arbeid med fastsetjing av skattar og avgifter

Skatteetatens resultat blir vurdert ut i frå tre hovudmål. Hovudmåla skal leggje til rette for ei styring som i større grad legg vekt på dei samla effektane av verkemidla etaten bruker og i mindre grad på aktivitetane etaten gjennomfører.

Hovudmål 1: Dei skatte- og opplysningspliktige etterlever skatte- og avgiftsreglane

Dei skatte- og opplysningspliktige skal oppleve at ordningane legg til rette for enkel og riktig registrering, rapportering og innbetaling. Skatteetaten skal behandle dei skattepliktige likt og avdekkje og korrigere uriktige og manglande opplysningar.

Tabell 5.3 viser fastsett proveny for dei viktigaste skatteartane. Skatteetaten bidrog i 2024 til eit proveny på til saman 1 993,2 mrd. kroner frå direkte og indirekte skattar. Samla proveny var 16,4 mrd. kroner lågare enn i 2023. Petroleumsskatt blei redusert med 90,7 mrd. kroner og forklarar mykje av reduksjonen som skuldast høgare investeringsnivå hos selskapa og fallande olje- og gassprisar. Inntektene påverkast elles av kronekursen, sidan petroleumsproduktar frå norsk sok-

kel i hovudsak seljast i utenlandsk valuta. For personleg skattepliktige blei provenyet auka med 62,3 mrd. kroner. Auka skuldast vekst i forskotstrekket på 40 mrd. kroner (6,5 pst.) og forskotsskatt på 29,3 mrd. kroner (55 pst.). Veksten i forskotsskatten gjenspeiler ikkje auka innbetalningar, men skyldast regnskapsføring av utskriven forskotsskatt og avskrivning av denne. For 2023 var avskrivingsbeløpet mykje høgare enn i 2024. Provenyet for upersonlege skattepliktige (aksjeselskap m.m.) vart redusert med 8,9 mrd. kroner. Nedgangen skuldast i stor grad svakare resultat for kraftselskapa (-26,2 mrd. kroner), som hadde ekstraordinære overskot i 2022 som følgje av høge straumprisar. Bankverksemdene (13,6 mrd. kroner) har hatt motsett utvikling og er med på å dempe nedgangen i nye krav. Samla meirverdiavgift var på om lag same nivå som 2023. Samla arbeidsgjevaravgift auka med 20,2 mrd. kroner. Ekstra arbeidsgjevaravgift på løn over 850 000 kroner utgjer om lag 20 pst. av auka. Resterande auke følgjer auka i forskotstrekk og skuldast eit generelt godt lønsoppgjer. Nærare omtale finst i Prop. 1 LS (2025–2026) *Skatter og avgifter 2026*.

Tabell 5.3 Skatte- og avgiftsproveny (i mrd. kroner)

	2022	2023	2024
Personleg skattepliktige ¹	798,3	658,3	720,6
Meirverdiavgift	364,5	382,8	383,8
Skatt og avgift på utvinning av petroleum	1 026,1	461,6	370,9
Arbeidsgjevaravgift	214,5	235,3	255,5
Upersonleg skattepliktige	120,5	161,4	152,5
Særagift	88,3	96,2	93,0
Kjeldeskatt ²	7,6	11,1	13,7
Tvangsmulkt (skatt)	0,4	0,4	0,4
Finanssskatt	2,4	2,5	2,8
Avgift på arv og gåver ³	0,0	0,0	0,0
Totalt skatte- og avgiftsproveny	2 622,6	2 009,6	1 993,2

¹ Kommune, fylke, stat og folketrygd samla.

² Artistskatt og kjeldeskatt på utbytte til utanlandske aksjonærar.

³ Beløp mellom 0,0 og 0,1 mrd. kroner.

Dei store fastsetjings- og innkrevjingsprosessane har i 2024 vore gjennomført med tilfredsstillande kvalitet og utan vesentlege avvik. Kvaliteten på

tredjepartsopplysningane, som er grunnlag for både skattekort og den førehandsutfylte skattemeldinga, har vore god.

Analysar av etterleving

Skatteetaten analyserer etterlevinga hos dei opplysnings- og skattepliktige og utviklinga over tid. Ein effektindikator gir uttrykk for forholdet mellom innsats eller aktivitet, og det resultatet eller den samla effekten som verkemidla til Skatteetaten gir. For 2024 hadde etaten fire effektindikatorar under hovudmål 1, knytt til etterleving:

- riktig registrering i pliktige register
- rettidige, korrekte og fullstendige opplysningar
- betaling til rett tid
- verksemdar opplever stor sannsyn for oppdaging.

Folkeregisteret, meirverdiavgiftsregisteret, særavgiftsregisteret og aksjonærregisteret er pliktige register. Samla sett er det i hovudsak ei positiv utvikling når det gjeld riktig registrering. Kvaliteten på innrapporterte grunnlagsdata, som blir nytta i den førehandsutfylte skattemeldinga, har vore god. Heile 99,8 pst. av grunnlagsdataene blir levert med god kvalitet til riktig tid.

Tiltak som dulting, rettleiing og førehandsutfylling i skattemeldinga har gjort det enklare for skattepliktige å rapportere riktig. Dultinga i skattemeldinga er bruk av tekstboksar med rettleiande informasjon som kjem fram, basert på ulike kriterium. Det kan til dømes vere at ein person har fylt inn ein sum som verkar unaturleg høg eller låg, at vedkomande kan ha krav på eit frådrag, eller at det er opplysningar Skatteetaten treng frå den skattepliktige. Føremålet med «informasjonsboksar» er å sikre at opplysningane frå den skattepliktige blir riktige med ein gong, framfor at dei må rettast i etterkant. Eigenrettingar innanfor kryptovalutaområdet har auka, truleg som følgje av auka mediemerksemd og rettleiingstiltak, og betre forståing av regelverket.

Del av rettidig innleverte skattemeldingar for næringsdrivande var 88 pst. i 2024, noko som er over resultatkravet på 86 pst. Totalt innleverte skattemeldingar frå næringsdrivande personar var i 2024 på 98 pst. Dette er omtrent likt med både 2023 og 2022.

Del av rettidig leverte skattemeldingar frå selskap blei i 2024 noko lågare enn resultatkravet. Hovudforklaringa er at dette var fyrste år kor alle selskap måtte levere skattemeldinga i ny løysing. Nokon feil og avvik i ny løysing gjorde at fleire leverte seinare. Delen totalt leverte skattemeldingar frå selskap var 97 pst. i 2024. Det er stabilt samanlikna med dei to åra før.

Delen rettidig leverte mva-meldingar var i 2024 på om lag same nivå som 2023. Delen som

levrte mva-meldingar innan 80 dagar var 97,2 pst. i 2024. Resultatet er 0,1 prosentpoeng opp frå 2023 og 0,8 prosentpoeng under resultatmålet. Skatteetaten følgjer nøye med på utviklinga i etterlevinga på mva-området. Det er sett i gong eit analysearbeid som skal gi auka brukarinnst.

Del rettidig innbetaling av skatte- og avgiftskrav i 2024 var 91,9 pst. og dermed noko lågare enn i 2023 (92,8 pst.). Summen av rettidig og for sein betaling (det vil seie før tyngre inndrivingsiltak blir iverksett) var 98,7 pst. i 2024, omtrent på same nivå som året før. Dette er same høge nivå som i 2022. Det er variasjon mellom dei ulike kravtypane, men resultata er gjennomgåande ganske like som fjoråret. Unntaket er restsatt person, kor rettidig og seinka betaling samla var 4 prosentpoeng lågare i 2024 enn i 2023. Dette er ei utvikling som har vore over tid og som blir følgd nøye.

Sum av forfallen restanse for alle år ved utgangen av 2024 er 37,3 mrd. kroner. Personlege skattytarar skuldar staten vel 19,9 mrd. kroner. Deretter følgjer 8,0 mrd. kroner knytt til meirverdiavgift og 6,6 mrd. kroner knytt til upersonlege skattytarar. For 2023 og 2022 blei samla akkumulert restanse for alle år høvesvis 32,5 mrd. kroner og 31,8 mrd. kroner.

Talet på konkurskrav med bakgrunn i ubetalte skatte- og avgiftskrav har vore noko lågare i 2024 enn året før, men omtrent på nivå med kva det har vore etter pandemien. Talet på konkurskrav ble på grunn av tiltaka som blei sett inn for dei næringsdrivande under pandemien, betydeleg redusert. Talet har vore på dette lågare nivået sidan. Talet på opna konkursar i Noreg var 4 543 i 2024. Det er omtrent på nivå med 2023.

Betalingsevna i næringslivet blir totalt sett vurdert som stabilt god dei siste åra. Del innbetalt skatt og avgift av sum fastsett er gjennomgåande høg. Skatteetaten vil framover særleg vere oppmerksom på utviklinga i etterleving, både når det gjeld utviklinga innan ulike bransjar og ulikskapar baserte på geografi.

Opplevd oppdagingsrisiko

Skatteetaten arbeider systematisk for at verksemdar og personar som omgår regelverket, skal oppleve stor sannsyn for å bli oppdaga, korrigert eller sanksjonert. Den samla innsatsen for å sikre høg etterleving omfattar ei rekkje ulike verkemiddel. Verkemidla kan vere rettleiing, brukarvennlege systemløysingar, kontroll av eigenfastsetjinga og utvida kontroll. Ein kombinasjon av ulike verkemiddel fører til tillit og auka oppdagingssannsyn, og dermed høg etterleving.

Kontroll som verkemiddel blir nytta i hovudsak for å avdekkje feil og manglar i innrapporterte opplysningar. Val av kontrollområde og kontrollnivå blir til ei kvar tid vurdert etter risiko og vesentlegheit. Prioriteringane i etaten over tid har påverka kontrollverksemda, og Skatteetaten meinte i 2023 at kontrollnivået samla sett var blitt for lågt. I 2024 var difor styrking av kontrollverksemda høgt prioritert. Utvalet til kontroll er basert på vurderingar av risiko og vesentlegheit. I 2024 blei det gjennomført fleire kontrollar mot næringsdrivande innan alle kontrollkategoriar samanlikna med 2023. Det blei i tillegg avdekt mykje høgare sum ved kontroll samanlikna med året før og treffprosenten for kontrollane er betra. Skatteetaten vurderer at kontrollnivået er forbetra samanlikna med 2023, men at det samla sett framleis er noko for lågt. Gjennomføring av kontrollaktivitetar vil difor og vere høgt prioritert i 2026.

Skatteetaten gjennomfører kvar vår ei spørjeundersøking (Sero), som mellom anna måler opplevd oppdagingsrisiko i eit utval verksemdar. Verksemdar som opplever stor oppdagingsrisiko var 78 pst. i 2024. Verksemdar som opplever liten eller svært liten oppdagingsrisiko ved ikkje å rapportere alle skattar og avgifter, var 24 pst. i 2024. Det er ei positiv utvikling frå 2023, då resultatet var 27 pst.

Tverretatleg a-krimssamarbeid

Skatteetaten har òg i 2024 deltatt i det tverretatlege a-krimssamarbeidet, som blir leia av den nasjonale styringsgruppa for Nasjonalt tverretatleg analyse- og etterretningssenter (NTAES) og a-krimssamarbeidet. Det har vore jobba godt på dei åtte a-krimssentra i 2024. Sju av åtte a-krimssentre er lokalisert i Skatteetatens lokale. Frå årsskiftet 2024/2025 var nye stillingar i Innlandet på plass. I regjeringa sin handlingsplan mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet har Skatteetaten fått ansvaret for to tiltak. Dette er tiltak nr. 20 om å vidareutvikle Skatteetaten sine samarbeidsavtalar med offentlege oppdragsgivarar og private entreprenørar, og tiltak nr. 21 om å formidle informasjon til forbrukarar gjennom «Tett på» og «Handlehvitt.no». Arbeidet med desse tiltaka er godt i gang.

Internasjonalt arbeid for å sikre skattegrunnlaget

For å sikre skattegrunnlaget samarbeider Skatteetaten med internasjonale skatteorganisasjonar og skattestyresmaktene i ulike land. Skatteetaten mottar stadig fleire opplysningar frå utlandet. Opp-

lysningane blir i aukande grad nytta både i førebyggjande arbeid og i kontrollarbeid. Det blir utveksla informasjon mellom Noreg og skattestyresmaktene til andre land gjennom mellom anna land for land rapportering og Common Reporting Standard (CRS) og Foreign Account Tax Compliance Act (FATCA). Vidare har Noreg forplikta seg til å implementere rapporteringssystem for krypto/virtuelle eigedelar og slutta seg til OECD sin utvekslingsstandard for deling av informasjon frå plattformtenester, crypto-asset reporting framework (CARF).

Samarbeid og informasjonsutveksling med skattestyresmaktene til andre land hjelper til å avdekkje skjulte inntekter og formue i utlandet, som er eit satsingsområde i Skatteetaten. Det blir jobba systematisk med kunnskapsgrunnlag før det blir teke stilling til tiltak og verkemiddel på området, og arbeidsmetodikken blir tilpassa nye trendar og risikoar. I tillegg til samarbeid og informasjonsutveksling har rettleiing og kontroll vore viktige tiltak i 2024.

Meirverdiavgiftsavtalen mellom EU og Noreg om administrativt samarbeid på mva-området blei reforhandla og signert i 2024. Avtalen spelar ei stadig viktigare rolle i nedkjempinga av internasjonal mva-svindel.

Internasjonalt arbeid med skattlegging av store fleirnasjonale konsern

Skatteetaten arbeider med innføringa av nye skattereglar for store multinasjonale konsern. Regelverket for global minimumsskatt/suppleringsskatt (Pilar 2) blei innført i 2024. Første rapportering etter regelverket vil vere innan utløpet av juni 2026. Skatteetaten har arbeidd aktivt for å informere og rettleie skattytarar om regelverket. Det er òg arbeidd med å utvikle system for handteringa av nytt regelverk.

Ny skattemelding for formue og inntekt

Etaten har utvikla og innført ei ny skattemelding for inntekt og formue for næringsdrivande, lønns-takarar og pensjonistar. Løysinga for lønns-takarar og pensjonistar blei ferdigstilt allereie i 2022, mens løysinga for enkeltpersonføretak blei ferdigstilt i 2023. Løysinga for selskap blei ferdigstilt i 2024. Prosjektet blei ferdigstilt i 2024, men Skatteetaten vil arbeide vidare internt med å ferdigstille fleire element i løysinga for selskap og særskatte-regima.

Prosjektet har skapt ein heilskapleg beskatningsprosess for skattepliktige, med saman-

hengande og samordna prosessar for forskot, fastsetjing og skatteoppgjer. For næringsdrivande har prosjektet gitt grunnlag for betre og enklare integrasjon mellom rekneskapssystema og årsoppgjersprogramma til næringsdrivande, og systema til etaten for behandling av skattemelding og næringsspesifikasjon. I 2024 vann også Skatteetaten Digitaliseringsprisen for den nye forenkla skattemeldinga for næringslivet.

Prosjektet si kostnadsramme (P85) var på 781,5 mill. i 2024-kroner. Prosjektet har ein estimert gevinst for næringslivet på 342 mill. kroner årleg, medan gevinstane for innbyggjarar er estimert til 412 mill. kroner årleg.

Modernisering av innkrevjing

Programmet *Fremtidens innkreving* blei starta i 2022. I samarbeid med NAV, Brønnøysundregistera, politiet, Lånekassen og fleire andre offentlege etatar skal Skatteetaten modernisere statleg innkrevjing i perioden 2022–2029. Målet med samarbeidet er mellom anna å utvikle tenester som heng saman for brukarane. Innkrevjing av skattar, avgifter og andre pengekrav skal effektiviserast gjennom datadeling og moderniserte, integrerte løysingar. Seks rekneskaps- og fem innkrevjingssystem skal samlast i eitt nytt felles rekneskaps- og innkrevjingssystem. Fyrste steg i programmet, steg 1, blir gjennomført i perioden 2022–2026.

I 2024 har programmet mellom anna skaffa nytt rekneskapssystem og starta arbeid med innføring for utvalde reskontrotenester. Nytt rekneskapssystem er ein av dei mest sentrale komponentane i det nye innkrevjingssystemet som blir etablert av *Fremtidens innkreving*. Nytt rekneskapssystem skal støtte all rekneskapsføring i etaten si verksemd med unntak av driftsrekneskapen. Teneste Krav og betalningar på Min side er utvida til også å omfatte privatpersonar. Tenesta gir ei samla oversikt over inn- og utbetalningar, betalingsinformasjon og tilgang til kontoutskrift. Ein pilot på tilgjengelegging av tenesta i brukarane sine nettbankar er vidareført, og tenesta skal settes i produksjon. Arbeid med å tilgjengeleggjere tenesta i rekneskapssystema til brukarane blir vidareført i 2025.

Vidare har etaten støtta departementet i arbeidet med ny lov for innkrevjinga frå Skatteetaten, og lovforslag om etablering av eitt utleggstrekk og modernisering av utleggsprosessen i tvangsfullføringslova.

Forventa netto noverdi er berekna til 7,76 mrd. kroner for heile programmet, og 0,93 mrd. kroner for steg 2 (2025-kroner). Prissett

gevinst for det offentlege frå steg 2 er om lag 350 mill. kroner årleg og for næringslivet og personar om lag 200 mill. kroner.

Innføring av grunnrenteskatt på havbruk og landbasert vindkraft

Grunnrenteskatt på havbruk blei innført med verknad frå 1. januar 2023, og grunnrenteskatt for vindkraft blei innført med verknad frå 1. januar 2024. For å sørge for ei god innføring og forvaltning har etaten prosjektorganisert arbeidet knytt til innføringane. Prosjektet for innføring av grunnrenteskatt for havbruk blei avslutta i 2024, medan prosjektet for landbasert vindkraft vil bli avslutta i 2026. Det er gjennomført omfattande informasjonsverksemd. Det har og vore jobba med regelverksendringar og systemløysingar, under dette moglegheitene for å samordne systemløysingar mellom fleire grunnrenter.

Saksbehandlingstid for klager

I 2024 blei 71,9 pst. av klagesakene på skattekontora behandla innan tre månader. Dette er ein nedgang frå året før, då 81,2 pst. av klagesakene blei behandla innan tre månader. Nedgangen skuldast prioritering av eldre restansar og noko ressursutfordringar. Klagesaksbehandling er eit prioritert område for etaten, og etaten forventar betre resultat i 2025. Av alle klagesaker hadde 82,7 pst. ei samla saksbehandlingstid på under åtte månader. Sekretariatet for Skatteklagenemnda har behandla fleire saker enn året før (1 263 saker vs. 903). Frå 2018 til 2024 er det totale talet på ubehandla saker redusert frå 2 550 til 1 616. Samla saksbehandlingstid for sakene som blir sendt til nemnda er betre, men framleis for lang. Skattedirektoratet har hatt tett dialog med sekretariatet om arbeidet med å effektivisere klagesaksbehandlinga og redusere restansane i 2024. Sjå nærare omtale under kap. 1619 Skatteklagenemnda.

Hovudmål 2: Skatteetaten sikrar brukarane tilgang til registerdata og informasjon med god kvalitet

Det offentlege og andre brukarar har behov for registerdata og informasjon frå Skatteetaten i sitt arbeid. Skatteetaten skal ha ei effektiv og sikker innsamling, gjennomarbeiding og tilgjengelegging av slik informasjon nasjonalt og internasjonalt. Registera er også eit viktig grunnlag for Skatteetaten si evne til å fastsetje skattane rett og til rett tid.

For 2024 hadde etaten to effektindikatorar under hovudmål 2:

- brukarane har tilgang på føremålstenleg informasjon
- registerdata og informasjon frå Skatteetaten er av god kvalitet.

Tilgangen til registerdata og informasjon har i all hovudsak vore god. Det har i 2024 vore god tilgang i delingstenestene, med resultat over tenesteavtalekravet i heile 2024. Folkeregisteret leverte konsumenttenester med noko lågare resultat enn kravet i 2024 (99,1 pst. vs. 99,8 pst.). I løpet av 2024 har det vore nokre tilfelle med utfordringar i stabilitet i nettverk, som har påverka oppetida til Folkeregisteret. Her er det sett i gang tiltak for å forbetre driftsstabilitet. Del profesjonelle brukarar som er tilfredse med Folkeregisteret er 92,2 pst.

Skatteetaten har i 2024 hatt merksemd på å redusere risikoen for bruk av falske og fiktive identitetar. Mellom anna har det vore arbeid for auka kunnskap om korleis Folkeregisteret og misbruk av identitetar blir nytta i alvorleg og organisert kriminalitet.

Skatteetaten har etter lov om folkeregistrering høve til å registrere om ein identitet er unik. Fødsels- og d-nummer blir nytta i nær sagt alle digitale prosessar i samfunnet for å identifisere ein innbyggjar og skilje ein person frå ein annan. Det å sikre at ein person har ein, og berre ein, identitet i Noreg er ein grunnstein i identitetsforvaltinga. Grunnlaget for unik identitet skal baseast på gjenbruk av identitetsavklaringane som blir gjort når ein person søkar om pass eller nasjonalt ID-kort hos politiet. Folkeregisteret lagrar ikkje biometriske data. I 2024 har Skatteetaten samarbeidd vidare med UDI og politiet om korleis unik identitet kan etablerast i Folkeregisteret.

Skatteetaten samarbeider med KS og kommunane om deling av opplysingar til ei rekkje kommunale formål. Det blei utvikla ei ny delingsløyving for formuesgrunnlag til bruk i utskrivinga av eigedomsskatt. Løysinga blei sett i produksjon i mars 2024. Etaten har òg eit løpande samarbeid med Finans Noreg og bankane sitt infrastruktur-selskap (Bits AS) om samtykkebasert lånesøknad, obligatorisk tenestepensjon og deling av data frå Folkeregisteret. For Folkeregisteret er det òg etablert eit godt samarbeid med Norsk helsenett og ELhub (kraftbransjen).

Eigarskapsopplysingar

For å fastsetje riktig skatt, krevje inn effektivt og avdekkje skatte- og avgiftskriminalitet, treng

Skatteetaten å vite kven som eig kva for eigedelar, verdien på eigedelane og rettar knytt til eigarskap mv. Andre styresmakter har òg behov for opplysingar om eigarskap for å løyse egne oppgåver. Skatteetaten, i samarbeid med Brønnøysundregistra, leverte konseptvalutgreiinga om myndigheitenes tilgang til aksjeeigaropplysningar i november 2024. Skatteetaten deltok òg i Kartverket si konseptvalutgreiing for eigarskap til fast eigedom. Utgreiinga blei levert i juni 2025. Etatane held fram samarbeidet i 2025 med tverretatleg styringsgruppe.

Det er i tillegg etablert eit eige forprosjekt i Skatteetaten for arbeid med norske skattepliktige sine eigedelar i utlandet.

Hovudmål 3: Samfunnet har tillit til Skatteetaten

Skatteetaten skal forvalte regelverk og tilby brukartenester for å vareta rettane og pliktene som dei skatte- og avgiftspliktige har. Dei skatte- og opplysningspliktige skal møte profesjonell og effektiv saksbehandling, få god informasjon og oppleve at opplysningane deira blir forvalta godt og trygt.

For 2024 hadde etaten fire effektindikatorar under hovudmål 3:

- at dei skattepliktige har tillit til utøving av mynde frå Skatteetaten
- at dei skattepliktige opplever at rettar og plikter blir tatt vare på
- at dei skatte- og opplysningspliktige opplever at informasjon blir forvalta trygt
- at dei skatte- og opplysningspliktige opplever profesjonell og effektiv saksbehandling og at dei får god informasjon.

Skatteetaten gjennomfører årlege undersøkingar hos privatpersonar og verksemdar for å kartlegge inntrykket deira av etaten. Undersøkingane frå 2024 viser at ein stor del av brukarane har høg tillit til korleis Skatteetaten utøver mynde, og til at rettane deira blir tatt vare på. Heile 78 pst. av dei spurde verksemdene og 82 pst. av dei spurde personane i 2024 har høg tillit til Skatteetaten. Dette er på nivå med resultata frå 2023 og 2022. Mellom verksemdar er det framleis noko låg tillit til at skattestyresmaktene avdekkjer bevisst unndraging av skatt. Berre 49 pst. har oppgitt at dei er heilt eller litt einig i at dei har tillit til at Skatteetaten får tatt verksemdar som bevisst unndrar skatt.

Kontakten befolkninga har med Skatteetaten (via skatteetaten.no, Altinn, telefon, brev, chat, sosiale medium og personleg oppmøte på skattekontor), har auka over tid. 89 pst. av dei spurde personane og 72 pst. av verksemdene har vore i

kontakt med etaten (88 pst. og 82 pst. i 2023). Befolkningsundersøkinga viser at 60 pst. av dei spurde personane og 61 pst. av dei spurte verksemdene alt i alt er fornøgd med saksbehandlingen. Vidare viser resultata ein nedgang i kor nøgde personar og verksemdar er med ventetid og opningstid på telefon. Delen telefonførespurnader som etaten svara på, var noko lågare i 2024 (69 pst.) enn i 2023 (71 pst.). Gjennomsnittleg ventetid i telefonenesta var òg lengre i 2024 enn i 2023. Samstundes har samtalanane med brukarane blitt meir samansette og komplekse, og behandlingstida per samtale har auka dei siste åra. I 2024 fekk Skatteetaten i overkant av 1,9 millionar telefonførespurnader. Etaten arbeider med tiltak for at fleire brukarar får løyst problemet sitt ved fyrste kontakt. Det er mellom anna tilført fleire tilsette til å svare på telefonar, og det blir gjennomført ein heilskapleg gjennomgang av fyrstelinjenesta.

Samla resultatvurdering

Finansdepartementet vurderer Skatteetatens resultat i 2024 samla sett som tilfredsstillande. Kjerneoppgåvene har hatt høgaste prioritet. Departementet meiner etaten har gjort gode og heilskaplege prioriteringar.

Dei store fastsetjings- og innkrevjingsprosessane har vore gjennomført med høg kvalitet.

Analysar og evalueringar peiker i retning av at aktivitetar og bruk av verkemiddel frå etaten har effekt på etterlevinga. Del rettidig innbetaling av skatte- og avgiftskrav i 2024 var 91,9 pst. og dermed noko lågare enn i 2023 (92,3 pst.). Rettidig og for sein betaling (det vil seie før tyngre inn-drivingstiltak blir iverksett) var 98,7 pst. i 2024 og omtrent på same nivå som året før (98,9 pst.). Dette er det same høge nivået som i 2022. Det er variasjon mellom dei ulike kravtypane, men resultata er gjennomgåande ganske like som fjoråret.

Departementet meiner det er positivt at kontrollnivået er forbetra og ifølgje etaten ikkje lenger kritisk lågt på nokre område. Ettersom etaten vurderer kontrollnivået som framleis noko for lågt, er det viktig at arbeidet med auka kontroll framleis blir vektlagt.

Det er framleis eit potensial for ytterlegare forbetringar for å auke etterlevinga. Auka etterleving kan oppnåast ved å forbetre kontrollverksemda og kontrollnivået. Etterlevinga kan også bli auka ved å gjere det enklare for skatte- og opplysningspliktige å etterleve skatte- og avgiftsreglane.

Brukarundersøkingar tyder på at befolkninga og verksemdene framleis har høg tillit til Skatte-

etaten. Dette er ein viktig føresetnad for etterleving av skatte- og avgiftsreglane. Samstundes viser undersøkinga frå 2024, i likskap med året før, låg tilfredsheit med svartid på telefon. Det er positivt at Skatteetaten arbeider med tiltak på området, og at førebelse tal for 2025 tyder på ein positiv utvikling. Resultata er viktige å følgje opp framover.

Saksbehandlingstida for behandling av klagar på skatt og mva. er for lang, både i Skatteetaten ved skattekontora og i Skatteklagenemnda. Førebelse tal for 2025 tyder på ein positiv utvikling ved skattekontora. Det er framleis for mange restansar i sekretariatet for Skatteklagenemnda, og situasjonen er utfordrande. Skatteklagenemnda jobbar godt med å effektivisere saksbehandlingen, og det er ei positiv utvikling i talet på saker som blir behandla.

Etaten har arbeidd godt med ulike forslag til regelverksendringar. Utover regelendringane som blir fremja i samband med statsbudsjettet, har Skatteetaten støtta departementet på område som til dømes innkrevjing, revisjon av særavgiftsregelverket, utgreiing av moglege nye særavgifter, personskatt, folkeregistrering, grunnrenteskatt på havbruk og vindkraft, opplysningsplikt for aktørar som vekslar eller lagrar kryptoeigedelar (CARF) og opplysningsplikt for digitale plattformer (DPI).

Skatteetaten har ein stor og kompleks utviklingsportefølje. Departementet meiner etaten har arbeidd godt med utviklingsprosjekta i 2024. *Ny dialogbasert skattemelding* (Sirius-prosjektet), blei ferdigstilt i 2024 som eit vellukka prosjekt. Skatteetaten har no ei ny skattemelding for inntekt og formue for næringsdrivande, lønnskattarar og pensjonistar. Prosjektet har skapt ein heilskapleg beskatningsprosess for skattepliktige, med samanhengande og samordna prosessar for forskot, fastsetjing og skatteoppgjær. For næringsdrivande har prosjektet gitt grunnlag for betre og enklare integrasjon mellom rekneskapssystema/årsoppgjersprogramma til næringsdrivande, og systema til etaten for behandling av skattemelding og næringsspesifikasjon. Etaten har òg jobba godt med dei tverretattelege programma *Fremtidens innkreving* og *Nye Altinn*.

Departementet meiner at etaten framleis har for høg konsulentbruk. Det er difor positivt at etaten vil halde fram arbeidet med å auke delen interne tilsette.

Etaten har arbeidd godt med å styrke eigen IT-tryggleik. Dette er viktig både fordi Skatteetaten har ein stor og kompleks IT-systemportefølje og fordi etaten sit på mykje informasjon som samfunnet skal oppleve at blir forvalta på ein god og trygg måte.

Viktige utfordringar framover

I tida framover vil det framleis vere viktig at Skatteetaten vektlegg arbeid for auka etterleving. Den samla innsatsen for å sikre høyt etterleving omfattar ei rekkje ulike verkemiddel, som rettleiing, brukarvennlege systemløyisingar, kontroll av eigenfastsetjinga og utvida kontroll. Prioriteringane til etaten over tid har påverka kontrollverksemda, og Skatteetaten vurderer at kontrollnivået samla sett er noko for lågt. Skatteetaten må difor fortsetje arbeide med å auke kontrollnivået der etaten meiner det er blitt for lågt. Generelt skal etaten arbeide systematisk for at kontrollnivået skal vere tilstrekkeleg høgt, og at kontrollar blir gjennomførte planmessig og heilskapleg, basert på gode risikovurderingar. Samstundes må kontrollnivået til ei kvar tid vegast opp mot andre aktivitetar som kan betre etterlevinga.

Skatteetaten har ei stor og kompleks IT-systemportefølje. Velfungerande og sikre IT-system er avgjerande for evna til å løyse samfunnsopdraget og for tilliten til etaten. Etaten må difor fortlopande vurdere tryggleiken i systema sine.

Skatteetaten må framleis arbeide med å sikre god tilgjengelegheit, kvalitet og heilheit i sine kanalar for kontakt med innbyggjarar og bedrifter.

Samla saksbehandlingstid for klagesakene som blir sendt til Skatteklagenemnda, er framleis for lang. Talet på eldre restansar i Skatteklagenemnda er òg framleis for høgt. Skattedirektoratet må følgje opp sekretariatet for Skatteklagenemnda sitt arbeid med å effektivisere klagesaksbehandlinga ytterlegare og redusere restansane.

Skatteetaten har no to store pågåande utviklingsprosjekt. *Fremtidens innkreving* og *Nye Altinn*. Programma vil krevje betydeleg med ressursar i 2026 og framover. I tillegg har etaten mange utgreiings- og utviklingsprosjekt utan øyremerkte løyving. Det er difor viktig å sikre rett kompetanse og tilstrekkeleg med kapasitet til utviklingsbehova. Etaten ventar stort press på utviklingskapasiteten framover, og gode prioriteringar vil difor vere viktig. God portefølje- og prosjektstyring vil vere viktig for at prosjekta leverer i tråd med planlagt framdrift, kostnader og kvalitet.

Øg i 2026 skal Skatteetaten handtere krav til effektivisering, innsparingar og gevinstrealiseringar. Etaten skal arbeide vidare med å redusere konsulentbruken. God økonomistyring, bemaningsplanlegging og prioriteringar vil difor vere viktig framover. Samla sett må det gjerast krevjande prioriteringar i 2026.

Mål og prioriteringar i 2026

Finansdepartementet fastsett desse hovudmåla for Skatteetaten for 2026:

- Skatte- og opplysningspliktige etterlever skatte- og avgiftsreglane
- Skatteetaten sikrar brukarane tilgang til registerdata og informasjon med god kvalitet
- Samfunnet har tillit til Skatteetaten

Departementet ventar at resultata i 2026 samla sett minst skal vere på same nivå som året før. I resultatvurderinga vil departementet leggje vekt på heilskapen i verksemda. I det daglege arbeidet er det naudsynt at Skatteetaten veg kvalitet opp mot effektivitet.

Viktige prioriteringar i 2026 blir:

Eigarskapsopplysningar

Skatteetaten og Brønnøysundregistra leverte i 2024 ei konseptvalsutgreiing (KVU), som grunnlag for å vurdere korleis styresmaktene kan arbeide vidare for tilgang til aksjeeigarskapsopplysningar. Dei tilrår eit konsept med eit nytt samordna aksjeeigarregister i Brønnøysundregistra og modernisering av Skatteetatens system for aksjonærbeskatning. Etatane meiner konseptet vil gi konsistente og oppdaterte opplysningar på tvers av Enhetsregisteret, Føretaksregisteret, Register over reelle rettighetshavare, eit nytt aksjeeigarregister og Skatteetatens aksjonærbeskatningssystem. I konseptet vil styresmaktene hente opplysningar frå eit ev. nytt samordna aksjeeigarregister i Brønnøysundregistra. Det er òg gjennomført ei ekstern kvalitetssikring (KS1) og ei offentleg høyring av KUV aksjeeigaropplysningar. Både i KS1 og i høyringa er det tilslutning til tilrådinga frå etatane. Med utgangspunkt i det anbefalte konseptet har Finansdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet bedt etatane levere eit avgjerdsgrunnlag for ekstern kvalitetssikring (KS2), i samsvar med krava i Statens prosjektmodell. Det er eit mål at KS2 gjennomførast i 2026. Konseptet skal og leggje til rette for innsyn frå tredjepartar. Nærings- og fiskeridepartementet vil i samanheng med vidare arbeid vurdere nye regler for slikt innsyn.

Modernisering av innkreving

Skatteetaten, i samarbeid med NAV, politiet, Lånekassen og Brønnøysundregistra moderniserer

statleg innkrevjing. Programmet skal gjennomførast i tre steg i perioden 2022–2029.

Første steg i programmet, steg 1, inneheld seks prosjekt og skulle opphåveleg vore ferdig i 2024. Forsinka framdrift gjer at to av prosjekta har restleveransar i 2025 og 2026. I løpet av 2025 starta programmet innføringa av nytt rekneskaps-system for utvalde reskontrotenester (*underkonto-tenester*). Programmet arbeidar dessutan vidare i samarbeid med politiet med leveransar knyta til moderniserte løysingar for utlegg. Dette arbeidet vil halde fram og i 2026.

Andre steg i programmet blei sett i gang i 2025 og blir gjennomført over tre år (2025–2027). I steg 2 er planen å utvikle løsinga for å gi personer og føretak betre oversikt over egne forhold og forebygge økonomiske problemar. Vidare skal den nye rekneskapsløysinga tas i bruk for meirverdi-avgiftsrekneskapet, rekneskapen for feilutbetalingskrav frå NAV og petroleumsskatterekneskapet. Det kjem også ei ny løysing for samhandling om innkrevjingsoppdrag for NAV og Lånekassen.

Programmet har ei Design-to-cost-(DTC)-ramme for heile programmet (steg 1–3) lik P65 på 5 128 mill. kroner inkl. mva. For steg 1 har programmet ei kostnadsramme (P85) på 2 201 mill. kroner inkl. mva., medan kostnadsramma (P65) for steg 2 er på 1 870 mill. kroner. For 2026 blir det foreslått 223,5 mill. kroner ekskl. mva til arbeid med Steg 1, fordelt på Skatteetaten (202,8 mill. kroner) og Politiet (20,7 mill. kroner). Vidare er det sett av 500,3 mill. kroner ekskl. mva til arbeid med Steg 2, fordelt på Skatteetaten (452,7 mill. kroner), NAV (27,6 mill. kroner), Brønnøysundregistra (0,4 mill. kroner), POD (2,4 mill. kroner) og Lånekassen (17,2 mill. kroner).

Ny innkrevjingslov

Innkrevjingsarbeidet og alminneleg namsmann blir modernisert gjennom programmet *Fremtidens innkreving*, jamfør omtalen ovanfor. Stortinget vedtok våren 2025 ei ny innkrevjingslov for statlege krav, og lovendringar for å modernisere saksbehandlinga hos alminneleg namsmann og for å etablere ein heilskapleg prosess for utleggstrekk på tvers av ulike namsstyresmakter. Skattedirektoratet har fastsett forskrifter til lova. Overgangen til nye reglar gjer økt risiko i regelhandteringa, og Skatteetaten må i 2026 arbeide for å redusere risikoen ved innføringa av dei nye reglane.

Overgang frå Altinn II til Altinn 3

Våren 2023 blei det etablert eit tverretatleg program. Det er leia av Digitaliseringsdirektoratet i samarbeid med dei største tenesteeigarane på Altinn-plattformen: Brønnøysundregistra, Skatteetaten og Statistisk sentralbyrå. Programmet *Nye Altinn* skal utvikle Altinn 3 og reetablere dei digitale tenestene frå Brønnøysundregistra, SSB og Skatteetaten på den nye plattformen.

I 2026 blir Altinn II stengd. Altinn 3-programmet har difor ein stram tidsplan og må vere ferdig innan sommaren 2026 for at Skatteetaten skal kunne halde oppe dei digitale tenestene som i dag er bygd på Altinn II. På denne bakgrunnen blir det foreslått å løyve 78,4 mill. kroner til Skatteetatens arbeid med Altinn 3 i 2026.

Sjå òg omtale av saka i Prop. 1 S (2025–2026) for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.

Tverretatleg samarbeid

Regjeringa vil styrke arbeidet mot arbeidslivskriminalitet og økonomisk kriminalitet. Arbeidet blir følgt opp i to spor, som må sjåast i samanheng.

Stortingsmeldinga *Felles verdier – felles ansvar – Styrket innsats for forebygging og bekjempelse av økonomisk kriminalitet* (Meld. St. 15 (2023–2024)) inneheld ei rekkje tiltak som er meint å leggje grunnlaget for den vidare innsatsen til styresmaktene på området. Tiltaka skal følgjast opp over ein periode på fire år og omfattar område under fleire departement. Justis- og beredskapsdepartementet koordinerer oppfølginga av meldinga. Skatteetaten blir involvert i arbeidet med å løyse prioriterte oppdrag i 2026.

Ny handlingsplan mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet (2025), utarbeidd i samarbeid mellom Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Finansdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet, fører vidare innsatsen mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet i tidlegare handlingsplan frå 2022 i tillegg til nye tiltak for å styrke det seriøse og organiserte arbeidslivet.

Det organiserte tverretatlege samarbeidet mellom Arbeidstilsynet, Arbeids- og velferds-etaten, Skatteetaten og politiet er ein viktig del av det operative arbeidet mot arbeidslivskriminalitet og økonomisk kriminalitet.

På oppdrag frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Finansdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet har desse etatane fått felles oppdrag om å utvikle vidare det tverretatlege samarbeidet for å forebygge og mot-

verke arbeidslivskriminalitet. Skatteetaten skal i 2026 bidra i gjennomføringa av oppdraga.

Internasjonalt arbeid for å sikre skattegrunnlaget

Skatteetaten skal arbeide vidare med å leggje til rette for effektiv bruk av opplysningar mottatt frå andre land, og arbeide for å auke kvaliteten på desse opplysningane. Stortinget vedtok våren 2025 nye reglar om opplysningsplikt for aktørar som vekslar eller lagrar kryptoeigedelar (CARF) og opplysningsplikt for digitale plattformer (DPI). Reglane er eit resultat av nye standardar frå OECD om informasjonsutveksling. Endringane vil gjere det vanskelegare å skjule verdier og bidra til å førebyggje økonomisk kriminalitet. I 2026 skal Skatteetaten sørge for at dei nye rapporteringsordningane blir sett i verk. Staten skal mellom anna sørge for rettleiing og anna kontakt med dei opplysningspliktige.

Internasjonalt arbeid med skattlegging av store fleirnasjonale konsern

Lov om suppleringskatt på underbeskattet inntekt i konsern (suppleringskatteloven) blei innført i 2024. Første rapportering etter loven skal skje i juni 2026.

Skatteetaten skal i 2026 framleis arbeide for å sikre ei god implementering av regelverket. Som del av dette skal etaten utvikle nødvendige systemløysingar og vidareutvikle kompetansemiljøet på området.

Arbeid med store konsern, petroleumsskattlegging og internprising

Store konsern, og selskap som er underlagt petroleumsskatteregimet, står for det vesentlege av skattegrunnlaget frå etterskotspliktige selskap. Innsatsen for auka etterleving, inklusive kontroll, er difor sentral. Det å vurdere internprising, både i grenseoverskridande transaksjonar og transaksjonar mellom nasjonale skatteregime, er ein viktig del av arbeidet med slike føretak og må halde fram i 2026.

Dei mellombelse endringane i petroleumsskattelova som blei vedtatt i 2020, vil ha effekt i mange år. Arbeidet med å sikre at riktig regelsett blir brukt på dei ulike investeringane må halde fram i 2026.

Grunnrenteskatt på havbruk og landbasert vindkraft

Regelverket for grunnrenteskatt på havbruk og landbasert vindkraft er nytt og krev særskild forvalting også i 2026, mellom anna vidareutvikling av dei systemtekniske løysingane for eigenfastsetjing, særskilde veiledningstiltak og regelverksavklaringa. Det er framleis viktig å sjå etter moglegheiter for å samordne løysingar mellom fleire grunnrenter for best mogleg effektiv drift.

Kontroll av skattegrunnlaget, medrekna vurdering av internprising, er ein viktig del av arbeidet for å sikre etterleving og utvikling av det nye regelverket.

Skatteetaten har god dialog med dei grunnrenteskattepliktige og bransjeorganisasjonane deira, og må halde fram denne dialogen i 2026.

Betre identitetsforvalting

Fleire etatar har oppgåver i identitetsforvaltninga i Noreg. Skatteetaten skal i 2026 halde fram arbeidet i den rådgevande gruppa for betre identitetsforvalting (KoID). Politiet, Digitaliseringsdirektoratet, Arbeids- og velferdsdirektoratet og Utlendingsdirektoratet deltar òg i gruppa. Hovudmålet med gruppa er å bidra til ei styrka identitetsforvalting i Noreg, og at innsatsen på området blir meir heilskapleg og koordinert. KoID har ein felles, overordna visjon som partane arbeider målretta etter. Gruppa vil òg samarbeide med andre sentrale aktørar som Finans Norge, Nasjonalt ID-senter og Brønnøysundregistra. Ei tilsvarande koordineringsgruppe som KoID er etablert mellom Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet, Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet og Finansdepartementet. Koordineringsgruppa skal bidra til ei meir målretta og heilskapleg tilnærming til departementas arbeid med å styrke ID-forvaltninga, og til betre saksførebuing for regjeringa og Stortinget.

Personopplysningane i Folkeregisteret blir nytta når andre instansar skal utferde pass, nasjonalt ID-kort, eID og førarkort, og når verksemdar yter tenester til personar registrert i Folkeregisteret. Folkeregisteret viser om identiteten til personen er kontrollert eller ikkje. Slik kan brukarar av Folkeregisteret avgjere om identiteten er trygg nok for deira bruk. Skatteetaten vil i 2026 forberede innføring av digitale lommebøker og verkinga av eIDAS 2.0 (EU-forordning som oppdaterer det eksisterande eIDAS-regelverket for å etablere eit sikkert rammeverk for elektronisk identifikasjon og tillitstenester på tvers av EU/EØS).

Etablering av unik i Folkeregisteret

Tilliten til Folkeregisteret avheng av at samfunnet kan stole på at ein person berre har eitt fødselsnummer eller d-nummer. Innføring av status unik vil «låse» ein person til ein identitet i Folkeregisteret, og redusere moglegheita for at same person kan ha fleire fødselsnummer eller d-nummer i Noreg. Dette vil redusere risikoen for ID-misbruk og auke kvaliteten på opplysningar i Folkeregisteret. Skattedirektoratet har sendt på høyring forslag om vilkår for registrering av status unik i Folkeregisteret. Det inneber at registrering av unik skal gjerast på grunnlag av melding frå politiet om at biometriske data om personar er sjekka for unikheit gjennom et ein-til-mange søk mot biometri som er lagra i pass- og ID-kortmyndigheita og mot utlendingsmyndigheita sine register. Førebels er det norske statsborgarar og utanlandske statsborgarar med fødselsnummer som kan bli registrert som «unik» i Folkeregisteret, dvs. ikkje personar med d-nummer. Etaten skal i 2026 samarbeide med UDI og politiet om å etablere unik identitet i Folkeregisteret.

Nytt verdsetjingssystem for fritidsbustader

Forslag til nye reglar for verdsetting av fritidsbustader blei sendt på høyring i 2021 av Solberg-regjeringa, mellom anna på bakgrunn av eit oppmødingsvedtak frå Stortinget i 2016. Regjeringa held fram arbeidet som har gått over fleire år. I 2026 skal Skatteetaten, i samarbeid med Kartverket og SSB, halde fram arbeidet med å leggje til rette for ei mogleg innføring av ein eventuell ny verdsetjingsmodell for fritidsbustader. Etatane må gjere tilpassingar og nyutvikling, mellom anna av regelverk, forvaltingsprosessar og IT-system. Skatteetaten skal i 2026 fortsette arbeidet med sikte på ei mogleg innføring frå 2027.

Klagesaksbehandling

Samla behandlingstid for klagesakene som blir sendt til Skatteklagenemnda for avgjerd, er i dag for lang. Skattedirektoratet må difor følge opp sekretariatet for Skatteklagenemnda sitt arbeid med å effektivisere saksbehandlinga ytterlegare og redusere restansane. Sjå nærare omtale om prioriterte tiltak under kap. 1619 Skatteklagenemnda.

Informasjonstryggleik

Skatteetaten har omfattande digitale prosessar og ein stor og kompleks IT-systemportefølje. Vel fungerande og sikre IT-system er avgjerande for verksemda. Ifølgje risikovurderinga og dei tryggleiksfaglege råda frå Nasjonal sikkerhetsmyndighet (NSM) krevst det eit auka tempo for utbetring av informasjonstryggleik. NSM har og tydeleggjort verdien av å vere førebudd på hendingar og å prioritere beredskap. Skatteetaten viser i sine eigne trusselvurderingar fleire scenario innanfor området digitale trugsmål der trusselaktørar retter innsatsen mot system, prosessar og menneske på jakt etter svakheiter som kan utnyttast. Etaten må fortløpande vurdere tryggleiken i eigne system og personalprosessar godt og systematisk. Ved behov må tiltak setjast i verk. Tiltaka skal ta omsyn til både det kortsiktige og langsiktige risikobiletet. Tiltak i grunnprinsippa frå NSM for IKT-tryggleik, personelltryggleik og fysisk tryggleik bør særleg vurderast.

CBAM

Regjeringa går inn for at EU sin Carbon Border Adjustment Mechanism (CBAM) skal innføres i Noreg og tar sikte på at CBAM skal kunne vere operativt i Noreg frå 2027. I Noreg er det Skatteetaten som vil få oppgåva med å autorisere CBAM-deklarantane. Det blir foreslått 16 mill. kroner til arbeidet med tilpassingar til CBAM i 2026.

Arbeidsfrådrag

Regjeringa foreslår å innføre ei forsøksordning med arbeidsfrådrag, og ein viser til omtalen i Prop. 1 LS (2025–2026) *Skatter og avgifter 2026* kapittel 4. Skatteetaten får ansvaret med å planlegge og gjennomføre frådraget i skattesystemet, samt sørge for å gi forskingsprosjektet relevant datamateriale.

Budsjett for 2026

Det blir foreslått å setje utgiftsramma for Skatteetaten til 9 512,6 mill. kroner. Dette er 5,1 pst. høgare enn Saldert budsjett 2025. Løyvinga skal nyttast i samsvar med dei måla og prioriteringane som er omtalte ovanfor.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar lønsutgifter og andre driftsutgifter, og blir foreslått budsjettert med 8 429,3 mill. kroner. Det er ein auke med 3,4 pst. frå Saldert budsjett 2025.

Auka er i all hovudsak knytt til løns- og prisvekst på om lag 272 mill. kroner. I tillegg kjem noko auka drifts- og forvaltningskostnader knytt til arbeid med regelverk, forvaltningsprosessar og nye IT-system. Forslaget inneber òg skjerpa krav til effektivisering, innsparingar og gevinstrealiseringar på grovt rekna 70 mill. kroner

Det blir vist til forslag til fullmakt til å overskrive løyvinga under kap. 1618, post 01 *Driftsutgifter*, med eit beløp tilsvarande meirinntekter under kap. 4618, post 03 *Andre inntekter*, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Posten omfattar utgifter til innkrevjing av arbeidsgjevaravgift, skatt, trygdeavgift, meirverdiavgift, særavgifter og petroleumsskatt m.m. Posten omfattar òg kostnader med tvangsforretning, tinglysing, garantistilling og innkrevjing av barnebidrag. Vidare omfattar posten sakskostnader i rettssaker som gjeld meirverdiavgift, petroleumsskatt, særavgifter, krav frå statlege oppdragsgjevarar og bidrag og tilbakebetaling. Posten blir foreslått budsjettert med 112,9 mill. kroner.

Post 22 Større IT-prosjekt, kan overførast

Posten omfattar løyvingar til arbeid med øymerka investeringsprosjekt – modernisering av innkrevjing (*Fremtidens innkreving*) og arbeid med Altinn 3. Prosjekta er nærare omtalte ovanfor. Posten er foreslått budsjettert med 733,9 mill. kroner.

For desse investeringsprosjekta kan det blir bruk for avtalar som går utover budsjettåret, mot dekning av seinare løyvingar. Det blir difor bede om at Skatteetaten får fullmakt til å inngå slike avtalar innanfor dei kostnadsrammene som er gitt ovanfor, jf. forslag til romartalsvedtak

Post 23 Spesielle driftsutgifter, a-ordninga

Skatteetaten tar hand om interessene til dei tre samarbeidande etatane (Skatteetaten, Arbeids- og velferdsetaten og Statistisk sentralbyrå) og til dei opplysningspliktige i den vidare forvaltinga og utviklinga av a-ordninga. Posten er foreslått budsjettert med 114,1 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten omfattar utviklingstiltak for Skatteetatens system og infrastruktur på IKT-området, medrekna meir omfattande oppgraderingar, vidareutvikling av systemløysingar med meir. Posten er foreslått budsjettert med 115,9 mill. kroner.

I samband med visse kjøp og prosjekt kan det vere behov for å bestille for meir enn det som er løyva. Difor bes det om ei tingingsfullmakt på 35 mill. kroner, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 50 Skatte- og avgiftsforskning

Eit effektivt og føremålstenleg skatte- og avgiftssystem krev kontinuerleg arbeid. Dette føreset mellom anna forskning på området, gode fagmiljø og vidare utvikling av miljøa, og tilfredsstillande tilgang av kompetente personar til å arbeide med skatte- og avgiftsspørsmål. Til dette føremålet har Skatteetaten og Finansdepartementet mellom anna nytta avtalar med universitet om å prioritere forskning og utdanning på skatte- og avgiftsområdet, samstundes som Finansdepartementet har finansiert skatteøkonomisk forskning gjennom Noregs forskingsråd.

For 2026 tek ein sikte på å nytte løyvinga på posten til:

- Vidareføring av ein samarbeidsavtale frå 2019 mellom Skatteetaten og Universitetet i Bergen. Føremålet med den avtalen er *«oppbygging(en) av et fagmiljø i skatterett som skal sikre rekruttering av høyt kvalifiserte forskere til toppstillinger i skatterett ved universitetene og forskningsbasert undervisning og formidling av høy kvalitet i sentrale skatterettsfag.»*
- Vidareføring av ein avtale frå 2020 mellom Finansdepartementet og Universitetet i Oslo. Dette er ein av fire avtalar med ulike aktørar om prosjektet «Skatterett@JUS, UiO» der føremålet er å *«dels etablere plattform for forskning og undervisning innen skatte- og avgiftsrett, dels å skape en arena for samarbeid mellom Det juridiske fakultet, det offentlige og private aktører innen skatte- og avgiftsrett.»*
- Ei ny, fleirårig satsing på skatteøkonomisk forskning som Noregs forskingsråd starta hausten 2022. Satsinga skal vere med på *«å utvikle kunnskapen om skatt og økonomi og å bidra til et sterkt faglig miljø for skatteøkonomisk forskning i Norge.»*

Kap. 4618 Skatteetaten

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Refunderte utleggs- og tinglysingsgebyr	26 460	23 500	23 500
03	Andre inntekter	46 907	7 044	7 298
05	Gebyr for utleggsforretningar	112 519	64 000	55 000
07	Gebyr for bindande førehandsfråsegner	5 559	5 000	5 000
11	Gebyr på kredittdeklarasjonar	2 353	3 360	2 072
85	Inngått på tapsførte lån m.m.	252 312	300 000	250 000
86	Bøter, inndragingar m.m.	1 920 347	2 000 000	2 038 000
87	Trafikantsanksjonar	76 486	70 000	70 000
88	Forseinkingsgebyr, Rekneskapsregisteret	353 623	300 000	300 000
89	Gebyr for regelbrot	15 358	5 000	15 000
	Sum	2 811 924	2 777 904	2 765 870

Inntektene på kap. 4618, postane 85–88, er jamt over vanskelege å budsjettere. Hovudgrunnen er at krava blir ilagt av andre. Òg inntektene på nokre av dei andre postane på kapittelet blir i stor grad påverka av forhold utanfor etaten.

Post 01 Refunderte utleggs- og tinglysingsgebyr

Posten omfattar refusjon av gebyr ved utleggsforretningar som blir utførte av Skatteetaten og dei alminnelege namsmennene, jf. kap. 1618, post 21. Inntektene framover på denne posten gjeld innfordringar som blei sette i gang før 1. november 2020. Kor mange slike som står igjen etter 2024, er svært usikkert.

Post 03 Andre inntekter

Dei fleste inntektene etaten har, gjeld refusjonar for datatenester som blir utførte for andre statlege verksemdar, gebyr for folkeregisteropplysningar og nokre andre refusjonar, mellom anna nokre salsinntekter og tilskot. Det er nær samanheng mellom desse inntektene og dei tilhøyrande utgiftene på kap. 1618, post 01 *Driftsutgifter*, og inntektene varierer ein del frå år til år. Finansdepartementet ber difor om fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1618, post 01 *Driftsutgifter*, mot tilsvarende meirinntekter

under kap. 4618, post 03 *Andre inntekter*, jf. forslag til romartalsvedtak .

Post 05 Gebyr for utleggsforretningar

Posten omfattar gebyrinntekter frå utleggsforretningar som Skatteetaten utfører sjølv. Som følgje av ei overgangsordning i samband med regelverksendringar knytt til arbeidet med programmet *Fremtidens innkreving*, er det venta at inntektene på posten mellombels blir noko lågare i 2026.

Post 07 Gebyr for bindande førehandsfråsegner

Posten omfattar inntekter frå gebyr for bindande førehandsfråsegner frå Skatteetaten.

Post 11 Gebyr på kredittdeklarasjonar

Ved innførsel er hovudregelen at toll og avgifter skal betalast ved grensepasseringa. Etter tollkredittordninga kan godkjende importørar få kreditt slik at deklarasjonar for ein kalendermånad kan samlast og toll og avgiftar kan betalast den 18. i månaden etter. I månader der ein importør har brukt tollkredittordninga, vil han få eit gebyr på 100 kroner. Samla gebyrinntekter svarer til dei kostnadane som Skatteetaten har med tollkreditt-

ordninga. Kostnadsgrunnlaget blei gjennomgått i 2020 og vurdert til å samsvare bra med gebyrnivået.

Post 85 Inngått på tapsførte lån m.m.

Posten omfattar inntekter frå innkrevjing av misleghaldne lån som er tapsførte i Statens lånekasse for utdanning og i Husbanken.

Post 86 Bøter, inndragingar m.m.

Posten omfattar inntekter frå bøter (forenkla førelegg, vanlege førelegg og bøter som er ilagde ved dom), inndragingar og sakskostnader.

Post 87 Trafikantsanksjonar

Posten omfattar inntekter frå trafikkgebyr, pareringsgebyr og overlastgebyr, utferda av politiet og Statens vegvesen.

Post 88 Forseinkingsgebyr, Rekneskapsregisteret

Posten omfattar innbetaling av forseinkingsgebyr, ilagde av Rekneskapsregisteret.

Post 89 Gebyr for regelbrot

Posten omfattar inntekter frå gebyr for regelbrot som kan ileggjast arbeidsgjevarar som ikkje kan leggje fram ei oppdatert personalliste.

Tilsegningsordninga ved oppfølging av konkursbu

For å sikre og følgje opp krav i konkursbu som ledd i det offentlege innkrevjingsarbeide, vert

Skatteetaten kvart år gitt fullmakt til å gi nye, vilkårsbundne tilsegner om dekking av kostnader ved vidare bubehandling. Ved utgangen av 2024 låg det føre slike tilsegner for vel 25,3 mill. kroner. Tilsegningsfullmakta er knytt til kap. 1618 Skatteetaten, post 21 *Spesielle driftsutgifter*.

Vanlegvis blir det gitt tilsegn når ein reknar med at vidare bubehandling kan tilføre eit konkursbu aktiva, men buet ikkje har evne til å bære risikoen for kostnadane. I særlege tilfelle er tilsegna grunnlagt med preventive omsyn. Det gjeld mellom anna når mistanke om økonomisk kriminalitet tilseier at konkursbuet forfølgjer saka privatrettsleg eller overfører saka til påtalemakta. Ordninga medverkar dessutan til å avsløre brot på skatte-, avgifts- og rekneskapslovgjevinga, og motverkar økonomisk tapping av verksemdar.

Føremålet med tilsegningsordninga er å tilføre skatte- og avgiftskreditorane verdier som gjev betre dekking av skatte- og avgiftskrav som er melde i buet. Skatteetaten opplyser at skatte- og avgiftskreditorane får dekkja meir i konkursbu der det er gitt tilsegn om midlar til vidare bubehandling.

Finansdepartementet ser på tilsegningsordninga som viktig med tanke på både innkrevjing og allmennprevensjon. Ansvar for å gi nye tilsegner er delegert til Skattedirektoratet. Departementet gjer forslag om å vidareføre ordninga i 2026 ved å gi Skattedirektoratet fullmakt til å gi nye vilkårsbundne tilsegner om dekking av kostnader ved vidare bubehandling for opp til 22 mill. kroner innanfor ei samla fullmakt for nye og gamle tilsegner på 69,4 mill. kroner, jf. forslag til romartalsvedtak.

Tabell 5.4 Tilsegningsordninga ved oppfølging av konkursbu

	(i 1 000 kr)
	Tilsegner
Samla ansvar per 1. januar 2024	27 803
Nye tilsegner i 2024	8 968
Tilsegningsreduksjonar som følgje av utbetalingar i avslutta bu	-426
Tilsegningsreduksjonar som følgje av utbetalingar i ikkje-avslutta bu	- 8 074
Differanse mellom tilsegner og utbetalingar i avslutta bu	- 2 934
Ansvar per 31. desember 2024	25 337
Fullmakt til nye tilsegner i 2025	22 000
Forslag til fullmakt til nye tilsegner i 2026	22 000
Forslag til samla fullmakt i 2026 for nye og gamle tilsegner	69 337

Kap. 1619 Skatteklagenemnda

				(i 1 000 kr)
Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter	82 329	80 238	88 790
	Sum	82 329	80 238	88 790

Samfunnsoppdrag og organisering

Skatteklagenemnda behandlar klager som gjeld skatt og meirverdiavgift. Ordninga skal bidra til rettstryggleik for dei skattepliktige ved at klager der vedtaka ikkje blir omgjorte i fyrste instans ved skattekontora, får ei ny og uavhengig behandling.

Eit eige sekretariat førebur sakene for nemnda. Sekretariatet er lokalisert i Stavanger og hadde ved utgangen av 2024 totalt 58 tilsette. Sekretariatet er administrativt underlagt Skattedirektoratet, men er fagleg sjølvstendig. Det er lovfesta at Skatteklagenemnda og sekretariatet ikkje skal kunne instruerast i faglege spørsmål. Overordna styresmakt kan ikkje instruere organet om utfallet av enkeltsaker eller sakstypar. Det administrative ansvaret gjer at det ansvarlege organet likevel kan gå langt i å setje rammer for saksbehandlinga, jf. Prop. 1 S (2019–2020) for Finansdepartementet. Skattedirektoratet kan setje rammer for mellom anna organiseringa av oppgåveløysinga, saksbehandlingstida, måloppnåinga og tids- og ressursbruken i ulike sakstypar.

Resultat i 2024

Sekretariatet for Skatteklagenemnda har dei siste åra arbeidd med tiltak for at saksbehandlinga skal bli meir effektiv. I 2024 blei totalt 1 263 klagesaker behandla. Dette er ein auke frå 2022 og 2023, då det blei behandla høvesvis 959 og 903 saker. Frå 2018 til 2024 er det totale talet på ubehandla saker redusert frå 2 550 til 1 616. Samla saksbehandlingstid i sekretariatet og nemnda er betre, men framleis for lang. Det er òg framleis mange eldre klagerestansar i sekretariatet for Skatteklagenemnda. Delen ubehandla saker som er eldre enn eit år, er 50,1 pst. Det er noko betre enn i fjor (53,1 pst.), men framleis for høgt. Samla saksbehandlingstid for sakene som blir sende til nemnda, er òg framleis for lang.

Som følgje av at etaten identifiserte og retta eit avvik knytt til styringsinformasjonen for klagesaksbehandlinga, avviker talla noe frå det som ble rapportert i Prop. 1 S (2024–2025).

Mål og prioriteringar i 2026

Finansdepartementet fastset følgjande hovudmål for sekretariatet for Skatteklagenemnda i 2026:

- Saksførebuinga for Skatteklagenemnda skal vere effektiv og ha god kvalitet.

Viktige prioriteringar i 2026 blir:

Talet på ubehandla saker og eldre restansar må reduserast vesentleg. For å få ei meir effektiv saksbehandling må sekretariatet, i samråd med Skattedirektoratet, gjere systematiske vurderingar av organiseringa av dei interne arbeidsprosessane og korleis fagkompetansen i sekretariatet kan bli utnytta best mogleg.

Departementet vil framleis følgje opp arbeidet med å redusere saksbehandlingstida i Skatteklagenemndas sekretariat.

Budsjett for 2026

Budsjettramma for Skatteklagenemnda er for 2026 foreslått budsjettert til 88,8 mill. kroner. Det er ein auke på 10 pst. frå Saldert budsjett 2025.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar løn til tilsette i Skatteklagenemndas sekretariat, godtgjering til nemndmedlemene, arbeidsgjevaravgift, pensjon og andre personalutgifter samt enkelte andre driftsutgifter. Fordi det er Skatteetaten som har inngått dagens leigeforhold, og Skatteklagenemnda bruker IT-systemet til etaten, blir utgifter til eigedom, inventar, IT-utstyr mv. dekte over kap. 1618.

Programkategori 23.30 Offisiell statistikk

Utgifter under programkategori 23.30 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
1620	Statistisk sentralbyrå	1 011 370	1 029 754	1 055 445	2,5
	Sum kategori 23.30	1 011 370	1 029 754	1 055 445	2,5

Kap. 1620 Statistisk sentralbyrå

(i 1 000 kr)					
Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	
01	Driftsutgifter	759 153	783 068	799 883	
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	247 825	242 503	251 233	
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	4 392	4 183	4 329	
	Sum	1 011 370	1 029 754	1 055 445	

Samfunnsoppdrag og organisering

I statistikklova heiter det at Statistisk sentralbyrå (SSB) «*er den sentrale myndigheten for utvikling, utarbeiding og formidling av offisiell statistikk i Norge*». Offisiell statistikk gir viktig kunnskap om korleis samfunnet er bygd opp, verkar og utviklar seg. Statistikk medverkar til allmenn folkeopplysing, er grunnlag for analyse, forskning, planlegging og styring både for private og for styresmaktene. Statistikk legg dessutan til rette for eit opplyst offentleg ordskifte. Lova gir SSB eit todelt samfunnsoppdrag. I tillegg til statistikk skal SSB «*drive med forskning og analyse*», retta mot regjeringa og sentralforvaltinga, Stortinget og partane i arbeidslivet.

Lova gir SSB ei sentral rolle i arbeidet med å samordne og kvalitetssikre den offisielle statistikkproduksjonen på tvers av offentlege statistikkprodusentar. Dette skjer mellom anna gjennom at dei leiar Utvalet for offisiell statistikk. SSB skal utvikle og fremje tiltak for kvalitetssikring og

kompetansebygging innan det norske statistikk-systemet, i samråd med Utvalet for offisiell statistikk.

Med heimel i statistikklova oppnemner regjeringa representantar til Rådet for Statistisk sentralbyrå for periodar av fire år. Rådet skal medverke til at oppgåvene til Statistisk sentralbyrå blir utført best mogleg. Rådet skal støtte administrande direktør i statistikkfaglege spørsmål, i spørsmål om forskning og analyse og i andre særleg viktige eller prinsipielle saker. Rådet skriv årleg ein rapport om SSB si verksemd.

Finansdepartementet oppnemner Utvalet for offisiell statistikk. Utvalet er i hovudsak sett saman av statistikkprodusentar og eigarar av sentrale offentlege register som blir nytta til offisiell statistikk. Regjeringa fastset periodiske nasjonale statistikkprogram som rammer inn den offisielle statistikken i Noreg. SSB leiar arbeidet med programforslaga, i samråd med Utvalet for offisiell statistikk. Inneverande program gjeld for åra 2024–2027.

SSB har rådgjevande utval og andre brukarforum for ei rekkje statistikkområde, der dei kjem i dialog med viktige brukarar av statistikken.

SSB har hovudansvaret for norsk deltaking i internasjonalt statistisk samarbeid. Dette samarbeidet er med på å heve kvaliteten på norsk statistikk, og det legg til rette for å samanlikne norsk og internasjonal statistikk. Samstundes legg særleg EØS-avtalen sterke føringar på den norske statistikkproduksjonen. Forordning (EU) nr. 223/2009 om europeisk statistikk («*Den europeiske statistikklova*») inneheld retningslinjer for å utvikle, utarbeide og formidle europeisk statistikk og er gjort gjeldande i norsk rett. Saman med FN sine grunnleggjande prinsipp for offisiell statistikk, OECD sine tilrådingar om gode statistiske praksisar og IMF sitt datakvalitetsrammeverk, utgjer desse retningslinjene eit internasjonalt rammeverk for verksemda til SSB. I november 2024 vedtok EU endringar i forordninga om europeisk statistikk som er til vurdering for innlemming i statistikkvedlegget til EØS-avtalen.

Ved utgangen av 2024 hadde verksemda 848 tilsette som utgjorde 780 årsverk. I tillegg utgjorde intervjuarar 36 årsverk. Talet på tilsette i SSB er dei siste ti åra redusert med om lag 60. Krav til vidare effektivisering kan tilseie at talet blir redusert ytterlegare framover.

SSB har etablerte kompetansemiljø på Kongsvinger og i Oslo. Om lag 64 pst. av dei tilsette i

2024 arbeidde i Oslo og 36 pst. på Kongsvinger, uendra frå året før. Fordelinga av tilsette mellom Oslo og Kongsvinger har vore relativt stabil sidan midt på 1990-talet.

Resultat i 2024

Statistikk av høg kvalitet som dekkjer viktige sider av samfunnet er eit hovudmål for SSB. Det er sett kvantitative mål for viktige indikatorar som skal underbygge SSB sitt arbeid med å levere relevant statistikk av høg kvalitet. Indikatorane er òg forankra i dei europeiske retningslinjene for statistikk.

Nedanfor følgjer ein omtale av resultata for sentrale resultatindikatorar for statistikkproduksjonen i 2024.

Aktualitet

Som mål på aktualitet i statistikken nyttar ein perioden frå referanseperioden går ut til statistikken blir publisert. Finansdepartementet sett som mål at den gjennomsnittlege produksjonstida for statistikkane skal vere minst like låg som for det beste av dei tre siste åra. SSB nådde ikkje målet for årsstatistikkane, men for både månads- og kvartalsstatistikkane blei målet nådd. Lågare aktualitet for årsstatistikk skuldast at den nye kosthaldsstatistikken er laga på 2018-tall.

Tabell 5.5 Aktualiteten til statistikken – veker frå utgangen av referanseperioden til publisering

	2020	2021	2022	2023	2024
Månadsstatistikk	3,5	3,3	3,4	3,3	3,3
Kvartalsstatistikk	7,3	7,3	7,5	7,5	7,3
Årsstatistikk	29,9	30,6	32,2	28,6	29,0

Svarrespons

For at statistikken skal halde høg kvalitet, må ein størst mogleg del av dei statistiske einingane ta del i undersøkingane. Statistikklova gir SSB heimel til å ileggje både personar og føretak plikt til å avgje opplysningar til statistikkproduksjonen, og eventuelt å ileggje tvangsmulkt ved manglande levering. Svarresponsen for undersøkingar med

oppgåveplikt har gått moderat opp i 2024 etter ei svak nedgang i 2023. For frivillige undersøkingar har det derimot ikkje vore endring. Over tid har svarprosenten for dei frivillige undersøkingane gått ned, og arbeidet med å oppretthalde ein tilfredsstillande svarprosent blir stadig meir ressurskrevjande. Denne utviklinga kan òg sjåast internasjonalt.

Tabell 5.6 Svarrespons i undersøkingar frå SSB. Prosent

Undersøkingar:	2020	2021	2022	2023	2024
Med oppgåveplikt	94	96	98	96	97
Frivillige	56	55	52	52	53

Oppgåvebør

Det er eit mål å minke oppgåvebøra til næringslivet. Tilrettelegging for elektronisk rapportering er eit viktig verktøy for å halde oppgåvebøra låg. Nær all rapportering til SSB skjedde elektronisk i 2024. Om lag eitt av ti føretak i privat sektor rapporterer til SSB i ei eller fleire undersøkingar, og

større verksemdar ber ei større del av børa. Oppgåvebøra har gått ned over tid, sjølv om større, periodevise undersøkingar kan gi store svingingar frå eit år til det neste. SSB arbeider med å utvikle og ta i bruk nye kjelder, mellom anna stordata. Dette arbeidet kan over tid ha merkbar effekt på oppgåvebøra.

Tabell 5.7 Oppgåvebør ved rapportering til SSB. Årsverk

	2020	2021	2022	2023	2024
Næringslivet i alt	69	65	64	64	64
Personar og offentlege institusjonar	17	15	19	20	18

Aktive statistikkar

I 2024 hadde SSB 296 aktive statistikkar, ei moderat auke frå året før, sjå tabellen nedanfor. Det

nasjonale statistikkprogrammet er førande for kva for område det blir produsert og publisert offisiell statistikk om.

Tabell 5.8 Statistikkpubliseringar

	2021	2022	2023	2024
Aktive statistikkar	292	293	292	296

SSB opplyser brukarane dersom dei avdekkjer vesentlege feil i statistikkane. Det blei ikkje avdekt vesentlege feil i nokon av statistikkane i 2024. Systemet for kvalitet i offisiell statistikk og registersamarbeid mellom SSB og dei store eigarane av data er viktig for å avgrensa moglege feil.

Samla resultatvurdering

SSBs samfunnsoppdrag er å levere statistikk, analysar og forskning av høg kvalitet til nytte for det norske samfunnet. SSB har gjennomført dette oppdraget godt i 2024. SSB har jamt over hatt eit resultat på linje med dei føregåande åra, trass i at etaten er i gang med ei større omlegging av produksjonssystema og har førebudd ei flytting på Kongsvinger. Anna naudsynt arbeid med digitalisering og datasikkerheit krev mykje ressursar.

SSB må like fullt heile tida arbeide vidare med å betre måloppnåinga.

Viktige utfordringar framover

Moderne demokratiske samfunn må bli understøtta av truverdig offisiell statistikk. Det er viktig med uavhengige og kvalitetssikra fakta som folk enkelt finn og tar i bruk. Statistikk, forskning og analyse skal medverke til innsikt i samfunnsutviklinga, gi grunnlag for det offentlege ordskiftet og gjere det mogleg å ta avgjerder på informert grunnlag. Dette stiller krav til at SSBs statistikk og analysar er aktuelle og lett tilgjengelege. På denne måten bidrar SSB òg til å motverke spreiing av desinformasjon og falske nyhende.

Det nasjonale programmet for offisiell statistikk sett rammer for produksjonen av og retninga

i utviklinga av offisiell statistikk dei neste åra. Offisiell statistikk skal vere relevant for brukarane, og behova endrar seg over tid. SSB er den sentrale produsenten av offisiell statistikk, og SSB må halde eit overordna oppsyn med at dei andre styresmaktene som er ansvarlege for offisiell statistikk følgjer opp programmet og etterlever krava til kvalitet. SSB må følgje opp utviklingstiltaka i programmet og korleis dei kan bli gjennomført. I 2026 vil arbeidet med forslag til statistikkprogram frå 2028 starte.

SSB må ta eit særleg ansvar for å bidra til statistikkfagleg kompetansebygging og utvikling av eit fagfellesskap med andre offisielle statistikkprodusentar. SSB må òg leggje til rette for ei klar arbeids- og ansvarsdeling mellom produsentane.

Forventningane frå folk, føretak og styresmakter til digitale tenester aukar. Endringar skjer raskare, og det er krav til at data blir gjort tilgjengeleg raskt og er betre tilpassa brukarane. Stadig meir data blir produsert eller samla inn. Truleg vil veksten i tilgjengelege data auke vidare framover. Nye data gjer det mogleg å skape ny innsikt. I tillegg vil nye teknologiske løysingar kunne gi SSB meir avanserte analysemetodar, som òg er godt eigna når SSB tar i bruk fleire datakjelder. Kunstig intelligens (KI) kan gi store moglegheiter framover. KI kan gjere det enklare for brukarane å finne relevante statistikkar og få svar på spørsmål om statistikkane og kunne medverke til meir automatisering, effektivisering og standardisering av statistiske produksjonsprosessar og betre formidling. Slik effektivisering vil vere viktig for å møte venta strammare økonomiske rammer i offentleg sektor framover. Samstundes inneber desse omveltingane store utfordringar, og verksemda må prioritere investeringar i mellom anna kompetanse, datalager, nye løysingar og betra tryggleik.

På informasjonssikkerhetsområdet er trusselbiletet skjerpa, og både statlege aktørar og kriminelle aktørar bruker mykje ressursar og avanserte metodar for å tileigne seg data. SSB har store mengder data og hentar dagleg inn nye data som grunnlag for statistikk, forskning og analyse. For å verne desse må SSB prioritere informasjonssikkerheit og personvern høgt.

Datamaterialet som SSB samlar inn, skal vere vårt felles faktagrunnlag og bør kome alle til gode. Statistikklova gir forskarar og forvaltinga tilgang på mikrodata for statistiske og analytiske føremål. Det er høg etterspurnad etter mikrodata frå SSB. SSB må arbeide kontinuerleg med å gjere mikrodata enklare og raskare tilgjengeleg for forskarar og styresmakter, samstundes som datatryggleik og personvern er høgt prioritert.

Microdata.no-portalen gir forskarar og studentar lettare og betre tilgang til registerdata. SSB må prioritere å gjere mest mogleg data tilgjengeleg på microdata.no og samstundes vareta gode og sikre tenester for tradisjonell tilgjengeleggjering. Løysinga for microdata.no skal spele saman med dei andre tenestene for å møte brukarbehova og såleis avlaste anna tilgjengeleggjering av data. SSB må leggje vekt på at løysinga deira legg til rette for kopling med data på andre offentlege dataplattformer. SSB har sett ned eit brukarråd for arbeidet med gjenbruk av mikrodata.

Mål og prioriteringar i 2026

SSBs samfunnsoppdrag, hovudmål og oppgåver er fastsette i statistikklova § 17 og skal liggje til grunn for verksemda i 2026:

- Statistisk sentralbyrå er den sentrale myndigheita for utvikling, utarbeiding og formidling av offisiell statistikk i Noreg.
- Statistisk sentralbyrå skal òg drive med forskning og analyse.
- Statistisk sentralbyrå kan ta på seg andre oppgåver i den grad desse understøttar verksemda som nemnt i første og anna ledd.

I tillegg skal SSB leie *Utvalet for offisiell statistikk*, som skal bidra til samordning og utvikling av offisiell statistikk og gi råd om utarbeiding og formidling av statistikken.

Måla som skal ligge til grunn for SSBs verksemd dei neste åra, er at SSB skal:

- vere den fremste leverandøren av fakta om norske samfunnsforhold
- sikre samarbeid, heilskap og kvalitet i det norske statistikkssystemet
- samle inn, bruke og dele data til beste for samfunnet

Måla skal bidra til at SSB har naudsynt tillit og truverd i samfunnet og til at SSB leverer produkt og tenester i tråd med brukarbehov. Statistikk, forskning og analyse frå SSB skal halde god kvalitet. SSB skal òg vareta fagleg sjølvstende, kvalitet og kontinuitet i heile det norske offisielle statistikkssystemet. Vidare skal verksemda medverke til kvalitet og kontinuitet i grunnlagsdata og utnytte veksten i nye datakjelder. SSB skal hente inn, bruke og dele data effektivt, og sørge for at folk har tillit til at SSB behandlar data og informasjon konfidensielt og sikkert.

Departementet ventar at resultata i 2026 samla sett skal vere minst like gode som i 2024. I resultatvurderinga vil departementet leggje vekt på

heilskapen i verksemda. I det daglege arbeidet er det naudsynt at SSB veg kvalitet opp mot effektivitet.

Viktige prioriteringar i 2026 blir:

Heilskap og kvalitet i statistikkssystemet

Statistikklova seier at SSB er den sentrale styresmakta for utarbeiding, utvikling og formidling av offisiell statistikk, og SSB må ifølgje lova halde eit overordna oppsyn med at alle offisielle statistikkprodusentar etterlever desse krava til kvalitet.

SSB har ansvaret for å følgje opp det nasjonale statistikkprogrammet og skal involvere *Utvalet for offisiell statistikk* i dette arbeidet. Det er viktig å vareta planane om ny og betre statistikk i programperioden. SSB skal utarbeide forslag til nytt statistikkprogram frå 2028, etter samråd med Utvalet for offisiell statistikk.

SSB skal utvikle og fremje tiltak for kvalitets sikring og kompetansebygging innan det norske statistikkssystemet, i samråd med *Utvalet for offisiell statistikk*. Eit system for kvalitetssikring er etablert, og årlege rapportar om kvaliteten i den norske offisielle statistikken blir publisert. Desse rapportane vil gi grunnlag for å vurdere tiltak for betre kvalitet i offisiell statistikk og vidareutvikle systemet for kvalitetssikring.

Offisiell statistikk skal vere lett tilgjengeleg for brukarane. Nettsida til SSB gir informasjon om det norske statistikkssystemet og har inngangar til offisiell statistikk hos andre produsentar. SSB har ein ambisjon om å gradvis byggje ut ei plattform for offisiell statistikk i samarbeid med produsentane og etter samråd med *Utvalet for offisiell statistikk*. For å gi betre statistikktenester for brukarane samarbeider SSB med dei svenske statistikkmyndighetene om å modernisere statistikkbanken. Tek dei andre produsentane av offisiell statistikk i bruk denne løysinga, vil brukarane enklare kunne hente ut offisiell statistikk frå ulike produsentar. Dette vil samstundes kunne gjere dei andre produsentane meir synlege for brukarane.

SSB er ein viktig premissgjevar som skal vere til stades i offentlegheita, bidra med statistikk om heile samfunnet, sjå statistikkar i samanheng og analysere aktuelle saker. Verda er i stadig endring, og det er viktig å nytte data frå fleire og nye kjelder for å belyse samhengane. SSB må difor fange opp statistikkbehov, utvikle relevante statistikkar og formidle dei godt. Gjennom å leie *Utvalet for offisiell statistikk* og ha eit utvida ansvar for samordning, skal SSB òg kunne følgje opp at

alle dei offisielle produsentane i statistikk-systemet bidrar til dette.

Leiande miljø for anvendt forskning på norsk økonomi

Statistikklova § 17 slår fast at SSB skal drive forskning og analyse. Finansdepartementet har gitt retningslinjer for denne forskings- og analyseverksemda. Av retningslinjene går det mellom anna fram at forskings- og analyseverksemda i hovudsak skal vere empirisk, basert på norske data og støtte opp om statistikkproduksjonen i SSB. I tillegg går det fram at SSB skal utarbeide prognosar for norsk økonomi, støtte departementa i analysar og utføre modellberekningar i samband med stortingsbehandlinga av regjeringas forslag til statsbudsjett. Det er lange tradisjonar for slik forskning i SSB. Saman med statistikken har dette arbeidet lagt til rette for ei god forståing av samfunnet og samfunnsutviklinga. SSB deltar òg i, eller støttar, fleire offentlege utval, på bakgrunn av kompetansen dei har og modellapparatet dei forvaltar.

SSB skal òg drive forskning og analyse i den grad det krevst for å kunne utvikle, utarbeide og formidle offisiell statistikk på ein god måte. Det vil stadig vere naudsynt å forske på statistiske metodar, mellom anna fordi nye datakjelder krev metodeutvikling.

Betre produkt og tenester

Offisiell statistikk skal vere til allmenn nytte. Folk hentar informasjon om samfunnet og samfunnsutviklinga frå mange kjelder. For at SSB skal vere ei relevant og aktuell kjelde som blir nytta, må vidare utvikling av produkta og tenestene til SSB skje i dialog med brukarar, registereigarar og andre dataforvaltarar. Brukarbehova er viktige for utvikling, produksjon og formidling av statistikk, analysar og forskning.

SSB skal vidareutvikle ssb.no slik at brukarane enklare finn fram til rett innhald. SSB skal òg arbeide for å nå nye brukarar ved å betre leggje til rette innhaldet for søkemotorar og KI-agentar, og gjennom å utvikle nye produkt og tenester.

Godt samarbeid med eigarar av offentlege registre og andre dataeigarar kan medverke til å redusere oppgåuebøra for næringslivet og andre, gi registerdata med betre kvalitet og sikre tilgang til nye datakjelder. For næringslivet vil betre skjema for sjølvadministrerte undersøkingar, auka bruk av data direkte frå næringane sine egne system og auka bruk av ukonvensjonelle datakjelder vere viktig.

SSB skal òg fortsetje arbeidet med å betre tenestene for tilgjengeleggjing av mikrodata. Verksemda skal gjere mikrodata tilgjengeleg for forskarar og styresmakter effektivt og føreseieleg. SSB må arbeide med både tradisjonell, manuell tilgjengeleggjing av data og vidareutvikle dei tekniske løysingane for datatilgang gjennom microdata.no, og arbeide for at data frå SSB kan nyttast i sikre analyserom.

Saman med Sikt (Kunnskapssektorens tjenesteleverandør) og Folkehelseinstituttet (FHI) har SSB utarbeidd ein plan for ei større satsing for vidareutvikling av microdata.no og søkt om midlar frå Digitaliseringsdirektoratet si medfinansieringsordning. Satsinga skal auke omfanget av data i løysinga, spesielt frå helseregistera, og bidra til tryggare datadeling og felles bruk av sikre analyserom saman med helseregistera. Samstundes skal det utviklast tenester der brukarane kan nytta microdata.no til å utforska og byggje data, og knytte dette til søknader om manuell tilgjengeleggjing av data frå FHI og SSB. Dette vil bidra til ein enklare og meir effektiv søknadsprosess.

SSB skal ha ei veiledningsteneste for bruk av forsøk i offentleg forvaltning. Tenesten skal leggje til rette for samarbeid med relevante fagmiljø og bidra til å lette planlegginga av forsøk gjennom å gi forvaltingsorgan veiledning i ein tidlig fase om dei særlege praktiske, metodiske, juridiske og etiske spørsmål forsøka kan reise.

Utvikling og effektivisering

SSB må arbeide kontinuerleg med å effektivisere og forbetre verksemda, og dermed frigjere ressursar som kan gi rom for utvikling. Etableringa av ei ny skybasert dataplattform for statistikkproduksjonen (Dapla) er det viktigaste tiltaket for forbetring og effektivisering i SSB. Den nye dataplattformen legg til rette for meir effektiv innhenting, bruk og deling av data samt betre oversikt og kunnskap om SSB sine data. Dette vil bidra til lågare oppgåvebør for næringsliv og personar, og betre produkt og tenester for brukarar. Tiltaket vil òg gi auka datatryggleik. I ein overgangsperiode må SSB produsere statistikk på Dapla og på gamle system parallelt. For at medarbeidarane skal kunne lære seg nye programmeringsspråk og leggje om produksjonsløpa, må SSB òg frigjere tid til kompetanseutvikling. Dette vil vere ressurskrevjande.

Teknologiske endringar gir tilgang på meir data og nye datakjelder. Det skapar nye høve til statistikkutvikling, men fører òg til auka etterspurnad etter statistikk og analysar frå SSB. Stordata

og tilgang på nye datakjelder kan gjere at arbeidet med statistikk blir meir effektivt, at oppgåvebøra blir mindre tung og at statistikken blir betre eller kan dekkje nye område. SSB må bruke stordata og nye metodar for å effektivisere og å utvikle ny statistikk. SSB har mellom anna støtt seg på aggregerte transaksjonsdata for å betre kvaliteten på konsumprisindeksen i fleire år, og arbeider no med å kunne nytte same data for å lage betre indeksar for omsetjing i detaljhandelen og nokre av tenestenæringane. Bruken av desse dataene kan òg lette oppgåvebøra for næringslivet og gi moglegheit for auka aktualitet.

SSBs moglegheiter for vidareutvikling og etablering av nye statistikkar er avhengig av ei rekkje faktorar, mellom anna omfang av og tilgang til data. Samstundes kan nye datakjelder, som stordata, skape nye utfordringar, mellom anna knytta til personvern. SSB må arbeide vidare med å avklare handlingsrommet for bruk av stordata og transaksjonsdata, og ha dialog med både Datailsynet og departementet undervegs.

Overgang frå Altinn II til Altinn 3

Brønnøysundregistrene og sidan Digitaliseringsdirektoratet har frå 2018 arbeidd med å utvikle ei ny plattform (Altinn 3) som skal erstatte Altinn II.

Våren 2023 vart det etablert eit tverretatleg program leia av Digitaliseringsdirektoratet i samarbeid med dei største tenesteeigarane på Altinn-plattformen: Brønnøysundregistra, Skatteetaten og Statistisk sentralbyrå. Programmet Nye Altinn skal utvikle Altinn 3 og reetablere Brønnøysundregistra, SSB og Skatteetaten sine digitale tenester på den nye plattformen.

I 2026 blir Altinn II stengd. Altinn 3 har difor ein stram tidsplan og må vere ferdig innan sommaren 2026 for at SSB skal kunne oppretthalde dei digitale tenestene som i dag er bygd på Altinn II.

Sjå òg omtale av saka i Prop. 1 S (2025–2026) for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.

Informasjonstryggleik

God informasjonstryggleik er ein føresetnad for kvalitet i statistikk, forskning og analyse. SSB forvaltar store mengde data om personar og verksemder, og folk må ha tillit til at SSB behandlar data og informasjon konfidensielt og sikkert. SSB må jamleg kontrollere egen tryggleikstilstand og evne til å handtere uønska hendingar og kriser. Dersom det blir avdekt svakheiter, skal SSB straks setje i gang tiltak for å redusere risiko. Verksemda må løpande gjere verdivurderingar av

dei dataene ho har. Ulike slag data kan krevje ulike tryggleikstiltak, både preventivt og i ei krisesituasjon.

Det er særst viktig at SSB legg tilstrekkeleg vekt òg på informasjonstryggleik, særleg i ein periode med stor omstilling. Det må òg innebere å sikre at dei har nok ressursar til naudsynt arbeid med informasjonstryggleik.

Kompetente og motiverte leiarar og medarbeidarar tilsette med rett kompetanse er avgjerande for at SSB skal levere gode resultat. Behovet for kompetanse endrar seg i takt med den teknologiske utviklinga og etterspurnaden etter ny statistikk. Modernisering av SSBs produksjonssystem vil gi store endringar i arbeidsprosessane. SSB må difor arbeide strategisk med kompetanseutvikling slik at verksemda kan meistre endringane som moderniseringa gir, og slik at dei tilsette har grunnlag for å meistre nye oppgåver.

Med dei store endringane verksemda har vore og skal gjennom, er det særskilt viktig å halde på og vidareutvikle kjernekompetansen, og å behalde eit godt arbeidsmiljø. Ved større endringar vil det òg vere særskilt viktig å sikre kompetanseoverføring og å motarbeide feil.

SSB Kongsvinger flytte i 2025 inn i nye lokale i sentrum. Lokala er tilrettelagd for samhandling og vil bidra til å vidareutvikle eit sterkt fagmiljø på Kongsvinger.

Internasjonalt samarbeid

SSB skal delta aktivt i internasjonalt samarbeid og bidra til samordning, informasjonsdeling og kompetanseutvikling. Det internasjonale samarbeidet inneber at det blir sett særskilde krav til innhald, omfang og kvalitet i statistikkane. I stor grad samsvarer slike internasjonale krav med SSBs prioriteringar og gir føringar for utvikling av nye statistikkområde.

Eurostat har gjennomført ei fagfelleevaluering av det norske statistikkssystemet. Evaluerings-teamet ga gode skotsmål til norsk offisiell statistikk og kom med 15 tilrådingar om ytterlegare forbetringar av det norske statistikkssystemet. Det er utarbeidd ein fleirårig tiltaksplan for å følgje opp tilrådingane, og SSB skal rapportere årleg om status til Eurostat frå 2024 og ut 2027. Rapporteringa så langt viser at gjennomføringa av tiltaka i all hovudsak går som planlagt.

SSB representerer Noreg i statistikkomiteen i OECD (Committee on Statistics and Statistical

Policy), og for tida er administrerande direktør i SSB styreleiar for komiteen. SSB vil frå 2026 òg vere medlem i FNs statistiske komité under FNs økonomiske og sosiale råd (ECOSOC).

SSBs utviklingssamarbeid blir gjennomført i samarbeid med Utanriksdepartementet og Norad, og er i tråd med norsk utviklingspolitikk. SSB tar mellom anna del i fleire av Kunnskapsbankens program og relevante faglege samordningsfora.

Statistikk er omfattande regulert i EØS-avtalen. Nasjonale statistikkkrav må sjåast i samanheng med, og vere tilpassa, krav frå EU.

Ei rammeforordning om innsatsfaktorar og produksjon i landbruket (SAIO) blei vedtatt i 2023, og samlar eksisterande og nye krav på statistikkområda dyreproduksjon, avlgsproduksjon, landbruksprisar, næringsstoff og plantevern-middel med verknad frå 1. januar 2025. SSB har vurdert EØS-relevans og oppfølging av dei ulike modulane i rammeforordninga i samarbeid med Landbruksdirektoratet, NIBIO og Mattilsynet, og forordninga er i prosess for innlemming i statistikkvedlegget til EØS-avtalen.

I 2024 vedtok EU ei forordning om tre nye modular for miljørekneskap som er i prosess for innlemming i statistikkvedlegget i EØS-avtalen. Forordninga utvidar dei eksisterande miljørekneskapane med nye statistikkar for skogrekneskap, miljøsubsidiar og naturrekneskap.

EU har òg nyleg vedtatt nye forordningar om europeisk befolkningsstatistikk (ESOP) og arbeidsmarknadsstatistikk for næringslivet (LMB) og er slutfasen med nye forordningar om statistikk for næringseigedommar (CREI) og fiskeri og akvakultur (EFAS).

Nasjonalrekneskapen gjennomfører med jamne mellomrom hovudrevisjonar for å ta inn nye datakjelder, nye metodar eller for å korrigere data bakover i tid som følgje av forbetre informasjonsgrunnlag. Dei sameinte nasjonane oppdaterte standarden sin for nasjonalrekneskap i 2025. Europeiske statistikkstyresmakter følgjer opp endringane i sine tilrådingar. Heile den norske nasjonalrekneskapen og alle delrekneskapane er i dag regulerte gjennom EU-forordninga ESA2010.

Budsjett for 2026

Det blir foreslått å setje utgiftsramma til SSB for 2026 til 1 055,4 mill. kroner. Dette er 2,5 pst. høgare enn i Saldert budsjett 2025. Løyvinga skal brukast i samsvar med måla og prioriteringane som er omtalte ovanfor.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar lønsutgifter og andre driftsutgifter og blir foreslått budsjettert til 799,9 mill. kroner, som er 2,1 pst. meir enn i Saldert budsjett 2025. Auka er i all hovudsak knytt til løns- og prisvekst på om lag 25 mill. kroner. Det er trekt ut midlar knytt til eingongsutgifter til arbeid med Altinn 3 i 2025 på om lag 14 mill. kroner. 13 mill. kroner gjeld auka kapasitet til arbeid med Dapla i 2026. Forslaget inneber òg skjerpa krav til effektivisering og innsparingar på grovt rekna 2,6 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Spesielle driftsutgifter er knytte til brukarfinansierte oppdrag. Posten blir foreslått budsjettert med 251,2 mill. kroner, 3,6 pst. høgare enn for Saldert budsjett 2025.

Ved brukarfinansierte oppdrag blir utgiftene posterte på kap. 1620 *Statistisk sentralbyrå*, post 21 *Spesielle driftsutgifter*. Inntekta frå slike oppdrag skal dekkje dei tilhøyrande utgiftene og blir postert på kap. 4620 *Statistisk sentralbyrå*, post 02 *Oppdragsinntekter*.

SSB kan overskride løyvinga til oppdragsverksemda på kap. 1620, post 21 *Spesielle driftsutgifter*, med eit beløp som svarer til meirinntektene på kap. 4620, post 02 *Oppdragsinntekter*. Eventuelle unytta meirinntekter kan reknast med ved utrekning av beløp som kan overførast på post 21, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten omfattar oppgraderingar og utviklingstiltak for systema til SSB og for infrastruktur på IKT-området. Det blir foreslått budsjettert 4,3 mill. kroner på posten i 2026.

Kap. 4620 Statistisk sentralbyrå

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
02	Oppdragsinntekter	246 307	247 103	255 833
85	Tvangsmulkt	12 585	10 000	10 000
	Sum	258 892	257 103	265 833

Post 02 Oppdragsinntekter

Sjå omtale under kap. 1620, post 21.

Inntektene skal dekke SSB sine driftsutgifter knytte til brukarfinansierte oppdrag, inkludert meirverdiavgifta i samband med slike oppdrag, og som blir å belaste kap. 1633 *Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift*. Oppdragsinntektene er på denne bakgrunn førte opp med 4,6 mill. kroner meir enn utgiftene på kap. 1620, post 21.

Det blir vist til forslag til fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 1620, post 21 *Spesielle driftsutgifter* med eit beløp tilsvarande meirinntekter under kap. 4620, post 02 *Oppdragsinntekter*, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 85 Tvangsmulkt

SSB har med heimel i statistikklova høve til å ileggje tvangsmulkt.

Programkategori 23.40 Andre føremål

Utgifter under programkategori 23.40 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
1632	Kompensasjon for meirverdiavgift	36 067 281	38 200 000	36 450 000	-4,6
1633	Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift	11 643 591	10 500 000	11 500 000	9,5
1635	Forskottering av erstatningskrav	85 000	20 000	1 000	-95,0
Sum kategori 23.40		47 795 872	48 720 000	47 951 000	-1,6

Kap. 1632 Kompensasjon for meirverdiavgift

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
61	Tilskot til kommunar og fylkeskommunar, <i>overslagsløyving</i>	33 472 753	35 350 000	33 600 000
72	Tilskot til private og ideelle verksemder, <i>overslagsløyving</i>	2 594 528	2 850 000	2 850 000
Sum kap. 1632		36 067 281	38 200 000	36 450 000

Post 61 Tilskot til kommunar og fylkeskommunar, overslagsløyving

Føremålet med ordninga er at meirverdiavgifta i minst mogleg grad skal påverke avgjerdene som kommunane tar om anten å produsere avgifts-pliktige tenester med eigne tilsette eller å kjøpe dei frå andre.

Samla mva.-kompensasjon til kommunar og fylkeskommunar i 2026 er talfesta til 33 600 mill. kroner.

Post 72 Tilskot til private og ideelle verksemder, overslagsløyving

Private og ideelle verksemder som utfører sosiale tenester og helse- og undervisningstenester som kommunane ved lov er pålagde å utføre er omfatta av ordninga. Dei private og ideelle verksemdene som er omfatta av ordninga, skal sende krav etter dei same kriteria som kommunane.

Det blir foreslått ei løyving på 2 850 mill. kroner under denne posten.

Kap. 1633 Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	11 643 591	10 500 000	11 500 000
	Sum kap. 1633	11 643 591	10 500 000	11 500 000

Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving

Nettoføringsordninga inneber at forvaltningsorgana som er inkluderte i ordninga, ikkje blir belasta meirverdiavgift for utgifter på postane 01–49 i budsjetta og rekneskapane sine, men fører

utgiftene til meirverdiavgift på eit sentralt kapittel for meirverdiavgift under Finansdepartementet (kap. 1633, post 01). Det vil òg i 2026 vere uvisse om løyvingsbehovet til ordninga.

Det blir foreslått ei løyving på 11 500 mill. kroner.

Kap. 1635 Forskottering av erstatningskrav

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
70	Utbetaling av erstatning, <i>kan overført</i>	85 000	20 000	1 000
	Sum kap. 1635	85 000	20 000	1 000

Det danske forsikringsselskapet Alpha Insurance gjekk konkurs i mai 2018. Fleire norske selskap hadde teikna yrkesskadeforsikring i Alpha Insurance for sine tilsette. Forsikringane var anten teikna via den norske filialen til Alpha Insurance eller direkte i det danske morselskapet. I dei tilfella der arbeidsgjevar hadde teikna forsikring direkte hos det danske selskapet, dekkjer korkje den norske Garantiordninga for skadeforsikring eller den danske garantiordninga krava som yrkesskadde arbeidstakarar har mot konkursbuet. Konsekvensen er at dei råka arbeidstakarane berre får utbetalt dividende (sin del) frå konkursbuet, og det vil fyrst skje når buet er endeleg gjort opp. Dette kan ta fleire år.

Staten har inga juridisk plikt til å forskotere erstatningskravet, men regjeringa har likevel valt å forskotere erstatningskrav frå norske skadelidne mot det danske morselskapet i Alpha Insurance. For 2026 er det foreslått å løyve 1 mill. kroner til føremålet. Løyvinga er anslått å dekkje alle reie godkjende krav, krava som per i dag er til behandling, og nye krav som er venta å kome i løpet av året. Yrkesskadeforsikring er kjenne-teikna av at krav kan meldast i mange år. Fordi det kan bli meldt inn nye krav i lang tid framover, er

det ikkje mogeleg å berekne nøyaktig kor store forpliktingane til buet totalt sett vil kunne bli. Det er likevel venta at talet på saker vil gå ned med åra.

Forvaltinga av ordninga er lagt til Garantiordninga for skadeforsikring, som ligg i Finanstilsynet. Garantiordninga følgjer opp regresskrav som staten overtar frå dei skadelidne overfor buet, etter praksis for tilsvarende saker under garantiordninga. Løyvinga inkluderer òg utgifter ved å administrere ordninga. Eventuelle inntekter som følgje av regresskrav staten overtar, vil kunne budsjetterast på kap. 4635, post 70. Det er ikkje budsjettert med inntekter frå regresskrav i 2026.

Ordninga er heimla i lov og forskrift ved endring i kapittel 20A i forskrift 9. desember 2016 nr. 1502 om finansforetak og finanskonsern (finansforetaksforskrifta) med heimel i lov 10. april 2015 nr. 17 om finansforetak og finanskonsern (finansforetakslova) §§ 20A-1 og 20A-6.

Eit forslag om regelverksendringar som skal hindre at ein liknande situasjon som konkursen i Alpha Insurance A/S førte til for norske skadelidte, skal skje i framtida, har vore på høyring. Finansdepartementet har følgd opp høyringa ved å fremje eit lovforslag for Stortinget om at Garanti-

ordninga for skadeforsikring òg skal dekke forsikringskrav ved konkurs i forsikringsføretak som driv grensekryssande verksemd i Noreg, jf. Prop.

164 L (2024–2025) *Endringer i finansforetaksloven (utvidelse av garantiordningen for skadeforsikring)*.

Kap. 4634 Kompensasjon for inntektssvikt som følge av virusutbrotet

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
85	Tilskot til verksemdar med rett til stønad – tilbakebetaling	1 819		
	Sum kap. 4634	1 819		

I 2024 blei det inntektsført i underkant av 2 mill. kroner på post 85 *Tilskot til verksemdar med rett til*

stønad – tilbakebetaling. For 2026 er det ikkje budsjettert med inntekter på desse to postane.

Programområde 24 Statleg gjeld og krav, renter og avdrag m.m.**Programkategori 24.10 Statsgjeld, renter og avdrag m.m.**

Utgifter under programkategori 24.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
1650	Statsgjeld, renter m.m.	13 960 771	16 426 200	20 081 400	22,3
1651	Statsgjeld, avdrag og innløyning	64 795 000	63 817 000	61 143 000	-4,2
	Sum kategori 24.10	78 755 771	80 243 200	81 224 400	1,2

Det oljekorrigerte underskotet på statsbudsjettet, slik det er berekna ved nysalderinga av budsjettet, blir finansiert med overføring frå Statens pensjonsfond utland. Det er difor ikkje naudsynt å låne for å dekke staten sitt budsjettunderskot. Staten låner for å finansiere kapitaltransaksjonane sine, som er m.a. avdrag på statsgjelda, netto utlån og kapitalinnskott til statsbankane. Desse blir dekkja med låneopptak i marknaden og/eller ved trekk på den statlege kontantbeholdninga.

Det er lagt opp til at finansieringsbehovet til staten skal dekkjast ved å ta opp nye langsiktige lån innanlands eller ved å trekke på statens kon-

tantbeholdning. Av omsyn til at opplåninga skal vere forutsigbar for deltakarane i statspapirmarknaden, blir det vanlegvis lagt opp til å glatte ut den langsiktige opplåninga over fleire år. Den kortsiktige opplåninga er mellom anna for å fange opp behovet i marknaden for kortsiktige papir. For 2026 ber Finansdepartementet om fullmakter for statleg opplåning i Prop. 1 S (2025–2026) *Statsbudsjettet for budsjettåret 2026* (Gul bok).

Tabell 5.9 viser den innanlandske statsgjelda per 31. desember 2024, medrekna kontolån frå ordinære fond i statskassa.

Tabell 5.9 Innenlandsk statsgjeld per 31. desember 2024

Type lån	Beløp (mill. kr)
Faste innanlandske lån	566 030
Statskassevekslar	49 000
Kortsiktige kontolån	158 521
Kontolån frå ordinære fond ¹	71 075
Sum	844 626

¹ Gruppe 81 i Statsrekneskapen. Er ikkje omfatta av dei ordinære lånefullmaktene.

Kap. 1650 Statsgjeld, renter m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
89	Renter og provisjon m.m. på innanlandsk statsgjeld, <i>overslagsløyving</i>	13 960 771	16 426 200	20 081 400
	Sum	13 960 771	16 426 200	20 081 400

Post 89 Renter og provisjon m.m. på innanlandsk statsgjeld, overslagsløyving

(mill. kr)

Underpost	Underpostnamn	Rekneskap 2024 ¹	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
89.11	Faste lån	10 007	9 139	12 064
89.12	Gjenkjøps- og rentebyteavtalar	280	41	34
89.13	Kontolån	518	376	376
89.14	Kontolån frå ordinære fond	1 147	718	1 175
89.15	Statskassevekslar	2 009	1 914	1 871
89.17	Nye faste lån		4 238	4 561
	Sum kap. 1650, post 89	13 960	16 426	20 081

¹ I rekneskapen blir faste lån og nye faste lån ført samla.

Til grunn for overslaget for renteutgiftene under kap. 1650, post 89, ligg dels eksisterande lån og dels overslag over behovet for låneopptak i 2026. Renteutgiftene blir påverka av omfanget av ny opplåning, førtidig innfriing og endringar i den statlege portefølja av rentebyteavtalar. Renteutgiftene blir òg påverka av utviklinga i marknadsrentene. Overslaget over renteutgifter er usikkert.

Underpost 89.11 Faste lån

Under denne posten blir det budsjettert renteutgifter på obligasjonslån som er tatt opp før 1. januar 2025. Ved opptak av statsobligasjonslån kan det på grunn av skilnad mellom kupongrenta på det aktuelle lånet og marknadsrenta på lånetidspunktet, oppstå ein over- eller underkurs. For å gi eit meir korrekt bilete av dei årlege finansieringskostnadene for staten, blir ein slik over- eller underkurs ikkje inntekts- eller utgiftsført på lånetidspunktet, men avrekna mot ein balansekonto i statsrekneskapen (gruppe 77) og inntekts- eller utgiftsført på post 89.11 over den løpetida som

står igjen for lånet. Renteutgiftene på faste lån i 2026 kjem dermed fram som kupongrenta, justert for den delen av over- eller underkursen som blir inntekts- eller utgiftsført i 2026. For 2026 er renteutgiftene på faste lån anslått til 12 064 mill. kroner.

Underpost 89.12 Gjenkjøps- og rentebyteavtalar

Posten omfattar dels renteutgifter i samband med utlån av statspapir til primærmeklarane (gjenkjøpsavtalar). Staten betaler rente på kontantinnskotet som primærmeklarane stiller som sikkerheit i utlånsperioden. I tillegg blir nettoeffekten på renteutgiftene frå rentebyteavtalar i norske kroner ført på denne posten. For tida er det ingen uteståande rentebyteavtalar. I 2026 reknar ein med ei netto utgift på denne posten på 34 mill. kroner.

Underpost 89.13 Kontolån

Statsinstitusjonar og statlege fond skal etter avtale plassere ledige midlar som innskot (kontolån) i statskassa. For dei fleste av desse innskota betaler

staten rente. Kontolåns plasseringar som kjem frå overskotslikviditet i samband med skatte- og avgiftsbetalingar, blir ikkje forrenta. For 2026 er renteutgiftene på kontolån anslått til 376 mill. kroner.

Underpost 89.14 Kontolån frå ordinære fond

Innestående kontolån frå ordinære fond (gruppe 81 i Statsrekneskapen) var ved utgangen av 2024 på 71 mrd. kroner. For 2026 er renteutgiftene på kontolån frå ordinære fond anslått til 1 175 mill. kroner.

Underpost 89.15 Statskassevekslar

Den ordinære kortsiktige opplåninga i marknaden skjer gjennom auksjon av statskassevekslar.

Dette er renteberande papir utan kupongrente, der rentekostnaden følger av underkursen som papira blir lagde ut til. Den effektive renta på statskassevekslane er såleis avhengig av kursen som staten oppnår i auksjonane. For 2026 er renteutgiftene på statskassevekslar anslått til 1 871 mill. kroner.

Underpost 89.17 Nye faste lån

Underposten omfattar renteutgifter på innanlandske obligasjonslån med faste rente- og avdragsterminar, tatt opp etter 1. januar 2025. Over- eller underkurs er budsjettert som omtalt under post 89.11. For 2026 er renteutgiftene på nye faste lån anslått til 4 561 mill. kroner.

Kap. 1651 Statsgjeld, avdrag og innløysing

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap	Saldert	Forslag
		2024	budsjett 2025	2026
98	Avdrag på innanlandsk statsgjeld, <i>overslagsløyving</i>	64 795 000	63 817 000	61 143 000
	Sum	64 795 000	63 817 000	61 143 000

Post 98 Avdrag på innanlandsk statsgjeld, overslagsløyving

Posten omfattar avdrag på langsiktige statsobligasjonslån, og frå og med 2023 er det forfall i *statsobligasjonslån* kvart år. Noregs Bank har planlagt tre tilbakekjøpsauksjonar i marknaden i 2025 i lånet som forfell i 2026. Kjøpte beløp blir då å

rekne som avdrag i 2025 og vil samstundes redusere forfallet i 2026. Det er ikkje mogleg å gi gode overslag for omfanget av tilbakekjøp, og slike er difor ikkje tatt omsyn til i budsjettforslaget. Det er heller ikkje ynskjeleg å gå ut med overslag her, sidan dette kan gi staten mindre handlefridom i marknaden.

Programkategori 24.20 Statlege krav, avsetningar m.m.

Inntekter under programkategori 24.20 fordelt på kapitler

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026	Endring i pst.
5341	Avdrag på utestående fordringar	4 000 573	6 000 000	6 000 000	0,0
5351	Overføring frå Noregs Bank	17 604 258	18 974 000	20 100 000	5,9
5600	Overføring frå Statens pensjonsfond Norge		11 700 000	12 300 000	5,1
5605	Renter av kontantar i statskassa og av andre fordringar	18 099 050	15 547 700	11 671 900	-24,9
5692	Utbyte av statens kapital i Den nordiske investeringsbanken	158 119	64 400	190 000	195,0
5693	Utbyte av aksjar i ymse selskap m.m.	1 652	1 652	1 652	0,0
Sum kategori 24.20		39 863 652	52 287 752	50 263 552	-3,9

Den nordiske investeringsbank (NIB)

Den nordiske investeringsbank (NIB), som har hovudsete i Helsingfors, Finland, blei oppretta i 1975 etter avtale mellom regjeringane i dei nordiske landa. Frå 1. januar 2005 blei Estland, Latvia og Litauen medlemmar av banken.

Låne- og garantiordninga i NIB

Hovudtyngda av bankverksemda utgjer vanlege investeringsutlån og garantiar til aktivitetar i eigarlanda. Det aller meste av utlåna går med til fremje av miljø og/eller produktivitet. Utlåna blir finansierte med grunnkapitalen til banken.

Grunnkapitalen

Grunnkapitalen er dels innbetalt kapital og dels garantikapital frå medlemslanda. Den norske kapitalen utgjer 21,5 prosent av den samla kapitalen i NIB. Noregs innbetalte kapital utgjer 181 832 487 euro, medan garantikapitalen fråtrekt innbetalt kapital er 1 617 872 454,48 euro. Dette er uendra frå 2025-forslaget.

I tråd med ovannemnde tilrår departementet at Stortinget gir Finansdepartementet fullmakt til å gi garantiar i 2026 for Noregs del av grunnkapitalen til NIB, fråtrekt innbetalt kapital, innanfor ei samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar på 1 617 872 454,48 euro, jf. forslaget til romartalsvedtak. Med eurokursen per 4. april 2025 (11,6815) utgjer ansvaret om lag 18 900 mill. kroner.

Kap. 5341 Avdrag på utestående fordringar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
91	Vanlege fordringar	45		
95	Avdrag på lån til andre statar	528		
98	Avdrag på eigenbeholdning statsobligasjonar	4 000 000	6 000 000	6 000 000
	Sum	4 000 573	6 000 000	6 000 000

Post 91 Vanlege fordringar

På denne posten blir det ført eventuelle avdrag på lån, m.a. til næringsverksemd.

Serbia og Montenegro. Lånet er innfridd, og det er difor ikkje budsjettert med inntekter på posten.

Post 95 Avdrag på lån til andre statar

Posten omfatta avdrag på eit lån som blei gitt til Jugoslavia i 1983. Lånet blei etter kvart betalt av

Post 98 Avdrag på eigenbeholdning statsobligasjonar

Posten omfatta avdrag som staten får innbetalt på eigenbeholdning av statsobligasjonar som blir nytta til marknadspleie.

Kap. 5351 Overføring frå Noregs Bank

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
85	Overføring	17 604 258	18 974 000	20 100 000
	Sum	17 604 258	18 974 000	20 100 000

Etter retningslinjene for Noregs Banks årsoppgjersdisposisjonar, fastsette ved kgl. res. 21. desember 2000, skal eit eventuelt overskot setjast av til bankens kursreguleringsfond inntil fondet utgjør ein bestemt del av dei innanlandske og utanlandske aktiva som inneber ein kursrisiko for banken. Eventuelt overskot etter avsetjingar til kursreguleringsfondet skal setjast av i eit overføringsfond. Ved kvart årsoppgjer skal eit beløp svarande til ein tredel av innestående beløp i overføringsfondet overførast til statskassa.

Basert på vurderingar av risikoen for svingingar i resultatet til Noregs Bank i åra fram-

over, er storleiken på kursreguleringsfondet sett til 40 pst. av bankens netto internasjonale fordringar og 5 pst. av bankens beholdning av innanlandske verdipapir. Retningslinjene er nærare omtalte i St.prp. nr. 40 (2002–2003). I 2024 blei det overført 17,6 mrd. kroner til statskassa. I 2025 vil det bli overført 30,1 mrd. kroner, og for 2026 reknar ein førebels med ei overføring til staten på 20,1 mrd. kroner. Endeleg beløp blir fastlagt ved Noregs Banks avslutning av rekneskapen for 2025.

Kap. 5600 Overføring frå Statens pensjonsfond Norge

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
85	Overføring frå Statens pensjonsfond Norge		11 700 000	12 300 000
	Sum		11 700 000	12 300 000

For å løyse utfordringa med den høge eigardelen Statens pensjonsfond Norge (SPN) har på Oslo Børs, blei det frå og med statsbudsjettet for 2025 innført ein regel om årlege uttak frå SPN. Dei årlege uttaka vil vere tre prosent av fondsverdien ved inngangen til budsjettåret.

På dette grunnlaget blir det foreslått ei inntektsløyving på 12,3 mrd. kroner på kap. 5600, post 85 Overføring frå Statens pensjonsfond Norge.

Kap. 5605 Renter av kontantar i statskassa og av andre fordringar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
80	Av statskassas foliokonto i Noregs Bank	13 818 086	10 465 000	7 810 000
81	Av verdipapir og bankinnskot i utanlandsk valuta	554	200	200
82	Av innanlandske verdipapir	1 418 233	1 859 300	1 849 900
83	Av alminnelege fordringar	267 704	60 000	150 000
84	Av driftskreditt til statsverksemdar	2 594 458	3 163 200	1 861 800
86	Renter av lån til andre statar	15		
	Sum	18 099 050	15 547 700	11 671 900

Post 80 Av statskassas foliokonto i Noregs Bank

Ved utgangen av 2024 var den statlege kontantbeholdninga i Noregs Bank om lag 274 mrd. kroner, som er nesten 8 mrd. kroner lågare enn ved utgangen av 2023.

Alle betalningar til og frå staten blir avrekna mot staten sin foliokonto i Noregs Bank. Det er store daglege svingingar på kontoane til staten, m.a. som følge av skatteinnbetalningar og overføringar til Statens pensjonsfond utland. Utviklinga i kontantbeholdninga er heller uviss.

Renta av det inneståande på foliokontoen blir rekna ut på bakgrunn av den renta som Noregs Bank får på sine utanlandske krav, avrunda til næraste ¼ prosentening, og blir endra kvartalsvis. Anslaget for dei samla renteinntektene i 2026

under denne posten er rekna til 7 810 mill. kroner.

Post 81 Av verdipapir og bankinnskot i utanlandsk valuta

Posten omfattar m.a. renter på statlege bankinnskot til bruk på utanriksstasjonane. For 2026 er renteinntektene under denne posten rekna til 0,2 mill. kroner.

Post 82 Av innanlandske verdipapir

Posten omfattar for det meste renteinntekter som staten får på eigenbeholdninga av statspapir som blir brukt til marknadspleieføremål.

For å gi eit meir korrekt bilete av dei årlege renteinntektene på eigenbeholdninga og dermed

av dei årlege netto finansieringskostnadene til staten, blir over- eller underkurs ført etter dei same prinsippa som for statsgjelda, jf. omtale under kap. 1650, post 89. For 2026 er renteinntektene under denne posten rekna til 1 850 mill. kroner.

Post 83 Av alminnelege fordringar

Posten omfattar renteinntekter av innskot frå statens rekneskapsførarar i bankar utanom konsern-kontoordninga, utlån som blir forvalta av Finansdepartementet og andre departement, og andre renteinntekter av alminnelege krav. Posten omfattar òg tidvis negative renter av innskot.

Inntektene på denne posten er vanskeleg å føreseie. På usikkert grunnlag er det for 2026 ført opp inntekter på 150 mill. kroner.

Post 84 Av driftskreditt til statsverksemdar

Dei regionale helseføretaka kan ta opp lån i statskassa til investeringsføremål. Føretaka skal ikkje betale renter i opptreksperioden. Rentene i denne perioden skal i staden kapitaliserast og leggjast til låna gjennom ei særskild låneløyving for opptreksrenter under Helse- og omsorgsdepartementet, jf. kap. 732, post 83. Post 84 her er den motsvarande inntektsposten. Etter opptreksperioden skal rentene på låna innbetalast av føretaka og inntektsførast på særskilde postar under fagdepartementet.

Føretaka betaler renter av trekka på driftskredittramma, og desse rentene blir òg inntektsførte under post 84.

For 2026 er renteinntektene under denne posten rekna til 1 862 mill. kroner.

Kap. 5692 Utbyte av statens kapital i Den nordiske investeringsbanken

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
85	Utbyte	158 119	64 400	190 000
	Sum	158 119	64 400	190 000

Den nordiske investeringsbank betaler utbyte til medlemslanda i høve til den innskotne kapitalen. Storleiken på utbytet blir vedtatt av årsmøtet (guvernørrådet) i banken, etter tilråding frå styret, på grunnlag av resultatet av verksemda året før.

For overskotet i 2024 betalte banken i 2025 utbyte til den norske staten med i overkant av

16,3 mill. euro eller om lag 190 mill. kroner basert på eurokursen 4. april 2025.

Basert på eurokursen per 4. april 2025 blir det foreslått å føre opp eit utbyte på 190 mill. kroner for 2026. Det understrekast at dette beløpet ikkje er førande for Noregs stemmegiving i årsmøte i 2026.

Kap. 5693 Utbyte av aksjar i ymse selskap m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2024	Saldert budsjett 2025	Forslag 2026
85	Utbyte frå Folketrygdfondet	1 652	1 652	1 652
	Sum kap. 5693	1 652	1 652	1 652

Det er tidlegare lagt til grunn at staten skal ha normalt utbyte av den innskotne ansvarlege kapitalen i Folketrygdfondet, jf. Prop. 1 S (2009–2010) for Finansdepartementet. Statens utbyte for året 2024

blei på 1,7 mill. kroner. Utbytekravet er fastsett med utgangspunkt i ei femårig statsobligasjonsrente. For 2026 er det difor budsjettert med eit utbyte på vel 1,6 mill. kroner.

Del III
Andre saker

6 Likestilling og mangfald

Nedanfor kjem ei oversikt over stoda i arbeidet med likestilling og mangfald på området til Finansdepartementet, jf. § 26 a i likestillings- og diskrimineringslova. Som nemnt i pkt. 1.1 i del I, omfattar denne proposisjonen av praktiske grunnar òg programkategori 00.30 Regjering, som Statsministerens kontor har ansvaret for. Difor er likestillingsstoda for denne programkategorien òg tatt med.

Budsjettkapitla på området til Finansdepartementet gjeld i hovudsak administrasjon og statens gjeld og krav. Disponeringa av desse løyvingane har lite å seie for kjønns- og likestillingstilhøve. Departementet sitt arbeid med til dømes skatte-, avgifts- og pensjonsspørsmål har i nokre tilfelle følgjer for likestillinga. Det same gjeld personalpolitikken i departementet.

6.1 Finansdepartementet

6.1.1 Om arbeidet med likestilling og mangfald

Departementet har gjennom årlege nøkkeltal merksemd på alders- og kjønnsamansetnad, rekruttering og turnover i avdelingane og på stillingsgruppenivå. Rapporten gir grunnlag for HR-analysar og vurdering av eventuelle utfordringar og blir drøfta på leiarnivå og i arbeidsmiljøutvalet samt møter etter Hovudavtalen. Lønsstatistikk blir brukt for å følgje med på lønsutviklinga for kvinner og menn. Det er òg merksemd på profileringsaktivitetar og tilrettelegging i brei forstand.

Finansdepartementet ynskjer å vere ein arbeidsplass som speglar befolkninga og oppfordrar kvalifiserte kandidatar til å søkje, uavhengig av alder, kjønn, funksjonsevne, nasjonal

eller etnisk bakgrunn. Ledige stillingar blir kunngjorde på nettmedium som JobbNorge, JobbiFIN (på regjeringen.no), Finn, Nav, Jobbforalle, LinkedIn og aktuelle universitet og høyskular.

6.1.2 Status for 2024

Kvinner utgjorde 50,2 pst. av dei tilsette ved utgangen av 2024. Dei er i fleirtal i stillingar som lovrådgevar, underdirektør, fagsjef, seniorskattjurist, seniorrådgjevar, rådgjevar og seniorkonsulent.

Gjennomsnittsalderen ved utgangen av 2024 var knapt 43 år for kvinner og knapt 47 år for menn. I åra som kjem er det venta at aldersskilnadene mellom kvinner og menn blir mindre. Kvinner er i fleirtal i aldersgruppene under 50 år.

Det er rekruttert fleire kvinnelege leiarar dei seinare åra. Delen kvinnelege leiarar var 45,7 pst. ved utgangen av 2024.

Kvinner har høgare turnover enn menn (12,6 mot 6,3 pst.)

Departementet legg til rette for fleksibel arbeidstid og arbeidsstad for mellom anna å ta omsyn til delvis sjukmelding, nedsett funksjonsevne og omsorgsoppgåver. Ein legg òg til rette for at tilsette kan stå lenge i arbeid. Gjennomsnittleg avgangsalder i 2024 var 66 år.

Ved utgangen av 2024 hadde 91 pst. av kvinnene og 97 pst. av mennene høgare utdanning. 57 pst. av juristane, 44 pst. av økonomane og 46 pst. av dei med anna høgare utdanning var kvinner.

Deltid, mellombels tilsette og sjukefråvær, fordelt på kjønn og samla, per 31. desember 2024. Prosentdelar. Tal for 2023 i parentes.

Deltid			Mellombels tilsette			Samla sjukefråvær		
K	M	Båe	K	M	Båe	K	M	Båe
1,3 (2,0)	2,0 (1,4)	1,7 (1,7)	6,6 (4,0)	7,3 (2,1)	7,0 (3,1)	3,9 (5,1)	3,5 (3,7)	3,7 (4,5)

Departementet har ingen tilsette på ufrivillig deltid. 1,4 pst. av dei samla 1,7 pst. er ordinære, mellombelse og små deltidsstillingar, medan 0,3 pst. kjem av redusert arbeidstid grunna sjukdom eller omsorgsoppgåver.

Mellombels tilsetjing blir berre nytta ved vikariat eller engasjement.

Kvinner som starta i foreldrepermisjon i 2024, tok i gjennomsnitt ut 24 veker, medan menn tok ut 14 veker.

Ved utgangen av 2024 hadde 2,9 pst. av dei tilsette innvandrarbakgrunn. Av søkjarane til ledige stillingar i 2024 kryssa 13,3 pst. av for at dei har innvandrarbakgrunn. 10 pst. av desse blei vurdert som kvalifiserte og innkalla til intervju. Ein av dei blei tilsett. Talet syner ikkje tilsettinga av eventuelle søkjarar med innvandrarbakgrunn som vel ikkje å krysse av for dette i søknaden.

Ved utgangen av 2024 hadde departementet ein lærling (same som i 2023).

6.2 Programkategori 00.30 Regjering

Statsministerens kontor

Tilstandsrapport kjønn

Tala i tilstandsrapporten er per 31. desember 2024 for faste og mellombels tilsette.

Tabell 6.1 Kjønnsbalanse; tal på mellombels tilsette, tal på deltid, uttak av foreldrepermisjon

	Alle tilsette		Av dette mellombels tilsette		Av dette deltid		Foreldrepermisjon Gjennomsnitleg tal veker	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Statsministerens kontor	30	25	2	4	2	-	28	12

Målet er å halde ei jamn kønnssfordeling mellom dei tilsette ved kontoret. Ved rekruttering legg ein vekt på å få bae kjønna representert i alle stillingsgrupper, i den grad det er mogleg innanfor kvalifikasjonsprinsippet i staten, om å tilsette den best kvalifiserte søkjaren.

To personar var mellombels tilsett. Bruken av mellombelse tilsettingar blir årleg tatt opp med dei tillitsvalde, i tråd med statsansatteloven.

Hovudregelen er faste tilsettingar, og mellombelse stillingar blir nytta ved kortvarige behov og vikariat.

Statsministerens kontor har to tilsette som jobbar deltid. Kontoret har ingen tilsette på ufrivillig deltid.

Ei kvinne og to menn tok ut foreldrepermisjon i 2024.

Tabell 6.2 Samla sjukefråvær 2024 i pst

	Samla sjukefråvær 2024
Kvinner	1,65 pst.
Menn	4,48 pst.
Bae kjønn	2,93 pst.

Tabell 6.3 Kjønnsbalanse og kvinner sin del av menn si løn. Tala i parentes er frå 31. desember 2023

Stillingsnivå	Fordeling tilsette i pst.		Kvinner sin del av menn si løn i pst.
	Menn	Kvinner	
Totalt i verksemda	45 (39)	55 (61)	102 (94)
Leiarstillingar	44 (44)	56 (56)	130 (126)
Fagdirektørar og seniorrådgivarar	47 (58)	53 (42)	93 (104)
Andre saksbehandlarar og støttefunksjonar	42 (17)	58 (83)	99 (95)

I lønstala er fast løn og faste tillegg inkludert. Likt arbeid og arbeid av lik verdi er vurdert i utforming av stillingsnivå.

På leiarnivå hadde kvinner noko høgare gjennomsnittsløn enn menn. Gjennomsnittsløna for menn og kvinner i andre grupper varierte, avhengig av fagområde, kompetanse og arbeidserfaring.

Utgreiing om arbeidet for likestilling og mot diskriminering

Statsministerens kontor har som mål å fremje likestilling og mangfald gjennom personalpolitikken. Kontoret legg vekt på å gi kvinner og menn same moglegheit til utvikling i oppgåver og kompetanse, og dermed same høve til lønsutvikling. Kontoret søker god kjønnsbalanse i alle stillingar og mangfald i etnisitet, alder, erfaring og fagleg bakgrunn.

Kontoret ynskjer å leggje til rette for gode arbeidsvilkår for tilsette i ulike fasar i livet. Personar med nedsett funksjonsevne, personar med hol i CV og personar med innvandrarbakgrunn blir oppmoda til å søkje ledige stillingar ved kontoret. Dersom det finst kvalifiserte søkerar i desse gruppene, blir minst ein søker kalla inn til intervju.

Statsministerens kontor er som andre verksemder, omfatta av avtala om inkluderande arbeidsliv. Kontoret legg vekt på å tilpasse den fysiske arbeidsplassen, utstyr, arbeidsoppgåver og arbeidstid for medarbeidarar med nedsett funksjonsevne eller for andre med behov for særskild tilrettelegging, for eksempel på grunn av sjukdom, skadar, graviditet eller omsorgsoppgåver.

For tilsette over 60 år blir det i medarbeidersamtalen utført ein seniorsamtale for å kartlegge eventuelle ynskjer om endra arbeidsoppgåver, tilrettelegging av arbeidssituasjonen og andre tiltak som kan styrke moglegheita for å stå lenger i stillinga enn fyrste moglege pensjonsalder.

Kontoret har kvart år vernerunde, og det blir med jamne mellomrom gjennomført meir omfattande undersøkingar av arbeidsmiljøet.

Kontoret har eigne rutinar for varsling av krittikkverdige forhold ved kontoret.

Kvart år blir det utarbeida ein personalrapport om mellom anna løn, likestilling og sjukefråvær som blir handsama i Arbeidsmiljøutvalet.

Regjeringsadvokaten

Tilstandsrapport kjønn

Tala i tilstandsrapporten er per 31. desember 2024 for faste og mellombels tilsette.

Tabell 6.4 Kjønnsbalanse; tal på mellombels tilsette, tal på deltid, uttak av foreldrepermisjon

	Alle tilsette		Av dette mellombels tilsette		Av dette deltid		Foreldrepermisjon gjennomsnittleg tal på veker	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Regjeringsadvokaten	37	38	2	0	2	0	18	11

Regjeringsadvokaten har som mål å ha kjønnsbalanse mellom advokatane, samt for heile verksemda. Av dei 49 advokatane embetet hadde ved inngangen av året, var 20 kvinner (40,8 pst.) og 28

menn (59,2 pst.). Av 22 tilsette på administrativ side, var 16 kvinner (72,7 pst.) og 6 menn (27,3 pst.) Regjeringsadvokaten opplever å ha ein god kjønnsbalanse i alle stillingskategoriar, med

unntak av advokatassistentane, der alle faste tilsette er kvinner. Ved rekruttering legg embetet stor vekt på å oppretthalde den gode kjønnsbalansen mellom advokatane, så langt det er mogleg innanfor kvalifikasjonsprinsippet i staten.

To personar var mellombels tilsette.
To tilsette arbeidde deltid. Embetet har ingen tilsette på ufrivillig deltid.
Fire menn og fire kvinner tok foreldrepermisjon i 2024.

Tabell 6.5 Samla sjukefråvær 2024 i pst

Samla sjukefråvær 2024	
Kvinner	6,5 pst.
Menn	0,6 pst.
Totalt	3,6 pst.

Tabell 6.6 Kvinner sin del av menn si løn. Tala i parentes er frå 31. desember 2023

Stillingsnivå	Fordeling tilsette i pst.		Kvinner sin del av menn si løn i pst.
	Menn	Kvinner	
Totalt i verksemda	49 (50)	51 (50)	84 (83)
Leiarstillingar	67 (67)	33 (33)	91 (92)
Fagleiar	50 (53)	50 (47)	120 (125)
Andre advokatar og støttedfunksjonar	48 (45)	52 (55)	72 (71)

I lønstala er fast løn og faste tillegg inkludert. Likt arbeid og arbeid av lik verdi er vurdert i utforming av stillingsnivå.

På leiarnivå hadde menn høgare lønsnivå i gjennomsnitt enn kvinner. Dette har si årsak i at leiar av verksemda, som har høgast løn, er mann. Gjennomsnittsløna for menn og kvinner i andre grupper varierte, avhengig av fagområde, kompetanse og arbeidserfaring. For advokatane gjeld eit reint ansiennitetsprinsipp ved fastsetjing av løn, noko som medfører at kvinner og menn har lik løn gitt same ansiennitet.

Embetet sitt arbeid for likestilling og mot diskriminering

Regjeringsadvokaten har som mål å fremje likestilling og mangfald gjennom personalpolitikken. Embetet har ein likestillingsplan med mål som skal hindre at tilsette blir behandla ulikt på grunn av kjønn. Planen gjeld område som bemanning, leing, faglege utfordringar, løn, å leggje til rette for omsorgsplikter mv.

Hos Regjeringsadvokaten får advokatane ein relativ stor lønsauke når ein får møterett for Høgsterett. Tildelinga av prøvesaker for Høgste-

rett følger hovudsakleg ansiennitet, og vil difor alltid skje ut frå kjønnsnøytrale prinsipp.

Regjeringsadvokaten legg vekt på målsettingane i staten, om mangfald i offentlege stillingar. Personar med innvandrarbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne blir i stillingsannon-sane frå embetet oppmoda til å søkje. Det er òg tatt inn at embetet har eit mål om å oppnå ein balansert alders- og kjønssamansetjing. Embetet kallar som hovudregel inn minst ein kvalifisert søkjar, som regel fleire, med innvandrarbakgrunn, nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en til intervju.

Regjeringsadvokaten er omfatta av avtalen om inkluderande arbeidsliv. Kontoret legg vekt på å tilpasse den fysiske arbeidsplassen, utstyr, arbeidsoppgåver og arbeidstid for medarbeidarar med nedsett funksjonsevne eller for andre med behov for særskilt tilrettelegging, til dømes på grunn av sjukdom, skader, graviditet eller omsorgsoppgåver.

Embetet har etablert eigne rutinar for varsling. Arbeidsmiljøutvalet har møter minimum fire gonger i året, der status på likestillingsarbeidet og sjukefråvær er tema. Utvalet gjennomfører òg årlege vernerundar.

7 Omtale av klima- og miljørelevante saker

Regjeringas klima- og miljøpolitikk byggjer på at alle samfunnssektorar har eit sjølvstendig ansvar for å leggje miljøomsyn til grunn for aktivitetane sine og medverke til at dei nasjonale klima- og miljømåla kan nås. For ein oversikt over regjeringas viktigaste klima- og miljøtiltak, sjå del III av Klima- og miljødepartementets fagproposisjon.

7.1 Finansdepartementet

Berekraftig utvikling

Finansdepartementet har eit sektorovergripande ansvar for å leggje grunnlaget for effektiv forvaltning av dei økonomiske ressursane. I arbeidet med den økonomiske politikken skal Finansdepartementet medverke til at den økonomiske utviklinga skjer på eit miljømessig forsvarleg grunnlag.

Oppfølginga av FNs 17 mål for berekraft er integrert i det ordinære regjeringsarbeidet. Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet koordinerer den nasjonale oppfølginga, og Utanriksdepartementet koordinerer oppfølginga internasjonalt.

Sektorovergripande klima- og miljøverkemiddel

Finansdepartementet har det overordna ansvaret for innrettinga av avgifter i miljøpolitikken. Rett utforma miljøavgifter gir tildriv til å minke utsleppa og sikrar òg at forureinarane betaler.

Dei siste åra er det gjennomført ei rekkje endringar i klimaavgiftene som har ført til jamnare pris på utslepp av klimagassar frå ulike kjelder. Det generelle avgiftsnivået er auka frå om lag 310 kroner per tonn CO₂-ekvivalent i 2013 (målt i faste 2024-kroner) til 1 405 kroner per tonn CO₂-ekvivalent i 2025. I tillegg er fleire fritak og reduserte satsar fjerna slik at grunnlaget for karbonprising er auka. Endringane har styrkt insentiva til utsleppsreduksjonar og har bidrege til ein meir kostnadseffektiv klimapolitikk.

7.2 Statistisk sentralbyrå

Statistikk over utslepp til luft er eit prioritert område. Statistikken over klimagassutslepp er mellom anna knytta til oppfølginga av Noregs klimamål, slik dei til dømes kjem fram i Parisavtalen, i forordning om miljørekneskapar i Eurostat samt rapportering som følgjer av klimalova. Norsk klimapolitikk er nært knytta til EU, og Noreg inngjekk i 2019 eit samarbeid om klimaforpliktingane for 2030. Energistatistikken er eit viktig grunnlag for utslepp til luft, og blir utvikla vidare for å følgje overgangen til meir fornybar energi. Statistikken over langtransportert forureining gjeld for det meste oppfølginga av Gøteborgprotokollen.

Statistikken over reining og utslepp av kommunalt avløpsvatn blir utvikla vidare. Utviklinga av statistikk over verkemiddelbruk, m.a. avgifter og utsleppskvotar, skal halde fram. I 2019 blei statistikken utvida med tal for miljøsubsidiar, og i 2024 kom statistikk over effektive karbonpriser som viser prisen på utslepp gjennom avgifter og kvote. Publisering og rapportering i tråd med EU-forordninga på miljørekneskap held fram og blir utvikla vidare i tråd med nye krav. SSB følgjer òg opp statistikkforordninga om materialrekneskapar; «*Sirkulær økonomi*» (materialstraumar og attvinning). SSB skal hjelpe Miljødirektoratet med å finne målepunkt som er tilpassa nytt direktiv, tilpasse innhentinga av data og avklare korleis statistikken skal kunne ta vare på nasjonale og internasjonale behov. SSB utreier nye kjelder om plastavfall og plastprodukt og vil publisere ein statistikk om plast. SSB kartlegg ulike datakjelder om matavfall og matsvinn, med mål om å etablere ein matavfallstatistikk. SSB skal oppdatere og publisere arealstatistikken for Noreg (arealbruk og arealressursar) og andre meir analyseprega temastatistikkar om areal. Blant anna blir det utvikla ein utbyggingsrekneskap som vil vise endring i bebygd areal. Statistikk og analysar er publiserte som planlagt.

Etterspurnaden etter miljøstatistikk til internasjonale publikasjonar og indikatorsystem, særleg i EU og OECD, er aukande.

Som del av ei ny utviding av EU-forordninga på miljørekneskap vil fleire nye statistikkar bli utvikla. Statistikk over miljøvennlege subsidiar er etablert og skogrekneskap vil i stor grad byggje på allereie eksisterande statistikkar. Statistikk for naturrekneskap vil krevje betydeleg utvikling. Naturrekneskapet følgjer FNs statistiske rammeverk, som blei godkjent i 2021 – SEEA EA (Ecosystem Accounting). Rekneskapen omfattar eit arealrekneskap over utbreiinga av ulike økosystem, tilstanden deira, samt tilgang og etterspurnad etter økosystemtenestar. Det er laga pilotversjonar av eit «Nasjonalt grunnkart til bruk i nasjonalrekneskap». Grunnkartet har kome til i eit samarbeid mellom Kartverket, Miljødirektoratet og SSB. Det blir arbeidd mot eit nasjonalt naturrekneskap i 2026 der grunnkartet vil inngå som del av datagrunnlaget til naturrekneskapen. Anna arbeid held fram, der ein del av arbeidet vil vere å sjå på korleis statistikken kan bidra til å følge målsettingar i naturmeldinga.

Innanfor forskingsverksemda i SSB på miljø- og klimafeltet er det fleire analyseprosjekt i gang om energimarknadstrendar, klimapolitisk utvikling og bruk av naturressursar. I desse nyttar ein mellom anna økonomiske analysemodellar av norsk, europeisk og global økonomi. Ein modell av norsk økonomi (SNOW), som nyttast av Finansdepartementet, blir oppdatert og utvikla av SSB. Forskingsprosjekta nyttar norske data, i hovudsak frå SSB, og medverkar til statistikkarbeid på energi-, utslepps- og miljøfeltet. Prosjekta omfattar mellom anna omstilling av norsk økonomi og studiar av Noregs klimapolitiske mål og verkemiddel, løysingar for låge utslepp i transport, energi og industri, samt verdsetjing av naturressursar og tenester frå økosystema. Forskarane arrangerer og deltar i aktivitetar overfor norske brukarar i forvaltinga, nærings- og organisasjonslivet, Offenlegheita samt nasjonale og internasjonale samarbeidspartnarar.

8 Oppfølging av berekraftsmåla

FN vedtok i september 2015 berekraftsmål for perioden fram mot 2030 (Agenda 2030). Måla forpliktar Noreg både internasjonalt og nasjonalt. Finansdepartementet har ansvar for koordineringa av berekraftsmål 8 og 10. Departementet har òg eit ansvar for bidrag til delmål under berekraftsmål 1, 9, 12 og 16. Hovudinnsatsen til Finansdepartementet er omtalt under dei ulike måla. Meir omtale finst i proposisjonane til andre departement, og ein samla omtale av status finst i Meld. St. 35 (2024–2025) *Norges arbeid med bærekraftsmålene – Status, utfordringer og veien videre*.

Delmål 1.4) Innan 2030 sikre at alle menn og kvinner, særleg fattige og sårbare, har lik rett til økonomiske ressursar og tilgang til grunnleggjande tenester, til å eige og kontrollere jord og andre former for eigedom, og til arv, naturressursar, ny teknologi og finansielle tenester, inkludert mikrofinansiering

For personar i yrkesaktiv alder heng fattigdom og låginntekt for ein stor del saman med manglande eller for låg deltaking i arbeidsmarknaden. Regjeringa har dei siste åra redusert inntektsskatten for dei med låge og middels inntekter, og både marginals-katten og gjennomsnittleg skattesats er redusert for personar med låg inntekt. Dette aukar inntekta etter skatt og gjer det meir attraktivt å jobbe for denne gruppa.

Delmål 8.5) Innan 2030 oppnå full og produktiv sysselsetjing og anstendig arbeid for alle kvinner og menn, inkludert ungdom og personar med nedsett funksjonsevne, og oppnå lik løn for likt arbeid

Noreg har hatt høg samla sysselsetjing og låg arbeidsløyse dei siste tiåra. I 2024 var 80 pst. av befolkninga i aldersgruppa 20–64 år sysselsette. Regjeringa har sett som mål å auke delen sysselsette i denne aldersgruppa til 82 pst. i 2030 og vidare til 83 pst. i 2035. Sjølv om Noreg har høg samla sysselsetjing, er det framleis ulike grupper

som i mindre grad deltek i arbeidsmarknaden. Det gjeld mellom anna personar med låg/manglande utdanning, personar med helseprolem og enkelte innvandrargrupper. Berekraftig vekst krev at så mange som mogleg deltar i arbeidslivet, og målet til regjeringa er at enda fleire skal i jobb og færre på trygd. Ein aktiv arbeids- og velferdspolitikkk legg til rette for dette. Regjeringa innførte ungdomsgarantien i 2023. Hausten 2024 fremja regjeringa Meld. St. 33 (2023–2024) *Ei forsterka arbeidslinje*. Med innføringa av integreringslova i 2021 skal fleire flyktningar innanfor rammene av introduksjonprogrammet, få gjennomført vidaregåande opplæring.

Delmål 9.3) Auke tilgangen til finansielle tenester, inkludert rimeleg kreditt, for små industribedrifter og andre bedrifter, særleg i utviklingsland, og styrkje posisjonen til desse bedriftene og integrere dei i verdikjeder og marknader

God kapitaltilgang og ein velfungerande kapitalmarknad er viktig for berekraftig vekst, omstilling og innovasjon. Samla sett fungerer den norske finansmarknaden godt. Kredittverdige kundar og lønnsame prosjekt får generelt dekkja kapitalbehova sine i marknaden gjennom eit diversifisert finansieringstilbod. Sterke og solide sparebankar, med unik kompetanse og nærvær i dei lokale marknadene, er viktige for kapitaltilgangen i distrikta, særleg for nye og mindre verksemdar. Den norske finansmarknadsreguleringa legg til rette for godt fungerande kapitalmarknader. Det blir lagt stor vekt på å sikre ein trygg og stabil finanssektor, som er robust mot forstyrringar og har evne til å halda oppe tenestetilbodet, òg i dårlegare tider. Dette gjerast mellom anna ved hjelp av krav til tilstrekkeleg soliditet og likviditet i finansføretaka. Den norske verdipapirmarknaden er ei effektiv finansieringskjelde for næringslivet, og god regulering og godt tilsyn er viktige tiltak for å sikre velordna og transparente verdipapirmarknader.

Delmål 10.1) Innan 2030 oppnå ein gradvis og varig inntektsauke for dei fattigaste 40 prosentane av befolkninga som er raskare enn auken for det nasjonale gjennomsnittet

Sterk økonomisk vekst har bidratt til realinntektsvekst for dei fleste hushalda i Noreg over lang tid. Dette har òg kome dei fattigaste til gode. Til dømes har inntekta etter skatt for dei 40 prosent fattigaste hushalda, målt i faste kroner og justert for storleiken på hushaldet, vakse med knappe 30 prosent mellom 2005 og 2023. Dei siste åra har vore prega av høg inflasjon, noko som har ført til ein liten nedgang i realinntekta til mange hushald. I 2023 auka realinntekta igjen for mange hushald, inkludert de 40 prosent fattigaste. Forholdet mellom inntekta til dei 40 prosent med lågast inntekt og det nasjonale gjennomsnittet har vore relativt stabilt dei siste ti åra.

Regjeringa har gjennomført fleire tiltak mellom anna retta mot hushald med låge inntekter. Til dømes er barnetrygda auka, prisane i SFO/ barnehage er sett ned og skatten på låge og middels inntekter er senka. Dette aukar inntekta til dei med dei lågaste inntektene. Samstundes er truleg arbeid det viktigaste verkemiddelet for å auke inntekta til denne gruppa.

Sysselsetjing er avgjerande for inntekta til kvar enkelt og er ein føresetnad for finansiering av velferdsordningar. Saman med progressiviteten i skattesystemet bidrar arbeid til å jamne ut inntektsskilnader. Det inntektspolitiske samarbeidet bidrar til at lønsdanninga fungerer godt og fordeklar gevinstar og tap mellom arbeidstakarar og kapitaleigarar.

Brei deltaking i arbeidslivet er avgjerande for ei jamn inntektsfordeling, og er eit mål for regjeringa. Arbeidsmarknadspolitikken skal leggje til rette for at arbeidssøkjjarar kan komma i jobb og gi inntektssikring til personar som mellombels er utan arbeidsinntekt. IA-avtalen skal bidra til å forebygge og redusere sjukefråvær og fråfall frå arbeidslivet. Arbeids- og velferdsetaten forvaltar ulike verkemidlar som skal hjelpe dei som står utanfor arbeidslivet til å kome i arbeid. Døme på dette er arbeidsmarknadstiltak som skal styrkje deltakarane sine moglegheiter til å skaffe seg eller halde på inntektsgivande arbeid. Integreringslova og ny ungdomsgaranti er døme på tiltak som skal bidra til at utsette grupper blir inkluderte i arbeidsmarknaden.

Delmål 10.4) Vedta politikk, særleg når det gjeld skattar og avgifter, løn og sosialomsorg, med sikte på å oppnå ei gradvis utjamning av skilnader

Noreg er mellom dei landa i verda som har minst ulikskap, både når det gjeld fordelinga av inntekt og levekår. Låg ulikskap er eit sentralt rettferdsprinsipp, som òg blir knytta til høg mellommenneskeleg tillit og tiltru til styresmaktene. I Noreg, som i dei fleste andre landa, har inntektsulikskapen auka noko dei siste 30 åra. Ulikskapen i formue er høg. Det har over tid blitt ein større del personar som lever i hushald med vedvarande låginntekt, og det har òg blitt fleire barn i låginntektshushald. Samstundes er det no teikn til at utviklinga kan ha snudd. I 2023 fall inntektsulikskapen målt med Gini-koeffisienten. Ein må tilbake til 2014 for å finne eit lågare nivå. I tillegg har delen hushald med vedvarande låginntekt falle dei siste åra.

Skattesystemet er eit sentralt verktøy for omfordeling. Personskattlegginga er progressiv, og skattar og overføringar bidrar direkte til å redusere den målte inntektsulikskapen med nærare 40 prosent. Skattesystemet påverkar òg fordelinga av økonomiske ressursar ved å skaffe staten inntekter som finansierer offentlege tenester, samt ved å påverke økonomisk aktivitet. I eit fordelingsperspektiv er det viktig at skattesystemet støttar opp om høg deltaking i arbeidslivet og skaffar staten inntekter på ein måte som er lite skadeleg for økonomien. Regjeringa ynskjer eit skatte- og avgiftssystem som fremjar verdiskaping og rettferdig fordeling. I tråd med Hurdalsplattforma er det gjennomført endringar som reduserer inntektsskatten for dei med låge og middels inntekter og aukar skatt for store formuar og høge inntekter.

Delmål 10.5) Betre reguleringa av og tilsynet med globale finansmarknader og finansinstitusjonar, og styrkje gjennomføringa av regelverket

Styresmakter frå fleire land og internasjonale organ har arbeidd i fleire tiår for felles reglar på finansmarknadsområdet, for å bidra til eit meir robust finanssystem globalt. Baselkomiteen for banktilsyn har ei sentral rolle i arbeidet med internasjonale reglar for bankverksemd. Komiteen har utarbeidd omfattande forslag til bankregelverk i tre bolkar: Basel I, II og III. Komiteen har inga overnasjonal styresmakt, men medlemslanda har forplikta seg til å innføre tilrådingane frå komiteen.

Sidan den globale finanskrisa i 2008 har òg Financial Stability Board (FSB) og dei europeiske tilsynsmaktene European Banking Authority (EBA), European Securities and Markets Authority (ESMA) og European Insurance and Occupational Pensions Authority (EIOPA) hatt sentrale roller i det internasjonale samarbeidet om finansmarknadsregulering. Norske styresmakter deltar i det omfattande tilsynssamarbeidet i EØS.

I Europa utarbeider EU-kommisjonen forslag til finansmarknadsregelverk. EBA, ESMA og EIOPA hjelper EU-kommisjonen i arbeidet. Forslaga byggjer som regel på internasjonale tilrådingar, som til dømes dei frå Baselkomiteen. Deretter vedtar EU-rådet og EU-parlamentet regelverket basert på forslag frå EU-kommisjonen. Finansmarknadsreguleringa i Noreg følgjer i stor grad utviklinga i EU gjennom EØS-avtalen.

Delmål 10.c) Innan 2030 redusere transaksjonsgebyra til under 3 prosent ved pengeoverføringar frå migrantar til heimlandet og avskaffe overføringsordningar med gebyr som overstig 5 prosent.

Prisen på pengeoverføringar til andre land avhenger av mellom anna storleiken på beløpet og om transaksjonen gjennomførast fysisk eller digitalt. Prisen utgjer ein lågare del av beløpet, jo høgare overføringsbeløpet er, og fysiske overføringar er dyrare enn digitale. Per 1. januar 2025 var prisen på overføringar til eit utval land om lag 1,9 pst. av eit beløp på 5 000 kr via bank og over internett, og noko høgare ved overføring hos andre finansielle føretak og betalingsføretak.

Delmål 16.4) Innan 2030 oppnå en betydelig reduksjon av ulovlige finans- og våpenstrømmer, gjøre det enklere å spore opp og returnere stjålne eiendeler og bekjempe alle former for organisert kriminalitet

Den internasjonale standardsettaren Financial Action Task Force (FATF) er ein sentral pre-

missleverandør for det internasjonale arbeidet for å motarbeide kvitvasking, terrorfinansiering og finansiering av spreiding av masseødeleggingsvåpen. Dette er ei samarbeidsgruppe med 40 medlemmer, inkludert Noreg. I tillegg deltar mange land og organisasjoner som observatørar. FATF gjennomfører mellom anna landevalueringar og lagar detaljerte rapportar om landa si etterleving av standardane.

Dei siste åra har Finanstilsynet styrka tilsynsinnsatsen sin knytta til kvitvaskingsregelverket. Samstundes viser erfaringar frå tilsyn at etterlevinga fortset å vere mangelfull i mange tilfelle. Etterleving av kvitvaskingsregelverket er mellom Finanstilsynet sine særleg prioriterte tilsynsområde i strategiperioden 2023–2026.

Av relevant aktivitet på området til Finansdepartementet frå det siste dryge året, kan følgjande nemnast:

- Register over reelle rettshavarar blei oppretta frå 1. oktober 2024. Registreringsplikta blei innfasa fram til 31. juli 2025. Registeret skal betre tilgangen til opplysingar om eigarskap og kontroll i norske føretak, og blir eit viktig verktøy i kampen mot kvitvasking, terrorfinansiering og annan økonomisk kriminalitet.
- Nye reglar om sporbare betalningar trådde i kraft 1. juli 2025, ved at kvitvaskingslova blei endra for mellom anna å inkludere forordning (EU) 2023/1113 i norsk rett. Betre sporbarheit i betalningar, særleg for kryptoeigedelar, vil redusere risikoen for økonomisk kriminalitet, kvitvasking og finansiering av terror.
- EU vedtok i mai 2024 nytt kvitvaskingsregelverk. I november 2024 sette Finansdepartementet ned ei arbeidsgruppe for å vurdere norsk gjennomføring av dei aktuelle rettsaktene. Det nye regelverket er vedteke for å styrke den europeiske innsatsen mot kvitvasking, finansiering av terror og tilknytt kriminalitet.

Finansdepartementet

t i l r å r :

I Prop. 1 S (2025–2026) om statsbudsjettet for året 2026 blir dei forslag til vedtak førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag.

Forslag

Under Finansdepartementet blir i Prop. 1 S (2025–2026) statsbudsjettet for budsjettåret 2026 dei forslag til vedtak som følgjer førde opp:

Kapitla 20–51, 1600–1651, 3024–3051, 4600–4620, 5341, 5351, 5580, 5600, 5605, 5692–5693

I Utgifter:

Kap.	Post		Kroner	Kroner
Regjeringa				
20	Statsministerens kontor			
	01	Driftsutgifter	119 857 000	119 857 000
21	Statsrådet			
	01	Driftsutgifter	185 886 000	185 886 000
24	Regjeringsadvokaten			
	01	Driftsutgifter	134 488 000	
	21	Spesielle driftsutgifter	17 801 000	152 289 000
		Sum Regjeringa		458 032 000
Stortinget og eksterne organ				
41	Stortinget			
	01	Driftsutgifter	1 292 041 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	694 000	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	280 381 000	
	70	Tilskot til partigruppene	268 347 000	
	73	Kontingentar, internasjonale delegasjonar	24 253 000	
	74	Reisetilskot til skular	11 728 000	1 877 444 000
42	Stortingets ombodsnemnd for Forsvaret			
	01	Driftsutgifter	12 320 000	
	75	Internasjonale organisasjonar og nettverk	466 000	12 786 000
43	Stortingets ombod for kontroll med forvaltninga			
	01	Driftsutgifter	122 747 000	122 747 000
44	Stortingets kontrollutval for etterretnings-, overvakings- og tryggingsteneste			
	01	Driftsutgifter	52 457 000	52 457 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
45	Noregs institusjon for menneskerettar		
	01 Driftsutgifter	35 793 000	35 793 000
51	Riksrevisjonen		
	01 Driftsutgifter	687 801 000	
	21 Spesielle driftsutgifter	5 000 000	
	75 Internasjonale organisasjonar og nettverk	30 863 000	723 664 000
	Sum Stortinget og eksterne organ		2 824 891 000
Finansadministrasjon			
1600	Finansdepartementet		
	01 Driftsutgifter	485 134 000	
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	59 666 000	
	71 Forsking og allmennopplysning – Noregs forskningsråd	46 800 000	
	72 Norsk Regnskapsstiftelse – utvikling av standardar	4 000 000	595 600 000
1602	Finanstilsynet		
	01 Driftsutgifter	626 094 000	
	23 Spesielle driftsutgifter -Klagenemnd	12 120 000	
	45 Større utstyrsjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	30 765 000	668 979 000
1605	Direktoratet for forvaltning og økonomistyring		
	01 Driftsutgifter	1 181 437 000	
	22 OK stat	13 775 000	
	45 Større utstyrsjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	20 945 000	1 216 157 000
	Sum Finansadministrasjon		2 480 736 000
Skatte-, avgifts- og tolladministrasjon			
1610	Tolletaten		
	01 Driftsutgifter	2 149 233 000	
	45 Større utstyrsjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	341 176 000	2 490 409 000
1618	Skatteetaten		
	01 Driftsutgifter	8 429 302 000	
	21 Spesielle driftsutgifter	112 924 000	
	22 Større IT-prosjekt, <i>kan overførast</i>	733 945 000	
	23 Spesielle driftsutgifter, a-ordninga	114 097 000	
	45 Større utstyrsjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	115 950 000	
	50 Skatte- og avgiftsforsking	6 363 000	9 512 581 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
1619	Skatteklagenemnda		
	01 Driftsutgifter	88 790 000	88 790 000
	Sum Skatte-, avgifts- og tolladministrasjon		12 091 780 000
	Offisiell statistikk		
1620	Statistisk sentralbyrå		
	01 Driftsutgifter	799 883 000	
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	251 233 000	
	45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	4 329 000	1 055 445 000
	Sum Offisiell statistikk		1 055 445 000
	Andre føremål		
1632	Kompensasjon for meirverdiavgift		
	61 Tilskot til kommunar og fylkeskommunar, <i>overslagsløyving</i>	33 600 000 000	
	72 Tilskot til private og ideelle verksemdar, <i>overslagsløyving</i>	2 850 000 000	36 450 000 000
1633	Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift		
	01 Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	11 500 000 000	11 500 000 000
1635	Forskottering av erstatningskrav		
	70 Utbetaling av erstatning, <i>kan overførast</i>	1 000 000	1 000 000
	Sum Andre føremål		47 951 000 000
	Statsgjeld, renter og avdrag m.m.		
1650	Statsgjeld, renter m.m.		
	89 Renter og provisjon m.m. på innanlandsk statsgjeld, <i>overslagsløyving</i>	20 081 400 000	20 081 400 000
1651	Statsgjeld, avdrag og innløyising		
	98 Avdrag på innanlandsk statsgjeld, <i>overslagsløyving</i>	61 143 000 000	61 143 000 000
	Sum Statsgjeld, renter og avdrag m.m.		81 224 400 000
	Sum departementets utgifter		148 086 284 000

Inntekter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Regjeringa			
3024	Regjeringsadvokaten		
	01 Vederlag for utgifter i rettssaker	23 913 000	23 913 000
	Sum Regjeringa		23 913 000
Stortinget og eksterne organ			
3041	Stortinget		
	01 Salsinntekter	9 990 000	
	03 Leigeinntekter	3 474 000	13 464 000
3051	Riksrevisjonen		
	02 Refusjon utland	300 000	300 000
	Sum Stortinget og eksterne organ		13 764 000
Finansdepartementet			
4600	Finansdepartementet		
	02 Ymse refusjonar	50 000	50 000
4602	Finanstilsynet		
	03 Sakshandsamingsgebyr	22 500 000	
	86 Vinningsavståing og gebyr for regelbrot m.m.	500 000	23 000 000
4605	Direktoratet for forvaltning og økonomistyring		
	01 Økonomitenester og andre driftsinntekter	289 729 000	
	02 OK stat	20 803 000	310 532 000
4610	Tolletaten		
	01 Særskilt vederlag for tolltenester	7 200 000	
	02 Andre inntekter	3 500 000	
	04 Ymse refusjonar	750 000	
	05 Refusjon frå Avinor AS	32 279 000	
	85 Tvangsmulkt og gebyr for regelbrot	13 000 000	56 729 000
4618	Skatteetaten		
	01 Refunderte utleggs- og tinglysingsgebyr	23 500 000	
	03 Andre inntekter	7 298 000	
	05 Gebyr for utleggsforretningar	55 000 000	
	07 Gebyr for bindande førehandsfråsegner	5 000 000	
	11 Gebyr på kredittdeklarasjonar	2 072 000	
	85 Inngått på tapsførte lån m.m.	250 000 000	
	86 Bøter, inndragingar m.m.	2 038 000 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner
	87	Trafikantsanksjonar	70 000 000
	88	Forseinkingsgebyr, Rekneskapsregisteret	300 000 000
	89	Gebyr for regelbrot	15 000 000
4620		Statistisk sentralbyrå	2 765 870 000
	02	Oppdragsinntekter	255 833 000
	85	Tvangsmulkt	10 000 000
		Sum Finansdepartementet	265 833 000
			3 422 014 000
		Ymse inntekter	
5341		Avdrag på utestående fordringar	
	98	Avdrag på egenbeholdning statsobligasjonar	6 000 000 000
			6 000 000 000
5351		Overføring frå Noregs Bank	
	85	Overføring	20 100 000 000
		Sum Ymse inntekter	20 100 000 000
			26 100 000 000
		Skatter og avgifter	
5580		Sektoravgifter under Finansdepartementet	
	70	Finanstilsynet, bidrag frå tilsynseiningane	670 980 000
		Sum Skatter og avgifter	670 980 000
		Renter og utbyte m.m.	
5600		Overføring frå Statens pensjonsfond Norge	
	85	Overføring frå Statens pensjonsfond Norge	12 300 000 000
			12 300 000 000
5605		Renter av kontantar i statskassa og av andre fordringar	
	80	Av statskassas foliokonto i Noregs Bank	7 810 000 000
	81	Av verdipapir og bankinnskott i utanlandsk valuta	200 000
	82	Av innanlandske verdipapir	1 849 900 000
	83	Av alminnelege fordringar	150 000 000
	84	Av driftskreditt til statsverksemdar	1 861 800 000
			11 671 900 000
5692		Utbyte av statens kapital i Den nordiske investeringsbanken	
	85	Utbyte	190 000 000
			190 000 000
5693		Utbyte av aksjar i ymse selskap m.m.	
	85	Utbyte frå Folketrygdfondet	1 652 000
			1 652 000
		Sum Renter og utbyte m.m.	24 163 552 000
		Sum departementets inntekter	54 394 223 000

Fullmakt til å overskride tildelte løyvingar

II

Merinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2026 kan:

overskride løyvinga under	mot tilsvarende meirinntekter under
kap. 41 post 01	kap. 3041 post 01
kap. 51 post 01	kap. 3051 post 02
kap. 1600 postene 01 og 21	kap. 4600 post 02
kap. 1605 post 01	kap. 4605 post 01
kap. 1605 postene 01 og 22	kap. 4605 post 02
kap. 1610 post 01	kap. 4610 postene 01, 04 og 05
kap. 1618 post 01	kap. 4618 post 03
kap. 1620 post 21	kap. 4620 post 02

Meirinntekt som gir grunnlag for overskridning, skal også dekkje merverdiavgift knytta til overskridninga, og omfattar dirfor òg kap. 1633, post 01 for dei statlege forvaltingsorgana som kjem inn under nettoordninga for meirverdiavgift.

Meirinntekter og eventuelle mindreinntekter tas med i berekninga for overføringa av nytta løyving til neste år.

Fullmakter til å pådra staten skyldnader utover tildelte løyvingar

III

Tingingsfullmakt

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2026 kan gjere tingingar utover det som er løyvd, men slik at den samla ramma for dei nye tingingane og gamalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1610		Tolletaten	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald	175 mill. kroner
1618		Skatteetaten	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehald	35 mill. kroner

IV

Tilsegnfullmakt

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2026 kan gi tilsegn om tilskot utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegn og gamalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1600		Finansdepartementet	
	71	Forskning og allmennopplysning – Norges forskningsråd	128,8 mill. kroner

V

Fullmakt til å pådra staten forpliktelser i investeringsprosjekt

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2026 kan gjennomføre investeringsprosjekt, herunder gjere tingingar, innanfor kostnadsrammer som vist nedanfor:

Nemning	Etat	Samla ramme
Modernisering av innkreving – steg 1	Skatteetaten m.fl.	2 201,6 mill. kroner
Modernisering av innkreving – steg 2	Skatteetaten m.fl.	1 870,0 mill. kroner
Treff-prosjektet	Tolletaten	898,8 mill. kroner
Fremtidens tollbehandling	Tolletaten	1 073,0 mill. kroner

Fullmaktene gjeld òg forpliktingar som pådras for seinare budsjettår og innanfor kostnadsrammene for prosjekta. Finansdepartementet gis fullmakt til å prisjustere kostnadsrammene i seinare år.

VI

Garantifullmakt

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2026 kan gi garanti for grunnkapitalen til Den nordiske investeringsbank innanfor ei samla ramme for nye tilsegn og gammalt ansvar på 1 617 872 455 euro.

VII

Fullmakt til å dekkje utgifter til vidare bobehandling

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2026 kan avgjere at det under ordninga med oppfølging av statlege krav i konkursbo pådras forpliktingar utover gitte løyvingar, men slik at totalramma for nye tilsegn og gammelt ansvar ikkje

overstig 69,4 mill. kroner. Utbetalingar dekkjast av løyvninga under kap. 1618 Skatteetaten, post 21 særskilde driftsutgifter.

VIII

Fullmakt til å yte likviditetslån til Bankenes sikringsfond

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2026 kan yte likviditetslån til Bankenes Sikringsfond med ei løpetid på inntil 5 år, dersom Bankenes sikringsfond ber om slikt lån for å vareta formålet til innskuddsgarantiordninga. Samla utestående sum for slike lån, anten dei er tatt opp i 2026 eller tidligare, kan ikkje overstige 1 prosent av dei til ein kvar tid samla garanterte innskota, avgrensa oppetter til 20 mrd. kroner.

Andre fullmakter

IX

Fullmakt til å igangsette oppdrag før finansiering er innbetalt

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2026 kan gi Statistisk sentralbyrå fullmakt til å setje i gang oppdrag før finansieringa fullt ut er innbetalt til Statistisk sentralbyrå, så sant det er inngått ein bindande avtale mellom partane med forsvarleg tryggleik for innbetaling. Fullmakta er avgrensa til 30 mill. kroner og gjeld utgifter til byrået si oppdragsverksemd ført på kap. 1620 Statistisk sentralbyrå, post 21 Særskilde driftsutgifter, mot inntekter ført på kap. 4620 Statistisk sentralbyrå, post 02 Oppdragsinntekter.

X

Fullmakt til å rette opp uoppklara differansar og feilposteringar i tidlegare års statsrekneskapar

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2026 i enkeltsaker kan korrigere uoppklara differansar i rekneskapane og feilposteringar i statsrekneskapen som gjeld tidlegare års rekneskapar, ved postering over konto for forskyvingar i balansen i statsrekneskapen i rekneskapen for inneverande år. Fullmakta gjeld inntil 1 mill. kroner.

XI

Nettoposteringsfullmakt

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2026 kan gi Tolletaten fullmakt til å trekkje direkte utgifter i samband med auksjonssal frå salsinntektene før det overskytande inntektsførast under kap. 4610 Tolletaten, post 02 Andre inntekter.

XII

Fullmakt til postering mot mellomværet med statskassa

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2026 kan gi Skatteetaten fullmakt til å:

1. inntektsføre statens del av skatteinngangen i statsrekneskapen i same periode som dette blir rapportert frå skatterekneskapen, og mot mellomværet skatterekneskapen har motstatskassa. Mellomværet blir utlikna påfølgjande periode når oppgjeret blir overført frå skatterekneskapen.
2. føre uplasserte innbetalningar mot mellomværet med statskassa. Etter at krava er fastsett og registrert i rekneskapssystemet, blir innbetalingane resultatført i statsrekneskapen og mellomværet utlikna.
3. føre midlar Skatteetaten har kravd inn på vegne av andre aktørar, mot mellomværet med statskassa i dei høva Skatteetaten sender midlane vidare. Mellomværet utliknast i perioden Skatteetaten sender midlane vidare til den aktuelle aktøren.

Vedlegg 1**Tilsetjingsvilkåra for leiarane i heileigde statlege føretak****1 Noregs Bank**

Ida Wolden Bache har vore sentralbanksjef sidan 1. mars 2022. Sentralbanksjefen leier òg hovedstyret i Noregs Bank og komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet.

Årsløna til sentralbanksjefen Ida Wolden Bache var i 2024 på 2 557 963 kroner. Sentralbanksjefen er medlem i Noregs Banks eiga pensjonsordning med m.a. maksimalt pensjonsgrunnlag 12 ganger Folketrygdens grunnbeløp (12 G). Den eiga pensjonsordninga for sentralbanksjef og vise-sentralbanksjef tek no ikkje opp nye medlemar. For året 2024 utgjorde løna til Wolden Bache samla 2 585 291 kroner. Verdien av andre føremoner utgjorde same året 27 598 kroner.

1.2 Folketrygdfondet

Folketrygdfondet er eit særlovselskap, jf. lov 29. juni 2007 nr. 44 om Folketrygdfondet.

Løna til administrerande direktør Kjetil Houg utgjorde 4 726 000 kroner i 2024 og andre ytingar utgjorde 59 000 kroner.

Administrerande direktør må fråtre si stilling seinast ved fylte 70 år. Oppseiingstida er seks månader. Administrerande direktør har rett til etterløn tilsvarende seks månaders løn, rekna frå utgangen av oppseiingstida, dersom han blir oppsagd eller sjølv seier opp etter avtale med styret. Det er ikkje knytt rett til feriepengar eller pensjon til etterløna.

Folketrygdfondet har ein avtale om innskottsbasert pensjonsordning for dei tilsette. Dersom administrerande direktør i perioden frå han er 65 til 67 år tek imot yting knytt til sjukdom eller arbeidsuførleik, frå Nav og/eller tenestepensjonsordningar, vil desse ytingane kome til frådrag i pensjonen frå Folketrygdfondet i denne perioden. Pensjon for administrerande direktør vil bli samordna med alderspensjon frå folketrygda, oppsett rettighet i Statens pensjonskasse og innskottspensjon frå 67 år.

Bestilling av publikasjonar

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa
publikasjoner.dep.no
Telefon: 22 24 00 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på
www.regjeringen.no

Trykk: Aksell AS – 10/2025

